

Da staten kom til Nord-Troms

Økonomisk modernisering i fire Nord-Tromskommunar
i eit innanfrå- og utanfrå-perspektiv, 1945 – 1970.

Av
Ketil Zachariassen

Hovudoppgåve i historie
Institutt for historie, hausten 1998
Det samfunnsvitskaplege fakultetet
Universitetet i Tromsø

Forord

Takk til studentar og tilsette ved institutt for historie ved Universitetet i Tromsø. Takk til Hallvard Tjelmeland for inspirerende rettleiing, Oddvar Svendsen som sette meg på ideen om å skrive om Nord-Troms og Troms Kraft for stipendet.

Tromsø 15/9 1998.

Ketil Zachariassen

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	7
1.1 Problemstillingar	10
1.2 Teori og metode	12
1.3 Kva er Nord-Troms?	18
Kart 1. Nord-Troms	19
1.4 Val av tidsperiode og periodisering	20
1.5 Tematisk avgrensing	23
1.6 Kjelder og bruken av dei	26
1.7 Tidlegare forskning på moderniseringa av Nord-Troms 1945 - 1970	28
<u>DEL 1. GJENREISINGA – EIT NYTT NORD-TROMS? (1945-1950)</u>	31
KAPITTEL 2. ØKONOMISK, POLITISK OG KULTURELL MODERNISERING I NORD-TROMS FRAM TIL 1950	32
2.1 Nedbrenninga av Nord-Troms hausten 1944	32
2.2 Sterk folkeauke	33
2.3 Sysselsettingsstruktur og næringsstruktur	34
2.4 Økonomisk og politisk oversyn (ca. 1870 til 1935)	37
2.5 Ut av den økonomiske krise	40
2.6 Politisk mobilisering for arbeidarrørsla 1930 til 1950	44
2.7 Konsolidering eller svekking av fiskarbondetilpassinga?	46
2.8 Kulturell modernisering	49
KAPITTEL 3. GJENREISINGA – I SPENNINGA MELLOM PLANAR UTANFRÅ OG ØNSKA INNANFRÅ	56
3.1 Den første planen for gjenreisinga	56
3.2 Tilbakeflyttinga	60
3.3 Ein ny plan for gjenreisinga	62
3.4 Bustadgjenreisinga – “hjelp-til-sjølvhjelp”	64
3.5 Store svingingar i sysselsettinga	69
3.6 Krav innanfrå om utbygging av kommunikasjonane	70
3.7 “Elektrisk kraft til heimene og til industrielle formål”	74
3.8 Gjenreising og modernisering av produksjonslivet	78
3.9 Brot eller kontinuitet	82

<u>DEL 2. FRÅ “PROBLEMET NORD-NORGE” TIL “PROBLEMET NORD-TROMS” (CA. 1950 – 1960)</u>	85
KAPITTEL 4. FRÅ GJENREISING TIL NORD-NORGEPLANEN	86
4.1 Krav innanfrå om hjelp frå staten også etter gjenreisinga	86
4.2 “Problemet Nord-Norge” og Studieselskapet for Nord-Norsk Næringsliv	94
4.3 Bakgrunnen for Nord-Norgeplanen	96
4.4 Målsetting og tiltak i Nord-Norgeplanen	99
4.5 Nord-Norgeplanen – ei nyskaping?	101
4.6 Frå pessimisme til optimisme i Nord-Troms	104
KAPITTEL 5. “PROBLEMET NORD-TROMS” OG NORD-TROMSPLANEN	108
5.1 Behov for meir elektrisk kraft i Nord-Troms	108
5.2 Problema i Nord-Troms blir aktualiserte	110
5.3 Nord-Tromsplanen	115
5.4 Reaksjonane på Nord-Tromsplanen	118
5.5 Krava om industrireising og kraftutbygging blir aktualiserte på nytt	119
5.6 Nord-Troms interkommunale tiltaksråd – ny strategi for problemløysing	121
<u>DEL 3. DISTRIKTSPOLITIKK, KRAFTUTBYGGING OG GRYANDE MODERNISERINGSKRITIKK (CA. 1960 – 1970)</u>	123
KAPITTEL 6. FRÅ NORD-NORGEPLAN TIL DISTRIKTENES UTBYGGINGSFOND	124
6.1 Ønske innanfrå om vidareføring av Nord-Norgeplanen	124
6.2 To moderniseringsstrategiar for primærnæringsane	126
6.3 Distriktenes Utbyggingsfond - målsetting og tiltak	130
6.4 Distriktenes Utbyggingsfond - eit resultat av distriktspress?	131
6.5 Distriktenes Utbyggingsfond - brot eller kontinuitet?	133
6.6 Distriktenes Utbyggingsfond – i samsvar med ønska innanfrå?	134
KAPITTEL 7. NY STRATEGI FOR KRAFTUTBYGGING I NORD-TROMS	136
7.1 Stamlinjeplanen og Olsborgmøtet	136
7.2 Utbygging av Guolas, Kvænangsbotn eller begge delar?	139
7.3 Strid om eigarskapet i Kvænangen kraftverk	142
7.4 Guolas blir bygd ut	146
7.5 Utbygginga av Kvænangsbotn og Guolas – eit resultat av krav innanfrå?	149
7.6 Kraftforsyninga i Nord-Troms – integrasjon og spørsmål om samanslutning	149
KAPITTEL 8. SKJERVØY BLIR PRØVE- OG VEKSTSENTER	153
8.1 Fråflytting og sentralisering i Skjervøy kommune	153
8.2 Krav om særskilde tiltak for tettstaden Skjervøy	156
8.3 Bakgrunnen for vekstsenterpolitikken	158
8.4 Ideen om Skjervøy som vekstsenter voks fram	160
8.5 Styresmaktene si vurdering av planane om tettstaden Skjervøy som vekstsenter	164
8.6 Frå spirande regionalisme til motstand mot Skjervøy som eit regionalt senter	167
8.7 Strid om lokaliseringa av prøvesenter i Troms	170
8.8 Prøve- og vekstsenterpolitikken – ei nyskaping?	171
8.9 Skjervøy som prøvesenter - eit resultat av ønske innanfrå eller utanfrå?	172
8.10 Kritikkk av vekstsenterpolitikken	173

<u>DEL 4. NASJONAL HOMOGENISERING, MEN VEDVARANDE SKEIVE STRUKTURAR (1945 – 1970)</u>	176
KAPITTEL 9. RASJONALISERING OG INDUSTRIALISERING	177
9.1 Store endringar i sysselsettingsstrukturen i Nord-Troms	177
9.2 Spesialisering og nye yrkeskombinasjonar	182
9.3 Rasjonalisering og modernisering av primærnæringane	186
9.4 Vekst i sekundærnæringane	192
9.5 Store svingingar i sysselsettinga og høg arbeidsløyse	194
9.6 Verknadene av dei statlege industrialiseringstiltaka	197
9.7 Næringsmiddelindustrien, motor i industrialiseringa av Nord-Troms	202
KAPITTEL 10. SENTRALISERING, KULTURELL HOMOGENISERING OG BASTION FOR ARBEIDARPARTIET	207
10.1 Stor fråflytting, men stabilt folketal	207
10.2 Aukande sentralisering og fråflytting frå utvær	211
Kart 2. Skjervøy	213
10.3 Etterkrigstida - eit kulturskifte i Nord-Troms?	216
10.4 Framleis Arbeidarparti bastion, men gryande moderniseringskritikk	222
KAPITTEL 11. FØRESTELLINGAR, DRIVKREFTER OG SPENNINGAR	228
11.1 Gjenreisinga – grunnlaget blir lagt	228
11.2 Førestillinga om “problemet Nord-Troms”	229
11.3 Drivkrefter i moderniseringspolitikken	230
11.4 Spenningar i moderniseringsprosessen	231
11.5 Nasjonal homogenisering, skeive strukturar og sårbar økonomi	233
11.6 Grunnlaget for eit nytt Nord-Tromsbilete	235
KJELDER	237
LITTERATUR	239
TABELLOVERSYN	246

1.0 Innleiing

På 1990-talet har det vore ei aukande interesse for regional- og lokalhistorie generelt og nordnorsk historie etter 1945 spesielt. Den særlege interessa for nordnorsk historie har samanheng med krise i fiskeria, EU-kamp, auka fråflytting, etnopolitisk mobilisering og den rivande utviklinga Nord-Norge har vore gjennom etter krigen. Aldri før har endringane i landsdelen vore så store over så kort tid; ei utvikling som har endra og transformert dei fleste samfunnsforholda i landsdelen, og som i dag gjer at Nord-Norge står framfor store utfordringar. Samanliknar ein Nord-Norge med resten av landet i 1950, hadde landsdelen svært høg sysselsetting i primærnæringane, lite industri, låg produktivitet, svært spreitt busetting, dårleg utbygde kommunikasjonar og lågt utdanningsnivå. I dag er Nord-Norge på det næraste lik resten av landet. Nærings- og sysselsettingsstrukturen, graden av urbanisering, inntekts- og utdanningsnivået, helse- og velferdstilbodet og kommunikasjons- og kulturtilbodet er no omlag den same i Nord-Norge som i resten av landet. Endringane har likevel ikkje vore særleine for Nord-Norge; også i resten av Norge har det skjedd store strukturelle endringar.¹ Det særleine for Nord-Norge er at endringane har vore mykje større og gått mykje raskare enn i resten av landet.

Særleg store og særleg raske har endringane vore i Nord-Troms. I 1945 var omlag alt som var skapt av menneske på austsida av Lyngenfjorden brunne ned eller sprengt etter tyskarane sine herjingar hausten 1944. Men allereie før øydelegginga var området i ei særstilling. Det var det minst industrialiserte området i den minst industrialiserte landsdelen i Norge; området hadde sjølv etter nordnorsk målestokk svært høg sysselsetting i primærnæringane og svært låg grad av spesialisering. Området var prega av kulturelt og etnisk mangfald gjennom å vere eit samfunn med samar, kvenar og nordmenn. I dag er Nord-Troms ein del av det seinmoderne, nasjonale og homogene fellesskapet. Likskapen mellom Nord-Troms og resten Norge er langt meir slående enn ulikskapen, men også her finn ein dei lokale særdraga og det pluralistiske mangfaldet som kjenneteiknar vår tid.

Eit særtrekk ved etterkrigstida i Norge er den sentrale og aktive rolla staten har hatt i utviklinga av samfunnet. Særleg har staten vore sentral i transformasjonen av Nord-Norge og Nord-Troms. For det første gjennom tiltak som hadde økonomisk utvikling av Nord-Norge og

¹ Tjelmeland 1996(B): 72ff.

Nord-Troms som siktemål - gjenreisninga på 1940-talet, Nord-Norgeplanen og Nord-Tromsplanen på 1950-talet og utpeikinga av Skjervøy som prøvesenter på 1960-talet. For det andre gjennom tiltak som omfatta heile landet, slik som skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond og andre statlege låneinstitusjonar. I tillegg kom tiltak som hadde eit meir allment mål om utvikling av velferdssamfunnet, men som også bidrog til omforminga og endringa av Nord-Norge og Nord-Troms. Til grunn for tiltaka som har hatt Nord-Norge eller Nord-Troms som særskilt siktemål har vore ei oppfattning av landsdelen som “problemet Nord-Norge” - eit område med særskilde problem på grunn av einsidig og svakt næringsliv med låg produktivitet, med høg og urasjonell sysselsetting i primærnæringane, høg arbeidsløyse og stor fråflytting.

Bileta av Nord-Norge

Samfunnsvitaren Petter Arbo har nyleg vist korleis to ulike bilete av landsdelen har prega samfunnsdebatten om den økonomiske utviklinga i Nord-Norge etter krigen.² Det første biletet var - *den tilbakeliggjande og underutvikla landsdelen*. I stor grad viser det korleis staten har oppfatta Nord-Norge, her er det “problemet Nord-Norge” som er i fokus. Eit bilete først skapt av driftige sosialøkonomar på 1930-talet og vedlikehalde av nordnorskepolitikarar gjennom heile etterkrigstida. I eit slikt bilete blir årsakene til problema knytt til utviklingshemmande faktorar i landsdelen, og det har legitimert statleg innsats for å utvikle og industrialisere landsdelen.³ Men, det har også ført til at nordlendingane har vore sett på som kravstore, med forventningar om at staten skal løyse alle problem. Dette har samfunnsvitaren Erik Oddvar Eriksen kalla for “*politikkens janusansikt*”.⁴ Han hevdar at det har ført til klientisering, stigmatisering og stor grad av statsavhengigheit, og at landsdelen av den grunn i liten grad har klart å utnytte ressursane som er og har vore i landsdelen.⁵

Samfunnsvitaren Ottar Brox var den første som for alvor problematiserte utviklinga i landsdelen etter krigen. Det var biletet av den tilbakeliggjande og underutvikla landsdelen Brox gjekk til angrep på i boka *Hva skjer i Nord-Norge?* (1966) og seinare i boka *Nord-Norge, fra allmenning til koloni*.(1984). Brox skisserte eit alternativt bilete - *den ressursrike landsdelen*. I dette biletet har Nord-Norge store og rike naturressursar, og det er her den

² Arbo 1997.

³ Ibid: 310ff.

⁴ Eriksen 1996(A): 172f.

⁵ Ibid.

eigentlege verdiskapinga skjer. Når rikdomen ikkje kjem nordlendingane til gode er det eit resultat av at landsdelen suksessivt er fråtatt rettane til ressursane og på grunn av at verdiane har blitt ført sørover gjennom konserna sine filialar. Han hevdar at om ikkje verdiane hadde blitt teke frå Nord-Norge hadde ikkje landsdelen hatt behov for offentlege tilskot eller hjelp til å utvikle landsdelen.⁶ Brox har heile tida vore sterkt kritisk til staten si rolle som samfunnsomformar og dei følgjende staten sin industrialiserings- og sentraliseringspolitikk fekk i Nord-Norge etter 1950. Særleg har han tatt i forsvar fiskarbondetilpassinga, bygdenæringane og lokalsamfunna med spreitt busetting, og angripe rasjonaliseringa av primærnæringane, den planlagte sentraliseringa av busettinga og forvaltninga av naturressursane.⁷ Bak teoriane til Brox er det ein klår politisk ideologi, det han sjølv har kalla for populismen. Ein ideologi som fekk gjennomslag i Sosialistisk Folkeparti sitt distriktsprogram frå 1967, eit parti Brox sjølv hadde ein sentral posisjon i. Både som politisk og vitskapleg retning har teoriane til Brox hatt stor innverknad, særleg har mange samfunnsvitarar i Tromsø nytta teoriane til Brox.⁸ Historikarane - med Einar-Arne Drivenes og Narve Fulsås i spissen - har derimot vore kritiske til Brox, mellom anna har det vore reist kritikk mot Brox sine teoriar om vitaliteten til fiskarbondetilpassinga og det hushaldbaserte samfunnssystemet.⁹

Dei seinare åra har utviklinga i Nord-Norge i etterkrigstida vore tema for fleire bøker, med bidrag frå ei rekke historikarar og samfunnsvitarar. Mellom anna har bøker som *Banken, folket og fylket* (1993), *Nordnorsk kulturhistorie* (1994), *Det nye Nord-Norge* (1996), *Spenningenes land* (1997) og fleire lokalhistoriske verk, mellom anna band fire av "Tromsø gjennom 10000 år", *Fra byfolk og bona til tromsøværing 1945 - 1996* (1996), problematisert transformasjonen av Nord-Norge.¹⁰ Felles for fleirtalet av bidraga har vore at dei har fokusert på mangfaldet i utviklinga av landsdelen – politisk, sosialt, kulturelt og økonomisk. Dei har alle vore kritiske til biletet av Nord-Norge som den tilbakeliggjande og underutvikla landsdelen, og til at transformasjonen var eit resultat av statlege tiltak og utviklingsplanar. Men, dei har også vore kritiske til Brox sitt bilete av den ressursrike landsdelen som har vore

⁶ Arbo 1997: 310f.

⁷ Brox 1966 og 1984.

⁸ Rovde 1990: 9f.

⁹ Drivenes 1984: 152f og Fulsås 1987: 28ff.

¹⁰ Fygle, Lundestad og Strand (red.) 1993: *Banken, folket og fylket*, Drivenes, Hauan og Wold (red.) 1994: *Nordnorsk kulturhistorie*, Eriksen (red.) 1996: *Det nye Nord-Norge*, Thomassen og Lorås (red.) 1997: *Spenningenes land* og Tjelmeland 1996: *Fra byfolk og bona til tromsøværing 1945 - 1996*.

utnytta og tappa for rikdomar. Sentrale problemstillingar i desse framstillingane har vore: Kva for endringar har skjedd i Nord-Norge etter 1945? Kva har vore drivkreftene bak endringane, har dei kome utanfrå og ovanfrå eller har dei kome innanfrå og nedanfrå? Kva har vore det særeigne og kva har vore det allmenne for utviklinga i Nord-Norge samanlikna med resten av landet? Korleis har endringane påverka folk i Nord-Norge i høve til samfunnsliv, kultur og identitet?

Dei problemstillingane som historikarar og samfunnsvitarar har stilt i høve til ulike sider ved transformasjonen i landsdelen, og av landsdelen, er særleg interessante å reise i forhold til utviklinga i Nord-Troms i perioden frå 1945 til 1970. For det første fordi utgangspunktet på alle vis var dårlegast i Nord-Troms (jf side 1). For det andre fordi det heile tida har vore eit krav frå området om utvikling og industrialisering, og fordi staten i særleg stor grad har vore involvert i transformasjonen av Nord-Troms. For det tredje har endringane vore særleg store i området, og endringstakta særleg rask. For det fjerde fordi motkreftene også har vore sterke og tydelege i området. For det femte fordi området på den eine sida er stort nok til at viktige sosiale, økonomiske og politiske mønstra trer fullstendig fram og at ein såleis ser mangfaldet i utviklinga.¹¹ På den andre sida er området lite nok til at endringane trer tydeleg fram, samanhengane lar seg identifisere og er såleis meir forskbare.¹² Alle desse faktorane gjer at ein kan sjå studiet av Nord-Troms som ein case-studie av allmenne omstillingsprosessar i Nord-Norge og i Norge i etterkrigstida.

1.1 Problemstillingar

Tema for oppgåva er den økonomiske moderniseringa i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden - Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen - i perioden frå 1945 til 1970. Det vil seie forhold knytt til moderniseringa av næringsliv, sysselsetting og busettingsstruktur. Oppgåva søker å gje svar på to hovudproblemstillingar:

1. Korleis blei dei økonomiske strukturane i Nord-Tromssamfunnet omforma frå 1945 til 1970, og kva har vore særeige for utviklinga i Nord-Troms samanlikna med resten av fylket og resten av landet?

¹¹ Dyrvik 1989: 55.

¹² Eriksen 1996 (B): 13.

2. Kva har vore drivkreftene bak endringane; har dei kome utanfrå eller har dei kome innanfrå?

Omstillinga og moderniseringa av Nord-Norge og Nord-Troms etter krigen har ofte vore framstilt som om det var krefter utanfrå og ovanfrå som dreiv dei fram, det har da vore sikta til staten og dei sentrale styresmaktene. I eit slikt perspektiv har folk i Nord-Norge og i Nord-Troms vore framstilt som passive mottakarar eller bremseklossar; mest opptatt av å finne motførestellingar.¹³ Oppgåva søker å få fram spenninga mellom ønska om modernisering og utvikling utanfrå og innanfrå, og å syne drivkreftene bak moderniseringa av Nord-Troms. Innanfrå-perspektivet er knytt til eit lokalt og til dels regionalt Nord-Tromsperspektiv nedanfrå, mens utanfrå-perspektivet er knytt til staten og dei sentrale styresmaktene sitt perspektiv ovanfrå.

Staten satsa mykje på å utvikle og modernisere Nord-Troms med planar og tiltak gjennom heile perioden. Kva for planar og tiltak blei sett i verk? Kva var bakgrunnen for planane og tiltaka, kva var innhaldet i dei og kva var målsettinga med dei? I all hovudsak vil eg konsentrere meg om dei statlege planane og tiltaka som hadde økonomisk modernisering og utvikling av området som mål.

Dei sentrale styresmaktene var ikkje aleine om å ønske modernisering og utvikling av Nord-Troms, også innanfrå var det eit sterkt ønske om utvikling. Kva var ønska desse ønska? I kor stor grad blei ønska innanfrå teke omsyn til i dei sentrale styresmaktene sine planar for modernisering og næringsøkonomisk utvikling?

I perioden frå 1945 til 1970 skjedde det store omkalfatringar i Nord-Tromssamfunnet. På den eine sida i dei næringsøkonomiske tilhøva knytt til nærings-, sysselsettings-, busettings- og infrastrukturen. På den andre sida i dei politiske, sosiale og kulturelle tilhøva knytt til utbygginga av velferdssamfunnet. Korleis blei Nord-Tromssamfunnet endra i denne perioden, i kor stor grad var endringane intendert av dei sentrale styresmaktene og i kor stor grad var endringane i samsvar med ønska innanfrå om modernisering og utvikling i Nord-Troms?

¹³ Strand 1995: 59.

1.2 Teori og metode

Eg argumenterte i starten med at endringstakta i Nord-Tromssamfunnet aldri før hadde vore så høg som i etterkrigstida, endringar som hadde rørt ved alle sider av samfunnet. For å karakterisere endringane brukte eg omgrepet *utvikling*. Seinare har eg også nytta omgrepet *modernisering* for å karakterisere endringane. Kva er modernisering og kva skil det frå utvikling? Med historisk utvikling forstår vi vanlegvis endring i ei særskilt retning, der ein går frå det eine til det andre og der det andre som regel er noe betre enn det første.¹⁴ Med modernisering forstår vi det same som utvikling, men det er også noe meir. Mykje meir hevdar, historikaren Hallvard Tjelmeland; han har karakterisert omgrepet som “*hyperkomplekst*”. Med det meiner han at omgrepet modernisering kan samanliknast med omgrepet kultur - det er like vidt, like uklårt, like vanskeleg å definere og eit like nødvendig omgrep.¹⁵

Kva gjer omgrepet så vanskeleg? Problemet er mellom anna knytt til tre forhold ved den tradisjonelle samfunnsvitskaplege moderniseringsteorien som skapar problem når han skal nyttast i ein historisk analyse. For det første er problemet knytt til bruk av omgrepet i samband med periodisering. Modernisering har vore knytt til ei nemning som karakteriserer vår eiga tid - *det moderne samfunnet* - i motsetnad til den samfunnsstrukturen som var tidlegare - *det tradisjonelle samfunnet*. Dette var dei klassiske sosiologane sitt perspektiv på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. For å få grep om overgangen frå det tradisjonelle til det moderne blei det sett opp omgrepsspar som plasserte modernitet og tradisjon på kvar sin pol. Mest kjent av desse er Ferdinand Tönnies omgrepsspar - *gemeinschaft* og *gesellschaft* - som omhandlar korleis relasjonane mellom menneska er i det moderne samfunnet i motsetnad til i det tradisjonelle samfunnet.¹⁶ I og med at samfunnet heile tida endrar seg, og endringane skjer i eit stadig raskare tempo, blir spørsmålet - Når er eit samfunnet moderne? - svært vanskeleg. Var samfunnet moderne i det industrialiserte England på 1870-talet, eller er det dagens globale informasjonsteknologisamfunn som er det moderne? Sjølv sagt kan ein hevde at endring og stor endringstakt er eit kjenneteikn for den moderne epoken, men da famnar omgrepet svært vidt og gjev lite meiningsinnhald.

¹⁴ Lunden 1987: 65ff.

¹⁵ Tjelmeland 1995: 1.

¹⁶ Pryser 1985: 90f.

Her er eg ved det andre problemet; kva for endringar viser omgrepet modernisering til? I den tidlege samfunnsvitskapen var det eit ønske om å peike på kva som var særskilt ved det vestlege samfunnet og kva som var årsaka til den særeigne utviklinga i vesten. Den tidlege samfunnsvitskapen var også interesserte i moderniseringa si retning og logikken bak moderniseringa. Desse problemstillingane er særleg knytte til Max Weber, ein annan av dei sosiologiske klassikarane. Han peika på at dei sosiale, økonomiske og kulturelle forholda i fellesskap danna grunnlaget for moderniseringa. Weber peika særskilt på strevet etter det føremålstenlege og effektive innan det økonomiske og sosiale systemet, og knytte omgrepet *rasjonalisering* til denne prosessen.¹⁷ Strevet etter rasjonalitet avmystifiserte verda, og det religiøse kunne ikkje lenger danne grunnlag for å orientere seg i verda eller nyttast som grunngeving for samfunnsordninga. Det nye verdsbiletet og den nye samfunnsordninga var tufta på vitskap og rasjonell tankegang, i ein prosess der menneske i aukande grad søkte kontroll over naturen og eige liv. Det var ønska om rasjonalisering som låg til grunn for dei andre kjenneteikna ved moderniseringa, og som ga moderniseringa ei retning: For det første den strukturelle *differensieringa* - i form av skilje mellom privat og offentleg sektor, mellom skule og familie, mellom religion og politikk og mellom arbeid og fritid. For det andre den funksjonelle *spesialiseringa* innan det økonomiske området - i form av aukande arbeidsdeling, utvikling av teknologi og byråkrati.¹⁸ Dei sentrale styresmaktene sine tiltak retta mot økonomisk modernisering av Nord-Norge og Nord-Troms på 1950- og 1960-talet kan til dømes sjåast på som konkrete uttrykk for oppfatningar av kva som er rasjonelle handlingar.¹⁹ I tillegg til desse kjenneteikna kjem ei rekke indikatorar på modernisering - mellom anna urbanisering, alfabetisering, økonomisk vekst, mobilitet, deltaking, institusjonalisering og verdiendringar - som nærmast kan nyttast som ein gradmålar på kor moderne eit samfunn er. Moderniseringsprosessen inneber på den eine sida ei stadig sterkare oppsplitting av samfunnet, og på den andre sida ein stadig sterkare integrasjon i form av *homogenisering* og *globalisering* av økonomiske, politiske og kulturelle strukturar.²⁰

Det tredje forholdet som gjer tradisjonell moderniseringsteori problematisk, er førestillinga om modernisering som ein uavbroten lineær prosess. Moderniseringa starta i Vest-Europa og var lenge eit særmerke for den vestlege kulturen. I dette hundreåret, og da særleg etter andre

¹⁷ Eisenstadt 1987: 2.

¹⁸ Tjelmeland 1995: 3.

¹⁹ Thomassen 1997 (B): 11.

²⁰ Tjelmeland 1995: 3.

verdskrigen, har moderniseringa spreitt seg rundt om i heile verda.²¹ Fram til 1960-talet blei det i stor grad sette likskapsteikn mellom modernisering og industrialisering. Denne partnerskapen var knytt til ein sterk framstegsoptimisme, og i dette perspektivet var økonomien drivkrafta i moderniseringsprosessen.²² Årsaka til den sterke bindinga mellom økonomisk vekst og modernisering var eit resultat av den sterke posisjonen sosialøkonomane hadde frå 1930-talet og utover.²³ Dette kom særleg til uttrykk i den såkalla *moderniseringsteorien* som blei utvikla av amerikanske økonomar på 1950-talet. Dei var opptekne av korleis områda med underutvikla og svak økonomi kunne inkorporerast i vestleg økonomi, kultur og politikk.²⁴ Den fremste talsmannen for denne teorien var den amerikanske økonomen og historikaren Walter Rostow. Han hevda at områda som ikkje var moderniserte, og som fekk økonomisk hjelp opp til ein viss terskel, ville få eit “take-off” i økonomien og at områda etter det ville utvikle seg av seg sjølv gjennom “sustained growth”.²⁵ Utgangspunktet for Rostow var at moderniseringa var ei lineær utvikling som følgde fem fasar, og at ho lovmessig ville føre til utvikling av demokratiske statar. Rostow hevda at moderniseringa ville følgje eit einsarta utviklingsmønster sjølv om samfunna hadde ulike økonomiske, politiske og kulturelle føresetnader.²⁶ Det var innanfor moderniseringsteoriane sine rammer at biletet av det før omtala “problemet Nord-Norge” og “den tilbakeliggjande landsdelen” blei skapt. Ein kan tydeleg spore den norske politikken for å modernisere Nord-Troms og Nord-Norge på 1950- og 1960-talet til moderniseringsteoriane og til sosialøkonomane si hevd på samfunnsplanlegging.²⁷

På slutten av 1960-talet blei det for alvor tydeleg at teorien til Rostow - om at modernisering ville føre fram til ei lineær utvikling, uavhengig økonomiske, kulturelle og politiske føresetnader - ikkje stemte.²⁸ Mange samfunnsvitarar såg da at den økonomiske moderniseringa i den tredje verda ikkje førte fram til “take-off” eller “sustained growth”, og at moderniseringa ikkje automatisk førte til utvikling av demokratiske statar.²⁹ Det blei av den grunn reist kritikk mot dei dominerande moderniseringsteoriane; Dei var for eurosentristeriske –

²¹ Eisenstadt 1987: 1.

²² Tjelmeland 1995: 3.

²³ Thomassen 1997 (B): 245ff.

²⁴ Thomassen 1997 (A): 115.

²⁵ Mjøset 1983: 567.

²⁶ Brimnes 1994: 7.

²⁷ Thomassen 1997 (A): 116f.

²⁸ Eisenstadt 1987: 1ff.

²⁹ Brimnes 1994: 9.

den vestlege verda sine verdiar blei gjort til alle tings målestokk, og den tredje verda blei hevda å vere i eit avhengigheitsforhold til dei rike vestlege verda. Det blei hevda at underutvikling i den tredje verda var ein konsekvens av utviklinga i den vestlege verda, og at utviklingsprosessen var kvalitativt ulik, men likevel strukturelt bunden saman. Dessutan var kritikken retta mot framstegsoptimismen som låg til grunn for teoriane om moderniseringa som ei lineær utvikling som automatisk førte fram til eit betre samfunn.³⁰ Sjølv om den økonomiske moderniseringa hadde blitt global, førte ikkje det til dei politiske og kulturelle endringane som moderniseringsteoriane hadde venta – modernisering var farga av dei lokale føresetnadene, og resultatet var at endringane kom i ulik rekkefølge, på ulik tid, på ulike nivå og i ulike former. Det var med andre ord utakt i moderniseringa.³¹ I Norge var det særleg Ottar Brox som leia kritikken mot moderniseringspolitikken. Utgangspunkt var den moderniseringspolitikken som hadde vore ført av dei sentrale styresmaktene for å modernisere Nord-Norge etter 1945. I Brox si bok *Hva skjer i Nord-Norge?* står rasjonaliteten i det moderne prosjektet fram som irrasjonell, og det som tidlegare hadde vore oppfatta som primitivt og tilbakeliggjande blei tillagt ein høgare form for rasjonalitet.³² Innanfor rammene av avhengighetsteorien skapte Brox biletet av “den ressursrike landsdelen” som blei utnytta av kapitalinteressene utanfrå. Som eg tidlegare har vist fekk moderniseringskritikken gjennomslag på 1970-talet også i norsk politikk.

Eg har no drøfta tre sider ved den tradisjonelle samfunnsvitskaplege moderniseringsteorien. Kva står ein igjen med? For det første at periodisering med bruk av omgrepet modernisering, og nemninga “det moderne samfunnet”, er lite tilfredsstillande i historiske framstillingar. For det andre at identifikasjonen av moderniseringa si retning - søkinga etter det rasjonelle - og korleis rasjonaliteten kjem til uttrykk - differensiering, spesialisering, homogenisering og globalisering - står fast. For det tredje at modernisering ikkje er ei lineær utvikling, men har fleire nivå som er tilpassa og påverka av dei lokale økonomiske, kulturelle og politiske føresetnadene, og av den grunn skjer i utakt.

Eg vil likevel argumentere for at ein treng ein moderniseringsteori og at ein kan ha stor nytte av å bruke omgrepet modernisering. Men det krev ein moderniseringsteori som opnar for at

³⁰ Brimnes 1994: 9 og Tjelmeland 1995: 3.

³¹ Tjelmeland 1995: 3.

³² Ibid: 5.

modernisering er påverka av dei lokale økonomiske, kulturelle og politiske føresetnadene, at det skjer på ulike nivå og i ulik takt. Erik Oddvar Eriksen har med utgangspunkt i normsosiologien sine handlingsomgrep utarbeidd ein moderniseringsteori som tar omsyn til desse krava. Han har delt moderniseringsprosessen opp i tre samfunnsmessige strukturnivå - økonomi, politikk og kultur - som alle er styrte etter sin eigen rasjonalitet. For økonomien er effektivitet den dominerande rasjonaliteten. Politikken, som også omfattar sosiale relasjonar, er orientert etter likskap og rettferd. Sjølvrealisering og stadfesting av eigenverd er det dominerande prinsippet for kulturen.³³

Den svenske ungdomsforskaren Johan Fornäs har løyst problemet omkring periodisering og bruken av omgrepet modernisering med omsyn til alle desse momenta. Han har tilrådd ei firedelt periodisering av den historiske moderniseringsprosessen – det førmoderne, det tidlegmoderne, det høgmoderne og det seinmoderne - etter kva som har vore dei viktigaste konfliktane, dei viktigaste drivkreftene og dei dominerande samfunnsnivåa i periodane. Fornäs hevdar at overgangen frå det førmoderne til det tidlegmoderne skjer frå 1500-talet og utover, og at det tidlegmoderne munnar ut i oppkomsten av industrisamfunnet. Det høgmoderne tar over ein gong på 1800-talet med oppkomsten av nasjonalstatane, demokratia, industrialisering, lønnsarbeid, nye former for sosialisering og nye identitetstypar.³⁴ I Nord-Norge og Nord-Troms kjem utakta i moderniseringsprosessen til syne ved at denne overgangen først skjer rundt hundreårsskiftet, med fiskarbondesosialismen, motoriseringa av fiskebåtane, bergverksindustri og ei gryande sosial modernisering. Det neste skiftet, frå det høgmoderne til det seinmoderne, hevdar Fornäs skjer ein gong på 1950-talet. Da omfattar moderniseringa heile verda og påverkar folk på alle måtar i dagleglivet. I den seinmoderne perioden aukar endringstakta radikalt, mobiliteten har blitt global, kjønns- og klasserelasjonane endrar seg og etermedia og informasjonsteknologi har ein sentral plass.³⁵ Hallvard Tjelmeland har fleire plassar peika på at skiftet frå det høgmoderne til det seinmoderne i Nord-Norge skjer i overgangen mellom 1960-talet og 1970-talet.³⁶

Gjennom å nytte Eriksen sin moderniseringsteori og Fornäs sitt forslag til periodisering er det mogleg å gje historieskrivinga *perspektiv* og såleis få fram dei overordna måla for

³³ Eriksen 1996 (B): 34f.

³⁴ Her frå Tjelmeland 1995: 8f.

³⁵ Ibid.

³⁶ Tjelmeland 1994: 348, Tjelmeland 1996 (A): 542 og Tjelmeland 1996 (B): 102.

endringsprosessane i perioden frå 1945 til 1970. Perspektivet gjer det mogleg å få fram og forstå det *særeigne* og det *usamtidige*, men også det *allmenne* i moderniseringsprosessen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. For å få fram desse aspekta har eg i oppgåva nytta *komparasjon som metode*. Eg har komparert utviklinga i desse fire kommunane med kvarandre for å få fram det særeigne og allmenne innan området. Viktigast har likevel vore å komparere utviklinga i dei fire kommunane kvar for seg, og av området som heilskap, med utviklinga i andre områda. For å få fram dei ulike sidene ved moderniseringsprosessen, og for å knyte moderniseringa av Nord-Troms til debatten om nordnorsk modernisering, har eg valt å komparere utviklinga i Nord-Troms med utviklinga på ulike nivå; dels Tromsøområdet, dels Troms fylke, dels Nord-Norge og dels heile landet.

Komparasjonen har også andre funksjonar i oppgåva. For det første har eg nytta det som ein metode for å teste eksisterande hypotesar om moderniseringsprosessen. For det andre for å utvikle relevante problemstillingar, omgrep og hypotesar knytt til moderniseringsprosessen i Nord-Troms.³⁷ I lag med bruk av *analytiske reiskap*, som omgrepsparet “innanfrå” og “utanfrå”, har eg søkt å forklare konkrete og avgrensa sider ved moderniseringsprosessen.³⁸ Det er likevel lita meining i å forstå einskildfenomen om dei ikkje kan sjåast som del av ein større samanheng og knytast til heilskapsoppfatningar av den historiske prosessen dei inngår i.³⁹ I siste del av oppgåva søker eg å samanfatte moderniseringsprosessen i Nord-Troms i form av ei *syntese*. Ei syntese som tar omsyn til dei ulike strukturnivå, og til utakta i moderniseringsprosessen, men som også plasserer moderniseringa i Nord-Troms inn den allmenne moderniseringa av Norge og Nord-Norge.

Heilt i byrjinga jamførte eg modernisering med utvikling og peika på at utvikling var ei endring mot noe betre. Eg vil slutte med å korrigere meg sjølv. Sjølv om moderniseringa har retning er det ikkje det same som framsteg, eller motsett; bort frå noe opphavleg godt. Omgrepet modernisering må opnast for det tvitydige og ambivalente i endringane; på same tid som noe blir vunne går også noe tapt.⁴⁰

³⁷ Ågotnes 1989: 75.

³⁸ Tjelmeland 1995: 5ff.

³⁹ Ibid: 7f.

⁴⁰ Ibid: 11.

1.3 Kva er Nord-Troms?


Nord-Troms er området nordaust i Troms fylke opp mot grensa til Finnmark fylke. Kva for geografisk område som omgrepet har vore brukt om, har variert opp gjennom tida. Omgrepet er ikkje knytt til ei administrativ eining, men til eit område nord i Troms fylke som er nord og aust for noverande Tromsø kommune. I dag blir omgrepet ofte nytta om det området som dei statlege virkemiddelordningane er verksame for - kommunane Storfjord, Lyngen, Karlsøy, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen. Før kommunesamanslåinga i 1964 blei også Ullsfjord kommune rekna med til Nord-Tromsområdet. Dette er og har vore den rådande definisjonen av Nord-Troms, og var også oppfatninga av området før 1945.

Når eg har valt å konsentrere meg om dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden - Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen (jf kart 1) - har det med fleire forhold å gjere.⁴¹ For det første gjer geografiske, administrative og kommunikasjonsmessige forhold det naturleg å sjå dei fire kommunane som ei eining. Lyngenfjorden er ei naturleg geografisk grense mot vest, den gongen veglause strekninga mellom Manndalen i Kåfjord og Skibotn i Storfjord var ei kommunikasjonsmessig grense i sør og fylkesgrensa mot Finnmark og grensa mot Finland er administrative grenser mot nord og aust.

For det andre var det desse fire kommunane i Nord-Troms som hardast blei ramma av tyskarane sine herjingar i området, mens dei andre kommunane i liten grad blei råka eller ikkje råka i det heile. Nedbrenninga førte til at utgangspunktet for gjenreisinga og den vidare moderniseringa nærmast var lik for dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden, og at utgangspunktet var svært ulik situasjonen i dei andre Nord-Tromskommunane. Tyskarane sine herjingar førte også til at dei statlege planane for modernisering og utvikling har vore mest omfattande, og dei har også virka lengst, i området aust for Lyngenfjorden.

⁴¹ Ofte blir himmelretninga nord for Lyngenfjorden nytta for å karakterisere lokaliseringa av området sjølv om området vitterleg er aust for Lyngenfjorden, eg har valt å nytte aust for Lyngenfjorden.

Kart 1. Nord-Troms



For det tredje kan kommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen sjåast på som kjerneområdet i Nord-Troms. Sjølv om definisjonane av kva som blir rekna som Nord-Troms har skifta i ulike samanhengar har dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden alltid inngått i definisjonen. Til dømes blei dei fire kommunane på 1960-talet sett på som ein region av planleggarane i Troms fylke og planleggarane til dei sentrale styresmaktene.⁴²

Ein siste årsak til ei slik avgrensing av området er gjort ut frå eit forskingsøkonomisk perspektiv. Skulle oppgåva ha omfatta alle dei sju kommunane i Nord-Troms ville det ikkje vore mogleg å gjennomføre ho innanfor rammene av ei hovudfagsoppgåve.

1.4 Val av tidsperiode og periodisering

I nyare historieskriving om Norge og Nord-Norge på 1900-talet har det i stor grad blitt lagt vekt på kontinuiteten i utviklinga frå midten av 1930-talet og fram til omlag 1970. Til dømes har den nye Norgeshistoria frå Aschehoug eit eige band om perioden. Even Lange har skrive bandet med den dekkande tittelen *Samling om felles mål 1935-1970*.⁴³ Han hevdar at Norge i denne perioden utvikla seg frå å vere:

*“... et halveis industrielt land preget av langvarig økonomisk krise og dype sosiale motsetninger til å bli et modent industri- og forbrukersamfunn der jevn velstand og nasjonalt fellesskap dominerte bildet.”*⁴⁴

Gjennom store delar av denne perioden hadde Arbeidarpartiet det politiske hegemoniet, og det var partiet sine ideologar som var dei drivande kreftene bak sosiale reformer, industriell modernisering og nye økonomiske styringsreiskapar. Dette var målsettingar som folk arbeidde for og samla seg bak, og som gav partiet makt til å gjennomføre visjonane om eit industri- og velferdssamfunn. Mens perioden frå 1935 til 1970 var prega av jamn økonomisk vekst, interessefellesskap og stor politisk stabilitet, var derimot perioden før og etter prega av økonomiske svingingar, interessemotsetningar og politisk uro - utan at det var noe klart brot verken ved inngangen eller ved utgangen av perioden.⁴⁵

⁴² Fylkesmannen i Troms 1969: 93

⁴³ Lange 1998.

⁴⁴ Ibid: 242.

⁴⁵ Ibid: 12 og 242f.

Når eg vel å starte i 1945, og ikkje i 1935, er det på grunn av at freden så klårt markerte starten på ei ny tid i Nord-Troms. Tyskarane hadde øydelagt og brent ned mest alt som hadde vore i Nord-Troms og Vest-Finnmark. Gjenreisinga var starten på ein ny epoke der staten i langt større grad enn tidlegare spelte ei aktiv rolle i utviklinga av Nord-Tromssamfunnet. Dei neste 25 åra var prega av moderniseringsstrev og utviklingsoptimisme innanfrå og utanfrå, med sterk tru på at statleg planlegging og industrialisering skulle vere vegen til velstand og velferd for alle. På slutten av 1960-talet var det ei gryande mistru til at industrialisering og sentralisering var vegen å gå, men det var først på 1970-talet at mistrua fekk eit breiare politisk gjennomslag og distriktpolitikken tok ein ny retning. Valet om Norges forhold til EF i 1972 blei det store politiske oppgjeret om strukturrasjonalisering på landsbygda, fråflytting og sentralisering, politisk styring av den økonomiske politikken og vilkåra for folkeleg påverknad gjennom dei politiske kanalane.⁴⁶ I dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden røysta heile 76% av veljarane “Nei” ved folkeavrøystinga om EF i 1972.⁴⁷ Det politiske oppbødet var ein del av regionale protestrørsler over heile Europa, som kom med kritikk av det moderne og som framheva tradisjonelle tilpassingar og kulturar.⁴⁸ På same tid som det voks fram ein politisk protest mot industrialisering- og sentraliseringsideologien, fråflyttinga stoppa opp og busettinga konsoliderte seg. Samtidig snudde dei økonomiske konjunkturane, og i 1973 peika verdsøkonomien nedover for første gong etter andre verdskrig.⁴⁹ Mens freden markerte eit klart skilje mot den føregåande perioden i Nord-Troms, var utgangen på perioden mindre tydeleg – som i resten av Norge var det tale om ein glidande overgang utan det store brotet.

Oppgåva er delt i fire delar. Dei første tre delane tar for seg kvar sin tidsperiode, mens den siste delen er eit oversyn og ei samanfating av heile perioden.

Del 1. Gjenreisinga – eit nytt Nord-Troms? (ca. 1945 - 1950)

I kapittel 2 tar eg opp den historiske bakgrunnen for moderniseringa av dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Eg reiser der spørsmåla: I kor stor grad var gjenreisinga eit brot med dei økonomiske, politiske og kulturelle tilhøva før nedbrenninga?

⁴⁶ Drivenes og Tjelmeland 1997: 60.

⁴⁷ NOS: Folkeavrøystinga om EF, tabell 1 og 2, hefte 1.

⁴⁸ Tjelmeland 1994: 384.

⁴⁹ Drivenes og Tjelmeland 1997: 61.

Kva var ønska frå Nord-Troms i samband med gjenreisinga og kva var planane til dei sentrale styresmaktene?

Del 2. Frå “problemet Nord-Norge” til “problemet Nord-Troms”. (ca. 1950 - 1960)

På byrjinga av 1950-talet var gjenreisingsperioden slutt. Frykt for høg arbeidsløyse aktualiserte spørsmålet om vidare tiltak for økonomisk modernisering både i Nord-Troms, i landsdelen og hos dei sentrale styresmaktene. Manglande økonomisk modernisering i Nord-Norge førte til at det blei skapt eit bilete av landsdelen som “problemet Nord-Norge”. Slutten på gjenreisinga, det nye biletet av landsdelen og lanseringa av Nord-Norgeplanen i 1951 gjer det naturleg å sette eit skilje rundt 1950.

Rundt midten av 1950-talet var det tydeleg at Nord-Norgeplanen ikkje hadde ført til dei venta resultatane i Nord-Troms. Det blei reist krav frå Nord-Troms om særlege tiltak for å betre føresetnadene, og ein avart av “problemet Nord-Norge” voks fram som “problemet Nord-Troms”. Det nye problembiletet resulterte i Nord-Tromsplanen, ein plan for å styrke føresetnadene for næringsliv og økonomisk modernisering i regionen.

Del 3. Distriktpolitikk, kraftutbygging og gryande moderniseringskritikk (ca.1960-1970)

I 1960 var virketida til Nord-Norgeplanen over, og det blei reist krav frå Nord-Troms og frå resten av landsdelen om ei vidareføring av planen. Dei sentrale styresmaktene såg også behovet for ei vidareføring av planen, men dei meinte at Nord-Norge ikkje lenger var i ei særstilling. Problema knytt til manglande økonomisk modernisering var blitt eit landsomfattande “distriktsproblem”. Resultatet var skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond i 1961, som skulle støtte tiltak i alle distrikt med svakt og dårleg utbygd næringsliv. Det er såleis naturleg å sette eit skilje rundt 1960.

Gjennom heile 1950-talet hadde det vore krav innanfrå om utbygging av dei store kraftkjeldene i Nord-Troms, eit krav som var nært knytt til krava om etablering av industri i området. På 1960-talet blei to store vassdrag i området bygde ut. Kva var årsaka til utbyggingane og i kor stor grad løyste dei problema knytt til manglande industriell modernisering i Nord-Troms?

På byrjinga av 1960-talet skjedde det ei ny endring av oppfatninga av korleis problema i distrikta skulle løysast. Dei sentrale styresmaktene ønskte å konsentrere tiltaka i distriktspolitikken gjennom utbygging av infrastrukturen i særskilde vekstsenter. Samstundes blei det reist krav frå Skjervøy om særskilde tiltak for tettstaden Skjervøy, mellom anna på grunn av trugsmål om nedlegging av fiskeindustriverksemda Finotro og vekstproblema den særskilt høge folkeveksten skapte. Resultatet var utpeikinga av tettstaden Skjervøy som prøve- og vekstsenter i 1965.

På slutten av 1960-talet voks det fram ein gryande motstand mot rasjonaliseringa av primærnæringane, mot industrialisering og sentralisering; i Nord-Troms som i resten av landet. Den optimistiske framskrittstankegangen som nærmast hadde vore einerådande i etterkrigstida var borte. Ei ny tid var i emning med meir markerte interessemotsetningar, med forsvar av sjølvråderetten, bygdenæringane og busettinga i distrikta. Ein epoke med tru innanfrå og utanfrå på økonomisk modernisering og industrialisering gjennom statleg tilrettelegging var over, og eg har derfor valt å slutte før desse endringane for alvor gjorde seg gjeldande i Nord-Tromssamfunnet.

Del 4. Nasjonal homogenisering, men vedvarande skeive strukturar

I den siste delen drøftar eg kva som var resultatet av moderniseringsprosessen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden i perioden frå 1950 til 1970. Først og fremst ser eg på endringane knytt til næringsliv og sysselsettings- og busettingsstruktur, men eg drøftar også endringane av dei politiske og kulturelle tilhøva i området. Eg samanliknar utviklinga i Nord-Troms med utviklinga i fylket og i heile landet og ser på kva som var særeige og kva som var allment med moderniseringsprosessen i Nord-Troms. Eg drøftar også i kor stor grad visjonane innanfrå og utanfrå om økonomisk modernisering blei ein realitet i perioden. Siste kapittel er ei samantfning og eit oversyn over moderniseringsprosessen og drivkreftene bak denne prosessen i Nord-Troms frå 1945 til 1970.

1.5 Tematisk avgrensing

Innanfrå- og utanfrå-perspektivet er ein sentral dikotomi i oppgåva. Innanfrå-perspektivet omfattar i utgangspunktet alle som på ein eller anna måte var knytt til Nord-Tromsområdet gjennom å arbeide eller å bu i dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden i perioden. Eg har lagt vekt på å få fram hovudtendensane i ønska innanfrå på same tid som eg ville ha

fram motsetnadene og mangfaldet i desse ønska. Det er likevel ikkje tvil om at det er ønska og krava frå den politiske og økonomiske eliten, og da først og fremst menn, som i størst grad kjem til uttrykk. Utanfrå-perspektivet er derimot knytt til ein einskapleg statleg politikk knytt til modernisering og utvikling. Eg har sett på dei sentrale styresmaktene sin politikk retta mot utvikling og modernisering av Nord-Norge og Nord-Troms som uttrykk for ein heilskapleg og eins strategi. Det inneber sjølvstendig ikkje at eg utelukkar eller ser bort ifrå at det var motsetningar mellom dei ulike delane av dei sentrale styresmaktene sin politikk. Av forskingsøkonomiske grunnar har eg likevel valt å ikkje problematisere utanfrå-perspektivet. Troms fylke sine politiske og administrative organ er i innanfrå- og utanfrå-perspektivet i ein mellomposisjon ved dels å representere dei sentrale styresmaktene, dels sine egne interesser og dels dei fire Nord-Tromskommunane. Eg har ikkje knytt fylkesnivået til eit særskilt perspektiv, men søkt å vise kva for interesser dei har representert ved dei ulike høva dei var involverte.

Oppgåva er i hovudsak konsentrert om endringane av dei overleggjande strukturane i den økonomiske moderniseringa i området, det vil seie forhold knytt til næringsliv og sysselsettings- og busettingsstruktur. Eg har likevel sett på korleis dei overleggjande politiske, sosiale og kulturelle tilhøva endra seg i perioden. Moderniseringa endra også tilhøva for den enkelte, for enkelte verksemdar eller for enkelte bygdelag. Eg har i liten grad problematisert desse endringane, og i stor grad fell dei utanfor temaet for denne oppgåva.

Utbygginga av infrastrukturen i området var ein viktig føresetnad for moderniseringa av området. Frå heile området blei det reist krav om vegbygging, hamnebygging og kraftutbygging; alt frå krav om bygging av sjøbygdevegar og hamneutbygging i bygdelaga, til krav om store kraftutbyggingar og riksvegar som skulle kome heile området til nytte. Krava om utbygging av infrastrukturen var så mange og kom frå så mange hald i heile området at eg har vore tvunga til å avgrense meg til dei viktigaste krava som var mest relatert til den økonomiske moderniseringa av Nord-Troms. Eg har særleg konsentrert meg om utbygginga av kraftkjeldene i området. Utbygginga av vegnettet er omhandla meir sporadisk, og eg har konsentrert meg om dei mest sentrale prosjekta og har nytta dei som konkrete døme på korleis vegutbygginga blei handsama.

Ved sida av moderniseringa av dei næringsøkonomiske strukturane, har etterkrigstida i Norge vore kjenneteikna av utbygging av offentleg sektor og oppbygginga av velferdssamfunnet. Veksten i den offentlege aktiviteten og i den offentleg omsorga førte til ei rekke uintenderte prosessar knytt til moderniseringa og dei strukturelle endringane av Nord-Troms. Eg har vore tvinga til å avgrense oppgåva frå å drøfte desse forholda spesifikt. Når, og i den grad eg har drøfta desse forholda, har det vore i samband med dei strukturelle endringane av busettinga i området.

Omkalfatringa i Nord-Tromssamfunnet etter andre verdskrigen førte også til endringar i dei kulturelle og etniske forholda i området. Kulturell homogenisering og einsretting var datidas ideologi, og det var lite rom for det etniske og kulturelle mangfaldet Nord-Troms var rik på. Etterkrigstida blei da også prega av ei sterk fornorsking av kultur, identitet og etnisitet. Religiøst var og er området sterkt prega av læstadianismen, ei religiøs konservativ og pietistisk lågkyrkjeleg retning innan statskyrkja. I kor stor grad kulturelle, etniske eller religiøse faktorar har hatt innverknad på den økonomiske utviklinga i området har eg drøfta i siste del av oppgåva. Eg kjem der fram til at desse faktorane ikkje var avgjerande for den økonomiske moderniseringa i området, men eg ser likevel ikkje bort ifrå at dei kan ha spela inn.

Både på 1950- og 1960-talet var det eit sterkt ønske ovanfrå om regionalisering i distrikta. Sterkast kom dette til uttrykk på 1960-talet gjennom regionplanlegginga i fylka. Sjølv om spørsmålet om regionalisering både er relevant og interessant i samband med problemstillinga i denne oppgåva, og i høve til den pågåande debatten om regionalisering, har eg i liten grad problematisert dette forholdet. I oppgåva er dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden referert til som eit område, ikkje som ein region. Der eg nyttar region om Nord-Troms siktar eg til alle dei sju Nord-Tromskommunane rundt Lyngenfjorden.

Den som leitar etter kvinnfolka og deira rolle i den næringsøkonomiske moderniseringa i Nord-Troms kjem truleg til å bli skuffa. I stor grad er dette ei framstilling som tar for seg menn og kva mannfolka ønske. Det tyder ikkje at kvinnfolka ikkje var der, eller at dei ikkje hadde ønske og krav om utvikling og modernisering. Kvinnfolka var der heile tida. Alltid som husmor og omsorgsperson i heimen, men også som bonde i fiskarbondetilpassinga, etter kvart også som filetarbeidar i fiskeindustrien og som lønna omsorgsarbeidar i den veksande

offentlege velferdssektoren. Når eg likevel har skriva så lite om kvinner, har det samanheng med at eg har konsentrert oppgåva om den økonomiske moderniseringsprosessen, der menn var dei dominerande aktørane. I større grad enn kvinnfolka hadde menn sitt arbeid utanfor heimen gjennom lønsarbeid, og dei har av den grunn vore meir synleg i dei kjeldene eg har nytta. Typisk var det at menn dominerte i dei politiske og faglege laga, mens kvinnfolka dominerte i dei religiøse forsamlingane og i dei humanitære og sosialpolitiske laga. Menn sat i kommunestyra, menn søkte om lån til næringsverksemd, menn skreiv lesarbrev til avisa, og menn var og er framleis leiarane av dei læstadianske forsamlingane. Etter 1970 endra dette biletet seg til ein viss grad. Kvinnefrigjeringa på 1970-talet førte til at kvinnfolka i aukande grad kom med i kommunestyra også i Nord-Troms, dei tok i større grad arbeid utanfor heimen og dei blei meir synlege i den offentlege debatten om korleis Nord-Tromssamfunnet skulle utvikle seg vidare.

1.6 Kjelder og bruken av dei

Å studere historie krev at ein må gjere mange vurderingar i forhold til val av kjelder og til bruken av dei. Eg har i all hovudsak valt å nytte skriftlege kjelder, både kvalitative og kvantitative.

Dei kvalitative kjeldene er både trykt og ikkje trykt materiale. Trykte kvalitative kjelder som er nytta er dagsavisene "Nordlys" og "Tromsø", kommune- og fylkestingsforhandlingane, stortingsforhandlingane og faglitteratur. Eg har saumfart avisa "Nordlys" på mikrofilm for heile perioden frå 1945 og til 1970, for ein kortare perioda også avisa "Tromsø". Lesarbrev og leiarane er primært nytta som levningar, det vil seie som kjelde for skrivaren sine haldningar og meiningar. Artiklane er nytta som levningar, men også som beretning om korleis tilhøva var. Eg har saumfart kommunestyreforhandlingane for dei fire Nord-Tromskommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvæningen, for perioden 1945 til 1967 og fylkestingsforhandlingane for Troms i perioden frå 1945 til 1970.⁵⁰ Kommune- og fylkestingsforhandlingane er i lag med stortingsforhandlingane nytta både som levning og som beretning. Det kvalitative materialet som ikkje er trykt er i hovudsak søknader, notat, brev og

⁵⁰ Årsaka til at eg ikkje har studert kommunestyreforhandlingane for åra 1968, 1969 og 1970 er at desse ikkje var plasserte i Fylkesmannen i Troms sitt arkiv på Statsarkivet i Tromsø når eg var der hausten 1997.

vedtak henta frå arkiva til fylkesmannen i Troms og Distriktenes Utbyggingsfond. Desse er både brukt som levning og som beretning. Faglitteraturen blir primært nytta som beretning.

Eg har i liten grad valt å nytte munnlege kjelder, sjølv om eg har hatt relativt god tilgang på slikt materiale. I samband med oppgåva og i samband med arbeid som vitskapleg assistent for historieprosjektet “Troms kraftforsyning 100 år”, har eg intervjuet ei heil rekkje personar frå Nord-Troms. Når eg i så liten grad har nytta munnlege kjelder, har det fleire årsaker. For det første har eg hatt stor tilgang på skriftleg materiale som både har gjeve informasjon om den historiske utviklinga og om haldningane i samtida til økonomisk modernisering. For det andre på grunn av eigenskapane med munnlege kjelder knytt til den bruken av dei som eg ønskte. Ikkje av di munnlege kjelder er kvalitativt ulik skriftlege kjelder, for det er dei ikkje.⁵¹ Men på grunn av at munnlege kjelder er lite pålitelege i høve til det historikaren Knut Kjeldstadli kallar dei tre H-ane: “*hendinger, handlinger og holdninger*”.⁵² Det var særleg haldningane til økonomisk modernisering eg var ute etter i samband med innsamlinga av dei munnlege kjeldene. I samband med det kjeldekritiske arbeiet med dei munnlege kjeldene erfarte eg at forhold knytt til dei tre H-ane var lite pålitelege når eg samanlikna med det skriftlege materialet.⁵³ Namn og kronologi var gløynde eller blanda saman. Tidlegare haldningar var gløynt eller i så stor grad påverka av seinare erfaring at dei ikkje kunne sjåast på som pålitelege kjelder. Eg har derfor valt å nytte skriftlege kjelder som lesarbrev i avisene, referat frå politiske møte i avisene, kommunestyrevedtak, ulike søknader og liknande, for å få fram ønska innanfrå om økonomisk modernisering. Sjølv sagt kan det innvendast at dei skriftlege kjeldene bare representerer ein liten del av menneska i Nord-Troms; primært den lokale eliten som var aktiv i politikken og/eller var skriveføre personar. Mot denne innvendinga kan det hevdast at det var nettopp desse menneska som gav uttrykk for krava innanfrå i samband med moderniseringa av området, og som kunne påverke moderniseringsprosessen.

Eg har nytta kvantitative kjelder som; folketeljingane, fiskeriteljingane, jordbruksteljingane, bedriftsteljingane og valstatistikk. Med unnatak av folkemengda i teljingskretsane ved folketeljinga i 1950 er alle dei kvantitative kjeldene trykte. Validiteten i dei kvantitative kjeldene blir rekna som høg, sjølv om ein sjølv sagt ikkje skal sjå bort frå at det kan ha vore

⁵¹ Kjeldstadli 1981: 66.

⁵² Ibid: 70.

⁵³ Ibid.

feilføringar og feiltolkingar. Eit særskilt problem er spørsmålet om etnisitet i folketeljingane, og eg visar her til drøftinga eg har gjort knytt til dette problemkomplekset seinare i oppgåva.

1.7 Tidlegare forskning på moderniseringa av Nord-Troms 1945 - 1970

I denne oversikta har eg konsentrert meg om arbeid som har hatt Nord-Troms og moderniseringa av området frå 1945 og til 1970 som tema, men eg har likevel teke med noen arbeid som omhandlar tida etter 1970. Den økonomiske moderniseringa i Nord-Troms etter krigen har i svært liten grad vore tema for historievitskaplege studiar.

For dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden er det bare eit verk som går nærmare inn på transformasjonen av samfunnet etter krigen. I *Fjordfolket i Kvænangen* tar sosialantropologen Ivar Bjørklund mål av seg til å vise korleis Kvænangen, som Bjørklund på 1500-talet hevdar var eit sjølvstendig samisk samfunn, gjennom ein fleirehundreårig prosess blir innlemma og integrert i den norske staten – administrativt, økonomisk og kulturelt. Bjørklund hevdar at dei sentrale styresmaktene sine tiltak for å integrere samar og kvenar i det norske samfunn på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet førte til ein religiøs (læstadianismen) og politisk (fiskarbondesosialismen) opposisjon. Gjennombrøtet for arbeidarrørsla nasjonalt frå 1935 og utover, krigsøkonomi og gjenreising førte til auka fornorskingspress. Bjørklund karakteriserer etterkrigstida som eit økonomisk og kulturelt hamskifte i Kvænangen. Framveksten av velferdsstaten representerte ein økonomisk tryggleik som var ny i Kvænangen. Prisen folk måtte betale for å ta del velferdssamfunnet var å legge vekk samisk og kvensk språk og kultur. Bjørklund hevdar resultatet var eit kulturskifte.⁵⁴

Dei to andre historiske verka som omhandlar moderniseringa av Nord-Troms er frå Karlsøy og frå Ullsfjord, kommunar som ikkje er med i mitt undersøkingsområde. Historikaren Håvard Dahl Bratrein har i band fire av *Karlsøy og Helgøy bygdebok* mellom anna skrive om den økonomiske moderniseringa i perioden frå 1925 til 1985. Perioden frå 1950 til 1985 har han gjeve nemninga “Et samfunn i oppbrudd”. Bratrein karakteriserer perioden som ei overgangstid kor det har skjedd djuptgåande endringar ved alle sider av samfunnet. Han peikar særskilt på at 1950 var eit tidsskifte, og at det var da det store hamskiftet sette inn. I 1950 hevdar Bratrein at området var desentralisert med eit enkelt - men veltilpassa -

⁵⁴ Bjørklund 1985: 13f.

samfunnssystem, bygd opp om bygdelag basert på sjøverts kommunikasjon, fiskarbondetilpassinga og låg grad av teknologi og kapital. I 1985 var området blitt sentralisert, modernisert, spesialisert, med landverts kommunikasjon, høg grad av teknologi og større kapitaltilgang. Bratrein skildrar dei viktigaste endringane ved alle sider av samfunnet, men problematiserer i liten grad moderniseringsprosessen.⁵⁵

Tove Johansen har i ei hovudfagsoppgåve i historie skrive om forholdet mellom politikk og religion i Ullsfjord frå 1920 til 1970. Ho går imot Bjørklund sine teoriar om læstadianismen og fiskarbondesosialismen som resultat av opposisjon mot fornorskingspresset. Johansen hevdar at årsaka til mobiliseringa om Arbeidarpartiet var økonomisk basert og ikkje eit resultat av etnisk opposisjon. Oppslutninga om læstadianismen hevdar Johansen var eit resultat av den religiøse eigenverdien av rørsle. Vidare peikar ho på at læstadianismen fungerte som ein etnisk markør før 1940, men hevdar at dette endra seg etter krigen og at læstadianismen da endra seg i takt med fornorskinga av samfunnet. I denne perioden hevdar Johansen at læstadianismen i større grad bidrog til å lette overgangen til det norske samfunnet enn til å bevare samisk identitet.⁵⁶

Det er svært få lokal- og verksemdhistoriske arbeid som har omhandla tida etter andre verdenskrigen i Nord-Troms aust for Lyngenfjorden. Anders Ole Hauglid har i ei hovudoppgåve i historie drøfta gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms i perioden 1945 til 1952.⁵⁷ Han går inn på omfanget av øydelegginga, dei ulike fasane av planlegginga av gjenreisinga, tilbakeflyttinga og sjølv gjenreisinga av området. Ingebjørg Hage har i doktoravhandlinga *Som fugl føniks av asken? Gjenreisningshus i Nord-Troms og Finnmark* tatt for seg ulike sider ved arkitekturen ved gjenreisinga av bustadhusa, ho har mellom anna sett nærmare på tilhøva i Kåfjord.⁵⁸ Bygdebøkene for kommunane Skjervøy, Nordreisa og Kåfjord tar i svært liten grad for seg etterkrigstida.⁵⁹ Dei beste og mest interessante arbeida om endringane i Nord-Tromssamfunnet etter 1945 er bøkene til Kari Digre og Anders Reutz. Digre har skrive om dei 50 første åra til Nord-Troms kraftlag, og Reutz har skrive om dei 25 første åra til Kvæningen

⁵⁵ Bratrein 1994: 121ff.

⁵⁶ Johansen 1991: 149ff.

⁵⁷ Hauglid 1975: *Gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms 1945 - 1948 - 1952*.

⁵⁸ Hage 1996.

⁵⁹ Fugelsøy 1970: *Skjervøy, Et prestegjeld og et herred i Nord-Troms, bd. 1*, Hansen 1964: *Nordreisa bygdebok* og Larssen 1976: *Lyngen bygdebok, Lyngen prestegjelds historie*.

kraftverk.⁶⁰ I tillegg er det skrive administrasjonshistorie om Kåfjord kommune, historia til Skjervøy og Nordreisa Sparebank, om fiskeforedlingsverksemda til Kåre Renø på Skjervøy og om handelsstaden Havnnes.⁶¹ I tillegg til desse arbeida har det kome ein del artiklar med historisk perspektiv på etterkrigstida i årboka til Nord-Troms historielag - *Menneske og miljø i Nord-Troms* (1975 - 1997). Hausten 1997 avvikla Nord-Troms historielag eit seminar med tittelen *Kvenenes historie og kultur* som resulterte i ein seminarrapport med same namn.⁶² I rapporten bidreg mellom andre sosiologen Egil Sundelin med to interessante artiklar der han drøftar forholdet mellom kvensk identitet, læstadianismen og økonomisk modernisering i Nord-Troms og Finnmark i etterkrigstida.⁶³

Det er også gjort noen samfunnsvitenskaplege studiar av Nord-Troms, om ulike sider ved samfunnsutviklinga etter 1945. Sjølv om dei fleste av dei har omhandla perioden etter 1970, har eg likevel tatt dei med her. Samfunnsvitaren Øystein Steinslien har skrive ei hovudoppgåve om læstadianismen som politisk samlingsverdi i ei samisk kystbygd på 1970- og 1980-talet med utgangspunkt i Kåfjord.⁶⁴ Antropologen Bjørn Bjerkli har studert forholdet mellom småskaladrift i primærnæringane, kombinerte yrkestilpassingar og tilhøyrgheit i Kåfjord på 1980- og 1990-talet.⁶⁵ Tor Arne Lillevoll har i ei hovudoppgåve i samfunnsvitenskap gjort ein studie av yrkeskombinasjonar i deltidjordbruket i Lyngen kommune i perioden frå 1955 til 1980.⁶⁶ Samfunnsvitaren Ragnar Nilsen har med utgangspunkt i Storfjord kommune drøfta næringstilpassing, identitet og resurssforvaltning i samiske fjordstrøk. Han har mellom anna studert framveksten av bygdelaget Furuflaten i Lyngen kommune som industribygd.⁶⁷ Både Lillevoll og Nilsen sine arbeid har sin empiri frå vestsida av Lyngenfjorden, det vil seie utanfor undersøkingsområdet til denne oppgåva.

⁶⁰ Digre 1989: *Energi gir lys og utvikling, jubileumsberetning for Nord-Troms kraftlag A/S og Reutz 1987: 25 år med Kvænangen kraftverk.*

⁶¹ Lyngstad 1991: *Kåfjord - mennesker, administrasjon og politikk*, Friis 1980: *Skjervøy og Nordreisa Sparebank 1865 - 1980*, Friis 1984: *Firma Kåre Renø, Skjervøy 50 år* og Friis 1987: *Handelsstedet Havnnes.*

⁶² Guttormsen 1998.

⁶³ Sundelin 1998: "Kvenene - en nasjonal minoritet i Nord-Troms og Finnmark?" (A) og "Læstadianismen som arena for kvensk identitet i Nord-Troms og Finnmark."(B).

⁶⁴ Steinlien 1984: *Kulturell endring og etnisk kontinuitet. Læstadianisme som politisk samlingsverdi i en samisk kystbygd.*

⁶⁵ Bjerkli 1995 *Jord og Bygd. Primærnæring og tilhørighet i en Nord-Norsk fjord.*

⁶⁶ Lillevoll 1982: *Yrkeskombinasjoner i deltidperiode.*

⁶⁷ Nilsen 1990: *Gjenstridige fjordfolk. Arbeidsliv, etnisitet og rekruttering i to nord-norske fjordområder.*

Del 1. Gjenreisinga – eit nytt Nord-Troms? (1945-1950)

For å kartlegge verknadene av moderniseringsprosessen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden frå 1945 til 1970, og for å forstå ønska innanfrå og utanfrå om økonomisk modernisering i perioden, er det nødvendig å kjenne til korleis moderniseringsprosessen hadde påverka dei økonomiske, politiske og kulturelle tilhøva i området fram til 1945. På grunn av dei særskilde tilhøva som nedbrenninga skapte i Nord-Troms har eg valt å sjå bakgrunnen for moderniseringsprosessen i samanheng med resultatet av gjenreisinga.

Gjenreisinga skapte eit stort behov for hjelp utanfrå og dei sentrale styresmaktene utarbeide fleire planar for gjenreisinga av Nord-Troms og Finnmark, planar der gjenreisinga blei knytt til ei økonomisk modernisering av området. Kva var innhaldet i desse planane? Kva var ønska innanfrå i samband med gjenreisinga og korleis kom dei til uttrykk?

Til slutt i denne delen reiser eg spørsmålet – I kor stor grad var gjenreisinga eit økonomisk, politisk og kulturelt brot med tida før? Korleis representerte gjenreisingsperioden noe nytt i høve til moderniseringa av Nord-Tromssamfunnet?

Kapittel 2. Økonomisk, politisk og kulturell modernisering i Nord-Troms fram til 1950

Hausten 1944 blei folk i Nord-Troms tvangsevakuert og området brent ned av den tyske okkupasjonsmakta. Korleis hadde tilhøva i området vore før nedbrenninga? Kor omfattande var øydelegginga og korleis var tilhøva i 1950 når gjenreisinga gjekk mot slutten?

2.1 Nedbrenninga av Nord-Troms hausten 1944

Hausten 1944 raserte, sprengte og brente dei tyske troppane store delar av det som var skapt av menneske i Nord-Troms og Finnmark. Kor stort omfang hadde øydelegginga i Nord-Troms og kor mange folk blei ramma?

Tyskarane tvangsevakuerte omlag 8.500 personar frå Nord-Troms hausten 1944. Dei var ein del av i alt 50.000 menneske som måtte reise frå heimane sine i Nord-Troms og Finnmark. Totalt blei 12.000 bustadhus øydelagde i Nord-Troms og Finnmark, av desse var 6.000 gardsbruk. I tillegg blei alt av husdyr, 500 industribedrifter, 350 motoriserte fiskebåtar, 200 fiskebruk, fleire tusen småbåtar, det mest av skolar, kyrkjer, sjukehus, vegar, bruer, kraftverk, maskinar, fyr, telefon- og telegrafstolpar øydelagde.⁶⁸

Omfanget av øydelegginga varierte frå kommune til kommune, men også innan dei enkelte kommunane. I Kvænangen var øydelegginga nærmare 100%, bare kyrkja på Skorpa og ein gard sto att.⁶⁹ I dei tre andre Nord-Tromskommunane hadde ein del av dei tyske styrkane vore stasjonerte heilt fram til kapitulasjonen, og der var øydelegginga mindre omfattande.⁷⁰ I Nordreisa var omfanget av øydelegginga rekna til 65% og i Kåfjord til 50%.⁷¹ I Kåfjord var skadane særleg omfattande i Manndalen, der var øydelegginga nærmare 100%.⁷² I alt blei omlag 450 hus brent ned i Kåfjord.⁷³ I Skjervøy blei 484 av 668 gardar brent ned, og øydelegginga var stort sett konsentrert om enkelte fiskevær og bygder. Tettstaden Skjervøy, bygdelaga Rotsund, Rotsundelv, Rotsunddalen og Havnnes blei ikkje brende ned, men også

⁶⁸ Furre 1993: 212 og Bull 1979(A): 53.

⁶⁹ Bjørklund 1985: 380.

⁷⁰ Hauglid 1975: 38.

⁷¹ Fuglsøy 1970: 388.

⁷² Lyngstad 1991: 92 og 135.

⁷³ Hage 1996: 44.

på desse plassane var hus og gardar ramponerte og knust. Totalt rekna ein øydelegginga i Skjervøy kommune til 80%.⁷⁴ I tillegg var mindre delar av Storfjord kommune og Lyngen kommune brende ned og øydelagde. I Vest-Finnmark rekna ein at tilhøva var som i Kvæningen, det vil seie at øydelegginga var nærmare 100%, i Aust-Finnmark var den materielle øydelegginga på 70%.⁷⁵ Årsaka til herjingane var at ei ny forsvarslinje var planlagt ved Lyngenfjorden etter at tyskarane både var pressa til tilbaketrekking frå Finland og frå fronten mot sovjetarane ved Kirkenes.⁷⁶

Kva var konsekvensane av den brente jords taktikk? Sosialantropologen Ivar Bjørklund har i boka *Fjordfolket i Kvæningen* treffande formulert det slik:

*«Nå var alt borte. Samtlige våningshus, fjøs, forretninger, telegraf- og telefonlinjer, fiskebruk, kaier, bruer, småbåter, skoler, innbo og løssøre - alt som utgjorde det materielle grunnlaget for samfunnet i fjorden var sprengt og brent.»*⁷⁷

Sjølv om øydeleggingane ikkje var like omfattande i heile Nord-Troms, er Bjørklund si framstilling eit godt bilete på kva menneska i Nord-Troms og Finnmark måtte ta til med. Samfunnet måtte byggast opp på nytt, og det frå grunnen av. Korleis hadde tilhøva vore før øydeleggingane starta? Eit første inntak er å sjå på folkemengda i området.

2.2 Sterk folkeauke

Folketalet auka med heile 24,5% i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden frå 1930 til 1950. Av tabell 1 går det fram at veksten i folketalet var mindre i Nord-Troms enn i resten av Troms frå 1930 til 1946, og at det var store variasjonar i veksten mellom dei fire Nord-Tromskommunane. Frå 1946 til 1950 var folkeveksten derimot klart sterkare i Nord-Troms enn han var i heile fylket.

⁷⁴ Fuglsøy 1970: 350, 388 og 391.

⁷⁵ Bull 1979 (A): 53.

⁷⁶ Hauglid 1975: 22ff.

⁷⁷ Bjørklund 1985: 380.

Tabell 1. Folketalet ved folketeljningane i 1930, 1946 og 1950, og endringane i prosent.⁷⁸

	1930	1946	1950	Endring 1930-46	Endring 1946-50	Endring 1930-50
Kåfjord	2482	2820	3074	13,6%	9,0%	23,9%
Skjervøy	3802	4418	4769	16,2%	7,9%	25,4%
Nordreisa	2031	2299	2456	13,2%	6,8%	20,9%
Kvænangen	1973	2402	2508	21,7%	4,4%	27,1%
Nord-Troms	10288	11939	12807	16,0%	7,2%	24,5%
Troms	97467	113722	117498	16,7%	3,3%	20,6%
Heile landet	2814194	31566954	3278554	12,2%	3,9%	16,5%

Det er samtidig verd å merke seg at 1/3 av kommunane i Nord-Norge frå 1946 til 1950 hadde tilbakegang i folketalet.⁷⁹ Veksten i folketalet i Nord-Troms og i Troms var i heile perioden langt sterkare enn han var for heile landet. Kva var årsaka til dette? For å forklare den sterke folkeveksten er det nødvendig å kjenne til næringstilpassinga og den økonomiske utviklinga i Nord-Troms i perioden.

2.3 Sysselsettingsstruktur og næringsstruktur

I Nord-Troms var nærmare tre av fire sysselsett i primærnæringane i 1930 og 1946. I 1950 var det redusert til noe under to av tre. Som det kjem fram av tabell 2, var langt fleire sysselsett i primærnæringane og tilsvarande langt færre sysselsette i sekundærnæringane og i tenesteytande næringer i Nord-Troms enn i Troms og i resten av landet. Tendensen i endringane i sysselsettingsstrukturen var likevel den same for Nord-Troms som for Troms og for heile landet.

Tabell 2. Sysselsette i ulike næringer i Nord-Troms, Troms og i heile landet 1930 - 1950 i prosent.⁸⁰

	Nord-Troms			Troms			Heile landet		
	1930	1946	1950	1930	1946	1950	1930	1946	1950
Primærnæringane	79%	71%	62%	62%	55%	46%	35%	32%	22%
Sekundærnæringane	7%	16%	16%	12%	20%	21%	27%	33%	31%
Tenesteyting	14%	13%	22%	26%	25%	33%	38%	36%	47%

Av tabell 3 kjem endringane i sysselsettinga i Nord-Troms frå 1930 til 1950 klarare fram. For det første blei sysselsettinga i fiskeria sterkt redusert på same tid som sysselsettinga i

⁷⁸ NOS: Folketeljninga 1930, 1946 og 1950, tabell 2. Hefte 1.

⁷⁹ Bjørklund, Drivenes og Gerrard 1994: 309.

⁸⁰ NOS: Folketeljninga 1930, tabell 2, hefte 3. Folketeljninga 1946 og 1950, tabell 3, hefte 1.

jordbruket auka i perioden. For det andre var det ei sterk auke i talet på sysselsette i sekundærnæringane frå 1930 til 1946, det vil seie industri, handverk, bygg og anlegg. Årsaka til veksten i sysselsettinga i sekundærnæringane var ein kraftig vekst i bygg- og anleggssektoren på 1940-talet.

Tabell 3. Sysselsette i særskilde næringar i Nord-Troms i reelle tal og endringa i prosent 1930-50.⁸¹

	1930	1946	1950	Endring 1930-46	Endring 1946-50	Endring 1930-50
Jord- og skogbruk	958	1089	1296	13,7%	19,0%	35,3 %
Fiske og fangst	2211	1992	1640	-9,9%	-17,7%	-25,8%
Industri, handverk, bygg og anlegg	281	696	763	108,1%	9,6%	171,5%
Tenesteyting	562	585	1022	4,1%	74,7%	81,9%
Sysselsette i alt	4012	4362	4721	8,7%	11,5%	21,2%

For det tredje var det ei markant auke i sysselsettinga i tenesteytande næringar frå 1946 til 1950, det vil i hovudsak seie handel, privat og offentleg tenesteyting og transport. Årsaka var dei mange nye oppgåvene som gjenreisinga skapte for offentleg administrasjon og samferdsel. For det fjerde var det ei markant auke i talet på sysselsette i alt i Nord-Troms. Frå 1946 til 1950 var veksten i sysselsettinga på nærmare 12%, det vil seie at 500 personar fleire var sysselsette i 1950 enn i 1946.

For å forstå Nord-Tromssamfunnet er det nødvendig å sjå på strukturen i primærnæringane. “Fiskarbonden” er eit mykje nytta omgrep på næringsstrukturen langs kysten av Nord-Norge. Omgrepet refererer til den tradisjonelle kombinasjonen mellom fiske og jordbruk, og den økonomiske strukturen denne kombinasjonen var ein del av. Eit viktig moment for å forstå fiskarbondetilpassinga er at det i realiteten alltid var to personar som begge var like viktig i den økonomiske tilpassinga. Ein mann som mellom anna dreiv fiske, og ei kone som i hovudsak dreiv heimen og jordbruket.⁸² Fiskarbonden er knytt til ein hushalbasert økonomi og til ein særskild økonomisk rasjonalitet som klart skil seg frå rasjonaliteten i kapitalistiske verksemdar.⁸³ Rasjonaliteten i hushaldsøkonomien gjorde at fiskarbonden balanserte arbeidsinnsatsen etter eit kulturelt bestemt forbruksnivå. I dårlege tider måtte han arbeide

⁸¹ Ibid.

⁸² Balsvik 1991: 639.

⁸³ Brox 1984: 38f og Drivenes 1985: 11ff.

meir, og i gode tider kunne han ta det rolegare og arbeide mindre.⁸⁴ Historikaren Narve Fulsås har forklart det slik:

*“Eit hushald opererer ikkje etter kapitalistiske målestokkar for rasjonell økonomisk åtferd. Dei fleste hushalda produserte ein vesentleg del av det dei trong til livsopphaldet sjølve. Inntektene frå fisket var vesentleg, men likevel bare ein av fleire føter i økonomien deira.”*⁸⁵

Sjølv om kombinasjonen mellom fiske og jordbruk var det vanlegaste og viktigaste, så var det også vanleg å ta seg arbeid i bygg og anlegg, på vegarbeid, på fiskebruk og der det elles måtte høve for å skaffe kontantinntekter. Historikaren Einar-Arne Drivenes har peika på korleis kombinasjonen mellom ulike næringar virka:

*“Fiskarbonden blei, så langt vi kan se, ikke gruvelusk, men han var i perioder av sitt liv også gruvelusk. På samme måte som han kunne være veiarbeider, handverker, anleggsarbeider.”*⁸⁶

Fiskarbonden var som oftast sjølveigar både av gard og båt, sjølv om han ofte hadde gjeld til både bank og handelsmann. Fiskarbønder og fiskarar i Nord-Norge har vore sett på som moderniseringsfiendtlege og konservative i høve til ny teknologi. Einar-Arne Drivenes og Regnor Jernsletten hevdar derimot at fiskarbøndene sin konservatisme var eit forsvar for ei bestemt type næringstilpassing, og karakteriserer det som ein struktur- og kulturkonservatisme.⁸⁷ Det var ikkje sjølve moderniseringa fiskarbøndene var i mot, men konsekvensane ei slik modernisering ville få. Fiskarbøndene ønskte ikkje å ta i bruk ny teknologi som førte til at dei måtte endre hovudprinsippa for den økonomiske tilpassinga. Derimot tok dei i bruk nye hjelpemiddel når det kunne gjerast innanfor hushaldsøkonomien sine rammer.⁸⁸

⁸⁴ Fulsås 1987: 32.

⁸⁵ Ibid.

⁸⁶ Drivenes 1985: 153.

⁸⁷ Drivenes og Jernsletten 1994: 230ff.

⁸⁸ Elstad 1991: 601f.

2.4 Økonomisk og politisk oversyn (ca. 1870 til 1935)

Den politiske moderniseringa av Nord-Troms før 1945 var nært knytt til den økonomiske utviklinga, og til ønska om økonomisk modernisering. Den politiske og økonomiske moderniseringa må av den grunn sjåast i samanheng, og eg vil her trekke linene tilbake til omkring 1870.

Etter ei tid med økonomisk oppgang i Norge og i Nord-Norge kom det frå midten av 1870-talet ei økonomisk krise med ein påfølgande stagnasjon som varte heilt fram til 1905. I Nord-Troms var det eit markant økonomisk, politisk og sosialt skilje mellom folk. På den eine sida var det allmugen som var relativt stor og fatig, og på den andre sida ein 4-5 relativt rike handelsmenn og embetsmenn. Handelsmennene hadde plass ved dei gamle og store handelshusa på Havnnes, Lyngseidet, Skjervøya, Sørkjosen og Alteidet.⁸⁹ I resten av Nord-Norge blei vøreigarane og dei gamle handelshusa svekte på slutten av 1800-talet, men i Nord-Troms førte krisa til ein lokal vekst for handelsmennene. Målet for handelshusa var å etablere eit lokalt handelsmonopol i sitt område, gjennom å binde saman kjøp og sal til ein operasjon.⁹⁰ Handelshusa fekk først reell konkurranse av andre næringsdrivande i Nord-Troms frå 1920 og utover.⁹¹ Ei av årsakene til at handelshusa i Nord-Troms heldt sin posisjon så lenge var at dampskipa gjorde det mogleg for dei å ta opp igjen handelen med Bergen.⁹² Særskilt for Nord-Troms var handelsmennene sin politiske og sosiale dominans. Til dømes hadde handelshuset Giæver på Alteidet ordføraren i Kvænangen kommune samanhengande frå 1865 og til 1910.⁹³

Mot handelsmennene sitt politiske og økonomiske monopol blei det i perioden frå 1870- og 1880-talet mobilisert for partiet Venstre i Nord-Norge: det var den første av i alt tre politiske mobiliseringsbølger i landsdelen fram til 1950.⁹⁴ Frå 1890 starta ein ny politisk mobiliseringsfase som strekte seg fram til 1910. Den var prega av spontane aksjonar, til dømes Trollfjordslaget i 1890 og Mehamnoprøret i 1903. Frå 1903 blei den folkelege mobiliseringa knytt til arbeidarrørsla, og da særleg til Arbeidarpartiet. Ved stortingsvalet same år blei tre av dei fire første representantane frå Arbeidarpartiet valde inn på Stortinget frå

⁸⁹ Bjørklund 1985: 386.

⁹⁰ Bratrein 1985: 100ff.

⁹¹ Ibid: 112.

⁹² Fulsås 1996: 53.

⁹³ Bratrein 1985: 110.

landdistrikta i Troms, den fjerde var vald inn frå byane i Nord-Norge. Den folkelege mobiliseringa blei fastare organisert gjennom skipinga av lokale arbeidarforeningar. Særleg i Nord-Troms var organiseringa sterk, til dømes var heile 7 av dei 17 lokallaga frå Nord-Troms, da Tromsø Amts Arbeiderforening blei skipa i desember 1902.⁹⁵ Folk i industrisamfunna i Nord-Norge, bygdefolket i indre Troms og kystfolket frå Midt-Troms og nordover samla seg om Arbeidarpartiet.⁹⁶ Mobiliseringa omkring arbeidarrørsla gjekk rundt to ulike aksar. Ein tradisjonell lønsarbeidarsosialisme der motsetninga mellom arbeidarar og kapitalistar var det sentrale, og ein særskilt nordnorsk fiskarbondesosialisme der motsetninga i første rekke var mellom fiskarar og handelsmenn. I Nord-Troms var det i følge historikaren Svein Lundestad ein kamp: “... mot handelsmennes økonomiske, sosiale og politiske maktstilling ...” som særleg samla folk om Arbeidarpartiet.⁹⁷

Frå 1905 og fram til 1920 var det ein markant økonomisk vekst i heile landet. I Nord-Troms, som i resten av Nord-Norge, var det ei gryande industrialisering. Det blei sett i gang gruvedrift fleire stader i Nord-Troms, mellom anna i Birtavarre i Kåfjord. Det var dessutan i denne perioden at motoriseringa av fiskeflåten fekk sitt gjennombrot. Til dømes var det bare ti fiskebåtar med motor i Troms i 1906, 14 år seinare var talet kome opp i 2084 motoriserte fiskebåtar.⁹⁸ Narve Fulsås hevdar at motoriseringa var: “... ei form for industrialisering som kunne gjennomførast innan ramma av eit hushaldorganisert produksjonssystem ...”, men peikar også på at det var ei omlegging som sette større krav til avkasting og til: “... meir heilårig innretta fiske som kunne vere vanskeleg å kombinere med jordbruk.”⁹⁹

I 1920 slo dei økonomiske konjunkturane om og blei etterfølgde av fleire økonomiske nedgangsperiodar som førte til at moderniseringa stagnerte. Krisa slepte ikkje taket før mot slutten av 1930-talet, og ramma Nord-Norge og Nord-Troms særleg hardt. Særleg det store fallet i råvareprisane, til dømes på fisk og mineral, skapte problem. Gruvedrifta stoppa opp, mellom anna i Birtavarre. Mange av dei som hadde tatt lån for å finansiere nye båtar fekk det svært vanskeleg. Sviktande fiskeprisar førte til at mange fiskarar ikkje klarte å betale avdraga

⁹⁴ Drivenes og Tjelmeland 1997: 41.

⁹⁵ Drivenes og Jernsletten 1994: 235.

⁹⁶ Drivenes og Tjelmeland 1997: 41.

⁹⁷ Lundestad 1990: 183.

⁹⁸ Tjelmeland 1993: 3.

⁹⁹ Fulsås 1996: 55.

på låna og blei pressa til å la båtane gå på tvangsauksjon, og noen måtte også gå frå gard og heim.¹⁰⁰

På grunn av vanskar med å få lønsarbeid opplevde primærnæringane stor tilstrøyming av arbeidskraft. Det ga seg utslag i aukande nyrydding, bureising og folkevekst rundt om i bygdelaga. Ei utvikling historikaren Edvard Bull d.y treffande har karakterisert slik: *“Bygdene blei sperret inne med sitt eget befolkningsoverskudd.”*¹⁰¹ Særleg var det fiskeria som opplevde vekst i sysselsettinga, fiskeria blei ein nødsarbeidsplass kor folk prøvde å skaffe seg utkome. Frå Nord-Troms reiste mange fleire på fiske på Finnmarka og Lofoten frå Nord-Troms, enn i perioden før.¹⁰² Stor tilstrøyming av arbeidskraft, på same tid som det var nedgang i investeringane i produksjonsutstyr, førte til det som har vore karakterisert som ei primitivisering av fangstmetodane i fiskeria.¹⁰³ Årsaka til primitiviseringa av fiskeria, veksten i bureisinga og folketalet, var fleksibiliteten i hushaldsøkonomien. Gjennom å utnytte fleire ressursar både innanfor og utanfor det tradisjonelle økonomiske systemet, ved å auke arbeidsmengda og ved å nytte billigare produksjonsutstyr, var det mogleg for fiskarbøndene å hente utkome, sjølv om hushaldet voks og fleire søkte ei slik tilpassing.¹⁰⁴ Dette var ei individuell løysing på problema krisa skapte, men det førte også til nye problem. Veksten i deltakinga i fiske førte til auka fangstkvantum, som resulterte i overproduksjon og lågare fiskeprisar. Det førte igjen til at fiskarane måtte auke fangstkvantumet – med andre ord ein vond sirkel som resulterte i ei lønsemdskrise i fiskeria. Dette var eit strukturelt problem, og utover 1920- og 1930-talet blei stadig fleire fiskarar i Nord-Norge medvetne om at lønsemdskrisa ikkje kunne løysast gjennom individuelle tilpassingar – kollektive løysingar måtte søkast.¹⁰⁵ For det første måtte ei fastare fagleg organisering til, og i 1926 blei Norges Fiskarlag skipa.¹⁰⁶ For det andre måtte sal og kjøp av fisk organiserast, men det skjedde først etter at den verste krisa var over, og eg skal kome tilbake til det seinare.

For dei gamle handelshusa i Nord-Troms var mellomkrigstida eit tilbakeslag som mange av dei ikkje kom over. Dei som hadde vore lokale entreprenørar i næringslivet sidan

¹⁰⁰ Bjørklund 1985: 350, Fulsås 1987: 46 og Christensen 1995: 328.

¹⁰¹ Bull 1979 (B): 138.

¹⁰² Bjørklund 1985: 353 og Christensen og Hallenstvedt 1990: 10.

¹⁰³ Bull 1979(B): 163, Tjelmeland 1993: 13 og Christensen 1995: 328.

¹⁰⁴ Elstad 1991: 599 og Fulsås 1996: 59.

¹⁰⁵ Christensen og Hallenstvedt 1990: 21 og 52.

¹⁰⁶ Ibid: 27.

hundreårsskiftet blei borte, og den lokale kjøpekrafta var så svak at det heller ikkje var rom for nye entreprenørar.¹⁰⁷ Den kommunale økonomien kom i ulage på grunn av at skatteinngangen gjekk ned på same tid som dei kommunale utgiftene auka. Årsaka var gamle lån som no fekk høgare rente, og at kommunane måtte innfri garantiar for lån som låntakarane ikkje klarte av med. Resultatet var at mange kommunar blei sette under offentleg administrasjon, mellom anna Kvæningen.¹⁰⁸ I alt fekk Nord-Norge 35% av dei statlege overføringane til vanskelegstilte kommunar, og det med berre 12% av det totale folketalet i landet.¹⁰⁹

2.5 Ut av den økonomiske krisa

På slutten av 1930-talet betra dei økonomiske konjunkturane seg, men det store omslaget i økonomien kom først med den tyske okkupasjonen. Ein økonomisk oppgang som heldt fram også etter krigen, i Nord-Troms bare avbroten av nedbrenninga og evakueringa hausten 1944.¹¹⁰

Frå 1935 følgde dei sentrale styresmaktene ei ny line for å få fart i den økonomiske utviklinga, ei «hjelp til sjølvhjelp»-line. Tilskot og lån blei gjeve til investeringar i «Nygaardsvollbåtar» og til nyridding, det ga økonomisk aktivitet og arbeid til folk. Til dømes kom det tre Nygaardsvollbåtar til Kvæningen.¹¹¹ Ottar Brox har hevda at i fiskarbodedistrikt - som i mindre grad var basert på lønsarbeid – ga små økonomiske stimuli større ringverknader i lokalmiljøet enn kva som var tilfellet var i byane.¹¹² Men det har også vore hevda at den psykologiske effekten av krisetiltaka var større enn den reelle effekten. Det har mellom anna vore peika på at tiltaka blei sette i verk før 1935. Det blei gjort fleire framstøyt for å løyse lønsemdskrisa i fiskeria i Nord-Norge. Først gjennom innføringa av statleg garanti for minstepris på torsk til henging og salting i 1936. Seinare gjennom Råfiskloven i 1938 som påla at all omsetting av råfisk måtte skje gjennom eit fiskesalslag. Gjennom Norges Råfisklag kontrollerte fiskarane sjølvve råfiskprisen etter korleis marknaden blei vurdert og sikra såleis

¹⁰⁷ Fulsås 1996: 59.

¹⁰⁸ Bjørklund 1985: 349.

¹⁰⁹ Fulsås 1996: 60.

¹¹⁰ Ibid: 61.

¹¹¹ Bjørklund 1985: 359.

¹¹² Brox 1984: 27f.

stabile og høge fiskeprisar.¹¹³ Men det var først i etterkrigstida at Råfiskloven i praksis blei verksam. Reguleringa av omsettinga av råfisk var ilag med trålarlovane frå 1936 og 1939, som stengte for vidare utbygging av trålarflåten, med på å sikre kystfiskarane sin posisjon og deira økonomiske grunnlag, og bidrog sterkt til å løyse dei strukturelle problema i næringa.¹¹⁴

For Nord-Troms, som for resten av Nord-Norge, var krigsåra det store omslaget i økonomien. Den økonomisk politikken arbeidarpårtiregjeringsen førte frå 1935 blei forsterka av den tyske okkupasjonsmakta, sjølv om det også var klare skilnader. Først og fremst førte tyskarane ein langt meir sentralistisk og ekspansiv moderniseringspolitikk. Årsaka til den økonomiske oppgangen i Nord-Troms var betra tilgang på lønsarbeid og auka fiskeprisar. Det var ein kraftig vekst i bygg- og anleggssektoren på grunn av bygginga av dei mange militære anlegga.¹¹⁵ Resultata let ikkje vente på seg. Arbeidsløysa, som sidan byrjinga av 1920-talet hadde vore eit stort problem, blei raskt borte.¹¹⁶ Særleg merkbar var den økonomiske veksten i Nord-Norge, der den økonomiske krisa frå mellomkrigstida sat lengst i, og der det tyske nærværet var sterkast. Særleg fiskeria var viktig for okkupasjonsmakta; dei skulle sikre proteinforsyning til sivile og militære. Tyskarane ønskte frosen og fersk fisk, og i Bodø, Melbu og Hammerfest blei bygd ut filet- og fryseanlegg. Realiseringa av desse anlegga, noen av dei var etablerte før krigen, var i tråd med det enkelte i norsk fiskeindustri hadde ønskt før krigen. For å drive desse anlegga ønskte okkupasjonsmakta omlegging til meir trålardrift, men for å unngå ein konfrontasjon med norske fiskarar blei ikkje ei slik omlegging gjennomført.¹¹⁷ For å skaffe råvarer til fiskeindustrien sat tyskarane i gang med oppkjøp av fisk, organisert med fraktbåtar som henta fisken hos fiskebruka og så gjekk til dei sentrale anlegga. Denne ordninga var gunstig både for fiskarane og for fiskekjøparane. Fiskarane fekk levert fangst til relativt høg og avtalt pris, og fiskekjøparane slapp uvissa omkring avsetnaden. I tillegg var det ein nedgang i talet på fiskarar. Problema som hadde prega næringa i mellomkrigstida var borte.¹¹⁸ Jordbruket hadde allereie mot slutten av 1930-talet hatt ei gryande marknadsretting i Nord-Troms. I 1937 blei meieriet i Nordreisa etablert, og det resulterte i eit kraftig oppsving i jordbruket i kommunen.¹¹⁹ Marknadsrettinga i jordbruket blei

¹¹³ Christensen og Hallenstvedt 1990: 81 og 84.

¹¹⁴ Holm 1996: 122.

¹¹⁵ Furre 1993: 196ff og Fulsås 1996: 61.

¹¹⁶ Furre 1993: 196ff.

¹¹⁷ Fulsås 1996: 61.

¹¹⁸ Strand 1993: 212ff.

¹¹⁹ Bjørklund 1985: 355 og Hansen 1952: 29.

ytterlegare forsterka av den auka etterspurnaden etter jordbruksprodukt som det tyske nærværet skapte under krigen.¹²⁰

Kor djup krise var og korleis den gradvis sleppte taket får ein eit inntrykk av med å sjå på gjeldsprosenten til gardbrukarane. Tabell 4 viser gjelda sin prosentvise del av bruttoformuen til gardbrukarane frå 1932 til 1946.

Tabell 4. Gjeldsprosenten til gardbrukarane p.r. 1.1 1932 til 1946.¹²¹

	1932	1940	1944	1946
Skjervøy	55,3	35,3	12,0	-
Nordreisa	43,3	28,0	9,0	-
Troms	44,8	38,4	17,6	14,3
Heile landet	45,2	40,3	26,2	20,2

I 1932, når den økonomiske krise var på sitt verste, var gjeldsprosenten i Skjervøy på heile 55,3, mens Nordreisa låg omlag på gjennomsnittet for landet og for Troms. I Kvænangen, kor gjeldsprosenten var relativt låg, 37,5 i 1932, gjekk til dømes 21 hus og gardar på tvangsauksjon i 1932. I 1937 var den verste økonomiske krise over, til dømes var talet på tvangsauksjonar i Kvænangen redusert til to.¹²² Reduksjon i gjeldsprosenten var større i Nord-Troms i perioden frå 1932 til 1944 enn i heile fylket og i resten av landet. På grunn av den tyske nedbrenninga finst det ikkje tal frå Nord-Troms i 1946, men av tala frå Troms og frå heile landet går det fram at den sterkaste nedgangen i gjeldsprosenten var mellom 1944 og 1946.

For å få eit nærmare bilete av utviklinga i Nord-Troms kan ein sjå på talet på innskyttarar, storleiken på innskota og gjeldsbreva i Skjervøy Sparebank frå 1932 og fram til 1950.

Tabell 5. Innskyttarar, innskot i 1000 kroner og gjeldsbrev i Skjervøy Sparebank 1932-1950.¹²³

	Innskyttarar	Innskot i 1000 kr.	Gjeldsbrev i 1000 kr.	Gjeldsprosent
1932	1811	1.268	825	65,1%
1939	2893	1.237	647	52,3%
1945	3152	3.106	105	3,3%
1950	3245	5.012	745	14,9%

¹²⁰ Tjelmeland 1996(A): 36 og 174.

¹²¹ NOS: Bøndanes Bruttoformue og gjeld 1949, tabell 1. Tal for 1.1 1946 manglar frå Skjervøy og Nordreisa. Det manglar tal frå kommunane Kåfjord og Kvænangen for 1940, 1944 og 1946, men 1.1. 1932 var gjeldsprosenten i Kåfjord 37,5 og i Kvænangen 39,7.

¹²² Bjørklund 1985: 350 og Fulsås 1987: 46.

¹²³ Friis 1980: 155ff.

I 1932 var gjeldsprosenten i banken på 65,1%. Sju år seinare var gjeldsprosenten gått ned til 52,3% og talet på innskyltarar hadde auka med omlag 60%, sjølv om innskota samla sett var mindre enn i 1932. Årsaka til nedgangen i gjeldsprosenten var ein reduksjon i gjeldsbreva på 21,7%. Den største og mest dramatiske nedgangen var frå 1939 til 1945, da gjekk gjeldsprosenten ned med omlag 50 prosentpoeng til 3,3%. Det blei også heile 74% fleire innskyltarar i Skjervøy Sparebank i denne perioden. Reduksjonen i gjeldsprosenten hang saman med ei dramatisk auke i innskota på heile 151%, på same tid som gjeldsbreva blei reduserte med 83,8%.

Årsaka til den sterke nedgangen i gjeldsprosenten i Nord-Troms frå 1939 til 1945 var at prisane på jordbruks- og fiskeriprodukt steig meir enn den generelle prisstiginga.¹²⁴ Hallvard Tjelmeland har funne den same økonomiske utviklinga i det området som i dag utgjer Tromsø kommune. Han har også vist at krigen virka sosialt utjamnande, ga auka kontantinntekter, betra levestandard og at det skjedde ei utjamning av inntektene mellom dei ulike yrkesgruppene. Den aukande pengerikdomen for vanlege folk, knappeleik på forbruksvarer og manglande moglegheiter til investering i produksjonsutstyr førte til at inntektene frå primærnæringane i stor grad blei nytta til nedbetaling av gjeld. Den kraftige nedgangen i gjeldsprosenten frå 1940 til 1945 visar at gjeldskrisa frå mellomkrigstida blei overvunnen under krigen.

For å unngå ei liknande økonomisk utvikling som etter første verdskrigen – først kraftig høgkonjunktur med påfølgande djup krise – måtte dei gamle pengane vekslast inn hausten 1945. 40% av pengeverdien blei sett inn på sperra konto, og blei litt etter litt frigjeven fram til 1951.¹²⁵ Tjelmeland meiner det førte til at mange henta fram pengar som tidlegare hadde vore spart i "*kistebunner og syltetøyglass*" og at desse blei plasserte i banken.¹²⁶ Frå 1945 til 1950 auka innskota med 61,3% i Skjervøy Sparebank, på same tid var det ei kraftig auke i gjeldsbreva på heile 609,2%. Årsaka til veksten var at mange trengte lån til å finansiere gjenreisinga, men på grunn av jamn økonomisk vekst etter 1945 førte det ikkje til noe ny gjeldskrise i Nord-Troms.

¹²⁴ Tjelmeland 1996 (A): 33.

¹²⁵ Ibid: 32.

¹²⁶ Ibid: 33.

2.6 Politisk mobilisering for arbeidarrørsla 1930 til 1950

Nord-Troms har i store delar av dette hundreåret vore ein bastion for Arbeidarpartiet. Av tabell 6 går det fram at Arbeidarpartiet hadde ei oppslutning på omlag 60% i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden i 1936. Ved valet i 1945 auka oppslutninga om partiet til omlag 73%.

Tabell 6. Oppslutninga om Arbeidarpartiet (DNA), Norges kommunistiske parti (NKP) og dei borgarlege ved stortingsvala i 1936, 1945 og 1949 i prosent.¹²⁷

	DNA			NKP ¹²⁸			Borgarlege		
	1936	1945	1949	1936	1945	1949	1936	1945	1949
Kåfjord	71,2	75,4	75,2	-	17,0	9,1	28,7	7,4	15,3
Skjervøy	54,0	77,4	70,9	-	4,0	12,4	40,2	18,6	26,4
Nordreisa	78,3	65,6	67,3	-	25,7	12,6	21,3	8,6	19,4
Kvænangen	49,6	70,2	57,3	-	4,9	6,2	46,2	24,9	36,3
Nord-Troms	61,1	73,2	68,4	-	12,2	6,8	35,7	14,8	24,1
Troms	52,9	54,4	65,0	-	13,1	5,2	34,9	29,4	34,4
Heile landet	42,5	41,0	45,7	0,3	11,9	5,8	52,0	46,7	41,7

Norges Kommunistiske Parti, som ikkje stilte liste i Troms i 1936, fekk ei oppslutning på 12% i Nord-Troms i 1945. Eit særtrekk var den høge oppslutninga partiet hadde i Nordreisa og Kåfjord, med heile 26% og 17% av røystene i 1945. Oppslutninga om kommunismen i bygdesamfunna med høg sysselsetting i primærnæringane har vore karakterisert som ødemarkskommunisme, der ein var tradisjonalistisk i økonomiske spørsmål og likevel politisk radikal. Denne forma for kommunisme hadde også stor tilslutning frå dei læstadianske skiferbøndene i Alta i Finnmark, og i fleire bygdesamfunn i Nord-Sverige og Nord-Finland.¹²⁹

Oppslutninga om dei to parti på venstresida i norsk politikk gjekk litt ned ved valet i 1949, men det var likevel ei markant radikalisering av veljarmassen i området etter krigen, og området stadfesta sin posisjon som bastion for arbeidarrørsla. Det kjem også fram ved kommunevala, sjølv om dei mange bygdelistene og den sterke personfokuseringa ved kommunevala gjer at det er vanskeleg å nytte dei som kjelde for å registrere partitilknytning. Som eit døme kan dei likevel vise tendensen. I kommunevala i 1947 og 1951 hadde

¹²⁷ NOS: Stortingsval 1936, 1945 og 1949.

¹²⁸ NKP stilte ikkje liste ved stortingsvalet i Troms i 1936.

¹²⁹ Minde 1991: 133 og 147.

arbeidarrørsla godt over 60% av kommunestyrerepresentantane i Nord-Troms, Arbeidarpartiet aleine hadde omlag 50% av representantane og dei fleste ordførarane.¹³⁰

Kvifor har oppslutninga om Arbeidarpartiet vore så stor i Nord-Troms, og kva var årsaka til den store oppslutninga ved stortingsvala i 1945 og i 1949? Einar-Arne Drivenes og Hallvard Tjelmeland har knytt den sterke oppslutninga om arbeidarrørsla i Nord-Norge til tre folkelege mobiliseringsbølger. Dei to første har eg peika på tidlegare i kapitlet, den første frå 1870 til 1890 og den andre frå 1890 til 1910. Den siste mobiliseringsbølga starta tidleg på 1930-talet og varte inn i dei første etterkrigsåra.¹³¹ Drivenes og Tjelmeland hevdar at folk i Nord-Norge i den nære etterkrigstida såg Arbeidarpartiet:

“... som et egna redskap i kampen mot ei for brutal modernisering og kapitalisering i oppgangstider og som den beste kriseløser i økonomiske nedgangstider.”¹³²

Sjølv om alle partia gjekk til val på same program i 1945 – Fellesprogrammet – var nok programmet meir truverdig for venstresida i politikken enn for høgresida.¹³³ Gjennom ein regulert og planlagd blandingsøkonomi skulle det skapast arbeid for alle, målet var auka produksjon som gjennom ei rettvis fordeling skulle sikre alle best moglege kår. Eg skal i neste kapittel gå nærmare inn på innhaldet og bakgrunnen for Fellesprogrammet. Eg vil her kort nemne at folk frå Arbeidarpartiet hadde vore sentrale i planlegginga av programmet. Årsaka til den høge oppslutninga om Arbeidarpartiet etter krigen var for det første eit resultat av allmenn radikaliserings i området. For det andre var det ei sterk tru på at partiet var best eigna til å leie gjenreisinga, på same vis som dei meinte partiet hadde løyst den økonomiske krisa på slutten av 1930-talet. For det tredje var truleg dei gamle og tradisjonelle skiljelinene i norsk politikk viktige for folk i Nord-Troms. Høgre og Venstre var ikkje alternativ for fiskarbøndene i Nord-Troms, som hadde erfaringane frå den økonomiske krisa i mellomkrigstida friskt i minne.

¹³⁰ NOS: kommuneval 1947 og 1951.

¹³¹ Furre 1993: 208.

¹³² Drivenes og Tjelmeland 1997: 42.

¹³³ Bergh 1987: 10.

2.7 Konsolidering eller svekking av fiskarbøndetilpassinga?

Samfunnsvitaren Ottar Brox har i ein rekkje bøker og artiklar – først i boka *Hva skjer i Nord-Norge?* frå 1966 og seinast i artikkelen “Omstridte punkter i Nord-Norges nyere historie” frå 1997 – hevda at fiskarbøndetilpassinga i perioden frå 1935 til 1950 nådde eit høgdepunkt og konsoliderte sin posisjon. I denne perioden hevdar han at både dei økonomiske og dei politiske forholda blei lagde til rette for fiskarbøndene sin hushaldsøkonomi, og at lønnsarbeid og kapitalisme ikkje klarte å konkurrere mot ei slik næringstilpassing.¹³⁴ Etter 1950 hevdar Brox at det skjer ei omlegging av politikken som gjer at dei økonomiske tilhøva ikkje lenger låg til rette for fiskarbøndetilpassinga, men at fiskarbøndetilpassinga likevel heldt stand til langt utpå 1960-talet.¹³⁵ Til dette har mellom andre Einar-Arne Drivenes og Narve Fulsås hevda at fiskarbøndetilpassinga og hushaldsøkonomien hadde vore under press frå lønnsarbeid og kapitalisme sidan 1890-talet. Den økonomiske krisa i mellomkrigstida bremsa denne moderniseringa, men Fulsås hevdar at den likevel heldt fram, og at krigen og gjenreisinga førte til at denne utviklinga skaut ny fart.¹³⁶

Korleis sto den tradisjonelle fiskarbøndetilpassinga seg i Nord-Troms frå 1930 til 1950? Eg har tidlegare peika på den markante reduksjonen i sysselsettinga i primærnæringane, og at det var ein sterk vekst i sysselsettinga i sekundær- og tenesteytande næringar frå 1930 til 1950. Årsaka til nedgang i sysselsettinga i primærnæringane var ein kraftig reduksjon i fikerisysselsettinga. At nedgangen ikkje var større, skyldast at sysselsettinga i jordbruket auka i same perioden.

Tabell 7. Gardsbruk i alt 1939-49.¹³⁷

	1939	1949	Endring i prosent 1939-49
Kåfjord	426	515	21%
Skjervøy	653	712	9%
Nordreisa	321	382	19%
Kvænangen	357	378	6%
Nord-Troms	1757	1987	13%
Troms	13519	14757	9%
Heile landet	331181	349528	6%

¹³⁴ Brox 1966: 15ff og Brox 1997: 29ff.

¹³⁵ Brox 1966: 116ff og Brox 1997: 29ff.

¹³⁶ Drivenes 1984: 152f og Fulsås 1987: 50f.

¹³⁷ NOS: Jordbruksteljinga 1939, tabell 1, hefte 1, og 1949, tabell 2, hefte 1.

Som det går fram av tabell 7, var det ein langt sterkare vekst i talet på gardsbruk i Nord-Troms frå 1939 til 1949 enn det var i heile fylket og i resten av landet. Graden av kombinasjonssysseletting i jordbruket på kommunenivå går ikkje fram av jordbrukstellinga i 1949, men i Troms hadde 19% av gardbrukarane det som einaste yrke, 28% som hovudyrke og 52% som attåtyrke.¹³⁸ Det er grunn til å tru at graden av spesialisering var enda lågare i Nord-Troms enn i heile fylket. Graden av mekanisering i jordbruket var framleis svært låg i området, men var på veg opp. I 1949 var det 20 traktorar i området, ti år før hadde det bare vore ein.¹³⁹ I Nord-Troms hadde kvar gardbrukar i gjennomsnitt 3,3 storfe og 9,3 sauer i 1939, i 1949 var tala gått ned til 2,9 storfe og 6,3 sauer. Reduksjonen i talet på dyr var truleg eit resultat av at alt av dyr hadde blitt slakta av tyskarane hausten 1944, og at det tok tid å bygge opp husdyrbestanden. Samanliknar ein Nord-Troms med Troms var det nesten eit storfe og ein sau mindre per gard i Nord-Troms enn i Troms både i 1939 og i 1949.¹⁴⁰ Trass i den gryande marknadsrettinga av jordbruket gjev alle desse faktorane ein indikasjon på at drifta i jordbruket i liten grad var intensiv, og at kombinasjonen mellom jordbruk og anna sysseletting må ha vore svært vanleg i Nord-Troms rundt 1950.

Tabell 8. Fiskarar etter graden av sysseletting i fiske i 1948, alle tal i prosent.¹⁴¹

	Einaste yrke	Hovudyrke	Attåtyrke
Kåfjord	9%	81%	10%
Skjervøy	9%	82%	9%
Nordreisa	12%	74%	15%
Kvænangen	7%	73%	20%
Nord-Troms	9%	79%	12%
Troms	11%	73%	16%

Ein annan indikasjon på den store graden av kombinsjonsdrift er fiskarane si tilknytning til næringa. Av tabell 8 går det fram at svært få av fiskarane hadde fiske som einaste sysseletting i Nord-Troms og i Troms i 1948. Heile 79% av fiskarane i Nord-Troms hadde fiske som hovudyrke, det var ein litt høgare prosentdel enn for heile fylket.

¹³⁸ NOS: Jordbruksteljinga 1949, tabell 11, hefte 2.

¹³⁹ NOS: Jordbruksteljinga 1939 og 1949, tabell 8, hefte 1.

¹⁴⁰ NOS: Jordbruksteljinga 1939 tabell 5, hefte 1 og 1949, tabell 6, hefte 1.

¹⁴¹ NOS: Fiskeriteljinga 1948, tabell 1, hefte 1.

Spørsmålet ein må ha svar på er kva jordbruk og fiske blei kombinert med. Blei dei i stor grad kombinerte med kvarandre, eller blei dei kombinerte med sysselsetting i andre næringar? Ein indikasjon på graden av kombinasjon mellom sysselsetting i jordbruk og fiske får ein med å sjå på kor mange fiskarar som dreiv gardsbruk, og kor stor del av alle gardsbruk som blei drivne av fiskarane. Den første fiskeriteljinga blei gjennomført i 1948, og av den grunn har eg ikkje tal frå tida før.

Tabell 9. Fiskarar i alt 1948, gardsbruk i alt 1949, gardsbruk drivne av fiskarar i 1948, prosent av alle fiskarane som hadde gardsbruk i 1948 og fiskarane sin del av alle gardsbruk i prosent.¹⁴²

	Fiskarar i alt 1948	Gardsbruk i alt 1949	Gardsbruk drivne av fiskarar 1948	Prosent av alle fiskarane som hadde gardsbruk	Fiskarane sin del i prosent av alle gardsbruk
Kåfjord	408	515	210	51%	41%
Skjervøy	940	712	490	52%	69%
Nordreisa	238	382	107	45%	28%
Kvæningen	453	378	284	63%	75%
Nord-Troms	2039	1987	1091	54%	55%
Troms	13128	14757	6559	50%	44%

Av tabell 9 går det fram at 54% av alle fiskarar hadde gardsbruk, og at dei dreiv 55% av alle gardsbruka i Nord-Troms rundt 1950. Med tanke på at mange fiskarar var unge menn som budde hos foreldra og ikkje hadde eige hushald, er dette ei svært høg prosentdel. Her er det verd å merke seg at det var store variasjonar mellom dei ulike Nord-Tromskommunane. I Kvæningen dreiv fiskarhushalda heile 75% av gardsbruka. I Nordreisa var det tilfelle bare for 28% av gardsbruka, og det var den einaste av kommunane i Nord-Troms der det var fleire gardsbruk enn det var fiskarar. Det er likevel ikkje tvil om at kombinasjonen mellom sysselsetting i fiske og jordbruk var svært vanleg i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden rundt 1950, og det var ein vanlegare kombinasjon i Nord-Tromsområdet enn i resten av fylket. Sjølv om kombinasjonen mellom sysselsetting i jordbruk og fiske var vanleg, kan ein ikkje trekke den slutninga at fiskarbondetilpassinga konsoliderte seg og ikkje var truga av lønsarbeid og kapitalisme i perioden frå 1930 til 1950. For det første indikerer reduksjonen i sysselsettinga i primærnæringane at andre næringar blei vurderte som meir attraktive. For det andre auka sysselsettinga i jordbruket på same tid som talet på fiskarar gjekk ned, noe som også tyder på at andre yrkeskombinasjonar enn fiske og jordbruk blei

¹⁴² NOS: Fiskeriteljinga 1948, tabell 1 og 15, hefte 1 og jordbruksteljinga 1949, tabell 1, hefte 1.

valde. Historikaren Bjørn-Petter Finstad har vist at kombinasjonen mellom sysselsetting i primærnæringane og sysselsetting i bygg og anlegg blei vanlegare i Vest-Finnmark etter 1940, høgst truleg var det same tilfelle i Nord-Troms.¹⁴³ For det tredje auka sysselsettinga i sekundær- og tenesteytande næringar, med andre ord kunne tradisjonelt lønsarbeid konkurrere med sjølvsysselsetjing i fiske og jordbruk, stikk i strid med det Brox har hevda. Sjølv om fiskarbondkombinasjonen framleis var svært vanleg og stod svært sterkt i 1950, så var den likevel under sterkt press frå lønsarbeid og kapitalisme. Det vil seie at Brox sin teori ikkje stemmer med tilhøva i Nord-Troms. Veksten i talet på gardsbruk kan tyde på at kombinasjonstilpassinga styrkte sin posisjon i perioden, men at jordbruket i aukande grad blei kombinert med sysselsetting i tradisjonelt lønsarbeid.

2.8 Kulturell modernisering

Nord-Tromsområdet er og har vore rikt på kulturelle spenningar. Eg har tidlegare peika på den politiske og økonomiske spenninga mellom handelsmennene og embetsmennene på den eine sida og fiskarbondene på den andre. Om fiskarbondene i Nord-Troms var ei einsarta gruppe politisk og økonomisk så var dei etnisk ei ueinsarta gruppe, samansett av sjøsamar, kvenar og nordmenn. Kulturelt kom spenninga mellom anna til uttrykk gjennom dei tre språka som blei nytta i området. Religiøst var det læstadianismen som markerte denne spenninga gjennom sin dominerande posisjon i dei sjøsamiske og kvenske folkegruppene. Korleis var dei etniske og religiøse tilhøva i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden i perioden frå 1930 til 1950, og er det samanheng mellom dei kulturelle tilhøva og den økonomiske moderniseringa i området?

Tre stammers møte

Omgrepet “Tre stammers møte” har vore nytta for å gje eit bilete av dei tre folkegruppene - samar, kvenar og nordmenn - som har levd og virka saman i Nord-Norge gjennom fleire hundre år. Ivar Bjørklund har vist at tilhøva mellom dei ulike folkegruppene ikkje har vore jambyrdige. Nordmenn har heile tida hatt særlege fordelar gjennom kontrollen med embetsverk og handel, men også gjennom lovverket. Dei sentrale styresmaktene har gjennom fleire hundre år søkt å auke sin kontroll gjennom auka integrasjon av samfunna innan territorialgrensene til den norske staten. Bjørklund har peika på at integrasjonsprosessen har

¹⁴³ Finstad 1993: 145.

hatt ei todelt utviklingsline; første del var administrativ og økonomisk frå 1700-talet og framover, mens andre del var kulturell einsretting frå 1850-talet og utover, der målet har vore fornorsking av den samiske og kvenske kulturen.¹⁴⁴

Tabell 10. Etnisitet i Kvæningen 1801 til 1930 i prosent.¹⁴⁵

	1801	1875	1910	1930
Samisk	88%	51%	42%	44%
Kvensk	8%	21%	12%	16%
Norsk	4%	28%	46%	40%

Resultatet av integrasjonspolitikken var store endringar i samansettinga av dei tre folkegruppene i Nord-Troms. Bjørklund har studert storleiken på folkegruppene i Kvæningen frå 1801 til 1930, og eg vil nytte det som døme på endringane i Nord-Troms. I 1801 var Kvæningen eit nærmast reint samisk område med eit relativt lite innslag av kvenar og nordmenn. I 1930 var samane sin del av folketalet halvert til 44%, og det var no heile 40% nordmenn og 16% kvenar. No var ikkje desse endringane bare eit resultat av fornorskingsprosessen, det var også eit resultat av kvensk og norsk migrasjon til Kvæningen. Korleis var den etniske samansettinga i dei tre andre Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden før andre verdskrigen?

Tabell 11. Etnisitet 1930 i Nord-Troms i prosent.¹⁴⁶

	Samisk	Kvensk	Norsk	Fleiretnisk
Kåfjord	49,7%	24,3%	21,4%	4,7%
Skjervøy	13,1%	3,2%	73,2%	10,5%
Nordreisa	4,2%	10,4%	72,1%	13,3%
Kvæningen	34,2%	13,3%	39,8%	12,7%
Nord-Troms	24,2%	11,6%	54,1%	10,1%

Av tabell 11 går det fram at ved folketeljinga i 1930 blei 54% blei rekna for å ha norsk etnisitet, 24% samisk, 12% kvensk og 10% var fleiretnisk. Det var store variasjonar i storleiken på dei tre folkegruppene mellom dei fire kommunane. I Kåfjord var det ein klar samisk dominans. I Skjervøy og i Nordreisa var det derimot ein sterk norsk dominans, mens det i Kvæningen var omlag like mange samar som nordmenn. Med unntak av Skjervøy var det også eit markert innslag av kvenar i alle kommunane, særleg i Kåfjord var det kvenske

¹⁴⁴ Bjørklund 1985: 13.

¹⁴⁵ Ibid: 12.

¹⁴⁶ NOS: Folketeljinga 1930, tabell 1, hefte 4 .

innslaget stort. Årsaka til at tala frå Kvænangen i 1930 er noe ulik i tabell 10 og 11 kjem av at Bjørklund i tabell 10 ikkje har ein eigen kategori for dei med fleiretnisk opphav, men har plassert dei i den eine eller andre folkegruppa.

I kor stor grad var folketeljinga representativ for dei faktiske tilhøva? Ved folketeljinga i 1930 var det folketeljaren som registrerte etnisiteten til folk etter familiært opphav og språk, viktigast var opphavet.¹⁴⁷ Samfunnsvitaren Øystein Steinlien har med utgangspunkt i to teljingskrinsar i Kåfjord reist spørsmål om folketeljingane i perioden frå 1875 til 1930 er eigna som gode nok reiskap for å registrere etnisk kontinuitet. Han konkluderer med at folketeljingane i liten grad får fram etnisiteten til folk, og hevdar at folketeljinga viser folketeljaren si oppfatning i staden for dei faktiske forholda.¹⁴⁸ Historikaren Tove Johansen kjem i sin studie av folketeljingane i Ullsfjord - i 1900, 1930, 1950 og 1970 - til motsett konklusjon av Steinlien og hevdar at folketeljingane i stor grad speglar folk sine egne val av etnisitet. Ho grunnjev det med at folketeljarane sjølve var frå lokalmiljøet og såleis var underlagde sosial kontroll frå bygdelaget, og hevdar at det førte til at teljarane ikkje kunne velje etnisk tilknytning etter eiga oppfatning av tilhøva.¹⁴⁹ Sjølv om ein ikkje kan sjå bort frå ei viss feilrapportering av etnisitet, vurderer eg validiteten på folketeljinga i 1930 som god, og at ho i stor grad speglar folk sitt eige sjølvbilete av etniske tilhøyring.

Ved folketeljinga i 1950 oppgav 98,7% av dei heimehørande i dei fire Nord-Tromskommunane at norsk var det einaste språket som til dagleg blei nytta i heimen. Prosentdelen nordmenn var omlag like høg i alle dei fire kommunane.¹⁵⁰ Kva hadde skjedd? Det hadde ikkje skjedd noe demografiske endringar som skulle tilseie at kvenar og samar blei borte frå området. Årsaka finn vi i kriteria som blei nytta i folketeljinga for å registrere etnisitet. I 1930 var familiært opphav viktigast for inndelinga, men det blei også tatt omsyn til språk. I 1950 blei språk nytta som einaste kriterium, og det førte til at nærmare 100% bare oppgav norsk som språk i heimen og at dei i folketeljinga blei registrerte som nordmenn.

Korleis skal ein tolke dette? Resultatet frå folketeljinga i 1950 kan på den eine sida tolkast som ei enorm underrapportering av samar og kvenar, og på den andre sida som eit uttrykk for

¹⁴⁷ Johansen 1991: 52ff.

¹⁴⁸ Steinlien 1984: 28ff.

¹⁴⁹ Johansen 1991: 70.

eit omfattande identitetsskifte. Bjørklund, som har studert den etniske samansetinga i Kvænangen, hevdar at årsaka til den låge prosentdelen som oppgav samisk og kvensk som språk var at etnisitet blei til ei “personleg valsak” ved folketeljinga i 1950, og at det førte til ei omfattande underrapportering.¹⁵¹ Bjørklund forklarar valet av norsk identitet med dei økonomiske og politiske prosessane som hadde skjedd frå 1935 til 1950. For det første var det krisepolitikken som Arbeidarpartiregjeringa sette i verk i 1935, og dei positive resultatane som folk meinte denne politikken ga. For det andre var det krigsøkonomien som førte med seg betra evne til fortjeneste, og som gjorde slutt på gjeldskrisa. For det tredje var det resultatane av gjenreisinga og den sosiale og økonomiske utjamninga etter krigen. Desse prosessane ga tiltru til arbeidarrørsla og kjensla av å tilhøyre eit nasjonalt politisk, økonomisk og kulturelt fellesskap, og det – i lag med fleire hundre år med fornorskingspolitikk – førte til at folk ønskte å stå fram som nordmenn. Eit resultat av dette var at samisk og kvensk språk ikkje lenger blei nytta, og at fleire og fleire som tidlegare hadde nytta samisk og kvensk gjekk over til å snakke norsk også heime.¹⁵² Om det tidlegare hadde vore ei spenning mellom dei ulike folkegruppene, var den feia under teppet etter krigen. Etnisitet var frå 1945 og fram til 1970-talet eit ikkje-tema og ein privatsak i dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden. om det var ei spenning mellom folkegruppene kom det ikkje til uttrykk i dei kjeldene eg har nytta. I kor stor grad den etniske dimensjonen påverka den økonomiske moderniseringa i området vil eg drøfte i kapittel 10.

Læstadianismen

Frå slutten av 1800-talet og heilt fram til i dag har læstadianismen vore den dominerande religiøse retninga i store delar av Nord-Troms, ei retning som har vore nært knytt til den samiske og kvenske folkegruppa. Læstadianismen starta som ei religiøs vekking i Karesuando i Nord-Sverige rundt 1850, leia av soknepresten Lars Levi Læstadius. Til Nord-Troms kom læstadianismen tidleg med reindriftsamane frå Karesuando, seinare også med dei kvenske innvandrarane.¹⁵³ Rundt hundreårsskiftet ekspanderte læstadianismen sterkt i området, og ei rekkje forsamlingar blei skipa.¹⁵⁴ Læstadianismen er ei lågkyrkjeleg retning innan statskyrkja som er splitta i fleire ulike fraksjonar. I Nord-Troms voks det rundt 1910 fram ein eigen

¹⁵⁰ NOS: Folketeljinga 1950, tabell 8, hefte 8.

¹⁵¹ Bjørklund 1985: 403.

¹⁵² Ibid: 392ff.

¹⁵³ Johansen 1991: 75f.

¹⁵⁴ Bjørklund 1985: 310ff.

fraksjon under leiing av predikanten Erik Johnsen, sjøsame frå Manndalen i Kåfjord. Fraksjonen er kjent som “Lyngen-retninga”, eller som dei sjølv kallar seg “Den luthersk-læstadianske menighet”, og er framleis i dag den dominerande retninga i området.¹⁵⁵ Teologisk har læstadianismen sin basis i Luthers lære og er i dag å sjå på som strengt konservativ, med strenge moralske krav og ei pietistisk ånd. Det særskilde med Lyngen-retninga er at den legg særleg vekt på at dåpen er nødvendig for å få frelse, og at udøpte born går tapt. Samanlikna med dei andre læstadianske retningane står Lyngen-retninga for eit klarare luthersk kyrkjesyn, og er nærmare statskyrkja. I motsetnad til dei andre læstadianske retningane erkjenner ikkje Lyngen-retninga at dei såkalla “førstefødde” forsamlingane i Nord-Sverige har ei leiande rolle innan læstadianismen, og det har vore relativt lite kontakt med dei andre læstadianske fraksjonane.¹⁵⁶

Kor stor utbreiing læstadianismen har hatt er vanskeleg å fastslå. Læstadianarane har heile tida vore medlemmar av den norske kyrkja, og har av den grunn ikkje vore registrerte som medlemmar av eige trussamfunn i folketeljingane. Det har heller ikkje vore ført offisielle medlemslister.¹⁵⁷ Det er god grunn til å tru at læstadianismen har hatt stor utbreiing og stort tilslutning i heile Nord-Troms. I delar av Nord-Troms har læstadianismen fungert som ein felles arena for kvenar og samar, til dømes i Kvænangen og Nordreisa, mens den i andre delar av området, som til dømes Kåfjord, var utprega samisk.¹⁵⁸ Eit av kjenneteikna ved læstadianismen har vore at samisk og finsk blei nytta i forkynninga. Det hadde fleire årsaker. For det første at vekkinga sprang ut i dei finsk- og samisktalande områda i Nord-Sverige, og at Læstadius nytta desse språka i si forkynning. For det andre at rørsla før 1940 i hovudsak var dominert av kvenar og samar i Nord-Troms, og at rørsla var leda av predikantar som sjølve tilhørde desse folkegruppene. Etter 1945 tok norsk over som språk i forkynninga, og læstadianismen har i mindre grad enn tidlegare vore knytt til samisk og kvensk etnisitet.¹⁵⁹

Korleis skal ein tolke oppslutninga om læstadianismen i ein religiøs, etnisk, politisk og sosial kontekst? Bjørklund har lagt stor vekt på at rørsla si forståing av kristendomen var eit ideologisk forsvar for den kvenske og samiske kulturen, og at det sosiale og politiske

¹⁵⁵ Johansen 1991: 79.

¹⁵⁶ Sundelin 1997: 39f og Johansen 1991: 79.

¹⁵⁷ Johansen 1991: 80.

¹⁵⁸ Hansen 1952: 133, Bjørklund 1985: 3121f og Drivenes og Jernsletten 1994: 219f.

¹⁵⁹ Bjørklund 1985: 404 og Johansen 1991: 75 og 107.

innhaldet var like viktig som det religiøse. Han hevdar at læstadianismen fram til 1945 fungerte som ein motkultur mot fornorskinga, men at rørsla etter krigen blei fornorska på line med resten av samfunnet.¹⁶⁰ Johansen har i si tolking lagt stor vekt på det religiøse innhaldet i læstadianismen for å forklare oppslutninga og går i mot Bjørklund sine teoriar om at det sosiale og politisk innhaldet var like viktig som det religiøse. Men ho er samd med Bjørklund i at læstadianismen fungerte som ein etnisk markør før 1940, og at læstadianismen etter krigen endra seg i takt med fornorskinga av samfunnet.¹⁶¹ Einar-Arne Drivenes og Regnor Jernsletten er samde med Johansen, og hevdar at sjølv om læstadianismen før 1940 kunne fungere som ein samisk og kvensk motkultur, så var ikkje rørsla ein medveten sosial og politisk protest. Dei er likevel opne for at læstadianismen kunne fungere slik i periodar.¹⁶²

Eit forhold ved læstadianismen som har interesse for den næringsøkonomiske moderniseringa er læstadianismen sitt forhold til modernisering og til arbeidarrørsla. Johansen har vist at læstadianarane i Ullsfjord på lik line med resten av fiskarbøndene i kommunen mobiliserte for Arbeidarpartiet ved stortingsvala.¹⁶³ Det er stor grunn til å tru at det same var tilfelle i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Nettopp på grunn av at læstadianismen hadde eit klart skilje mellom religion og politikk, hindra ikkje rørsla den politiske mobiliseringa. Men, det var heller ikkje noen direkte samanheng mellom den politiske mobiliseringa av fiskarbøndene og oppslutninga om læstadianismen.¹⁶⁴

Læstadianismen var gjennom si pietistiske lære knytt opp mot ei spartansk livsform. Bjørklund hevdar at læstadianarane før 1900 ikkje ønskte ei økonomisk modernisering og at: *“Predikantene gjorde økonomisk fattigdom om til åndelig rikdom.”*¹⁶⁵ Drivenes og Jernsletten har gått imot Bjørklund og hevdar at læstadianismen ikkje var ein medviten protest mot økonomisk modernisering. Sosiologen Egil Sundelin har gjennom sine studiar av kvenske miljø i Nord-Troms og Finnmark peika på at det ikkje var eit fatigdomsideal i læstadianismen, slik som Bjørklund hevdar, men derimot eit ideal om økonomisk sparsemd i det private forbruket.¹⁶⁶ Som fiskarbøndene elles i Nord-Norge var læstadianarane struktur- og

¹⁶⁰ Bjørklund 1985: 312ff og 404.

¹⁶¹ Johansen 1991: 149ff.

¹⁶² Drivenes og Jernsletten 1994: 220f.

¹⁶³ Johansen 1991: 142.

¹⁶⁴ Bjørklund 1985: 322ff, Johansen 1991: 150 og Drivenes og Jernsletten 1994: 221 og 225.

¹⁶⁵ Bjørklund 1985: 314.

¹⁶⁶ Sundelin 1998 (B): 111.

kulturkonservative, ikkje fiendtelege til teknologi eller til økonomisk modernisering. Læstadianarane ønskte som andre fiskarbønder ei modernisering som kunne gjerast innanfor hushaldsøkonomien sine rammer.

Kapittel 3. Gjenreisinga – i spenninga mellom planar utanfrå og ønska innanfrå

Allereie hausten 1944 starta dei norske styresmaktene i London arbeidet med ein plan for gjenreisinga av Nord-Troms og Finnmark. Da freden kom var det denne planen som blei lagt til grunn for det vidare arbeidet med gjenreisinga. Korleis såg dei sentrale styresmaktene for seg gjenreisinga? Sommaren 1945 starta dei evakuerte på eige initiativ å flytte tilbake til dei nedbrende områda i Nord-Troms. Kva var årsaka til tilbakeflyttinga, og kva for endringar førte det til i dei sentrale styresmaktene sine planar for gjenreisinga?

Dei store materielle skadane skapte eit stort behov for hjelp utanfrå i Nord-Troms. Det resulterte i ei rekke krav til dei sentrale styresmaktene frå folk i området. Eg har her konsentrert meg om dei krava som var knytte til dei overliggande samfunnsstrukturane eller som hadde stor innverknad på den vidare økonomiske moderniseringa av Nord-Troms.

Årsaka til at eg har drøfta planane for gjenreisinga og krava til dei sentrale styresmaktene i denne perioden så grundig, kjem av to forhold. For det første blei det ideologiske grunnlaget for dei sentrale styresmaktene sin moderniserings- og industrialiseringspolitikk i heile etterkrigstida utforma i denne perioden. For det andre blei mange av krava innanfrå knytte til den økonomiske moderniseringa første gong reiste i denne perioden.

3.1 Den første planen for gjenreisinga

Seinhausten 1944 utarbeidde embetsmenn i Forsynings- og Gjenreisingsdepartementet i London ein eigen plan for gjenreisinga, kalla *Gjennreisningen av Finnmark*, oftast omtala som “Londonplanen”. Nord-Troms er ikkje tatt med i Londonplanen. Kvifor er usikkert, men truleg hadde dei ikkje oversikt over forholda i Nord-Troms. Sentralt i planen står delen om fiskeria si framtid. Denne delen tar for seg heile Norge, og gjer at ein kan sjå Londonplanen som ein plan også for Nord-Troms.¹⁶⁷ Londonplanen blei aldri ein ferdig utarbeidd plan, og store delar av den har form av eit notat, unnataket er delen om fiskeria i Norge. Årsaka til at planen ikkje blei gjort ferdig, var at regjeringskonferansen om planen blei avlyst grunna den

¹⁶⁷ Steenberg Hansen 1993: 43.

tyske kapitulasjon. Sjølv om Nord-Troms ikkje er tatt med i planane, viser Londonplanen at styresmaktene hadde eit godt innsyn i situasjonen, både om talet på evakuerte og om kor store øydeleggingane var.¹⁶⁸ Da samlingsregjeringa kom saman sommaren 1945 og arbeidet med gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms blei sett i gang, var det med utgangspunkt i Londonplanen.

Kva tok planleggarane utgangspunktet i, og kva var hovudlina i Londonplanen? Planleggarane meinte at den økonomiske strukturen i Finnmark før nedbrenninga var lite utvikla. Busettinga og næringsverksemda var dårleg planlagt. Det var for lite industri, for høg del av sysselsettinga var i primærnæringane og for mange dreiv med kombinasjon av næringar. Produksjonseiningane var for små, og kombinert med sesongdrifta i fiskeria ga det for høg sesongarbeidsløyse og for låg produktivitet. Ressursane blei i for liten grad utnytta og ga for lite avkasting. Skulle levestandarden i Finnmark betrast måtte produksjonen moderniserast og effektiviserast. For planleggarane var Finnmark eit næringsøkonomisk problem utover nedbrenninga; gjenreisinga var ein moglegheit til å modernisere ein økonomisk tilbakestående del av Norge.¹⁶⁹

Londonplanen tok utgangspunkt i at dei evakuerte ikkje skulle reise heim til dei nedbrende områda rett etter krigen var slutt. Planleggarane rekna med at dei evakuerte var “lamma” på grunn av hard evakuering, og at dei ikkje ville reise tilbake når det ikkje var utsikter til arbeid. På grunn av øydelegginga sitt store omfang blei ei total gjenreising under statleg leiing og kontroll planlagt. Planen hadde kortsiktige og langsiktige mål, både i høve til den fysiske og økonomiske gjenreisinga. Hovudmålet for Londonplanen var å få til ei planmessig og rasjonell utvikling av områda frå starten av, og at dei kortsiktige måla skulle passe inn i dei langsiktige løysingane.¹⁷⁰

På kort sikt såg Londonplanen for seg ei provisorisk gjenreising i eit relativt lite omfang, og at denne seinare skulle bli ein del av den permanente gjenreisinga. For å få starta produksjonen raskast mogleg, og for å kunne tilpasse den provisoriske gjenreisinga til dei langsiktige måla, ønskte planleggarane å konsentrere gjenreisinga om noen få fiskevær. Dei største ressursane i

¹⁶⁸ Ibid: 37f.

¹⁶⁹ Ibid: 43.

¹⁷⁰ Hauglid 1975: 109 og Steenberg Hansen 1993: 41.

gjenreisinga måtte nyttast der produksjon var, det vil seie i fiskeværa. Londonplanen slo også fast at gjenreisinga av bustader ikkje måtte legge hindringar i vegen for gjenreisinga av produksjonen. Det innebar at bustader og fjøs til store gardsbruk skulle prioriterast før bustadar og fjøs til dei som var tilknytt tradisjonelle kombinasjonsnæringar. Utbygging av elektrisitet, hamner, fiskebåtar, vegar, bruer, telefon og telegraf blei også prioritert og skulle byggast ut tidleg.¹⁷¹

Det langsiktige målet for Londonplanen var ei total gjenreising av Finnmark. Den økonomiske levestandarden til folk skulle betrast ved at det offentlege la forholda til rette for dei naturlege næringsvegane, men også gjennom folks eigeninnsats for å betre levekåra sine. Fiskeria og fiskeforedlinga skulle framleis vere det næringsøkonomiske grunnlaget for busettinga. Gjennom å konsentrere investeringane der kor forholda låg til rette for fiskeriverksemdar med moderne driftsformer og heilårig produksjon, det vil seie filetproduksjon og fryseri, ville ein stimulere til ei slik økonomisk modernisering. Planleggarane var klare over at det på sikt ville få konsekvensar for busettingsmønsteret, derfor var dei opptatt av at staten ikkje investerte og prioriterte gjenreising på plassar som seinare ville vise seg ueigna for utvikling av moderne fiske og fiskeforedling.¹⁷²

Bakgrunnen for Londonplanen var auka tiltru til offentleg planlegging i samband med økonomisk modernisering. Denne tiltrua hadde mellom anna samband med framveksten av økonomisk planlegging i Norge på 1930-talet, og erfaringane med krigsøkonomien hadde styrkt denne trua.¹⁷³ Det hadde samband med at det på 1930-talet hadde vakse fram eit miljø av unge sosialøkonomar i Norge, under leiing av Ragnar Frisch og sterkt inspirerte av John Maynard Keynes' teori om den økonomisk aktive staten. Som premissleverandørar fekk sosialøkonomane ei sentral rolle i den økonomiske planlegginga etter krigen. Politisk fekk sosialøkonomane sterkast gjennomslag i Arbeidarpartiet, og fleire av dei fekk sentrale posisjonar i partiet.¹⁷⁴ Mellom anna tilhørte fleire av fagfolka i Forsynings- og Gjenreisingsdepartementet i London, der Londonplanen blei utarbeidd, denne gruppa av unge sosialøkonomar.¹⁷⁵ Departementet utarbeidde også planar for heile nasjonen si gjenreising, og

¹⁷¹ Steenberg Hansen 1993: 42f.

¹⁷² L'Orange 1975: 18f og 25f og Steenberg Hansen 1993: 41.

¹⁷³ Thomassen 1997 (B): 95.

¹⁷⁴ Thomassen 1997 (B): 107ff.

¹⁷⁵ Hersoug og Leonardsen 1979: 33f og Thomassen 1997 (B): 148.

Londonplanen må sjåast som ein særskilt del av dette arbeidet.¹⁷⁶ Ei anna inspirasjonskjelde til Londonplanen var det amerikanske regionplanarbeidet “Tennessee Valley Authority” som var skipa i 1933 som ein del av president Roosevelt sin New Deal-politikk. Historikaren Øyvind Thomassen har vist at fagfolka i Forsynings- og Gjenreisingsdepartementet var sterkt inspirerte av dette prosjektet da dei utarbeidde Londonplanen.¹⁷⁷

Historikaren Olav L`Orange har treffande oppsummert Londonplanen sine økonomiske og næringsmessige intensjonar slik:

*“En almenn vilje til å modernisere og effektivisere industri og næringsliv under offentlig ledelse og kontroll. Gjennom bevisst satsing på en rask gjenreising og forbedring av produksjonen, ville landsdelens hele økonomi kunne gi rom for sosial velferd og sikkerhet.”*¹⁷⁸

Historikaren Anders Ole Hauglid har peika på at dei sentrale styresmaktene såg Finnmark og Nord-Troms som ei *tabula rasa* - området låg ope og blankt for planleggarane si organiserte og planlagde modernisering.¹⁷⁹ Sjølv om grunntanken i Londonplanen la opp til eit brot med den tradisjonelle strukturen i fiskerinæringa, var ikkje omstrukturering i planen noe fundamentalt nytt. Ideane var kjende og hadde hatt sine talsmenn innan fiskeriindustrien, og det hadde eksistert liknande planar også før krigen. Londonplanen kan også sjåast på som ei vidareføring av dei omleggingane den tyske okkupasjonsmakta hadde gjort innan fiskerinæringa. Men måla må også sjåast i lys av den heilskapsplan for gjenreisinga som regjeringa ønskte for heile nasjonen, og som kom til uttrykk i Fellesprogrammet.

Forsynings- og Gjenreisingsdepartementet i London var ikkje dei einaste som hadde planar for gjenreisinga. Landsorganisasjonen og Norsk Sjømannsforbund utarbeidde eit programskrift for gjenreisinga som dei presenterte våren 1945; boka *Framtidens Norge*, eller “Blåboka” som ho også blei kalla. Tanken var truleg at boka skulle vere eit utkast til Arbeidarpartiet sitt program etter krigen.¹⁸⁰ Hovudtrekka i Blåboka er ei blanding mellom planøkonomiske tiltak og samfunnsmessig kontroll på den eine sida, og personlege tiltak og fridom på den andre sida. Gjennom korporative styringsorgan i næringslivet skulle produksjonen aukast og

¹⁷⁶ L`Orange 1975: 28.

¹⁷⁷ Thomassen 1997 (B): 148ff.

¹⁷⁸ L`Orange 1975: 26.

¹⁷⁹ Hauglid 1975: 266.

¹⁸⁰ Thomassen 1997 (B): 164.

effektiviserast med mål om full sysselsetting og ei rask heving av levestandarden.¹⁸¹ Mykje av innhaldet i Blåboka finn ein igjen i Fellesprogrammet, “Arbeid for alle”, som alle parti gjekk i lag om til stortingsvalet i 1945 – eit resultat av den politiske “fellesskapsånd” som herska.¹⁸² Det var særleg programmet sitt punkt om den økonomiske politikken som hadde store likskapstrekk med innhaldet i Blåboka, sjølv om Fellesprogrammet var meir moderat og i større grad gjekk inn for ein blandingsøkonomi mellom det private og staten.¹⁸³ Historikaren Trond Bergh hevdar at: “Den politiske “fellesskapsånden” som Fellesprogrammet var et produkt av, bygde mer på arbeiderbevegelsens enn på tradisjonelle borgerlige standpunkter.”¹⁸⁴

3.2 Tilbakeflyttinga

Ein av dei viktigaste føresetnadene for planane om gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms var at tilbakeflyttinga av dei evakuerte skulle skje kontrollert og gradvis. I midten av mai 1945 gjorde dei sentrale styresmaktene det kjent at det var eit generelt “*Forbud mot å vende tilbake til Finnmark og dei evakuerte deler av Nord-Troms*”.¹⁸⁵ Det blei presisert at dei militære ville patruljere området for å hindre at folk reiste heim, og at dei som reiste heim utan løyve ville bli stoppa og “... *ubønhørlig [...] sendt tilbake og kan risikere å bli stilt til ansvar for sin handlemåte*”.¹⁸⁶ Folk blei oppmoda om å vere der dei var og ta det med ro.

Denne føresetnaden viste seg å aldri slå til. Ei av årsakene var den haldninga som Fylkesmannen i Troms viste. I slutten av mai 1945 oppnemnde Fylkesmannen i Troms ordførarar for dei evakuerte kommunane, og det blei sett i gang granskingar med særleg tanke på tilbakeflytting. Det blei også etablert ei tilbakeflyttingsnemnd i fylket, og det blei gjeve løyve til tilbakeflytting til dei evakuerte områda i Lyngen og Storfjord. Løyvet om tilbakeflytting var ikkje generelt, men til vaksne folk og i første rekke fiskarar og småbrukarar i dei områda som ikkje var totalt raserte. I starten av juni fekk også folk i Kåfjord og Nordreisa løyve til å flytte heim, men framleis var det eit generelt forbod mot å reise heim. Sjølv om det ikkje blei gjeve løyve til ei generell tilbakeflytting, stoppa ikkje det folk frå å

¹⁸¹ Pryser 1988: 512f.

¹⁸² Bergh 1987: 10 og Pryser 1988: 535.

¹⁸³ Pryser 1988: 535.

¹⁸⁴ Bergh 1987: 10.

¹⁸⁵ Nordlys 15/5 1945.

¹⁸⁶ Ibid.

reise. Folk frå Nord-Troms hadde eit sterkt ønske om å reise heim for raskast mogleg å ta fatt på gjenreisninga. At oppmodinga om å halde seg i ro ikkje blei tatt til etterretning, er Kvænangen eit døme på. I november 1945 var 1800, det vil seie 80%, av dei evakuerte frå det totalt raserte Kvænangen komne tilbake.¹⁸⁷ I Nord-Troms, medrekna Lyngen og Storfjord, kom i alt 9.000 tilbake i 1945, det vil seie 75% av dei evakuerte.¹⁸⁸ Hauglid har i si hovudoppgåve sett nærmare på tilbakeflyttinga og har funne at omlag 90% av dei evakuerte frå Finnmark og Nord-Troms var returnerte til sine heimlassar ved utgangen av 1946.¹⁸⁹

Kvifor blei ikkje dei evakuerte stoppa når dei var på veg heim til dei nedbrende områda? Hauglid har peika på fleire faktorar som spela inn. Styresmaktene hadde ei tvitydig haldning til dei evakuerte og til tilbakeflyttinga. På same tid som dei oppmoda folk om å halde seg i ro, blei det til dømes kunngjort at det var sal på hestar som dei evakuerte kunne ta med heim. Sjølv om administrasjonen var klar over dei strenge reglane for tilbakeflytting, såg dei gjennom fingrane med at folk provianterte og skaffa seg det mest nødvendige for å reise heim. Hauglid hevdar at styresmaktene hadde vanskeleg for finne haldbare argument for å stoppe båtar som var på veg nordover med folk, fe og utstyr når landet endeleg var fritt.¹⁹⁰ At signala frå styresmaktene var tvitydige kjem tydeleg fram i eit brev som var sendt frå eit folkemøte i Kvænangen i august i 1945:

*“Vi mener vi har gjort vår plikt ved å følge de oppfordringene som vi har fått til å reise hjem igjen. Vi var nok utålmodige etter å begynne å arbeide igjen med vårt eget, men vi er også etter freden blitt oppfordret til det både direkte og indirekte av myndighetene ...”*¹⁹¹

Tilbakeflyttinga til dei evakuerte områda har Hauglid kalla: “... den største sivile ulydigheten i norsk historie”.¹⁹² Om tilbakeflyttinga til Nord-Troms er nok ein slik karakteristikk vel tendensiøs. For det første var dei signala som dei sentrale styresmaktene ga tvitydige, for den andre blei det gjeve løyve frå fylkesmannen om tilbakeflytting forsommaren 1945.

¹⁸⁷ Bjørklund 1985: 382.

¹⁸⁸ Hauglid 1975: 123.

¹⁸⁹ Ibid: 125.

¹⁹⁰ Ibid: 120.

¹⁹¹ Brev til Finnmarkskontoret 15/8 1945 frå massemøte med 78 personar frå Nordstrømmen, Sekkemo og Kjøllefjord i Kvænangen. Her frå Bjørklund 1985: 383.

¹⁹² Hauglid, Jensen og Westerheim 1987: 125.

3.3 Ein ny plan for gjenreisinga

Den raske og massive tilbakeflyttinga tvinga fram endringar i framdriftsplanane for gjenreisinga. Den planlagde, kontrollerte, gradvise gjenreisinga som Londonplanen la opp til let seg ikkje realisere. Planleggarane og dei sentrale styresmaktene hadde ikkje rekna med eige initiativ og eigen vilje hos folk. Ein ny situasjon var komen, ein akutt krisesituasjon. Eit titals tusen menneske var spreidde utover eit stort geografisk område, nærmast utan kommunikasjon med omverda. Folk var utan husvære, mangla det meste av reiskapar og hadde dårleg med mat. Hausten 1945 vurderte leiinga av Finnmarkskontoret situasjonen til å vere så alvorleg at dei vurderte ny evakuering, noe det var sterk motstand mot frå folk i dei nedbrende områda. For å unngå evakuering blei det sett i gong eit omfattande kriseprogram for å skaffe dei som var reist heim husvære og mat for vinteren. Finnmarkskontoret, som var planlagt å vere eit kontroll- og reguleringsorgan for gjenreisinga, blei eit kriseorgan med viktigaste oppgåve å frambringe provisoriske husvære, og transportere og fordele forsyningar av ulike slag.¹⁹³

Tidleg på hausten 1946 blei Stortingsmelding nr. 35. (1945-46) “Om gjenreisningen av de krigsherjede strøk” lagt fram. Meldinga var ein oversikt over skadane i heile landet, over kva som var gjenreist og med planar og mål for det vidare arbeidet. Finnmark og Nord-Troms var omhandla for seg sjølv, men det var dei same måla for utvikling og modernisering for desse områda som for heile landet. Klare mål var formulert klare for gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms:

*“Gjennoppbyggingen etter den direkte krigsskade krever først og fremst at det skaffes erstatning for de ca. 12 000 boliger som ble ødelagt med tillegg av foretningsbygg, produksjonsanlegg og bygg for administrative, sosiale og kulturelle formål. Gjennoppbyggingen er forutsatt gjennomført på 4 år.”*¹⁹⁴

Samanliknar ein Stortingsmeldinga med Londonplanen var det fleire nye moment, men også ein klar kontinuitet mellom dei. I Stortingsmeldinga blei det ikkje skilt mellom ei provisorisk og ei permanent gjenreising. Det var definerte, klare mål for kva som skulle gjenreisast og når gjenreisinga skulle vere ferdig. Det kjem tydeleg fram at styresmaktene hadde tatt konsekvensen av den raske tilbakeflyttinga og tilpassa planane etter det. Eit nytt moment om

¹⁹³ L`Orange 1975: 39.

¹⁹⁴ Stortingsmelding nr. 35 (1945-46): 15.

nyreising var kome inn i Stortingsmeldinga, og der blei den vidare utviklinga av dei økonomiske og sosiale forholda i Finnmark og Nord-Troms omhandla.¹⁹⁵ I Stortingsmeldinga står følgande om kva måla med nyreisinga skulle vere og korleis den skulle planleggast:

*“... nyreisingen av landsdelens næringsliv er gjenstand for planlegging i de respektive departementer og i fylkesadministrasjonen. Samordningen av disse planer innbyrdes og tilpasningen til landets øvrige økonomiske politikk vil kunne skje gjennom utarbeidelsen av statsbudsjettet. Ledetråden er såvel i fylket som i sentraladministrasjonen at man nå, når først alt er rasert, må se hele landområdet som en helhet og legge en samlet plan som ikke bare innhenter den jevne framgang landsdelen ville ha gjennomgått om den hadde blitt skånet, men også rydder vegen for en ennå mer framtidbetont nasjonaløkonomisk og sosial utvikling. At et slikt planleggingsarbeid, som skal holde for generasjonene framover ikke kan og ikke må improviseres fram på kort tid, trenger ikke nærmere påvisning.”*¹⁹⁶

Målet med nyreisinga var at Finnmark og Nord-Troms ikkje bare skulle ta igjen den utviklinga som gjekk tapt med nedbrenninga, men også nå opp på eit høgare økonomisk nivå som skulle vere med å sikre den vidare utvikling for heile landet. Det kjem tydeleg fram at måla frå Londonplanen om modernisering og effektivisering av industrien stod fast. Vidare held Stortingsmeldinga fast på at utvikling og økonomisk vekst var eit spørsmål om vellykka heilskapleg planlegging. At meldinga ikkje var meir presis om utbygginga av næringslivet, gjer den sjølv greie for ved å seie at planlegging av næringslivet må vurderast nøye da det skal halde for generasjonar framover. På same tid blei det sett ned fleire utval som skulle planlegge den framtidige strukturen i næringslivet i heile landet. Planlegginga av næringsutviklinga skulle skje på sentralt hald i departementa og i fylkesadministrasjonen, og det heile skulle samordnast over statsbudsjettet. Dette var ei endring av planlegginga samanlikna med det som hadde vore praksis for dei nedbrente områda i Finnmark og Nord-Troms: Til da hadde Finnmarkskontoret planlagt og koordinert dei ulike tiltaka. Endringa kan sjåast på som ei sentralisering av planlegginga, men må også sjåast på som eit ønske om å få planlegginga under meir politisk kontroll.

¹⁹⁵ Ibid: 15.

¹⁹⁶ Ibid: 15.

3.4 Bustadgjenreisinga – “hjelp-til-sjølvhjelp”

Først og fremst ønskte folk i Nord-Troms å få gjenreist gardane sine. Kvifor var gjenreisinga av gardane så viktig? Å bygge opp heimplassen var ikkje bare å bygge ein bustad kor folk kunne bu, det var i like stor grad å bygge opp fjøsen og få buskap på båsen. Garden var eininga arbeidet gjekk ut frå, sjølve basisen i hushaldsøkonomien.

Den ukontrollerte tilbakeflyttinga hadde vist at folk i Nord-Troms ikkje venta på at dei sentrale styresmaktene skulle ordne opp. Det blei tidleg klart at permanente bustader var det ikkje tid eller materielle ressursar til å bygge opp dei par første åra etter krigen, i staden gjekk folk sjølv i gang med å få i stand provisoriske husvære.

Det sterke ønsket om å kome i gang med den permanente gjenreisinga kombinert med den store mangelen på alt av bygningsmateriell, ga seg utslag i ulike typar krav til styresmaktene. Kva folk ønskte og korleis dei oppfatta situasjonen i 1945-46, er eit av dei mange folkemøta som blei haldne eit godt døme på. Eit folkemøte i Kvænangen i august 1945 reiste følgjande krav til dei sentrale styresmaktene:

“Når myndighetene oppfordrer oss til å kjøpe dyr og til å arbeide opp hjemmene våre igjen, så må vi også ha krav på å få hus til oss selv og til dyrene. [...] Får vi materialer, skal vi nok klare vinteren, for fisk har vi klart og skaffe oss hittil, enda vi har mistet bruk og redskap og de fleste båtene våre er slått i filler så vi i høyeste grad trenger nye. Men uten ku kan vi ikke klare vinteren. Og får vi ikke ellers også den støtten vi har krav på, og blir vi direkte eller indirekte jaget hjemmefra for annen gang, da er det fare for at mange mister motet og søker seg arbeide på andre kanter av landet som blir bedre behandlet og Kvænangen blir kanskje liggende folketom.”¹⁹⁷

Eit liknande krav kom på same tid frå eit folkemøte i Manndalen i Kåfjord. Det peika på at dei var 600 menneske utan hus i bygdelaget. Dei kravde å få brakker snarast, og fleire kyr og hestar.¹⁹⁸ Folkemøte var det mange av rundt om i bygdelaga i Nord-Troms i dei første åra etter freden. Ut frå talet på frammøtte synest det som om det var stor oppslutning og brei støtte om dei krava folkemøta framførte - krav om jamnare fordeling, betre tilgang på materialar, krav

¹⁹⁷ Brev til Finnmarkskontoret 15/8 1945 frå masse møte med 78 personar frå Nordstrømmen, Sekkemo og Kjøllefjord i Kvænangen. Her frå Bjørklund 1985: 383.

¹⁹⁸ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre 1945, telegram til Fylkesmannen frå folkemøte i Manndalen 20/8 1945.

om husvære, om meir buskap og klagar på manglande dagpengar og stønadsutbetalingar. Felles lagnad, felles situasjon og felles problem gjorde det truleg lett å mobilisere folk til møta. Folkemøte var ein politisk organisasjonsform det var tradisjonar for i Nord-Norge, særleg var fiskarane som hadde vore på Lofoten og Finnmarka i mellomkrigstida kjende med denne måten å fremme krav til dei sentrale styresmaktene.¹⁹⁹ Av krava frå folkemøta dei første par åra etter krigen kjem det tydeleg fram at det folk i Nord-Troms ønskte, var hjelp til sjølvhjelp; dei ville klare seg sjølve og ønskte bare å få hjelp så dei sjølve kunne kome i gang med gjenreisinga.

Eit av dei store problema med gjenreisinga var finansieringa. Den provisoriske byggeverksemda i 1945 og 1946 hadde vore finansiert av staten.²⁰⁰ I 1946 vedtok Stortinget to lovar som var knytte til finansieringa av gjenreisinga. Det var lov om Den Norske Stats Husbank (Husbanken) og om krigsskadetrygd for bygningar.²⁰¹ Oppgåva til Husbanken var tosidig, for det første å gje lån til bygging av bustader, og for det andre å formidle støtta frå staten til gjenreising og bustadbygging. Målet var å sikre folk sosialt forsvarlege bustader til ein sosialt forsvarleg pris over heile landet.²⁰² I Stortingsmelding nr. 35 (1945-46) blei standarden for gjenreisinga av bustadene presisert nærmare: *“Gjenoppbygningen må skje i moderne form, [...] og i alle fall overnsstemmende med de krav en må stille til moderne byggemåte.”*²⁰³ Det innebar at gjenreisinga ikkje skulle bygge opp bustadene slik dei hadde vore, men heve standarden. For å sikre ein forsvarleg pris på bustadbygginga i dei nedbrente områda skulle staten forfordele materialar til Finnmark og Nord-Troms. I desse områda skulle Husbanken ikkje bare gje lån til bustadbygging, men også til driftsbygningar på gardsbruka og til private industri- og forretningsbygg.²⁰⁴

Målet med loven om krigsskadetrygd var å erstatte skaden som var gjort, ikkje å finansiere bygging av ein ny bustad eller bygning. Differansen mellom krigsskadetrygda og kostnaden med å bygge nytt skulle Husbanken finansiere som långevar, erstatningssummen kunne banken ta som eigenkapital. Skaden blei fastsett i 1940-kroner, og ga på den måten eit dårleg bilete av dei verkelege erstatningskostnadene. For å kompensere differansen mellom 1940-

¹⁹⁹ Christensen og Hallenstvedt 1990: 51ff og 71.

²⁰⁰ L`Orange 1975: 40.

²⁰¹ Hage 1996: 109 og 113.

²⁰² Ibid: 113f.

²⁰³ Stortingsmelding nr. 35 (1945-46): 1.

verdien og 1946-verdien blei det gitt eit pristillegg på opptil 50%.²⁰⁵ I Finnmark og Nord-Troms hadde byggeprisane auka med 60-100% og fekk av den grunn særlege reglar om pristillegg, nedskrivingsbidrag og subsidierte fraktutgifter. Frå Stortingskomiteen som la fram loven blei det peika på at det var eit viktig poeng at dei nedbrende områda fekk løyst problema før resten av landet.²⁰⁶

I byrjinga var folk i Nord-Troms lite nøgde med finansieringsordningane for bustadgjenreisinga. I 1947 oppfordra kommunestyret i Kåfjord til at finansieringsgrunnlaget for dei skadelide måtte opp til fornya vurdering i Stortinget. Dei hevda at :

*“Det kan ikke være tvil om at gjeldsbyrden vil bli større enn den enkelte krigsskadelidte kan magte. Det må vere samfunnets plikt og gi den enkelte tilbake det den har mistet p.g.a. krigen.”*²⁰⁷

Eit anna problem var at erstatninga frå krigsskadetrygda var for låg: pristillegget var ikkje nok til å dekke dei auka byggekostnadene. I alle Nord-Tromskommunane blei det gjort vedtak i kommunestyra kor ein oppmoda dei sentrale styresmaktene om å auke takstane. Til dømes gjorde Kvæningen kommunestyre følgjande vedtak:

*“Når man ser på takstene i Kvæningen, så er disse så altfor lave og helt vilkårlige ...[...] Man vil derfor ha forhøyet takstene med 50-150%.”*²⁰⁸

I Nord-Troms var det den første tida stor motvilje mot å ta lån i Husbanken. I ein artikkel i "Nordlys" i januar 1947 blei varaordførar Ingvald Mikkelsen i Skjervøy kommune intervjuet om motviljen i Nord-Troms mot å ta lån i Husbanken. Han uttalte:

*“Folk er redde for å ta lån i Husbanken. De vil ikke skrive under skjemaene. Man er engstelige for å få for stor gjeld. Folk mener at de må ikke få større gjeld en de hadde ved evakueringa ...”*²⁰⁹

Årsaka til motviljen mot å ta lån i Husbanken var truleg eit resultat av folk i Nord-Troms sine dårlege erfaringar med lån frå den økonomiske krisa i mellomkrigstida, at folk først i 1947

²⁰⁴ Hage 1996: 114.

²⁰⁵ Hage 1996: 113.

²⁰⁶ L`Orange 1975: 44f.

²⁰⁷ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 52 1947.

²⁰⁸ SiTø, FiT Kvæningen kommunestyre sak 124 1947.

fekk vite kor mykje dei fekk i erstatning og at ein frykta at ei ny økonomisk nedgangstid ville føre til ei ny gjeldskrise. I tillegg hadde mange betalt ned låna dei hadde på bustaden under krigen, og meinte det ikkje var rettvist at dei måtte sette seg i gjeld for å få bygd opp igjen det dei utan skyld hadde tapt.

Skepsisen mot å ta lån i Husbanken blei snart borte, og frå 1948 og utover var det ei langt meir positiv haldning til banken. Den positive haldninga kjem tydeleg fram i omtalen Husbanken får i lesarinnlegg og artiklar i "Nordlys". Til dømes var det kome inn nærmare 500 søknader om lån frå Skjervøy kommune i september 1948.²¹⁰ I 1948-49 viste eit nytt problem seg – å skaffe til veie eigenkapitalen Husbanken sette som krav for å gje lån. Særleg var dette eit problem for dei nyetablerte familiane som ikkje hadde eige hus før nedbrenninga. Problema med eigenkapitalen hemma gjenreisinga og førte til at kommunestyra i Kvæningen og i Kåfjord tok opp saka med dei sentrale styresmaktene.²¹¹ Etter søknad frå Kvæningen kommunestyre gjekk Husbanken med på ei særordning for kommunen, slik at Husbanken også fungerte som byggelånsbank for kommunen.²¹²

Kva for standard skulle dei nye bustadene ha? Skulle dei byggast opp slik det hadde vore, eller skulle dei byggast opp etter datidas moderne krav til bustader? Stortinget hadde vedteke at bygga som skulle finansierast gjennom Husbanken måtte følgje banken sine krav til bustandard. Historikaren Ingebjørg Hage har vist at det også i Nord-Troms var eit sterkt ønske om at dei gjenreiste husa skulle følgje datida sine moderne krav til bustandard, men at det også var eit ønske om at dei moderne husa skulle vere tilpassa lokale planløysings-tradisjonar.²¹³ Men det blei også reist kritikk mot desse krava, som ein meinte gjorde at dei dårleg stilte ikkje fekk råd til å bygge eigen bustad. Vanskane med eigenkapitalen og kritikken mot krava til bustadstandarden førte til at distriktsarkitekt Kirsten Sand kom med framlegg om å redusere bustadstandarden for dei dårleg stilte familiane. Mellom anna blei det foreslått at husa skulle byggast utan kjellar. Kommunestyra i Kåfjord, Nordreisa og Kvæningen gjekk i mot ei slik løysing, mens Skjervøy kommunestyre støtta forslaget. Kvæningen kommunestyre presiserte også kvifor dei var mot ei slik løysing: “... *når en mann har bygget et sådant*

²⁰⁹ "Nordlys" 27/1 1947.

²¹⁰ "Nordlys" 20/9 1948, intervju med ordførar Lars Hallen i Skjervøy kommune.

²¹¹ SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre sak 19 1949 og Kåfjord kommunestyre sak 89 1949.

²¹² "Nordlys" 28/9 1950.

²¹³ Hage 1996: 157.

ufullferdig hus er han blitt så meget skyldig at han i de fleste tilfeller i sin levetid ikke får råd til å gjøre huset i forsvarlig stand."²¹⁴ I Kåfjord kommunestyre blei det presisert at ein ikkje på noen måte ønskte å gå tilbake til den bustadstandarden som hadde vore før krigen.²¹⁵ Trass i motstanden mot senking av krava til bustadstandarden frå tre av dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden, vedtok Troms fylkesgjenreisingsnemnd å tillate ei slik senking. Vedtaket førte til debatt i dagspressa. I eit lesarinnlegg i "Nordlys" presiserte varaordføraren i Kåfjord, Hans Berg, kvifor han var i mot senking av bustadstandarden på følgjande måte:

*"Når Nord-Troms og Finnmark engang er gjenreist, da skal det i allefall ikke kunne sies at der bor den fattige, og der bor den rike. Den ene har nemlig bygd et godt hus med den komfort som er mulig, mens den andre bor i et halvferdig og helseskadelig hus. Jeg mener ut fra samfunnsøkonomiske hensyn, så er det ikke forsvarlig å bygge halvferdige hus."*²¹⁶

Ein av forsvararane av senkinga av krava var Hans Thomassen frå Oksfjordhamn i Skjervøy kommune, medlem i fylkesgjenreisingsnemnda. Han hevda det var betre å senke krava, enn at dei som ikkje kunne stille eigenkapital ikkje fekk bygd seg eigen bustad. I eit lesarinnlegg i "Nordlys" peika han på at:

*"Det er en ting å ha ei gild tegning i lommen, men også bare i lommen for aldri å få det oppført, og å få et hus ellers fullt ferdig, bare med den forskjell at badet er i et loftrom istedet for i kjelleren, ..."*²¹⁷

Argumentasjonen mot senkinga av krava til bustandarden viser både kor sterk likskapsideologien var og ønsket om å betre bustandarden i forhold til korleis tilhøva hadde vore før nedbrenninga.

Ser ein på resultata av bustadgjenreisinga, vitnar dei om suksess for dei sentrale styresmaktene sine mål og planar. Den permanente gjenreisinga kom ikkje skikkeleg i gang før 1947-48, og hovudtyngda var i åra 1948-1950. Totalt var det gjenreist 1359 permanente bustader og 807 fjøs i Nord-Troms ved utgangen av 1950.²¹⁸ Byggeaktiviteten gjekk ned 1950-51, og rundt

²¹⁴ SiTø, FiT, Kvænangen kommunestyre sak 23 1949.

²¹⁵ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 88 1949.

²¹⁶ "Nordlys" 16/6 1949.

²¹⁷ "Nordlys" 7/7 1949.

²¹⁸ Hauglid 1975: 295.

1953-54 passerte talet på nybygde bustader talet på nedbrende bustader.²¹⁹ Nærmast utan unnatak blei dei nedbrende gardane bygde opp på same stad som dei før hadde vore, gjenreisinga førte såleis ikkje til endringar av busettingsmønstret i Nord-Troms.²²⁰ Bustadgjenreisinga førte også til ei heving av bustandarden, og det blei vanskelegare å lese sosiale, kulturelle og økonomiske forskjellar i samfunnet.²²¹ Årsaka til at måla til dei sentrale styresmaktene blei nådde i så stor grad, var truleg at det i hovudsak var samsvar mellom ønska innanfrå om hjelp-til-sjølvhjelp og dei sentrale styresmaktene sin plan for bustadgjenreisinga. Sjølv om det var enkelte innvendingar mot bustadgjenreisingsplanen var ikkje misnøya så stor at det gjekk ut over måla for bustadgjenreisinga i heile perioden. Den største innvendinga mot bustadpolitikken var at gjenreisinga gjekk for seint, ikkje korleis den blei finansiert eller kva type hus som var bygd.²²²

3.5 Store svingingar i sysselsettinga

Gjennom heile gjenreisingsperioden var det store svingingar i sysselsettinga i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. På våren og sommaren var det godt med arbeid, på seinhausten og vinteren var det derimot stor arbeidsløyse. Til dømes søkte Kåfjord kommunestyre dei sentrale styresmaktene om midlar til vegarbeid med følgjande grunngeving, hausten 1945:

*“På grunn av den store arbeidsløshet som nu gjør seg gjeldende i vår kommune på grunn av at bl.a. den hele fiskeribefolkning er blottet for båter og børskap grunnet tvangsevakueringen 1944 og således er ute av stand til å drive sin næring på sjøen, [...] ... det vil være mere regningssvarende for “samfundet” å sette i gang arbeid for de mange ledige hender, som betale stønad til friske arbeidsledige hender i vår kommune. [...] Misnøien vokser dag for dag på grunn av arbeidsløsheten. Selv om det vil gå med store beløp av “Statskassen” til igangsetting av veiarbeid, vil samfunnet tjene på det. Ved dette bygger vi landet og letter tilværelsen for folket her oppe.”*²²³

Kva var årsaka til den høge arbeidsløysa i området? Kommunestyret i Kåfjord peika på at fiskarane hadde mista båtar og utstyr på grunn av nedbrenninga, men årsaka til problema var

²¹⁹ L`Orange 1975: 64ff.

²²⁰ Hauglid 1975: 267f.

²²¹ Hage 1996: 210.

²²² Ibid: 89f.

²²³ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 65 1945.

mykje meir fundamentale. Dei store svingingane i sysselsettinga var direkte knytte til nærings- og sysselsettingsstrukturen i området. Av dei sysselsette i dei fire kommunane var 78% i primær- eller sekundærnæringane i 1950, og sysselsettinga i desse næringane blei i stor grad kombinerte med kvarandre.(jf kap.2) Felles for sysselsettinga i fiske, jordbruk og bygg- og anlegg var det sesongmessige preget arbeidet hadde, og at desse sesongane var samanfallande. Problema med ujamn sysselsetting var ikkje eit resultat av nedbrenninga; problema hadde vore der også før. Særleg stor hadde mangelen på arbeid vore i den økonomiske krisa på 1920- og 1930-talet. Sjølv om den tyske okkupasjonen og gjenreisinga etter krigen førte til stor etterspurnad etter arbeidskraft til bygg- og anleggssektoren, var også det i stor grad sesongarbeid. Diverre eksisterer det ikkje statistikk over arbeidsløysa for perioden 1945 til 1950, men tal for Troms fylke kan illustrere svingingane i sysselsettinga. Ved utgangen av januar 1949 var det registrert 1703 arbeidslause, det vil omlag seie når arbeidsløysa var på sitt høgaste. I slutten av august same år, når arbeidsløysa omlag var på sitt lågaste, var talet på ledige redusert med 94%, og bare 100 var registrerte arbeidslause.²²⁴

Den høge sesongarbeidsløysa i Nord-Troms førte til at det blei reist ei rekke krav til dei sentrale styresmaktene om midlertidige og permanente sysselsettingstiltak gjennom heile gjenreisingsperioden. I heile Nord-Troms reiste kommunestyra krav om tiltak, og det blei sendt ei rekke deputasjonar til Oslo for å drøfte tiltak mot arbeidsløysa. Til dømes sende Kåfjord kommunestyre ein deputasjon til Oslo seinvinteren 1948 for å få i gang gruvedrifta i Birtavarre igjen.²²⁵ Ofte blei krava om sysselsettingstiltak knytt saman med krav om vegbygging, kraftutbygging og om industri, og ein må gjennom heile gjenreisningsperioden sjå krava frå Nord-Troms om økonomisk modernisering i samband med sysselsettingsproblema i området.

3.6 Krav innanfrå om utbygging av kommunikasjonane

Ein viktig føresetnad for gjenreisinga og for den økonomiske moderniseringa i området var utbygging og utbetring av kommunikasjonane innan kommunane, mellom kommunane og med omverda. I 1945 var kommunikasjonane i Nord-Troms først og fremst knytt til sjøverts kommunikasjon, med tettstaden Skjervøy som knutepunkt. På Skjervøy stoppa Hurtigruta,

²²⁴ Stortingsmelding nr. 85 (1951): 123.

²²⁵ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 65 1945.

som sikra kommunikasjonen med omverda, og derifrå trafikkerte lokalbåtane til bygdelaga rundt om i fjordane og på øyane.²²⁶ Landverts kommunikasjon var dårleg bygd ut, sjølv om den tyske okkupasjonsmakta hadde bygd ut Riksveg 50, slik at det om sommaren var mogleg å kjøre heile vegen frå fylkesgrensa mot Finnmark til Olderdalen i Kåfjord. Derifrå gjekk det ferje over til Lyngseidet og veg vidare sørover.²²⁷ Om vinteren, når vegen over Kvænangsfjellet var stengd, var sjøverts kommunikasjon det einaste alternativet.

Frå partilag og fiskarlag rundt om strømte det inn med krav om bygging og utbetring av hamn, veg og telefon til alle kommunestyra i området – krav som kommunestyra stilte seg bak, og som blei sende vidare til dei sentrale styresmaktene. Grunngevingane for krava var stort sett ein i alle søknadene – det var av største verdi for næringslivet, sysselsettinga og den vidare gjenreisinga. Det blei særleg peika på at utan gode kommunikasjonar med omverda var industrialisering, marknadsretting av jordbruket og generell økonomisk modernisering nærmast umogleg. Eg vil her sjå nærmare på krava frå Kvænangen om betring av den sjøverts kommunikasjonen og krava frå Kåfjord om veg frå Olderdalen til Skibotn i Storfjord kommune.

Sjøverts kommunikasjon i Kvænangen

Vinterstenginga av vegen over Kvænangsfjellet førte til at Kvænangen var totalt avhengig av sjøverts kommunikasjon om vinteren, i tillegg var store delar av kommunen utan veg. Det einaste alternativet var da sjøen. Gjennom heile gjenreisingsperioden reiste Kvænangen kommune krav om betring av kommunikasjonane. Det blei argumentert med at betra kommunikasjon var ein føresetnad for gjenreisinga og for økonomisk modernisering av kommunen. To vedtak frå Kvænangen kommunestyre i 1947 illustrerer korleis kommunikasjonstilbodet var, og kor viktig gode kommunikasjonar med omverda blei vurdert av folk i kommunen. For det første kom det skarp kritikk mot det som kommunen oppfatta som Troms Fylkes Dampskipsselskaps (TFDS) dårlege rutetilbod til kommunen, samanlikna med andre kommunar i fylket. I vedtaket heiter det:

“... da den nuværende ordning med 1 ukentlig postforbindelse fra Skjervøy med motorbåt og 1 ordinært anlöp med dampskip, hvorved gods og i det vesentlige fremkomst for passasjerer blir kun 1 gang pr.

²²⁶ Hauglid 1975: 19.

²²⁷ Bratrein og Niemi 1994: 194.

*uke. [...] Dette er jo betydelig dårligere enn for årtiere tilbake for Kvænangens vedkommende. Mens en er oppmerksom på at de øvrige herreder i fylket har ganske gode og førkrigstilsvarende dampskipsforbindelse.”*²²⁸

Kommunestyre kravet var at TFDS måtte betre rutetilbodet snarast. Det dårlege kommunikasjonstilbodet og vanskane med kommunikasjonen med resten av Troms fylke førte til at kommunestyret same år søkte om at kommunen måtte bli overført til Finnmark fylke. I vedtak heiter det:

*“Da herredsstyret i Kvænangen er av den oppfatning at de geografiske forhold gjør at Kvænangen som kommune er uheldig stillet ved å være tilknyttet Troms fylke, og naturlige forhold tilsier at forbindelsene med Finnmark faller mest bekvem for Kvænangen. De naturlige forhold og geografiske forhold i Kvænangen og Finnmark er absolutt ensartet. Resultatet blir jo også at Kvænangen omtrent i ethvert spørsmål blir tilsidesatt og konsekvent blir den siste i rekken når det gjelder de goder samfunnet gir. Herredstyret søker derfor om å bli utskilt fra Troms fylke, og bli lagt under Finnmark fylkes administrasjon, og Kvænangens herredsgrense mot syd danner den nye fylkesgrense Troms - Finnmark.”*²²⁹

Vedtaket var eitt av fleire same år, der kommunestyret i Kvænangen kom med kraftig kritikk av fylkesmannen og dei sentrale styresmaktene for ikkje å prioritere gjenreisinga av Kvænangen. Det blei aldri noe meir ut av saka om flytting av fylkesgrensa. Det oppsiktsvekkande vedtaket var truleg meir eit signal til dei fylkeskommunale og dei sentrale styresmaktene om å ta meir omsyn til dei særskilde tilhøva i Kvænangen, enn eit seriøst ønske om å flytte fylkesgrensa.

Vegbygging i Kåfjord

Kravet om veg frå Olderdalen i Kåfjord til Skibotn i Storfjord kommune, er det vegkravet i Nord-Troms som best illustrerer korleis utbygging av kommunikasjonane var knytt til problema med arbeidsløysa og til den økonomiske moderniseringa. Vegen dei ønskte å bygge ville for det første knyte heile kommunen saman landverts, for det andre ville det binde saman Storfjord og Kåfjord kommune og for det tredje ville det gjere det mogleg å kjøre Riksveg 50 gjennom Nord-Troms utan ferjesamband. Vegsaka var oppe i kommunestyret kvart år frå

²²⁸ SiTø, FiT, Kvænangen kommunestyre sak 87 1947.

²²⁹ SiTø, FiT, Kvænangen kommunestyre sak 44 1947.

1945 til 1951, og blei reist med jamne mellomrom av kommunestyret heilt fram til vegen var ferdig bygd midt på 1970-talet. Argumentasjonen for vegen viser for det første den konteksten vegkravet blei nytta i, men også korleis dei i Kåfjord søkte å løyse dei strukturelle økonomiske problema i kommunen.

Hausten 1945 var første gongen saka kom opp i Kåfjord kommunestyre. I vedtaket hevdar kommunestyret at vegprosjektet var:

*“... et av de viktigste veianlegg i vår landsdel. Først fordi en sparer den kostbare og usikre fergeforbindelsen over Lyngenfjorden og dernest at de folkerike distrikter i Manddalen og Kåfjorddalen med tilsammen 2000 innbyggere blir knyttet til riksveien.”*²³⁰

Søknaden peikar vidare på den store arbeidsløysa i kommunen, og at midlar til vegarbeid ville gje sysselsetting til dei mange som gjekk ledige. I februar 1946 var saka på nytt oppe i Kåfjord kommunestyre. Med same argumentasjonen som sist blei kravet på nytt reist til dei sentrale styresmaktene. Kommunestyret peika vidare på at det ville vere betre å sette i gang arbeid på vegen, enn å betale stønad til arbeidslause utan at noe samfunnsteneleg blei gjort.²³¹ I desember 1947 mangla det i underkant av to kilometer på at den første delen av vegen – frå Olderdalen til Birtavarre – var ferdig. Same haust var det stor arbeidsløyse i kommunen, og kommunestyret søkte igjen om midlar til vegarbeid som kunne sysselsette dei arbeidslause. For å få dei sentrale styresmaktene til å løyve midlar, reiste ein deputasjon på to mann til Oslo for å finne ei løysing på vegsaka.²³² I august 1948 var arbeidsløysa igjen høg, og Kåfjord kommunestyre og Kåfjord arbeidsnemnd var samla til fellesmøte. Det var da 221 ledige i kommunen og ingen utsikt til arbeid for dei i nærmaste framtid. Møtet vedtok eit opprop til Sosialdepartementet, der dei ba om hjelp frå dei sentrale styresmaktene på grunn av omfanget av arbeidsløysa i kommunen, samstundes som dei peika på kor viktig det var for næringslivet i kommunen å få bygd vegen. I vedtaket heiter det:

“... den nåværende arbeidsløshet som nå truer med å anta faretruende stort omfang og tildels allerede har avstedkommet den rene nødtilstand på sine steder. [...] ...veganleggets hurtige fullføring har så stor betydning for kommunenes næringsliv både nå og framtidig, at vi tillater oss å bruke et så sterkt uttrykk at det er uklok økonomi fra det

²³⁰ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 65 1945.

²³¹ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 43 1946.

²³² SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 208 1947.

*offentlige om det ikke her tar et krafttak og bygger vegen ferdig på kortest mulig tid.”*²³³

I debatten om saka blei det særleg peika på at ei fullføring av vegen ville gjere det mogeleg for gardbrukarane i kommunen å levere mjølk til det komande meieriet i Nordreisa, noe som blei vurdert som svært viktig for moderniseringa av jordbruket i området.²³⁴ Midlar til ferdigstilling av vegen blei skaffa til rette, og vegen frå Olderdalen til Birtavarre stod ferdig i 1948. I 1950 fekk Troms Innland Rutebil (TIRB) konsesjon på rutebilkjøring i heile Nord-Troms, og same året starta TIRB rutebilkjøring på strekninga frå Djupvik til Olderdalen og vidare til Birtavarre.²³⁵ Sommaren 1949 var kommunen i gang med arbeidet med å søke midlar til neste del av vegen, frå Birtavarre til Manndalen. Også denne gongen var arbeidsløysa i kommunen bakgrunnen for søknaden.²³⁶ I 1949 vedtok Troms fylkesting ein ny 10-årsplan for vegbygginga i Troms. Etter krav frå Kåfjord kommune blei vegprosjektet Birtavarre - Skibotn sett opp på planen, men ikkje prioritert og kom ikkje med på finansieringsplanen.²³⁷

3.7 “Elektrisk kraft til hjemmene og til industrielle formål”

Ein føresetnad for økonomisk modernisering og industrireising var i etterkrigstida elektrisk kraft. I Nord-Troms var kravet om utbygging av dei store kraftkjeldene i området nært knytt til krava om næringsøkonomisk modernisering og industrialisering gjennom heile perioden frå 1945 og til 1970.

Før 1940 hadde det vore fleire mindre kraftverk i Nord-Troms. Dei fleste av desse anlegga var mindre lysverk som ikkje ga nok kraft til industriell utnytting. To kraftanlegg i området skilte seg ut gjennom å ha vore bygde for industriell utnytting, begge i samband med gruverift; Birtavarre i Kåfjord kommune og Vaddas i Skjervøy kommune. Rundt 1920 førte nedgangen i råvareprisane til at gruveverksemdene gjekk konkurs og kraftproduksjonen stoppa opp. Med

²³³ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 121 1948.

²³⁴ “Nordlys” 5/5 1948.

²³⁵ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 224 1950.

²³⁶ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 139 1949.

²³⁷ Presthus 1979: Appendiks 3.

unnatak av Kågen kraftverk som fungerte som lysverk for tettstaden Skjervøy, blei alle kraftverka i Nord-Troms øydelagde av tyskarane hausten 1944.²³⁸

I 1920 vedtok Troms fylkesting at kraftforsyninga i fylket, med unnatak av Sør-Troms, skulle gjennomførast i regi av Troms fylkes kraftforsyning. Den økonomiske nedgangstida i mellomkrigstida sette ein stoppar for desse planane.²³⁹ Hausten 1945 leita fylkestinget igjen fram planane, og dei tok sikte på ei større utbygging enten av Guolasjokka i Kåfjord eller Bardufoss i Indre-Troms.²⁴⁰ Valet fall tidleg på Bardufoss, og det blei samstundes klart at ei slik utbygging ikkje kunne forsyne Nord-Troms med elektrisk kraft. Fylkestinget gjekk derfor inn for ei utbygging av Sikkajokka i Skjervøy kommune gjennom eit interkommunalt samarbeid. Samstundes gjekk dei bort frå planen frå 1920 om at kraftutbygginga i fylket skulle skje i regi av Troms fylkes kraftforsyning.²⁴¹ Planen var også eit brot med den ordninga som hadde vore i Nord-Troms før 1940, med små lokale lysverk. Årsaka til at fylkestinget gjekk inn for Sikkajokkutbygginga var at regjeringa same haust hadde løyvd 3 millionar kroner til kraftutbygging i Nord-Troms og Finnmark. Hovudtrekka i planen for kraftforsyninga av Nord-Troms var at eit større anlegg skulle byggast i Sikkajokkvassdraget ved Rotsund, og at linenettet i første omgang skulle byggast ut på strekninga Rotsund - Havnes, til nedre del av Nordreisadalen og til Skjervøy tettstad. I andre byggetrinn skulle linenettet byggast ut i Kåfjord, og i tredje byggetrinn skulle dei resterande områda av fastlandet i Nordreisa og av Skjervøy kommune få elektrisitet.²⁴² I følge planen ville det gje omlag 7.600 personar, det var totredelar av folket i Nord-Troms, elektrisitet.²⁴³

Folk i Nord-Troms ønskte ei rask og mest mogleg omfattande utbygging av kraftforsyninga i området. Målet var, som det kom til uttrykk i eit lesarbrev i "Nordlys" i 1949, at: "*... der må sørges for at alle heimer her får elektrisk lys*".²⁴⁴ I 1946 reiste fleire delegasjonar frå Nord-Troms til Oslo for å sikre statleg finansiering av Sikkajokkutbygginga, alternativet med å bygge ut Guolas blei ikkje drøfta vidare. Ein av dei som var med i ein av delegasjonane, var handelsmannen Johs. H. Giæver frå Havnes i Skjervøy kommune. Han meinte at ein fekk

²³⁸ Digre 1989: 12ff.

²³⁹ Svendsen 1995: 12.

²⁴⁰ Ibid: 19.

²⁴¹ Ibid: 21.

²⁴² Digre 1989: 26.

²⁴³ Troms fylkestings forhandlinger sak 49 1945.

²⁴⁴ "Nordlys" 8/1 1949, lesarbrev frå Rolf Bjørn, Birtavarre i Kåfjord.

starte med denne utbygginga, og så fremme krav om nye utbyggingar når behovet for meir kraft melde seg. Han frykta at Nord-Troms igjen måtte: “... vente i 25 aar og kanskje paany bli snytt for lys og kraft”.²⁴⁵ Den nyvalde stortingsrepresentanten for Arbeidarpartiet – Nils Jacobsen frå Skjervøy – undra seg over den strategien delegasjonane frå Nord-Troms hadde valt. Han meinte at den verken var: “*halvt eller helt*” og at ein i større grad burde ha fremma utbygginga av Guolas.²⁴⁶ Ei utbygging av Sikkajokk hevda Jacobsen ikkje ville gje nok kraft til å dekke området sitt nåverande behov, langt mindre det framtidige behovet i samband med industrietableringar.²⁴⁷ Jacobsen var stortingsrepresentant fram til 1973 og var kjend som industrialiseringsforkjempar og “kraftsosialist”, og var i ein lengre periode medlem av Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen (Vassdragsvesenet) sitt hovudstyre.

Det var fleire i Nord-Troms som var kritiske til planen om ei utbygging av Sikkajokk. Misnøya med planen kom klart til uttrykk i eit lesarinnlegg i "Nordlys" av Arthur Elvestad, den seinare ordføraren i Nordreisa. Han peika på at:

*“Hovedsaken er dog ikke hvor kraften tas, men at det eller de anlegg som bygges dekker det framtidige behov for elektrisk kraft for hjemmene og for industrielle formål og at disse anlegg er utbygd innen rimelig tid.”*²⁴⁸

Elvestad peika også på at ei kraftutbygging ikkje bare skulle lette dagleglivet til folk, det skulle også føre til industri- og næringsutvikling. Han hevda at om ikkje området fekk tilstrekkeleg med elektrisk kraft, ville det legge hindringar i vegen for utviklinga av næringslivet i kommunane. Eit liknande syn kom fram i eit lesarbrev i "Nordlys" året etter:

*“ ... Sikkajokk med beregnet utbygging på 1500 kw, som skal forsyne 3 kommuner med tilsammen ca. 10 tusen innvånere. En hver kan regne ut hvor mange watt det blir på hver innvåner. Det blir iallefall ikke noen overflod å glede seg til for oss i Nord-Troms, det skal være sikkert. Vi misunner ikke Sør- og Midt-Troms, men vi vet at de fleste har lys, tildels også varme, men ennå skal det bygges ut mere. Er det ikke på tide at all kraft settes inn på å undersøke kraftkildene for Nord-Troms og utbygge disse, når vi vet at Sikkajokka blir for lite selv med full utbygging.”*²⁴⁹

²⁴⁵ Brev frå Johs. H. Giæver, Havnes, til Nils Jacobsen, Skjervøy, 25/1 1946, Privatarkiv: Thorleif Lyngstad, Kåfjord. Her frå Svendsen 1998: 13, utkast til kap 10.

²⁴⁶ Brev frå Nils Jacobsen, Skjervøy, til Johs. H. Giæver, Havnes, 15/1 1946, Privatarkiv: Thorleif Lyngstad, Kåfjord. Her frå Svendsen 1998: 13, utkast til kap 10.

²⁴⁷ Svendsen 1998: 13, utkast til kap 10.

²⁴⁸ “Nordlys” 7/3 1946.

²⁴⁹ “Nordlys” 7/7 1947, lesarbrev frå Hans Thomassen, Oksfjordhamn.

Trass i kritikken blei Sikkajokkalternativet fremma med stor kraft av kommunestyra i dei tre kommunane Kåfjord, Skjervøy og Nordreisa.²⁵⁰ Årsaka var at ei utbygging av elektrisitetsforsyninga i Nord-Troms ikkje ville vere mogleg å få realisert utan statleg finansiering, og staten ville ikkje finansiere meir ein eit kraftanlegg i Nord-Troms. For raskast mogleg å få realisert utbygginga av Sikkajokk samla ein seg for å sikre statleg finansiering, og av same grunn stoppa arbeidet med å planlegge den vidare utbygging av kraftkjeldene i Nord-Troms opp.

Elektrisitetsforsyning til Kvæningen kommune var ikkje med i den planen fylkestinget hadde for utbygginga av kraftforsyninga i Nord-Troms. I planen gjekk fylkestinget inn for at kraftforsyninga i Kvæningen skulle skje i samband med utbygging av kraftforsyninga i Vest-Finnmark.²⁵¹ Kommunestyret kommenterte planen på følgande måte:

*“... planen gir et trist bilde av den stilling Kvæningen fremdeles kommer i ved den forutsatte plan, som for Kvæningens vedkommende kun blir et meget langsiktig framtidsperspektiv, og de muligheter som Kvæningen har for forskjellige industrier, får atter en ventetid, som vil knekke den tiltaksånd, som Kvæningen har så sterkt bruk for ...”*²⁵²

Kommunestyret oppmoda styresmaktene om snarast å bygge ut Baddervassdraget, helst på same tid som Sikkajokkvassdraget.²⁵³ Men kravet førte ikkje fram. Etter ei nærmare vurdering blei Troms fylkes kraftforsyning, Vassdragsvesenet, Finnmark fylke og Kvæningen kommune i 1947 samde om at Kvæningen kommune skulle forsynast frå Alta Kraftlag.²⁵⁴

Fylkestinget sitt vedtak om kraftutbygging i interkommunal regi i Nord-Troms blei det også reist kritikk mot. Den som sterkast målbar kritikken var Einar Elvestad, den seinare elverksjefen i Nord-Troms kraftlag. Han meinte at elektrisitetsforsyninga av Nord-Troms måtte byggast ut og drivast i regi Troms Fylkes Kraftforsyning. Men Troms Fylkes Kraftforsyning meinte elektrisitetsforsyninga av Nord-Troms ville vere ein: “*klamp om foten*” for utbygginga av elektrisitetsforsyninga i resten av fylket, og meinte derfor at eit eige selskap

²⁵⁰ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 67 1945, Skjervøy kommunestyre sak 23 1946 og Nordreisa kommunestyre sak 259 1946.

²⁵¹ Digre 1989: 26.

²⁵² SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre sak 64 1946.

²⁵³ SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre sak 93 og 158 1946.

måtte skipast.²⁵⁵ Kritikken førte ikkje fram, og i 1947 blei Nord-Troms kraftlag A/S skipa. Aksjonæranane var Troms fylkeskommune og kommunane Kåfjord, Skjervøy og Nordreisa. Kraftlaget skulle ha som mål å stå for elektrisitetsforsyninga av Nord-Troms aust for Lyngenfjorden, med unntak av Kvænangen.

I 1947 starta anleggsarbeidet på utbygginga av Sikkajokkvassdraget, og planen var at det skulle stå ferdig i 1949.²⁵⁶ Finansiering av utbygginga blei sikra gjennom bidrag frå staten på totalt 4 millionar kroner.²⁵⁷ På grunn av for sein i levering av maskineri og seint anleggsarbeid kom ikkje Sikkajokk kraftstasjon i drift før i september 1950.²⁵⁸

Som kritikarane av Sikkajokkutbygginga hadde hevda allereie i 1946 gav ikkje anlegget nok kraft til dekke behovet i forsyningsområdet. Dette var styret i Nord-Troms kraftlag klar over, og i 1949 gjorde dei følgjande vedtak:

*“Da Sikkajokk-anlegget neppe vil kunne dekke kraftbehovet til også teknisk bruk, pålegges arbeidsutvalget straks å gå igang med arbeidet for den vidare utbygging av kraftkildene i området.”*²⁵⁹

Styret i Nord-Troms kraftlag var tydeleg klar over at om Nord-Troms aust for Lyngenfjorden skulle moderniserast og industrialiserast måtte fleire og større kraftkjelder byggast ut i framtida.

3.8 Gjenreising og modernisering av produksjonslivet

Om Nord-Troms skulle ha ei framtid, var gjenreising og nyreising av produksjonslivet ein føresetnad. Tradisjonelt hadde sysselsettinga i primærnæringane vore viktigaste næringsvegen, og produksjonen var i hovudsak knytt til små einingar i dei fire Nord-Troms kommunane på austsida av Lyngenfjorden. I 1939 var 76% av gardsbruka under 35 dekar i området og i 1948, når den første fiskeriteljinga blei gjennomført, var 88% av fiskebåtane

²⁵⁴ Troms fylkestings forhandlingar sak 58 og 96 1947.

²⁵⁵ Tidlegare elverkstyrar i Nord-Troms kraftlag Einar Elvestad har i eit intervju hevda at overingeniør Bryn i Troms fylkes kraftforsyning uttala dette i samband med drøftingar om skipinga av Nord-Troms kraftlag. Her frå Digre 1989: 26.

²⁵⁶ Troms fylkestings forhandlingar sak 38 1948.

²⁵⁷ Digre 1989: 30.

²⁵⁸ Troms fylkestings forhandlingar sak 21 1951.

²⁵⁹ Digre 1989: 74.

under 50 fot.²⁶⁰ Gjenreisinga av bustadene var også ei modernisering av driftsbygningane i jordbruket, men utan at det førte til omfattande strukturendringer i jordbruket.(jf kap.2)

Mange hadde mista fiskebåtane hausten 1944, og mange av fiskebåtane som var att var sterkt nedslitne på grunn av at varemangelen under krigen hadde hindra vedlikehald og investeringar i nytt produksjonsutstyr.²⁶¹ I Nord-Troms var det dei første åra etter krigen eit sterkt ønske om å investere i nye båtar og nytt driftsutstyr for å få erstatta det som var gått tapt under nedbrenninga. Folk ønskte at gjenreisinga også skulle omfatte fiskeflåten. Allereie tidleg på hausten 1945 tok ordføraren på Skjervøy kontakt med Statens Fiskarbank for å få dei til å medverke til finansieringa av nye båtar. Svaret frå Fiskarbanken kom same hausten: Det var ikkje aktuelt å gje lån til fiskebåtar frå dei evakuerte områda.²⁶² Sommaren året etter opna banken likevel for å gje lån også til dei nedbrende områda. Dei nye landsomfattande utlånsreglane kravde at det måtte stillast garanti for lånet, og at storleiken på båten måtte ikkje vere under 45 fot, frå 1948 ikkje under 50 fot.²⁶³ Frå heile Nord-Troms blei det sendt ei mengd søknader til Statens Fiskarbank om lån til fiskebåtar. Kommunane stilte villig opp som garantistar for låna. Noen fekk lån, men mange søknader blei avslådde. Oftast på grunn av at fiskarane i Nord-Troms ønskte å bygge båtar under 45 fot. Avslaga frå Statens Fiskarbank blei tatt dårleg imot i Nord-Troms. Etter ei rad med avslag om lån til fiskebåtar i Kåfjord, oppmoda Kåfjord kommunestyre i 1947 Statens Fiskarbank om å gjere om avslaga på grunn av: *“... fiskeriets fremme, som framtidias hovednæring for folk i kommunen”*.²⁶⁴

Frå 1948 blei det likevel lettare å få finansiering til kjøp av mindre fiskebåtar. Ein privat forretningsbank særskilt for fiskarar, Fiskernes Bank, blei etablert, og det blei mogleg å få lån til fiskebåtar utan særskilde krav til storleik.²⁶⁵

I motsetnad til den landbaserte produksjonen blei det aldri tale om ei gjenreising av fiskeflåten. Ei årsak var truleg at mange fiskebåtar ikkje blei øydelagde av tyskarane, og nybygging av fiskebåtar blei av den grunn ikkje prioritert i første omgang. For det andre var det eit mål for dei sentrale styresmaktene å rasjonalisere fangstleddet gjennom å bygge ut den

²⁶⁰ Jordbruksteljinga 1939, tabell 1, hefte 1 og fiskeriteljinga 1948 tabell 2, hefte 2.

²⁶¹ Strand 1993: 234.

²⁶² SiTø, FiT, Skjervøy kommunestyre: Brev frå Statens Fiskarbank til Skjervøy kommunestyre 5/9 1945.

²⁶³ Johannesen 1979: 100.

²⁶⁴ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 134 1947.

havgåande fiskeflåten.²⁶⁶ Dette hang saman med dei sentrale styresmaktene sine planar om industrialisering av tilverkinga av fisken på land, og da særleg gjennom satsing på filetproduksjon og fryseanlegg. Mellom anna blei eit slikt anlegg planlagt på Skjervøy. Eg skal i eit seinare kapittel kome nærmare inn på dette, på årsaka til at fiskarane ikkje ønskte å kjøpe båtar over 45/50 fot og korleis strukturen i fiskeflåten utvikla seg.

Sekundærnæringane

Ein føresetnad for økonomisk modernisering i Nord-Troms var rask gjenreising av sekundærnæringane, og da særleg innan industri og bergverk. Dette var det brei semje om både i Nord-Troms og hos dei sentrale styresmaktene. I kor stor grad blei produksjonsverksemdene i sekundærnæringane gjenreiste?

Tabell 12. Industri-, bergverks- og bygg og anleggsverksemdar med fleire enn ein sysselsett i Nord-Troms og Troms i 1936.²⁶⁷

	Kåfjord	Skjervøy	Nordreisa	Kvænangen	Nord-Troms	Troms
Verksemdar	3	6	3	7	19	133
Sysselsette	65	199	67	139	470	2673

Eit første inntak er å sjå på talet av verksemdar i dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden i bedriftsteljinga i 1936. Diverre skil ikkje tellinga mellom industri, bergverk og bygg og anlegg. Av tabell 12 går det fram at det i alt var 19 verksemdar i Nord-Troms som i alt sysselsette 470 personar i 1936. Flest verksemdar var det i Skjervøy og i Kvænangen. Det er grunn til å merke seg at det i gjennomsnitt var 25 personar sysselsette ved kvar verksemd i Nord-Troms, mens gjennomsnittet for heile fylket bare var 20 personar i kvar verksemd.

Hausten 1944 blei mesteparten av desse verksemdene øydelagde av den tyske okkupasjonsmakta. I alle kommunane var det eit sterkt ønske om å kome i gang med drifta av verksemdene raskast mogleg. Til dømes var Skjervøy Skipsverft i drift igjen sommaren 1945, og året etter var også den andre mekaniske verkstaden på tettstaden Skjervøy i drift.²⁶⁸ Fiskekjøparane var av dei som tidlegast kom i gang med verksemdene igjen. I 1947 var det i alt 9 fiskekjøparar som kjøpte ferskfisk i kommunane Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen, i

²⁶⁵ Johannesen 1979: 122.

²⁶⁶ Ibid: 100f.

²⁶⁷ Bedriftsteljinga 1936 tabell 1, hefte 2.

²⁶⁸"Nordlys" 27/6 1946.

Kåfjord kommune var det derimot ingen.²⁶⁹ Kommunestyra rundt om i Nord-Troms stimulerte til modernisering av dei etablerte verksemdene, til etablering av nye gjennom å stille som garantist for lån og gjennom å tilrå søknadene. I 1947 var snekkarverkstaden på Vinnelys og båtbyggeriet på Bakkeby i Nordreisa i drift igjen etter reparasjonar og modernisering av verksemdene.²⁷⁰ Året etter blei det på nytt sett i gang drift i eit av skiferbrudda i Kvænangen, det var da mange år sidan det sist hadde vore drift. I Manddalen i Kåfjord søkte ein same år om støtte til å kome i gang med produksjon av kloakkrør og takstein, utan at ein lykkast med å kome i gang med drifta.²⁷¹

Tabell 13. Industri-, bergverks- og bygg og anleggsverksemdar med fleire enn ein sysselsett i Nord-Troms og Troms i 1953.²⁷²

	Kåfjord	Skjervøy	Nordreisa	Kvænangen	Nord-Troms	Troms
Industri og bergverk	-	18	12	11	41	497
Bygg og anlegg	-	7	-	-	7	152
Sysselsette	-	301	29	50	380	5023

I 1953 var gjenreisinga over og tiltaka som blei lanserte i samband med Nord-Norgeplanen hadde enda ikkje fått noen verknad. Det blei da gjort ei ny bedriftsteljing, og den gjer eit godt innblikk i utviklinga av produksjonsverksemdene i Nord-Troms etter krigen. Av tabell 13 går det fram at det var i alt 48 verksemdar innan industri-, bergverks- og bygg og anlegg i dei fire Nord-Troms kommunane i 1953. Det var ei to og ei halvdobling i talet på verksemdar frå 1936. Det var likevel lite samanlikna med veksten for heile fylket, der talet på verksemdar nesten blei femdobla. I heile fylket auka talet på sysselsette i desse verksemdene med 88%. I Nord-Troms gjekk talet på sysselsette ned med 19%. Talet på sysselsette på kvar verksemd var i gjennomsnitt gått ned til i underkant av åtte personar både i Nord-Troms og i fylket. Veksten i talet på verksemdar var svært ujamn i Nord-Troms. I Skjervøy og Nordreisa var veksten i talet på verksemdar nesten like kraftig som veksten for heile fylket, og der auka det totale talet på sysselsette. I Kvænangen var det ei svak auke i talet på verksemdar, men likevel ei nedgang i talet på sysselsette. Det er grunn til å merke seg at det i Kåfjord ikkje var noen produksjonsverksemdar i 1953, mot tre i 1936. Ein av årsakene til at Kåfjord ikkje hadde

²⁶⁹ "Nordlys" 15/3 1947.

²⁷⁰ SiTø, FiT, Nordreisa kommunestyre, sak 87 og sak 292 1947.

²⁷¹ "Nordlys" 20/8 1948 og SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 134 1948.

²⁷² Bedriftsteljinga 1953 tabell 12 og 17, hefte 3.

produksjonsverksemdar i 1953 var at trevareprodusenten Ric. Bjørn flytta verksemda frå Birtavarre i Kåfjord til Tromsø i 1950.²⁷³

Skjervøy var den einaste kommunen med bygg- og anleggsverksemdar i Nord-Troms, og på dei sju verksemdene var det sysselsett i alt 28 personar. Med tanke på den store marknaden gjenreisinga skapte for bygg- og anleggsverksemdar og den høge sysselsettinga i bygg- og anleggssektoren, var dette overraskande låge tal. Årsaka var at større og etablerte verksemdar frå andre delar av landet etablerte seg i Nord-Troms med underavdelingar, avdelingar som blei lagde ned når arbeidet med gjenreisinga var slutt.²⁷⁴ Gjenreisinga førte såleis ikkje til mange nyetableringar i Nord-Troms og ga av den grunn ikkje dei varige endringane av næringslivet som eit slik storstilt prosjekt som gjenreisinga kunne tenkast å ha gjeve. I staden fekk bygg- og anleggsverksemdene frå andre delar av landet eit oppsving.²⁷⁵

Kva var årsaka til at veksten av produksjonsverksemdar var langt lågare i Nord-Troms enn i resten av fylket? Årsakene var truleg fleire. For det første hadde det lokale næringslivet vanskar med å få gjenreist og starta opp dei føretaka som hadde vore. Eit døme på det er at handelsmannen Giæver på Hamnes ikkje starta noe nye føretak i denne perioden, men konsentrerte seg om å bygge opp igjen den tidlegare verksemda.²⁷⁶ For det andre mangla det menneskelege, materielle og økonomiske redsursar i det lokale næringslivet i Nord-Troms til å starte nye føretak. Den dårlege utbygde infrastrukturen ga dårlege føresetnader for etablering av industriverksemd. Mangelen på elektrisk kraft gjorde det umogleg å sette i gang små og mellomstore verksemdar tufta på bruk av elektromotorar. Eit anna problem var at det i Nord-Troms var mangel på kapital og vanskeleg å få tilgang på kreditt til investering i produksjonsutstyr for dei som ønska å sette i gang.

3.9 Brot eller kontinuitet

I kor stor grad var nedbrenninga og gjenreisinga eit økonomisk, politisk og kulturelt brot med tida før? Utviklinga av Nord-Tromssamfunnet viser to motstridande tendensar. Den eine tendensen peikar mot eit klart brot, den andre tendensen peikar tvert om på ein klar kontinuitet.

²⁷³ Tjelmeland 1996 (A): 39.

²⁷⁴ "Nordlys" 24/9 1946.

²⁷⁵ Tjelmeland 1996 (A): 39.

²⁷⁶ Brev frå Johs. H. Giæver til sine forbindelser 31/5 1945. Her frå Friis 1987: 44.

Sjølve symbolet på brotet var nedbrenninga og tvangsevakueringa hausten 1944. Alt som hadde vore var borte, og noe nytt måtte byggast opp. Sjølv om det var store variasjonar i kor omfattande øydeleggingane var, markerte nedbrenninga eit tidsskifte for heile området. Gjenreisinga av husværa førte til betre og større hus, og til at dei sosiale, økonomiske og etniske forskjellane ikkje lenger kom til syne på husværa. Folk i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden blei på alle måtar ei meir einsarta gruppe, ei einsretting som kom til syne gjennom val av identitet. I 1930 var nærmare 46% av folk i Nord-Troms samar eller kvenar, i 1950 oppgav 99% at dei var norske. På same tid som folk i Nord-Troms valte bort sin samiske og kvenske identitet, valte dei også bort eit av dei mest synlege kjenneteikna på sin kultur og etnisitet; språket.

I dei økonomiske, politiske og religiøse strukturane var det derimot ein klår kontinuitet i utviklinga frå 1930 til 1950. Folkeauken var sterk gjennom heile perioden og i stor grad var busettingsstrukturen den same før og etter nedbrenninga. Moderniseringa og den økonomiske veksten frå slutten av 1930-talet heldt fram gjennom heile perioden, utan at det førte til større endringar av samfunnstrukturen. Gjeldskrisa frå mellomkrigsåra tok slutt under krigen og kom ikkje tilbake, og velstandsauken som hadde starta på slutten av 1930-talet heldt fram. Politisk var det også ein stor grad av kontinuitet. Arbeidarpartiet var i særstilling det partiet folk i Nord-Troms samla seg om både før 1940 og etter 1945. Likeins heldt læstadianismen sin posisjon som den dominerande religiøse rørsla. I 1950 var framleis over 60% sysselsette i primærnæringane, trass i ein sterk auke i sysselsettinga i sekundær- og tenesteytande næringar. Kombinasjonssysselsettinga og hushaldsøkonomien stod framleis sterkt, sjølv om lønsarbeid og ein stadig ekspanderande kapitalisme hadde ført til at fiskarbondeskombinasjonen blei pressa av andre yrkeskombinasjonar. Problema knytt til stor sesongarbeidsløyse var dei same etter krigen som før. Sjølv om mykje av produksjonsutstyret i dei viktigaste næringane – fiske og jordbruk – hadde gått tapt med nedbrenninga, førte ikkje gjenreisinga til større endringar i driftsforma, verken for fiske eller jordbruk. Industrien kom også tidleg igang igjen etter tilbakeflyttinga. Eksisterande veksemder blei moderniserte og nye verksemder kom til, utan at dette førte til ei radikal endring av næringsstrukturen i Nord-Troms.

I stor grad var endringane av Nord-Tromssamfunnet i perioden frå 1930 til 1950 eit resultat av ei allmenn utvikling og modernisering i Norge og Nord-Norge, og ikkje eit resultat av

nedbrenninga og gjenreisinga. Kvifor markerer nedbrenninga og gjenreisinga likevel eit så klårt brot i den økonomiske moderniseringa i Nord-Troms?

Gjenreisinga markerte starten på ei tid der endringstakta i Nord-Tromssamfunnet var mykje raskare enn tidlegare, endringar som førte til store omkalfatringar ved alle sider av samfunnet. Det markerte også starten på ei tid der staten, i langt større grad enn tidlegare, hadde ein aktiv rolle som planleggar og moderniseringsagent i området. Mellom anna i Londonplanen og seinare i Stortingsmelding nr. 35 (1945-46) blei det ideologiske grunnlaget lagt for vekst- og industrialiseringsoptimismen som prega dei første tiåra etter krigen. Samstundes blei hovudlinene for den økonomiske moderniseringa av Nord-Troms, Nord-Norge og utkantane i Norge i etterkrigstida skissert opp – gjennom strukturrasjonalisering av primærnæringane og rask industrialisering skulle økonomisk vekst sikrast. Den lågproduktive kombinasjonsdrifta i primærnæringane skulle bort og erstattast av høgproduktive næringar. Det skulle særleg skje gjennom rasjonalisering, spesialisering og effektivisering av fiskeria, men også av jordbruket. Auka industrialisering skulle vere drivkrafta bak stukturendringane, og da særleg gjennom utbygging av moderne fiskeindustri. Målet var ei storstilt økonomisk modernisering som skulle sikre høgare produksjon, heilårige arbeidsplassar og velferd for alle.

Det var ikkje bare moderniseringsstrevet utanfrå som peika framover i gjenreisingsperioden, det gjorde også ønska innanfrå. Den ukontrollerte tilbakeflyttinga viste at dei sentrale styresmaktene ikkje kunne legge planar for den økonomiske moderniseringa utan å ta omsyn til kva folk som budde i områda ønskte. Krav om utbygging av kommunikasjonar og elektrisk kraft, om tiltak mot arbeidsløysa og utbygging av næringsliv blei reiste igjen og igjen i heile etterkrigstida. Bakgrunnen for krava innanfrå var heile tida den same – ønsket om økonomisk modernisering. Korleis moderniseringsstrevet innanfrå og utanfrå kom til uttrykk gjennom planar, tiltak og krav i perioden frå 1950 til 1970 er tema for dei neste to delane av oppgåva.

Del 2. Frå “problemet Nord-Norge” til “problemet Nord-Troms” **(ca. 1950 – 1960)**

Rundt 1950 nærma perioden for den statlege gjenreisinga seg slutten. Det var tydeleg for alle at gjenreisinga av Nord-Troms og Finnmark ikkje hadde ført til dei endringane i sysselsettings-, nærings- og infrastrukturen som dei sentrale styresmaktene ønskte seg. Frå Nord-Troms kom krav om statlege tiltak også etter at gjenreisinga var slutt. Samstundes voks det fram ei endring i synet på omfanget av problema både i Nord-Norge og hos dei sentrale styresmaktene. Det var ikkje bare Nord-Troms og Finnmark som hadde særskilde problem knytt til den økonomiske moderniseringa, heile landsdelen hadde for høg sysselsetting i primærnæringane, for låg produktivitet og for lite industri. Manglande økonomisk modernisering førte til at det blei skapt ei førestelling av landsdelen som “problemet Nord-Norge”. Det var dette problemet Nord-Norgeplanen hadde mål om å løyse.

På midten av 1950-talet var det tydeleg at Nord-Troms ikkje hadde klart å dra nytte av tiltaka i Nord-Norgeplanen, og at planen ikkje hadde ført til den venta økonomiske moderniseringa i området. I Nord-Troms blei det peika på at føresetnadene for industrialisering ikkje låg til rette i området, særleg blei mangelen på elektrisk kraft framheva. Dette resulterte mellom anna i krav om utbygging av dei store kraftressursane i området. Også dei sentrale styresmaktene såg dei særeigne problema i Nord-Tromsregionen, og ein avart av “problemet Nord-Norge” voks fram som “problemet Nord-Troms”. Dette resulterte i Nord-Tromsplanen, ein plan som tok sikte på å betre føresetnadene for økonomisk modernisering i regionen.

I denne delen reiser eg spørsmåla – Kva var bakgrunnen til bileta av “problemet Nord-Norge” og “problemet Nord-Troms”? Kva var drivkreftene bak Nord-Norgeplanen og Nord-Tromsplanen? Kva for målsettingar og tiltak blei framma i planane, og i kor stor grad samsvarte dei med ønska og krava frå Nord-Tromsområdet?

Kapittel 4. Frå gjenreising til Nord-Norgeplanen

I Nord-Troms var det fram mot våren 1951 ein aukande pessimisme i synet på framtida, og krava om hjelp frå dei sentrale styresmaktene auka i intensitet. Kvifor denne aukande pessimismen, og kva var dei lokale krava til hjelp frå dei sentrale styresmaktene? I 1951 la regjeringa fram ein eigen plan, Nord-Norgeplanen, for den vidare utviklinga av Nord-Troms og Nord-Norge. Kva var bakgrunnen for planen? I kor stor grad korresponderte måla og verkemidla som blei fremma i planen med krava innanfrå om tiltak og hjelp? Etter lanseringa av Nord-Norgeplanen voks det fram ein gryande optimisme til framtida i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Kva var årsaka til optimismen, og korleis den kom til uttrykk?

4.1 Krav innanfrå om hjelp frå staten også etter gjenreisinga

Korleis såg folk i dei fire Nord-Tromskommunane på framtidsutsiktene i området etter gjenreisinga? Gjennom heile perioden frå 1945 til 1951 blei det peika på dei store problema knytt til sysselsettinga, nærings- og infrastrukturen i Nord-Troms. Desse problema var ikkje av ny dato i Nord-Troms. I stor grad hadde dei vore tilstades heilt sidan mellomkrigstida. (jf kap.2) Krava innanfrå om tiltak også etter gjenreisinga må av den grunn sjåast i same kontinuitetsperspektivet som problema dei hadde opphav i.

Fram mot sommaren 1951 var det svært mange lesarbrev i "Nordlys" som hadde framtidsutsiktene for Nord-Troms etter gjenreisinga som tema. Grunntonen i lesarinnlegga var pessimistisk med omsyn til sysselsettinga i framtida. Rolf Bjørn, frå Birtavarre i Kåfjord, uttrykte det slik i eit lesarbrev i "Nordlys": *“Det er mange som med store bekymringer ser på framtidsutsiktene, i hvertfall i Nord-Troms.”*²⁷⁷ Årsaka til pessimismen var for det første dei problema med sysselsettinga og næringsstrukturen som allereie eksisterte, og for det andre den stadig aukande arbeidsløysa.

Det finst ikkje tal over arbeidslause i dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden for denne perioden, men det gjer det derimot for Troms fylke og for Nord-Norge. I januar var arbeidsløysa omlag på det høgaste gjennom året, og frå 31/1 1949 til same dato året etter auka

arbeidsløysa med 42,5% i Troms og med 43,0% i Nord-Norge. Frå 31/1 1950 til same dato i 1951 auka arbeidsløysa med nye 8,2% i Troms og med 8,6% i Nord-Norge. Går ein bak prosenttala, var 923 fleire personar utan arbeid i Troms 31/1 1951 enn same dato to år tidlegare.²⁷⁸ Det er grunn til å tru at det var omlag like kraftig prosentvis vekst i talet på arbeidslause i dei fire Nord-Tromskommunane som i resten av Troms.

Årsaka til den auka arbeidsløysa var at gjenreisinga nærma seg slutten, og det eksisterte ikkje anna arbeid for dei som hadde vore sysselsette i gjenreisinga. Daverande sekretær i Kåfjord arbeidsløysenemnd, Peder A. Bergmo, skildra i 1947 utsiktene for sysselsetting i primærnæringane i framtida slik:

*“... å få folk beskjeftiget med sitt gamle yrke, kan i sin alminnelighet ikke uten videre gjøres gjeldende for Kåfjord. [...] En slik tilbakeføring er ikke mulig og så langt fra anbefalelsesverdig så meget mer som den ville bringe folket ned i den dypeste armod.”*²⁷⁹

Leiaren for det nyetablerte Kontoret for områdeplanlegginga i Troms²⁸⁰, Audun Bugjerdet, ga uttrykk for eit liknande syn på problema i Nord-Troms i eit intervju med "Nordlys" i desember 1950:

*“... mange av de arbeidere som i dag er beskjeftiget i gjenreisinga ca. 1000, skal skaffes nye arbeidsmuligheter i løpet av få år [...] slik som næringslivet ... er i dag, synes det ikke å være mulighet å skaffe nytt arbeid i større målestokk.”*²⁸¹

Det var særleg i kommunane Kåfjord og Kvænangen at pessimismen var stor, og at krava om tiltak frå dei sentrale styresmaktene var mange. I ein usignert artikkel i "Nordlys" som tok for seg situasjonen i Kåfjord, kom det fram kor mørkt ein såg på framtida, og kva løysinga på problema kunne bli:

“Viseordfører Hans Berg ... har gang på gang understreket at han absolutt ikke kan øyne noe eksistensmuligheter for kommunen,

²⁷⁷ "Nordlys" 8/1 1949.

²⁷⁸ St.meld. nr. 85 1951: 123.

²⁷⁹ "Nordlys" 21/2 1947.

²⁸⁰ Kontoret for områdeplanlegging blei oppretta i alle fylka og hadde som mål å kartlegge landets ressursar, samordne vekstpotensialet og utvikle planleggingseksperitise i den offentlege administrasjonen. Det heile blei leia av eit sentralt områdeplankontor knytt til Arbeidsdirektoratet. Kontoret fekk ein sentral rolle i den offentlege planlegginga og iverksetjinga av offentlege tiltak på 1950-talet. Steenberg Hansen 1993: 62 og Thomassen 1997(B): 240ff.

²⁸¹ "Nordlys" 22/12 1950.

*ihvertfall den overveldende del av befolkningen når gjenreisingsarbeidet er over. -Han mener at løsningen for ungdommen - for å komme i stabile arbeidsforhold - er å søke seg på andre felter, ved en eventuelt utflytting. Det er sikkert mange som i dag er tvunget til å dele viseordførerens syn.”*²⁸²

Det kjem tydeleg fram at fråflytting frå kommunen ikkje var ønskeleg, men at det kunne bli det einaste alternativet for ungdommen om det ikkje kom tiltak frå dei sentrale styresmaktene som kunne hjelpe på den vanskelege sysselsettingssituasjonen. Ordføraren i Kåfjord, Anton Antonsen, kom i eit intervju med "Nordlys" i desember 1950 med forslag til kva som kunne gje arbeid til folk:

*“Skal vi ha håp om at Kåfjord kommune noen sinne skal kunne stå på egne ben og skaffe arbeid til kommunens befolkning må det bli foretak innen kommunen som kan gi varig arbeid for folket. Jeg ser det slik at Birtavarre gruver er ett av de spørsmål som etter vår mening kan løse en vesentlig del av dette. Dette så mye mer da vår fiskarungdom ikke kan få oppnå lån i Fiskarbanken, slik som lånereglene er i dag, for å kunne skaffe seg drivverdige fiskefarkoster, som også kunne gi varig sysselsetting.”*²⁸³

Antonsen ga her uttrykk for at problema omkring sysselsettinga i kommunen måtte løysast gjennom å skaffe varige industriarbeidsplassar i kommunen, men han peika også på problema med å få lån i Fiskarbanken for kommunen sine fiskarar. Varaordfører i Kåfjord, Hans Berg, gjekk nærmare inn på problematikken i eit lesarbrev i "Nordlys" februar året etter. Han oppsummerte både resultatane frå gjenreisninga og såg på utsiktene for framtida for dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Berg hevda at utsiktene framover ga eit: “... rystende billede av framtidens Nord-Troms ...”, og heldt fram med å hevde at:

*“... dersom der ikke nå meget snart gjøres noe for å skape et sikkert grunnlag å bygge på, vil vi kanskje allerede om et par år oppleve katastrofale forhold ...”*²⁸⁴

Årsaka til den særskilt vanskelege situasjonen i Kåfjord meinte Berg kom av at kommunen ikkje hadde fått tatt del i moderniseringa av primærnæringane, og at den var utkonkurrert av kommunar der primærnæringane var moderniserte. Særleg var det tilfelle for fiskeria, og han hevda at:

²⁸² "Nordlys" 7/6 1950.

²⁸³ "Nordlys" 30/12 1950.

“... med den omlegging fiskeriene har hatt etter krigen, slik at driften er blitt en kapitaldrift av dimensjoner er det kapitalfattige Kåffjord utkonkurrert av mere kapitalsterke distrikter. Kommunens befolkning kunne derfor ikke få del i de muligheter som den nye drift i fiskeriene gir. [...] Er der en fisker i Kåffjord som søker fiskeribanken lån til båt, det kan være stort eller lite, så er betingelsene slik at de intet får. Det var mange søknader straks etter krigen, ingen har fått og nå er det slutt på søknadene også.”²⁸⁵

Årsaka til at fiske i Kåffjord ikkje hadde blitt modernisert, hevda han, var eit resultat av at dei sentrale styresmaktene ikkje hadde gjeve lån til fiskarane frå kommunen som ønskte å kjøpe seg ny og moderne båt. Det førte til at fiskarane frå kommunen ikkje fekk ta del i dei nye, moderne, kapitalintensive driftsformene innan fisket. Situasjonen var ikkje betre i jordbruket, også der hevda Berg at styresmaktene hadde lagt hindringar i vegen for moderniseringa:

“Straks vi kom hjem igjen og begynte å bo her i Kåffjord var det tilløp til anskaffelse av traktorer for å fremme jordbruket. Lanbruksselskapet drepte dette i fødselen, med at jordbruket var så dårlig skjøttet i Kåffjord at man ikke kunne anbefale at der ble bevilget lån til kjøp av traktor i herredet.”²⁸⁶

Berg hadde ei sterk tru på rasjonalisering, spesialisering og stordrift innan primærnæringane, og det skin tydeleg igjennom at han ikkje såg den tradisjonelle fiskarbondetilpassinga som tilfredsstillande sysselsetting i framtida. Skulle alle dei arbeidssøkande i området få sysselsetting, var industrireising det einaste alternativet, særleg peika han på at gruvedrifta måtte kome i gang igjen. Problemet var at området mangla disponibel kapital til igangsetting av industri og gruvedrift. Berg hevda av den grunn at:

“For å få næringslivet i gang må der sprøytes inn noen millioner, og den kapital må komme utenfra. Det kan best skje ved at staten tar initiativet. Skal det monne noe må gruvedriften komme i gang. Vi har anlegg som Birtavarre, Moskodalen, Vaddas og Midtavarre og vi har skiferfelter som må kunne utnyttes.”²⁸⁷

Berg meinte at problema med sysselsettinga og næringsstrukturen i området måtte sjåast under eitt og i lag med problema med infrastrukturen. Han hevda at ei løysing på problema i området

²⁸⁴ "Nordlys" 20/2 1951.

²⁸⁵ Ibid.

²⁸⁶ Ibid.

²⁸⁷ Ibid.

bare kunne skje gjennom samarbeid mellom kommunane og med hjelp av dei sentrale styresmaktene. Berg kommenterte det slik:

*“Vel er det nok så at disse kommuner hver for seg vil løse så langt de makt problemene i jordbruk og fiske, overskudds-arbeidskraften og løsningen av elektrisitetsspørsmålet. Det er felles problemer og må løses under ett. Og det kan bare skje ved statens hjelp.”*²⁸⁸

I eit vedtak frå Kåfjord kommunestyre i februar 1951 kom den same haldninga til problema til syne. I vedtaket gjekk kommunestyret inn for bygging av yrkesskole i kommunen og meinte det kunne danne grunnlag for industriutvikling i området:

*“Ut fra den kjensgjerning at Kåfjord som den mest industrifattige kommune i Nord-Troms og som helt utkonkurrert i fiskerinæringen, har sikre utsikter til stor arbeidsløshet i årene som kommer, vil kommunen på det kraftigste henstille til stat og fylke å gå inn for og løse spørsmålet om permanent yrkesskole for Nord-Troms så hurtig som mulig. En vil påpeke at mens mange kommuner i Troms fylke har hatt anledning til å bygge ut sine næringsgrunnlag, har gjennomreisingskommunene som Kåfjord vært opptatt med å bygge opp sine boliger etter krigsherjingene og har således ikke hatt fornøden anledning til å legge grunnlaget for et holdbart næringsliv for fremtiden.”*²⁸⁹

I Kvænangen blei situasjonen skildra på same vis. I eit brev frå ordførar Hedly Kristiansen i Kvænangen til fylkesmannen i slutten av februar 1951, om den framtidige sysselsettinga og den økonomiske situasjon i kommunen såg han pessimistisk på framtida. Primærnæringane var i tilbakegang, færre deltok i fjordfisket og kommunen mangla havgåande fiskebåtar. Industri var det ikkje, og ordføraren såg heller ikkje for seg at det kunne etablerast noe større industri. Han meinte det var eit visst håp om at skiferproduksjon i framtida kunne gje sesongprega arbeid til 100 mann. Det einaste som kunne gje tilfredsstillande sysselsetting, meinte ordføraren var at drifta kom i gang igjen i noen av dei gamle gruvene i kommunen.²⁹⁰ Ordføraren peika vidare på at: *“Hvis folkets levestandard ikke skal synke for lavt, ... som den var i 1920/30 årene, må det store pengesummer til for å stoppe denne utvikling, ...”*²⁹¹ I tillegg til problema med sysselsettinga var den økonomiske situasjonen til kommunen særskilt dårleg, og i eit brev til Kommunal- og Arbeidsdepartementet i april same år skreiv han:

²⁸⁸ Ibid.

²⁸⁹ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre, sak 7 1951.

²⁹⁰ SiTø, FiT, Kvænangen kommunestyre, brev til Fylkesmannen frå ordføraren 20/2 1951.

²⁹¹ Ibid.

*“Forholdet fortøner sig slik, at kommunen ikke kan utrede midler som kræves for skolens drift - alders og barnetrygd samt lønninger til den kommunale administrasjon.”*²⁹²

Oppfatninga av situasjonen på arbeidsmarknaden i Kvæningen kommune blei også delt av Områdeplankontoret og av Fylkesarbeidskontoret i Troms. Det var særleg svingingane i sysselsettinga som var eit problem. Årsaka til svingingane blei kommentert på følgande måte av dei to offentlege etatane:

*“Denne sterke svingningen i sysselsetningen er forøvrig et kjennetegn ved alle gjenreisningskommuner i Nord-Troms . I Kvæningen, som i andre kommuner, har befolkningen i første rekke vært opptatt av å få opp sine heimer igjen og lite har vært gjort for å ta opp tidligere næringer eller søke forberedt nytt næringsgrunnlag. Det har neppe vært mulig på dette området å holde tritt med reisningen av hus og heim.”*²⁹³

Ordførar Kristiansen hadde i sitt brev til fylkesmannen eit kontroversielt forslag til korleis problemet med sysselsettinga skulle løysast:

*“Hvis staten ville støtte til at ca. 500 fra Kvæningen fikk reise over (til Canada), ville forholdet bli adskillig annerledes for dem som ble igjen. Gjenreisningen ville i det tilfelle på det nærmeste dekke behovet for den gjenværende del av befolkningen, dertil ville de små eksistensmuligheter bli fordelt på et mindre antall en tilfellet er nu.”*²⁹⁴

Ei slik løysing hevda ordføraren ville: *“... være en stor fordel både for dem som reiser og for dem som blir igjen, ...”*²⁹⁵ For å forstå Kristiansen sitt kontroversielle forslag må ein sjå på bakgrunnen for det. Årsaka var den vanskelege situasjonen kommunen var i, og at den ville bli verre når gjenreisinga tok slutt. Han meinte at om ikkje dei sentrale styresmaktene ville bidra med hjelp til etablering av industri, såg han ikkje noen annen utveg enn fråflytting. Det var ikkje første gongen at spørsmålet om fråflytting var tatt opp i Nord-Troms. Forskjellen var at ein no lanserte ideen om offentleg støtte for å få til ei fråflytting, og grunn gav den med at det ville gjere det lettare for dei som var igjen.

²⁹² SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre, brev til Kommunal- og Arbeidsdepartementet 19/4 1951.

²⁹³ SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre, kopi av brev til Fylkesmannen i Troms frå Fylkesarbeidskontoret 12/4 1951.

²⁹⁴ SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre, brev til Fylkesmannen frå ordføraren 20/2 1951, mi tilføyning i parentes.

²⁹⁵ “Tromsø” 30/3 1951.

Ordføreren sin plan om emigrasjon til Canada blei gjort offentleg gjennom eit intervju i avisa "Tromsø" i slutten av mars 1951. Artikkelen fekk stor merksemd i dagspressa, både i Tromsø og i Oslo, og engasjerte også folk i Kvæningen og i Nord-Troms. Spørsmålet om framtida for Nord-Troms blei såleis aktualisert på riksplan. 11 dagar etter at forslaget blei kjent, blei planane om eit utbyggingsprogram for Nord-Norge presentert. Truleg var det med på å dempe debatten omkring det kontroversielle forslaget. Men eg vil her likevel ta opp noen av dei reaksjonane som kom på forslaget for å vise korleis ein i Nord-Troms såg på situasjonen og på framtida for området.

Lokalt frå Kvæningen blei ordføreren sitt initiativ støtta, sjølv om ein meinte fråflytting ikkje var rette vegen å gå. I eit lesarbrev i "Nordlys", underteikna "Kvæningpatriot", kom det til uttrykk slik:

*"Ordføreren har tatt initiativet og må støttes opp av folket. Ikke til å evakuere til Canada, det har han sikkert aldri ment. [...] Gi ordføreren tid og arbeidsro, og han vil nok legge saken i det rette leie og heve kommunen opp til de andre kommuners standard,..."*²⁹⁶

Den same reaksjonen fekk forslaget frå ordførarane i Kåfjord, Skjervøy, Lyngen og Storfjord, som saman gjekk ut i dagspressa i byrjinga av april 1951 og svarte på utspelet frå Kvæningsordføreren. Dei støtta oppmodinga om: "... at det snarest må settes full kraft på utbyggingen av et permanent næringsliv i Nord-Troms." ²⁹⁷ Men dei var kritiske til tanken på fråflytting frå Nord-Troms som løysing på problema:

*"I den utstrekning herr Kristiansen med sin uttalelse bare tar sikte på å framskynde denne utbygging, er en enig med ham. Men uttalelsens form tjener etter vår oppfatning ingen hensikt."*²⁹⁸

Også avisa "Tromsø" var kritisk til tanken om fråflytting, men var samd i at ordførar Kristiansen peika på eit reelt problem: "Saken er satt i sterk grad på spissen, men i selve problemet er det atskillig realitet." ²⁹⁹ Men ordføreren i Kvæningen fekk også støtte for sitt

²⁹⁶ "Nordlys" 26/5 1951.

²⁹⁷ "Nordlys" 24/4 1951.

²⁹⁸ Ibid.

²⁹⁹ "Tromsø" 4/4 1951.

kontroversielle forslag om fråflytting – Hans Berg, som året før hadde hevdet at fråflytting kanskje var einast utveg, støtta Kristiansen i eit lesarbrev i "Nordlys":

*“Det er nonsens å bestride det faktum, at store deler av Nord-Troms er overbefolket, når man tar i betraktning de næringsmuligheter som i dag danner grunnlaget for vår eksistens.”*³⁰⁰

Kva var målsettinga til ordførar Kristiansen med utspelet om emigrasjonen til Canada? Var det meint alvorleg, eller var det meint for å få sett problema i Kvænangen på dagsorden hos dei sentrale styresmaktene? Truleg var ordførar Kristiansen sitt utspel om emigrasjon meint alvorleg, han var også klar over kor lett eit slikt forslag kunne bli feiltolka. I brevet til Fylkesmannen kommenterte han nettopp dette: *“En har ikke regnet med altfor omfattende publikasjon av en slik sak, da den kan misforståes, både innad, og kanskje helst utad, som forholdene er f.t.”*³⁰¹ Men truleg gjorde Kristiansen sjølv forslaget kjent gjennom intervjuet med avisa “Tromsø”. I eit lesarbrev på forsommaren kommenterte han sjølv seriøsiteten og kva meininga bak forslaget var:

*“Selv om mine uttalelser angående gjenreisningen i Kvænangen tilfeldigvis falt i april, så skal det absolutt ikke betraktes som noen aprilspøk, da det for alle tider skal betraktes som mitt fulle alvor.”*³⁰²

I lesarbrevet gjev Kristiansen også uttrykk for det eg tolkar som hovudpunkta i problemskildringa frå Kvænangen og Kåfjord spesielt, og for Nord-Troms generelt på byrjinga av 1950-talet:

*“Hovedpoenget i min uttalelse er, at når gjenreisningen er ferdig, vil det bli ytterst vanskelig for befolkningen å kunne klare seg, om det ikke blir satt i gang ett eller annet arbeid som kan gi varig beskjeftigelse for den overforgjeldende befolkning i kommunen ...”*³⁰³

I slutten av lesarbrevet kjem Kristiansen også inn på kvifor Nord-Troms gjer krav på hjelp frå dei sentrale styresmaktene:

“Det er ikke riktig å vente til den nordnorske befolkning er kommet ned på sultegrensen, for da blir det betraktet som et offer at staten må tre

³⁰⁰ "Nordlys" 22/5 1951.

³⁰¹ SiTø, FiT, Kvænangen kommunestyre, brev til fylkesmannen i Troms frå ordføraren 20/2 1951.

³⁰² "Nordlys" 4/6 1951.

³⁰³ Ibid.

*støttende til ... Jeg fastholder at Nord-Norge har krav på støtte fra statens side ikke som nådegave, men hjelp, som også kan hjelpe staten i en given stund.”*³⁰⁴

Kristiansen ønsket hjelp til sjølvhjelp, og ikkje naudhjelp av noe slag. Han ønsket hjelp som kunne føre til utvikling og modernisering av Nord-Troms, slik at området seinare kunne stå på egne bein, og til vidare utvikling av heile landet.

4.2 “Problemet Nord-Norge” og Studieselskapet for Nord-Norsk Næringsliv

Det var ikkje bare i Nord-Troms at ein ønsket industrialisering og modernisering, også i resten av Nord-Norge var det eit sterkt ønske om ei slik utvikling. Ein av dei fremste eksponentane for industrialisering og modernisering var *Studieselskapet for Nord-Norsk Næringsliv* (Studieselskapet), skipa i 1947. Frå 1949 arbeidde Studieselskapet for å legge om og utvide næringslivet: “... med sikte på gjennom lønnsom produksjon å skape grunnlag for en høyere levestandard for landsdelens befolkning”.³⁰⁵ I 1951 meldte Kåfjord kommune seg inn i Studieselskapet, som den første kommunen frå Nord-Troms.³⁰⁶

Studieselskapet gav ut ein eigen skriftserie som tok opp ulike sider ved moderniseringa i Nord-Norge. Den første publikasjonen hadde den karakteristiske tittelen *Problemet Nord-Norge*.³⁰⁷ I publikasjonen var det gjort ein analyse av næringslivet i Nord-Norge basert på ei undersøking som tre unge nordnorske økonomar hadde utført om Nord-Norge sin del av nasjonalproduktet i 1939. Landsdelen hadde da omlag 12% av folkemengda i landet, men stod ikkje for meir enn 6% av nasjonalproduktet, og Studieselskapet meinte at tilhøva ikkje hadde endra seg stort sidan 1939. I publikasjonen frå Studieselskapet blei det konkludert med at Nord-Norge var prega av eit kapitalekstensivt næringsliv med relativt låg eigenkapital, at kapitaloppsamlinga i landsdelen var svak og at bankane hadde for små ressursar. Årsaka til dette var i hovudsak at landsdelen hadde for mye kombinasjonstilpassing, for mange sysselsette i lågproduktive næringar som jordbruk og fiske og at det var for liten grad av høgproduktive næringar som handel, industri og sjøfart.³⁰⁸ Frå slutten av 1940-talet og fram til slutten av 1960-talet var “problemet Nord-Norge” det einerådande biletet av landsdelen, både

³⁰⁴ "Nordlys" 4/6 1951.

³⁰⁵ Frå den reviderte føremålsparagrafen til Studieselskapet 1949, her sitert frå Tjelmeland 1997: 190.

³⁰⁶ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 128 1951.

³⁰⁷ Thomassen 1997 (B): 253.

hos moderniseringsforkjemparar i Nord-Norge og hos dei sentrale styresmaktene.³⁰⁹

Førestellinga om “problemet Nord-Norge” var ikkje ny. Allereie på midten av 1930-talet hadde Tiltakskommisjonen, med Ole Colbjørnsen i spissen, definert det som etter krigen blei kalla “problemet Nord-Norge”.³¹⁰

Studieselskapet ønskte å få til ei omlegging av nordnorsk næringsliv, særleg ønskte ein vekst innan industrien og andre høgproduktive næringar. Skulle ein få til ei omlegging hevda Studieselskapet det var naudsynt å styrke dei grunnleggande føresetnadene for industrien. Dette var temaet for publikasjonen *Produksjonsmessige forutsetninger i Nord-Norge*, som Studieselskapet gav ut i 1951. I publikasjonen lanserte Studieselskapet slagordet “De fire K-er”, som symboliserte dei fire grunnleggande føresetnadene for utviklinga av landsdelen – Kraft, Kunnskap, Kommunikasjon og Kapital.³¹¹ Det var ikkje nok kapital i landsdelen, av den grunn var det nødvendig å bringe kapital utanfrå inn i nordnorsk næringsliv og å styrke bankane i landsdelen. Utan rikeleg med elektrisk kraft var ei omfattande industrialisering i Nord-Norge ikkje mogleg, det var derfor nødvendig at hushalda og industrien blei elektrifisert. Kommunikasjonane i landsdelen var for dårlege, og ei utbygging av eit landverts stamrutenett basert på veg og jernbane i landsdelen var nødvendig. I tillegg måtte det lokale vegnettet utviklast og i størst mogleg grad knytast til stamrutenettet gjennom bilferjer eller hurtigruta. Landsdelen hadde for få med høgare utdanning, og det var for få skolar som gav slik utdanning. Skulle næringslivet utviklast måtte det vere arbeidskraft som kunne fylle dei kompetansekrava dei nye næringane etterspurde. Studieselskapet meinte av den grunn at det var særleg viktig å bygge ut yrkesskolar i Nord-Norge.³¹²

Kven representerte Studieselskapet? Selskapet hadde brei tilslutnad og medlemmene var ei ueinsarta gruppe med sprikande syn i mange saker. Historikaren Inge Strand har studert verksemda til Studieselskapet og karakteriserer den slik: “*Studieselskapet virka meir som eit forum for meiningsbryting, men der bevisst meiningsdanning var ein del av hensikten.*”³¹³

³⁰⁸ Strand 1995: 61.

³⁰⁹ Fulsås 1996: 62 og Thomassen 1997 (B): 253.

³¹⁰ Thomassen 1997 (B): 87. Tiltakskommisjonen, skipa 1935, er ei forkorting for: Statens kommisjon for nye arbeidstiltak, planlegging og selvberging. Ole Colbjørnsen utarbeidde i lag med Axel Sømme i 1933 “*En norsk 3-årsplan*”, og det var ideane derifrå som Colbjørnsen arbeidde vidare med i tiltakskommisjonen.

³¹¹ Strand 1995: 61.

³¹² Ibid: 61ff.

³¹³ Ibid: 59.

Han har også peika på at leiinga og fagfolka i Studieselskapet hadde eit sterkt ønske om industrialisering av Nord-Norge, og at dei var ein del av den nordnorske eliten med nære kontaktar til den sentrale leiinga hos styresmaktene.³¹⁴ Samanliknar ein krava frå dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden med ønska frå Studieselskapet, er det påfallande kor stort samanfallet i moderniseringsstrevet var omkring 1950. Ein kan såleis slå fast at leiinga i Studieselskapet hadde tilslutnad frå Nord-Troms i sitt syn på nordnorsk modernisering i tida før Nord-Norgeplanen blei lansert.

4.3 Bakgrunnen for Nord-Norgeplanen

Dei sentrale styresmaktene var merksame på problema som ville melde seg i Nord-Norge etter gjenreisinga. Under finansdebatten i april 1951 gjorde statsminister Einar Gerhardsen kjend at arbeidet med eit utbyggingsprogram for Nord-Norge (Nord-Norgeplanen) var i gang:

*“... for å møte de vansker som vil komme til å ramme store deler av Nord-Norge etter hvert som gjenreisingsvirksomheten ebber ut, har Regjeringen satt i gang et arbeid med å utforme et utbyggingsprogram for Nordland, Troms og Finnmark.”*³¹⁵

Kva var bakgrunnen for Nord-Norgeplanen? Var det krava frå Nord-Troms og Nord-Norge om ei vidare utbygging etter gjenreisinga som blei tatt til etterretning eller, var det andre forhold som låg til grunn?

Allereie i siste halvdel av 1930-talet hadde Tiltakskommisjonen definert problema i landsdelen og argumentert for særskilde tiltak for å bygge ut industrien i Nord-Norge.³¹⁶ I 1946 blei ideen om eit særskilt utbyggingsprogram for Nord-Norge lansert av ein leiande sosialøkonom og lagt fram for dei sentrale styresmaktene.³¹⁷ Vidare hadde Arbeidarpartiet i sitt program for Stortingsvalet i 1949 peika på at særskilde landsdelar ikkje kom med i den industrielle utviklinga. Det blei i programmet slått fast at staten gjennom aktive inngrep og leing skulle sørge for at alle landsdelar fekk ei industriell utvikling.³¹⁸ Det var med andre ord føringar i Arbeidarpartiet som peika mot ein aktiv regionalpolitikk frå slutten av 1940-talet. Eg har tidlegare vist korleis Londonplanen og Stortingsmelding nr. 35 (1945-46) hadde

³¹⁴ Ibid: 64.

³¹⁵ Gerhardsen 11/4 1951, Stortingstidende 1951, s. 636, her frå Veiåker 1974: 5.

³¹⁶ Thomassen 1997 (B): 88.

³¹⁷ Thomassen 1997 (A): 117.

industrialisering og modernisering som mål ut frå eit nasjonaløkonomisk utgangspunkt.

Hallvard Tjelmeland har vist at det omkring 1950 var:

*“... eit sammanfall mellom eit moderniseringsstrev ovanfrå med nasjonaløkonomisk utgangspunkt og ein modernistisk regionalisme frå dei økonomiske og politiske elitane i Nord-Norge.”*³¹⁹

Som eg har peika på var dette moderniseringsstrevet også samanfallande med ønska frå den økonomiske og politiske eliten i Nord-Troms. Til grunn for det felles moderniseringsstrevet låg det ei frykt for at Nord-Norge skulle hamne i ei ny økonomisk krise når gjenreisninga var over. Ei frykt som var nært knytt til det som blei oppfatta som “problemet Nord-Norge” – lite industri, låg produktivitet og låg levestandard. Ein situasjon med økonomisk krise og høg arbeidsløyse var ikkje i samsvar med målsettinga til arbeidspartiregjeringa om full sysselsetting, økonomisk vekst og inntektsutjamning.³²⁰

Historikaren Trond Bergh har vist at handelsminister Erik Brofoss, ein av opphavsmennene til Nord-Norgeplanen, var svært opptatt av den politiske situasjonen som kunne oppstå ved ei økonomisk krise i Nord-Norge. Med tanke på at Nord-Norge og var ein av partiet sine politiske bastionar ville ei økonomisk krise i landsdelen “... trulig tære hardt på oppslutninga om Arbeiderpartiet.”³²¹ Bergh hevdar at Handelsminister Brofoss var særleg opptatt av dei forsvars- og tryggingpolitiske konsekvensane ei krise ville få. Det var særleg ei avfolking av Nord-Norge som Brofoss frykta. Landsdelen var eit viktig grenseområde til Sovjetunionen, og ei avfolking ville vere politisk farleg. Nord-Norge måtte av den grunn gjerast til “... en vestens utpost og “fortress of confidence””³²². Dette meinte Brofoss var eit argument som kunne nyttast til å få utanlandske investeringar i Norge.

Historikaren Øyvind Thomassen har peika på at Nord-Norgeplanen kom på same tid som det ekstraordinære beredskapsprogrammet, og meiner det er god grunn til å tru at beredskapsprogrammet og Nord-Norgeplanen blei sett i samanheng. Thomassen har også peika på at dei sentrale styresmaktene søkte å få Nord-Norgeplanen inn under punkt 4 – om å sikre utvikling og økonomisk vekst av underutvikla område – i Truman si firepunktserklæring

³¹⁸ Ibid: 116.

³¹⁹ Tjelmeland 1997: 190.

³²⁰ Thomassen 1997 (A): 118.

³²¹ Bergh 1987: 184.

frå januar 1949. Erklæringa var ei vidareutvikling og presisering av Truman-doktrinen frå 1947.³²³ Thomassen meiner likevel at bakgrunnen for Nord-Norgeplanen var samanfall mellom ei rekke indre og ytre faktorar, og konkluderer med at:

*“NNP kan likevel ikkje forståast fullt ut utan at ein tar høgde for at programmet også var ein plan for økonomisk, forsvars-, sosial og kulturell utbygging til ei og same tid. Det var med andre ord snakk om eit program for nasjonsbygging innanfor eit geografisk avgrensa område, bygd på DNA sitt program for full sysselsetting, økonomisk vekst og utjamning.”*³²⁴

Hallvard Tjelmeland vektlegg som Thomassen kontinuiteten i dei sentrale styresmaktene sin politikk, men hevdar at bakgrunnen for Nord-Norgeplanen kan forklarast meir presist enn nasjonsbygging. Han er også kritisk til den store rolla Bergh tillegg den trygging- og partipolitiske sida i forklaringa av Nord-Norgeplanen. Tjelmeland hevdar at:

*“Om det tryggingpolitiske ikkje kan reduserast til eit vikarierende motiv for å skaffe amerikanske pengar, så er likevel kontinuiteten frå Tiltakskommisjonen, gjennom planane som vart lagt under krigen og den tidlege tenkinga omkring områdeplanlegginga i dei første åra etter krigen så tydeleg at bakgrunnen for den nye satsinga på Nord-Norge må leggjast her ...”*³²⁵

Hovudtyngda i forklaringa av Nord-Norgeplanen meiner han må vere den allmenne moderniseringspolitikken som var ført sidan midten av 1930-talet, ikkje nasjonsbygging, tryggingpolitikk og partipolitikk.

Det som står fast er at krava frå Nord-Troms ikkje var avgjerande for at arbeidet med Nord-Norgeplanen blei sett i gang, men at dei var ein del av eit felles indre nordnorsk strev for industrialisering, økonomisk modernisering og ein aktiv regionalpolitikk. Krava innanfrå blei rundt 1950 møtt med dei same ønska ovanfrå. Desse ønska møttest samtidig som frykta for ei økonomisk krise med arbeidsløyse og fråflytting frå landsdelen blei rekna som reel av dei sentrale styresmaktene. Frykta hang saman med det som blei oppfatta som “problemet Nord-Norge”. I spenninga mellom trygging- og partipolitiske vurderingar, ønske om vidare

³²² Ibid: 184.

³²³ Thomassen 1997 (B): 245f.

³²⁴ Thomassen 1997 (A): 125.

³²⁵ Tjelmeland 1997: 191.

nasjonsbygging og ein allereie eksisterande allmenn moderniseringspolitikk blei Nord-Norgeplanen utforma.

4.4 Målsetting og tiltak i Nord-Norgeplanen

Kva var målsettinga med Nord-Norgeplanen og kva for virkemiddel skulle nyttast for å få realisert måla? Målformuleringane i Nord-Norgeplanen var generelle og retta mot talet på arbeidsplassar, inntekts- og produksjonsauke og kva type økonomisk struktur ein ønskte i landsdelen. Hovudmålet var å betre produktiviteten i næringslivet og såleis få til ein økonomisk vekst som ville gje auke i sysselsettinga. Ein ønskte å føre Nord-Norge opp på eit nasjonalt nivå i høve til næringsstruktur, sysselsetting og inntekt. Det innebar at produksjonsveksten i Nord-Norge burde vere høgare enn i resten av landet.³²⁶ I utgangspunktet hadde regjeringa meint at Nord-Norgeplanen skulle vere eit reint industrialiseringsprogram, men etter kritikk frå den borgarlege opposisjonen i Stortinget blei planen utvida til også å omfatte primærnæringane og utbygging av infrastrukturen.³²⁷

Nord-Norgeplanen var todelt, med eit langtidsprogram og eit kortidsprogram. Målsettinga i kortidsprogrammet var å bøte på problema med arbeidsløysa til verknadene av Nord-Norgeplanen gjorde seg gjeldande.³²⁸ Eit av tiltaka var prøvedrift av gruvene i Vaddas i Skjervøy kommune.³²⁹ Frå 1952 til 1957 dreiv den statseigde verksemda A/S Norsk Bergverk prøvedrift i Vaddas, men drifta var ikkje økonomisk lønsam og stoppa derfor opp.³³⁰

I langtidsprogrammet var målsettinga 10.000 nye arbeidsplassar over ein periode på ti år.³³¹ Det blei lagt vekt på at veksten i sysselsettinga måtte kome i rasjonelle næringar som kunne gje varige arbeidsplassar. For at varige arbeidsplassar skulle skapast, blei det i planen presisert at ein bare måtte bygge ut industri som var konkurransedyktig.³³² Det skulle skje gjennom å utvikle næringsstrukturen i retning av å bli meir kapitalintensiv, og å auke produktiviteten i dei ulike eksisterande næringane. For å få til ein raskast mogleg økonomisk vekst, la planen

³²⁶ Veiåker 1974: 9.

³²⁷ Bergh 1987: 185f.

³²⁸ Veiåker 1974: 7.

³²⁹ Stortingsmelding nr. 85 1951: 74.

³³⁰ "Nordlys" 21/4 1957.

³³¹ Steenberg Hansen 1993: 73.

³³² Veiåker 1974: 12.

vekt på at den industrielle utbygginga måtte skje i eksportretta næringar.³³³ Ein sikta her til industri som kunne utnytte dei naturressursane Nord-Norge hadde store mengder av - fisk, malm, mineral og vasskraft.³³⁴ Ønsket var å etablere hjørnesteinsverksemder eller større industribygg der fleire verksemder var samla, i håp om at det skulle skape industrielle ringverknader i områda rundt industrisentra.³³⁵ Målet var at private verksemder skulle stå for industrireisinga gjennom utbygging av eksisterande verksemder og gjennom etablering av nye. Den dårleg utbygde infrastrukturen i Nord-Norge blei sett på som eit problem i forhold til ønsket om industriell utbygging av landsdelen. Staten skulle legge forholda til rette for industrireisinga gjennom vegbygging, kraftutbygging og utbygging av yrkesskolar.³³⁶

For fiskeria var målsettinga auka produksjon. Det skulle skje gjennom intensivering av sesongfiskeria og auke i talet på havgåande fiskebåtar. Ein ønskte spesialisering, rasjonalisering og effektivisering av fiskeria gjennom reduksjon i talet på fiskarar. Det meinte ein ville betre levekåra til dei som framleis blei verande i yrket. Gjennom ein auke i talet på havgåande fiskebåtar ville ein sikre fiskeindustrien kontinuerleg tilgang på råstoff. Tilgangen på råstoff hadde til no vore eit stort problem for fiskeindustrien. Gjennom auka og meir jamn tilgang kunne produksjonen aukast og gje ei meir lønsam drift.³³⁷ For jordbruket var målsettinga auka produksjon gjennom å auke det dyrka arealet, og gjennom å auke storleiken på bruka.³³⁸

Planen hadde ikkje noe mål knytt til busettinga, men det blei peika på at ei for stor fråflytting ikkje var heldig. Det blei likevel presisert at ein i samband med industrialiseringa måtte rekne med endringar i busettingsmønsteret og ein sterkare konsentrasjon av busettinga.³³⁹

Virkemidla i Nord-Norgeplanen kan delast inn i tre kategoriar: særlege skatte- og avskrivingsreglar, utbygging av infrastruktur og tilføring av kapital. Mangelen på kapital blei sett på som ei stor hindring for å få til ei omlegging av næringsstrukturen i Nord-Norge. For å

³³³ Ibid: 9.

³³⁴ Ibid: 11.

³³⁵ Veiåker 1974: 8 og Steenberg Hansen 1993: 74.

³³⁶ Veiåker 1974: 7 og 12.

³³⁷ Ibid: 13.

³³⁸ Ibid: 12f.

³³⁹ Steenberg Hansen 1993: 78.

stimulere til private investeringar i industrireising blei det innført særlege skatte- og avskrivingsreglar for landsdelen.³⁴⁰

For å styrke infrastrukturen blei det gjeve ekstraordinære løyvingar på omlag 95,7 millionar kroner over statsbudsjettet, i tillegg kom 86 millionar kroner frå Marshallhjelpa. Totalt blei det løyvt 148,2 millionar kroner i ekstraordinære midlar til landsdelen i perioden frå 1951/52 til 1958/59, for å bygge ut infrastrukturen.³⁴¹

Tilføring av kapital til landsdelen var det siste virkemidlet dei sentrale styresmaktene nytta. Ein ønskte å styrke dei nordnorske finansinstitusjonane gjennom å tilføre forvaltningskapital, og ved at statsbankane stilte kapital til disposisjon. For å bøte på mangelen av eigenkapital og risikovillig kapital blei eit eige fond oppretta – *Utbyggingsfondet for Nord-Norge*. Fondet skulle først og fremst gje lån og stille toppgaranti til private føretak innan bergverk, industri og handverk som kunne skape varige arbeidsplassar og lønsame verksemder. Fondet fekk ein eigenkapital på 100 millionar kroner, av dei var 25 millionar sett av til eit garantifond.³⁴²

Utbyggingsfondet for Nord-Norge hadde ikkje som oppgåve å støtte tiltak innan primærnæringane eller tiltak for å bygge ut infrastrukturen. Det blei likevel løyvt 8 millionar kroner til tiltak for å fremme modernisering innan jordbruket og 3 millionar kroner til toppfinansiering av lån til utbygging av den havgåande fiskeflåteen, det vil seie trålarar.³⁴³ Til å leie verksemda til Utbyggingsfondet for Nord-Norge blei det oppretta eit eiga sekretariat i Oslo, leidd av tidlegare fiskeriminister Reidar Carlsen. Fondet sitt høgaste organ var styret, som fekk relativt vide fullmakter og blei leidd av tidlegare finansminister og daverande handelsminister Erik Brofoss. Både Carlsen og Brofoss hadde vore sentrale moderniseringsforkjemperar i Arbeidarpartiet og regjeringa etter krigen, og Brofoss hadde også hatt ein sentral plass i utforminga av programmet.³⁴⁴

4.5 Nord-Norgeplanen – ei nyskaping?

I kor stor grad var Nord-Norgeplanen ei nyskaping i dei sentrale styresmaktene sin politikk overfor Nord-Norge? Var Nord-Norgeplanen, slik Tjelmeland hevdar, ei vidareføring av ein allmenn moderniseringspolitikk, eller var målsettinga og tiltaka i planen ei nyskaping? I

³⁴⁰ Veiåker 1974: 17 og Hersoug og Leonardsen 1979: 118.

³⁴¹ Hersoug og Leonardsen 1979: 120.

³⁴² Veiåker 1974: 14ff.

³⁴³ Steenberg Hansen 1993: 82.

samband med dette vil eg også sjå i kor stor grad Nord-Norgeplanen samsvarer med ønska og krava som var sett fram frå Nord-Troms før planen blei lansert.

Målsettinga i Nord-Norgeplanen var ei klar vidareføring av dei overordna næringspolitiske og økonomiske måla som dei sentrale styresmaktene, med Arbeidarpartiet i spissen, hadde ført og framleis førte for heile landet etter 1945.³⁴⁵ Det særskilte med Nord-Norgeplanen var at den bare omfatta ein landsdel og ikkje heile landet.

Nord-Norgeplanen var i høgaste grad i samsvar med ønska frå Nord-Troms og Studieselskapet om tilføring av kapital, utbygging av infrastrukturen og industrireiseing. Frå Nord-Troms hadde kravet før lanseringa av Nord-Norgeplanen vore at staten skulle stå for industrireiseinga i området. Staten hadde frå 1945 og fram til 1951 etablert seg som industrieigar gjennom utbygging av noen kjerneindustrier, til dømes med jernverket i Mo i Rana. Det statlege industieigarskapet var ikkje ideologisk forankra, men gjort ut frå ein kompensatorisk tankegang.³⁴⁶ Historikaren Francis Sejersted har sagt det slik: “*Staten gikk inn der ingen andre gikk inn.*”³⁴⁷ Prøvedrifta av gruva i Vaddas kan sjåast som ei vidareføring av denne strategien. I Nord-Norgeplanen var målsettinga at industrireiseinga skulle skje i regi av det private næringsliv, og at staten gjennom indirekte tiltak skulle legge forholda til rette for industrialisering. Dette var ei endring i forhold til Londonplanen og Stortingsmelding nr. 35 (1945-46), men denne endringa i dei sentrale styresmaktene sin industripolitikk starta allereie i 1947.³⁴⁸ Ein kan sjå denne omlegginga som eit argument for at Nord-Norgeplanen ikkje var i samsvar med ønska frå Nord-Troms. Eg vil likevel hevde at denne endringa ikkje var i strid med krava frå Nord-Troms. Slik eg tolkar krava innanfrå om statleg industrialisering var dei ikkje ideologisk forankra, men knytt til at Nord-Troms måtte få tilført kapital for å få realisert større industriprosjekt. I det industri- og kapitalfattige Nord-Troms såg ein truleg staten som den einaste som kunne tilføre området storindustri og kapital. Med andre ord var tilføringa av kapital og industri utanfrå det viktigaste, og i så måte var Nord-Norgeplanen i tråd med dette ønsket.

³⁴⁴ Veiåker 1974: 16 og Thomassen 1997 (B): 276.

³⁴⁵ Veiåker 1974: 8, Hersoug og Leonardsen 1979: 112ff og Steenberg Hansen 1993: 87ff.

³⁴⁶ Lange 1998: 170.

³⁴⁷ Sejersted 1993: 187.

³⁴⁸ Bull 1979 (A): 95ff.

Rasjonalisering av primærnæringane var ei vidareføring av dei eksisterande målsettingane i den statlege moderniseringspolitikken. I Nord-Troms var det ei tvitydig haldning til rasjonalisering av primærnæringane. Ein ønskte både å halde på det tradisjonelle fjord- og kystfisket, på same tid som det var eit ønske om meir moderne havfiske.

At industrialiseringa ville føre til endringar i busettinga, hadde også vore peika på tidlegare av dei sentrale styresmaktene. I tida fram mot Nord-Norgeplanen blei fråflytting også for første gang drøfta i Nord-Troms, og det kom tydeleg fram at det var eit alternativ folk ikkje ønskte. At Nord-Norgeplanen gjer det klart at endra busettingsmønster kan bli eit resultat av industrialisering, kan tolkast som at planen gjekk i mot ønska frå Nord-Troms. Men, planen kan også tolkast som eit ønske om å halde på busettinga i distrikta gjennom auka lokal konsentrasjon, og såleis hindre fråflytting i stor stil.

Sjølv om Nord-Norgeplanen i stor grad bygde på målsettingar som var kjende frå tidlegare, og i stor grad var ei vidareføring av dei sentrale styresmaktene sin politikk, var det også nye moment i planen. Fleire historikarar har peika på at Nord-Norgeplanen var starten på norsk distriktpolitikk, kor regional ubalanse i moderniseringa skulle bøtast på med statlege virkemiddel.³⁴⁹ Dette argumentet var ikkje nytt, men blei med Nord-Norgeplanen for første gang sett ut i praksis for ein heil landsdel. I Nord-Norgeplanen blei særlege skatte- og avsettingsreglar for næringsverksemda i ein landsdel nytta for første gong, tidlegare hadde landet vore sett på som ein skattemessig heilskap. Likeins var det første gong ein oppretta eit fond, Utbyggingsfondet for Nord-Norge, med sikte på å industrialisere og modernisere ein enkelt landsdel.³⁵⁰ Det var også første gong yrkesutdanning blei nytta som eit virkemiddel i moderniserings- og industripolitikken.

Arve Veiåker har i si hovudoppgåve i historie hevda at Nord-Norgeplanen introduserte ei ny line i den økonomiske politikken overfor landsdelen – “sjølvhjelpslina”. Han hevdar at ho stod i motsetnad til den økonomiske politikken som dei sentrale styresmaktene tidlegare hadde ført for å hjelpe landsdelen. Før Nord-Norgeplanen var den økonomiske politikken overfor landsdelen av ad-hoc karakter med kortsiktig mål om å bøte på den verste

³⁴⁹ Tjemeland 1997: 191.

³⁵⁰ Veiåker 1974: 7.

arbeidsløysa. Veiåker har kalla denne politikken for “tilskotslina”.³⁵¹ Ottar Brox har også understreka at Nord-Norgeplanen var eit brot i dei sentrale styresmaktene sin økonomiske politikk overfor landsdelen, men kjem til motsett resultat av Veiåker. Han hevdar at det frå 1935 og fram til 1950 blei ført ein sjølvhjelpspolitik av dei sentrale styresmaktene som stimulerte småbrukarøkonomien og bygdene. Han hevdar at Nord-Norgeplanen innførte heilt nye økonomiske spelereglar, som favoriserte sekundærnæringane og byane i forhold til primærnæringane og bygdene.³⁵² Samfunnsvitaren Erik Oddvar Eriksen er samd med Brox i at dei sentrale styresmaktene sin politikk overfor Nord-Norge frå 1935 og fram til 1950 var prega av “hjelp-til sjølvhjelp”, og at det stimulerte den tradisjonelle sjølvhjelpskulturen. Han hevdar det kom eit skifte i denne politikken etter 1950, og at tiltaka frå da av og fram til slutten av 1970-talet meir var prega av “hjelp” og “standardisering”, enn av hjelp-til sjølvhjelp.³⁵³ Han hevdar at det har ført til klientisering, stigmatisering og statsavhengigheit i Nord-Norge, og har kalla det “politikkenes janusansikt”.(jf kap.1)

For Nord-Norge som heilskap representerte tiltaka i Nord-Norgeplanen utan tvil eit omslag i den økonomiske politikken for å modernisere og industrialisere landsdelen, sjølv om målsettingane i planen i stor grad var ei vidareføring av den allmenne industrialiserings- og moderniseringspolitikken som hadde vore ført for heile landet frå 1945. I Nord-Troms og Finnmark derimot, der staten gjennom heile gjenreisingsperioden hadde vore ein aktiv moderniseringsagent gjennom ulike økonomiske tiltak, var Nord-Norgeplanen i større grad ei vidareføring av den industrialiserings- og moderniseringspolitikken som hadde vore ført, enn ei nyskaping.

4.6 Frå pessimisme til optimisme i Nord-Troms

Mot slutten av gjenreisinga, frå 1950 til våren 1951, var det aukande pessimisme i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden knytt til framtida for området. Pessimismen kom av at ein frykta stor arbeidsløyse etter gjenreisinga. Dette resulterte i krav innanfrå til dei sentrale styresmaktene. Det blei av enkelte hevda at om området ikkje fekk hjelp, ville einaste alternativet vere fråflytting.

³⁵¹ Ibid: 6.

³⁵² Brox 1984: 25-45.

³⁵³ Eriksen 1996: 150. Omgrepa “standardisering”, “hjelp” og “hjelp-til-sjølvhjelp” er kategoriar som er nytta for å kategorisere noen relasjonar mellom staten og kommunane.

Stortingsmeldinga om Nord-Norgeplanen blei lagt fram i midten av september 1951, etter å ha vore til høyring hos ei rekke organisasjonar sidan slutten av august same år. Dei ulike delane av planen blei tatt opp i Stortinget i perioden frå februar til juni 1952.³⁵⁴ Planen imøtegjekk ei rekke av krava som hadde kome frå dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden om utbygging av infrastrukturen, tilføring av kapital, industrialisering og om snarlege tiltak mot arbeidsløysa.

I avisa "Nordlys" var Nord-Norgeplanen ein gjengangar på leiarplass frå april 1951 til heile planen var vedtatt sommaren etter. Der blei planen forsvart og tiljubla, og den borgarlege kritikken av planen tilbakevist.³⁵⁵ Frå januar 1952 kjem ein aukande optimisme til framtida til uttrykk på ulike vis i dei fire Nord-Tromskommunane. Eit resultat av optimismen var at spørsmålet om eit interkommunalt tiltaksråd for kommunane rundt Lyngenfjorden fekk ny aktualitet. Kåfjord kommune hadde allereie våren 1951 oppmoda dei andre kommunane i området til å vere med på å skipe ei felles tiltaksnemnd for Nord-Troms, utan at det da lykkast. Ideen var at ei felles tiltaksnemnd skulle arbeide for: "*... å fremme næringslivet i disse kommunene.*".³⁵⁶ No var ikkje ideen om interkommunale tiltaksråd ny i fylket. I Sør-Troms hadde det vore eit interkommunalt tiltaksråd i fleire år, og Områdeplankontoret hadde i lengre tid argumentert for og oppmoda om interkommunalt tiltaksråd også for kommunane rundt Lyngenfjorden.

I januar 1952 arrangerte Skjervøy tiltaksnemnd eit fellesmøte for tiltaksnemndene og ordførarane rundt Lyngenfjorden, men bare representantane frå Skjervøy og Kåfjord møtte. Tema for møtet var Nord-Norgeplanen og utbygginga av næringslivet på Skjervøy. Hovudtalaren på møtet var stortingsmann Nils Jakobsen (A) frå Skjervøy, som gjorde greie for Nord-Norgeplanen og dei moglegheitene planen ga for utbygging av næringslivet i området. Jakobsen meinte at planen ville gjere det mogleg å få realisert ein del av dei sakene ein innanfrå hadde kjempa, og som var i tråd med målsettinga til Nord-Norgeplanen. Men han la vekt på at sjølv om planen gav grunnlag for optimisme, kom ikkje resultatata av seg sjølv. Skulle ein få til den ønska utviklinga på austsida av Lyngenfjorden, måtte ein ha innsatsvilje, pågangsmot og arbeide etter beste evne for å få realisert planane. Han peika vidare på at om

³⁵⁴ Veiåker 1974: 34.

³⁵⁵ "Nordlys" april 1951 - juni 1952.

³⁵⁶ SiTØ, FiT, Nordreisa kommunestyre sak 117 1951 og Kåfjord kommunestyre sak 50 1951

ein skulle få til den veksten i produksjonen planen la opp til, og såleis betre levestandarden, var auka yrkesspesialisering einaste vegen å gå. I debatten etter foredraget fekk Jacobsen full støtte frå møtet for ønsket om auka yrkesspesialisering.³⁵⁷

I april 1952 var igjen tiltaksnemndene og ordførarane rundt Lyngenfjorden samla til møte, no i Sørkjosen i Nordreisa. Denne gongen møtte representantar frå alle kommunane, med unntak av representantane frå Kvænangen. Tema for møtet var kva ein frå området ønskte å få realisert i samband med Nord-Norgeplanen, og kor ein ønskte dei ulike tiltaka lokalisert. Krava som blei fremma på møtet var i stor grad dei same som hadde vore reist tidlegare til fiske, jordbruk, industri og kommunikasjonar. Dei same forventningane til Nord-Norgeplanen kom til uttrykk gjennom lesarbrev i "Nordlys". Krava og ønska var dei same som tidlegare, optimismen var knytt til at dei gjennom Nord-Norgeplanen kunne bli realiserte.³⁵⁸

På møtet i Sørkjosen blei det også lagt fram eit forslag om skiping av eit interkommunalt tiltaksråd for kommunane rundt Lyngenfjorden. Dei fremste talsmennene for eit slikt råd var ordførar Anton Antonsen frå Kåfjord og ordførar Ove Myrland frå Nordreisa, men ved avrøystinga fekk forslaget bare fem røyster og blei ikkje vedtatt. Truleg var det fleire årsaker til at ein ikkje lykkast med å skipe eit interkommunalt tiltaksråd i denne omgang. Fleire av ordførarane gav uttrykk for at dei ville ha vanskar med å få kommunestyra til å binde seg til eit fast interkommunalt samarbeid.³⁵⁹ Problema med å få skipa eit interkommunalt tiltaksråd kjem tydeleg fram i referatet frå møtet som sto å lese i "Nordlys". Referenten skreiv:

*“... at det var vanskelig å enes om de store linjer – patriotismen skjen tydelig gjennom. Nå – dette å gi avkall på grenser – selv om det bare er kommunegrenser, er nok bittert og meget vanskelig.”*³⁶⁰

Ei annan årsak var stor usemje mellom kommunane om kva ein skulle prioritere og kor ein skulle lokalisere dei ulike tiltaka ein søkte realisert. Det kom også tydeleg fram i referatet kva referenten meinte var vegen å gå for at Nord-Troms skulle få realisert ønska om utbygging av næringsliv, kommunikasjonane, kraft og skole, og for å få heva levestandarden i området:

³⁵⁷ "Nordlys" 7/1 1952.

³⁵⁸ "Nordlys" april 1951 - juni 1952.

³⁵⁹ "Nordlys" 5/4 og 17/4 1952.

³⁶⁰ "Nordlys" 17/4 1952.

*“En ting er sikkert, skal en oppnå samarbeid om felles store saker, og greie å gjennomføre dem, så må en se bort fra kommunale grenser. Da må en se hele Nord-Troms som en kommune. [...] Hver for seg vil kommunene ha vanskeligheter med å løse disse oppgavene, ja kanskje det vil ta årrekkjer, men i samlet flokk vil de samme kommuner makte meget mer enn enkeltvis.”*³⁶¹

Eit anna uttrykk for den gryande optimismen innanfrå er det fempunktsprogrammet som Kvæningen kommunale plankomite vedtok i byrjinga av november 1952, og som dei ønskte realisert i samband med Nord-Norgeplanen. I programmet ønskte ein oppdyrking av Sekkemomyra på samvirkebasis, bulldosar til vegarbeid og jorddyrking, veg frå Alteidet til Jøkelfjord, kartlegging og undersøking av malmførekomstane og finansiering av 2-3 havgåande fiskebåtar.³⁶² Ønsket om havgåande fiskebåtar hadde ikkje vore reist frå Kvæningen tidlegare og var truleg eit resultat av at Nord-Norgeplanen opna for finansiering av havgåande fiskebåtar gjennom Utbyggingsfondet for Nord-Norge. Dei andre ønska var gjentaking av krav som hadde vore reist før til dei sentrale styresmaktene.

Lanseringa av Nord-Norgeplanen og det vidare arbeidet med denne førte, til ei avventande haldning i Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Men frå januar 1952 var det ei optimistisk tru på moglegheitene Nord-Norgeplanen gav for framtida i området. Forsøka på å få skipa Nord-Troms interkommunale tiltaksråd kan sjåast på som eit utslag av denne optimismen. Eit anna døme på optimismen er fempunktsprogrammet til Kvæningen kommunale plankomite. På under eitt år hadde haldninga og trua på framtida i området slått om frå å vere pessimistisk til å bli optimistisk, det er stor grunn til å tru at lanseringa og vedtakinga av Nord-Norgeplanen var årsak til omslaget.

³⁶¹ Ibid.

³⁶² SiTø, Fit, Utbyggingsavdelinga, brev frå Kvæningen kommunale plankomite til områdeplanleggingskontoret for Troms 11/11 1952, eske 21.

Kapittel 5. “Problemet Nord-Troms” og Nord-Tromsplanen

Midt på 1950-talet blei dei særlege vanskane knytt til den økonomisk moderniseringa av Nord-Troms aktualisert, og det voks fram eit bilete av Nord-Tromsregionen som “problemet Nord-Troms”. Korleis blei dette biletet skapt, og kva var bakgrunnen for det?

For å betre føresetnadene for økonomisk modernisering i Nord-Tromsregionen, blei Nord-Tromsplanen vedteke av Stortinget i 1957. Kva var bakgrunnen for planen og kva var målsettinga med planen? I kor stor grad samsvarte planen med ønska frå Nord-Troms og i kor stor grad samsvarte Nord-Tromsplanen med målsettinga i Nord-Norgeplanen?

I 1957 blei Nord-Troms interkommunale tiltaksråd skipa. Det førte til at krava om industri og kraftutbygging blei aktualiserte på nytt. Kva var bakgrunnen for skipinga, og kva for saker søkte tiltaksrådet å få realisert?

5.1 Behov for meir elektrisk kraft i Nord-Troms

Allereie før Sikkajokk kraftverk stod ferdig blei det av styret i Nord-Troms kraftlag peika på at anlegget ikkje ville produsere nok kraft til å dekke det framtidige behovet for kraft til industri og privat forbruk i dei tre kommunane Kåfjord, Skjervøy og Nordreisa. (jf kap. 3) Driftsstyrar Einar Elvestad i Nord-Troms kraftlag peika seinvinteren 1954 på den kommande kraftmangelen i området. I ein rapport til arbeidsutvalet i kraftlaget om det framtidige kraftbehovet skreiv han at: “... vi om to år år vil ha streng rasjonering, og vanskelighetene vil øke for hvert år.”.³⁶³ Nord-Troms kraftlag vurderte utbygging av fleire vassdrag, men kampen kom til å stå mellom eit mindre anlegg i Kildal i Nordreisa eller ei større utbygging av Guolasjokka i Kåfjord. Ei utbygging av Guolas hadde også vore lansert i samband med utbygginga av Sikkajokk, men ein hadde da prioritert ei rask utbygging av ei mindre kraftkjelde.

³⁶³ Rapport til arbeidsutvalet i Nord-Troms kraftlag frå Einar Elvestad 24/3 1954, her sitert frå Digre 1989: 36.

I samband med at Troms Fylkes Kraftforsyning i mars 1954 vedtok utbygging av Innset kraftverk i Indre-Troms, tok kontorsjef Peder A. Bergmo i Kåfjord kommune til ordet for at Nord-Troms måtte gå til “kraftforsyningsaksjon” i eit lesarbrev i "Nordlys".³⁶⁴ Han hevdar at:

*“Det må være en påtrengende oppgave for såvel øy- som landkommunene i Nordre Troms å gå til samlet aksjon slik at området ikke må bli fullstendig akterutseilt når det gjelder kraftforsyning.”*³⁶⁵

Bergmo meinte at Nord-Troms blei hengande etter i utbygginga av elektrisk kraft med den strategien Troms fylkes kraftforsyning hadde for kraftutbygginga i Nord-Troms. Mens det i resten av Troms blei bygt ut store kraftanlegg som skulle forsyne store område med elektrisitet, var strategien i Nord-Troms ei “suksessiv utbygging”. Det innebar ei utbygging av fleire små kraftstasjonar med felles nett. Utbygginga av Sikkajokk var ein del av denne strategien.(jf kap. 2) Problemet var i følge Bergmo at denne strategien ikkje gav nok kraft til etablering av industri i Nord-Troms. Han argumenterte av den grunn for utbygging av Guolas i Kåfjord, som kunne gje nok elektrisk kraft både til privat forbruk og til industrireising i heile området. I eit lesarbrev i same avis fire dagar seinare utdjupa han kvifor Nord-Troms måtte gå til felles kraftforsyningsaksjon:

*“Elektrisk kraft må være den vesentlige del av grunnlaget for liv og virksomhet i vår moderne tid dersom næringene skal være konkurransedyktige ... Hvordan i all verden kan vi da vente at her skal kunne opprettes bedrifter m.v. som kan skape arbeidsplasser for våre arbeidsløse og bringe levevilkårene opp på et plan som kan stå i noenlunde forhold til det øvrige land? [...] Det kan aldri bli annet enn talemåter i så henseende dersom det ikke skjer en radikal omlegging av hele vår kraftutbyggingsplan, men det må skje snart ..., det burde være en sterk oppfordring til Staten, gjerne gjennom Nord-Norgeplanen å bygge ut Guolasvassdraget til elektrisitetforsyning av hele nordre Troms.”*³⁶⁶

Etter initiativ frå Kåfjord formannskap møtte representantar for kommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Storfjord og Lyngen til møte om den vidare kraftutbygginga i nordfylket i desember 1954. I følge referatet frå møtet uttala ordføraren i Kåfjord, Anton Antonsen, følgande:

³⁶⁴ "Nordlys" 11/3 1954.

³⁶⁵ Ibid.

³⁶⁶ "Nordlys" 15/3 1954.

“... kommunene i Nord-Troms er så dårlig utbygd at de på det nærmeste må sammenlignes med en statsalmenning. Har vi øye for en økonomisk ekspansjon, må først grunnlaget for industrireising legges. I denne forbindelse er det av den største betydning at kraftforsyningen blir utbygd. Nord-Norgeplanen forutsetter utbygging av industrien, men en forutsetning for dette er kraft.”³⁶⁷

Antonsen peika på at ein føresetnad for industrialisering og økonomisk modernisering var elektrisk kraft, og hevda av den grunn at det var nødvendig å bygge ut kraftforsyninga i området. Han fekk deretter møtet til samrøystes å vedta at:

“... kraftlagene må gå inn for utbygging av en kraftkilde av en slik størrelsesorden at den kan beregnes å dekke behovet i en rimelig årrekke framover – både når det gjelder industrireising og det som ennå måtte gjenstå av det borgelige behov. Møtet tar i betraktning at næringsgrunnlaget i utbyggingsområdet står såvidt svakt at en dersom utflytting og derav følgende avfolkning skal unngåes, ikke har noe annet valg enn å gå fuklt inn for bygging av en større kraftkilde, i denne forbindelse kan det bli tale om Guolasvassdraget ... Møtet henstiller til myndighetene å foranledige angjeldende anlegg utbygd så hurtig som overhode mulig.”³⁶⁸

Men det gjekk ikkje slik politikarane i Kåfjord ønskte. På generalforsamlinga til Nord-Troms kraftlag i desember 1955 blei det vedtatt å bygge ut eit mindre kraftverk i Kildal i Nordreisa. Representantane frå Kåfjord røysta mot forslaget, dei ønskte framleis å få bygd ut Guolas.³⁶⁹ Nord-Troms kraftlag valde å halde fram med den suksessive kraftutbygginga og den strategien som var lagt for kraftutbygginga i Nord-Troms like etter krigen. Men problema med kraft til eventuell ny industri i Nord-Troms blei ikkje løyst gjennom vedtaket om utbygging av Kildalsvassdraget, til det ville ei utbygging gje for lite elektrisk kraft. Kampen om utbygging av Kildal eller Guolas og debatten om kva for strategi ein skulle velje for kraftutbygginga i Nord-Troms, aktualiserte spørsmålet om føresetnadene for industrireisinga i området.

5.2 Problema i Nord-Troms blir aktualiserte

På årsmøtet til Nord-Troms Arbeidarparti i byrjinga av januar 1956 var kraftutbygginga og næringsgrunnlaget i Nord-Troms ei av sakene som blei diskutert. Etter innleiing om saka av

³⁶⁷ "Nordlys" 6/1 1955.

³⁶⁸ "Nordlys" 31/12 1954.

³⁶⁹ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 229 1955.

stortingsmann Nils Jakobsen frå Skjervøy og leiar av Områdeplankontoret Hans Kviteng, vedtok årsmøtet følgande fråsegn:

*“Næringsgrunnlaget i Troms fylke er framleis meget ensidig og baserer seg vesentlig på jordbruk og fiskeri. I Nord-Troms er stillingen særdeles slett, idet den ene av de to næringer (jordbruket) står atskillig svakere både når det gjelder dyrket og udyrket areal og mulighetene for å få produktene fram til avsetningsstedet. Gjennreisingsarbeidet som hittil har skaffet den vesentligeste beskjeftigelse ved siden av fiskeri og jordbruk ebber nå ut etter hvert, og den ledige arbeidskraft må skaffes nye arbeidsplasser. Disse nye arbeidsplasser må skaffes vesentlig ved reising av industribedrifter og ved bygg av nye og større fiskefartøyer. Særlig må kreftene konsentreres om reisingen av industri. Utbyggingen av vegar, elektrisk kraft og telefon har den største betydning for lønnsomheten og den vidare utbygging av bestående og nye næringsgrener. For å kunne reise industri i Nord-Troms må minst en ny kraftkilde utbygges.”*³⁷⁰

Fråsegna har klart preg av å vere ei støtteerklæring til målsettingane i Nord-Norgeplanen om industrireising og modernisering av primærnæringsane. Men fråsegna gjer det klart at føresetnadene for industri i Nord-Troms måtte betrast gjennom utbygging av kommunikasjonane og elektrisk kraft for å få realisert desse måla i regionen.

Allereie ni dagar etter årsmøtet i Nord-Troms Arbeidarparti la Områdeplankontoret under Kviteng si leining fram eit notat om Nord-Troms og næringsgrunnlaget i framtida. Truleg var det dette notatet Kviteng hadde nytta i si innleiing på årsmøtet til Nord-Troms Arbeidarparti. I notatet “Nord-Troms og utbyggingsprogrammet”, datert 17/1 1956, tok Områdeplankontoret i Troms opp problema knytt til den næringsøkonomiske utviklinga i dei åtte Nord-Tromskommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen, Storfjord, Lyngen, Ullsfjord og Karlsøy.³⁷¹ Notatet aktualiserte dei særlege vanskane knytt til den økonomiske moderniseringa av Nord-Troms, og problema i regionen blei knytt til dei allmenne problema med økonomisk modernisering i landsdelen.

Bakgrunnen for notatet var at næringslivet i Nord-Troms var svakast i landet og: “... fylkets alvorligste problem i relasjon til utbyggingsprogrammet – et område som bør prioriteres og

³⁷⁰ “Nordlys” 10/1 1956, min parentes.

³⁷¹ Riksarkivet, DU, notat 17/1 1956: “Nord-Troms og utbyggingsprogrammet” side 1, eske 75.

som har krav på særskilte tiltak under Nord-Norge programmet”.³⁷² Notatet var dels ein kortfatta næringsøkonomisk analyse, dels ei evaluering av Utbyggingsfondet for Nord-Norge sitt engasjement og dels forslag til nye tiltak for å styrke næringsgrunnlaget i Nord-Troms. Hovudpunkta i notatet var at dei tradisjonelle næringane jordbruk og fiske låg “... *betydelig svakere an enn i resten av fylket ..., og at utviklingsmulighetene er tilsvarene begrenset ...*”.³⁷³ Områdeplankontoret var svært skeptisk til at primærnæringane i framtida skulle kunne danne grunnlag for økonomisk vekst, og hevda at: “... *selv en rimelig ekspansjon i de to næringer ikke på noen måte vil medføre en heving av nivået i området, ...*”³⁷⁴. Men det blei presisert at primærnæringane framleis måtte stimulerast til modernisering og utvikling.

Det blei i notatet slått fast at Nord-Troms på det nærmaste ikkje hadde industri, og at området i liten grad hadde klart å dra nytte av Utbyggingsfondet for Nord-Norge. Nord-Troms hadde 20% av folketalet i fylket, men hadde bare fått 8,3% av midla som fondet hadde løyvt til Troms fram til 1956. Det blei også peika på at Troms bare hadde fått 11 millionar kroner frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge, mens Nordland hadde mottatt heile 48 millionar kroner. Områdeplankontoret i Troms såg slik på årsaka: “*Det fortøner seg for oss slik at i et område hvor der ikke finnes industri før, er det meget vanskelig å få en utvikling i gang.*”³⁷⁵ Særleg blei det peika på mangelen på kapital og industrielle tyngdepunkt i Nord-Troms for å få fart i industrialiseringa.³⁷⁶ Sysselsettinga i industrien var tilsvarende låg, om ein ser bort frå sysselsettinga i bygg og anlegg. 31/10 1955 var bare 1% av folkemengda over 15 år sysselsett i industrien i Nord-Troms, mens det tilsvarende talet for landkommunane i resten av fylket var 4%. Eit anna problem var at den totale sysselsettinga hadde gått ned i Nord-Troms frå 1950 til 1955, mens den hadde auka med over 20% i heile fylket. Samtidig hadde yrkesbefolkninga auka med 3,5% årleg i regionen, mot 2,1% i heile landet.³⁷⁷

I notatet kom Områdeplankontoret med fleire framlegg til tiltak som kunne få fart i industrireisninga og skape nye arbeidsplassar i Nord-Troms. For det første burde ein vente med utbygginga av Kildal til ein visste kva ei utbygging av Guolas ville koste. Ein meinte ei utbygging av Guolas, med dei store kraftmengda det ville gje, kunne få sørnorsk industri til å etablere seg i Nord-Troms. Det blei også peika på dei mange arbeidsplassane som ei

³⁷² Ibid: 11.

³⁷³ Ibid: 4.

³⁷⁴ Ibid: 4.

³⁷⁵ Ibid: 6.

³⁷⁶ Ibid: 6.

utbygging av Guolas ville gje på kort sikt, og at ei slik utbygging såleis ville løyse dei akutte sysselsettingsproblema i Nord-Troms. Det blei også reist spørsmål om styresmaktene burde godkjenne stadsvalet til nye industriverksemder i Nord-Norge, og ikkje bare investeringsplanen. Ein annan ide som blei lansert var å få til eit industrielt samarbeid med Finland og Sverige, og i den samanhengen blei det foreslått ein veg opp Skibotndalen til Finland og vidare til Sverige. Vidare blei det peika på at kommunikasjonane i området burde styrkast. Viktigast var det å få til ferje over Ullsfjorden for å knyte Nord-Tromsregionen nærmare tromsødistriktet, og såleis auke den økonomiske kontakten mellom dei to områda.³⁷⁸

Notatet var truleg utarbeidd av Områdeplankontoret på eige initiativ, men var tydeleg eit resultat av kravet frå Kåfjord om utbygging av Guolas. Om debatten og fråsegna til Nord-Troms Arbeidarparti om problema i Nord-Troms var eit resultat av Kviteng sitt initiativ, eller om han var invitert uavhengig av arbeidet med notatet, har eg ikkje funne noe om i kjeldene. Sikkert er det at det var eit nært samarbeid mellom politikarane i Nord-Troms og Områdeplankontoret på 1950-talet, og det var vanleg at representantar frå kontoret var med på møte der næringsøkonomiske spørsmål blei drøfta.

“Problemet Nord-Troms”

Problema knytt til den økonomiske moderniseringa i Nord-Troms var ikkje unike, det var dei same som i resten av landsdelen. Det som var særskilt for Nord-Troms var at problema var større og meir djuptgripande, og at regionen av den grunn hadde vanskar med å dra nytte av virkemidla til Utbyggingsfondet for Nord-Norge. I notatet frå Områdeplankontoret blei det skapt eit bilete av Nord-Troms som “problemet Nord-Troms”, som ein særskilt avart av “problemet Nord-Norge”. Det var med andre ord den same førestillinga av problema som låg til grunn for begge bileta. Notatet førte Nord-Tromsproblematikken og om spørsmålet om kraftutbygging i Nord-Troms inn til leiinga av Utbyggingsfondet for Nord-Norge.

Korleis var reaksjonen frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge? Fondet var samd i at Nord-Troms hadde særeigne problem, men planane om utbygging av Guolas var fondet derimot negative til. På brevet som følgde med notatet til Distriktenes Utbyggingsfond står følgjande kommentar skrive for hand, truleg av ein i leiinga av Utbyggingsfondet for Nord-Norge:

³⁷⁷ Ibid: 10.

³⁷⁸ Riksarkivet, DU, notat 17/1 1956: “Nord-Troms og utbyggingsprogrammet” side 13, eske 75.

*“Opplegget er greit, selv om problemene – som Kviteng er merksom på – er sterkt forenklet. Værre blir det når man stiller spørsmålet: Hvordan løse problemet i praksis, jmf. Brofoss merknad om at det ikke gikk an å bygge ut større kraftanlegg før det framtidige behovet var klarlagt om konkrete forbrukere.”*³⁷⁹

Merknaden kan tyde på at Utbyggingsfondet for Nord-Norge allereie på dette tidspunktet hadde bestemt seg for at utbygging av Guolas ikkje kom på tale utan at det samtidig blei etablert ei større industriverksemd i området.

I dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden fekk biletet av “problemet Nord-Troms” stor gjennomslagskraft. Til dømes i Kåfjord, der arbeidet med å få bygd ut Guolas og reist industri heldt fram. I april 1956 reiste Kåfjord kommunestyre krav om: “... at neste etappe i kraftutbyggingen i Nord-Troms nødvendigvis må skje med direkte næringsformål for øye.”³⁸⁰ Bakgrunnen for kravet var dei særeigne problema i Nord-Troms. Det var også bakgrunnen til at årsmøtet i Kåfjord Arbeidarparti sommaren same år gjorde vedtak om å sende ein resolusjon til sentralstyret i partiet og til regjeringa, der ein gjorde merksom på at:

*“Nord-Norgeplanen hittil praktisk talt ikke har hatt betydning for Nord-Troms, selv om det var problemene i dette distrikt som var den direkte foranledning til at spørsmålet om en utbyggingsplan for Nord-Norge ble tatt opp.”*³⁸¹

Kvænangen Arbeidarparti sendte eit liknande skriv til sentralstyret i partiet i november 1956. Også der blei dei særeigne problema i Nord-Troms peika på. Skrivet reiste krav om ulike tiltak i kommunen for å betre dei næringsøkonomiske forholda, mellom anna krav om kraftutbygging og bygging av vegar.³⁸² I slutten av desember same år fekk kommunepartiet svar frå direktøren i Utbyggingsfondet for Nord-Norge, Reidar Carlsen. Han skreiv at arbeidet med ein plan for å betre infrastrukturen i Midt- og Nord-Troms var i gang – biletet av

³⁷⁹ Riksarkivet, DU, brev frå Områdeplankontoret i Troms, ved Hans Kviteng, til Utbyggingsfondet for Nord-Norge 19/1 1956. Påskrift for hand datert 23/1, eske 75.

³⁸⁰ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 94 1956.

³⁸¹ "Nordlys" 23/7 1956.

³⁸² Riksarkivet, DU, brev frå Kvænangen Arbeiderparti til Arbeidarpartiet sitt sentralstyre 5/11 1956, eske 75.

“problemet Nord-Troms” hadde skapt ei ny problemoppfatning hos dei sentrale styresmaktene.³⁸³

5.3 Nord-Tromsplanen

Allereie i oktober 1956 hadde Områdeplanlegginga i Troms lagt fram forslag til ekstraordinær utbygging av enkelte vegar, kraftliner og hamner som dei meinte var av grunnleggande næringsøkonomisk verdi for området.³⁸⁴ Forslaget var kome i stand etter oppmoding frå Reidar Carlsen, og var grunna i problema Nord-Troms hadde med å nyttiggjere seg midla frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge. Det går fram av innleiinga til forslaget at Carlsen hadde gjeve uttrykk for at det var riktig å kompensere gjennom andre tiltak når fondet si verksemd ikkje hadde ført fram i Nord-Troms. I samsvar med denne tankegangen var planen om ekstraordinær utbygging av særskilde vegar, kraftliner og hamner utarbeidd, og seinare vedtatt av Troms fylkesråd sitt arbeidsutval.³⁸⁵

På bakgrunn av forslaget frå Områdeplankontoret vedtok styret i Utbyggingsfondet for Nord-Norge å arbeide vidare med ein finansieringsplan for Nord-Tromsplanen. Allereie i januar 1957 blei planen lagt fram for Kommunal- og Arbeidsdepartementet, og straks etter blei Stortingsproposisjon nr. 31 (1957) om: *“Ekstraordinær utbygging av enkelte vegar, kraftlinjer og hamner i Midt- og Nord-Troms med støtte av Utbyggingsfondet for Nord-Norge”* lagt fram.³⁸⁶ Stortinget vedtok planen samrøystes i mai same år, og han var lik det forslaget Områdeplankontoret hadde lagt fram i oktober 1956.

Kva var innhaldet i planen? Nord-Tromsplanen var ein konkret plan for utbygging av sju vegstrekningar, ei hamn og 17 kraftliner over ein 4-års periode frå og med 1957. Totalt ville planen kome på 29,5 millionar kroner, av dette skulle Utbyggingsfondet for Nord-Norge finansiere inntil 10 millionar kroner.³⁸⁷ I dei fire Nord-Tromskommunane eg har konsentrert meg om, omfatta planen fire veganlegg. Alle desse veganlegga hadde det vore krav om innanfrå gjennom heile etterkrigstida. I Kåfjord var det vegen mellom Manndalen og Birtavarre som skulle byggast ferdig, i tillegg til at ein skulle bygge ein seterveg øvst i Manndalen. I Skjervøy var det to vegprosjekt. Det skulle byggast veg mellom Bakkeby og

³⁸³ Riksarkivet, DU, brev frå Reidar Carlsen til Kvænangen Arbeidarparti 28/12 1956, eske 75.

³⁸⁴ Riksarkivet, DU, notat frå Områdeplankontoret i Troms 8/10 1956, eske 75.

³⁸⁵ Ibid: 1

³⁸⁶ Stortingsproposisjon nr. 31 (1957)

Hamn, med ferjeleier på Hamn og på Skjervøy tettstad. Vegen ville knyte tettstaden Skjervøy til riksveg 50. Vidare skulle vegen Staumfjordnes - Stornes byggast. I Kvænangen skulle vegen frå Alteidet til Jøkelfjord byggast. Totalt ville 6.2 millionar kronar av totalsummen på 29,5 millionar kroner gå med til desse utbyggingane.³⁸⁸ Med Nord-Tromsplanen skulle enkelte utbyggingar av infrastrukturen forserast og kome i tillegg til dei allereie planlagde utbyggingane i regionen. Som Bjørn Hersoug og Dag Leonardsen heilt riktig har peika på, var planen i stor grad ei førehandsdisponering av framtidige løyvingar som likevel skulle kome på dei ordinære budsjetta.³⁸⁹

Målsettinga med planen var å betre føresetnadene for å drive jordbruk og fiske i dei svakast utbygde områda i Nord-Norge. Innleiinga frå departementet peika på at utbygging av infrastruktur og betring av føresetnadene for primærnæringane, som det her var tale om, i utgangspunktet ikkje var Utbyggingsfondet for Nord-Norge si oppgåve, men at problema i Nord-Troms kravde særskilde tiltak:

*“Problemstillingen blir da omtrent som følgende: Hva kan gjøres innenfor rammen av utbyggingsprogrammet for å øke sysselsettingen og produktivitet i de områder som hverken nå eller på lengre sikt synes å ha vilkår for noen nevneverdig industrireising? [...] Det naturlige er da å konsentrere seg om disse næringer (primærnæringene) og gi dem tilfredstillende utviklingsmuligheter gjennom bl. a. bedre landverts kommunikasjon, øket tilgang på elektrisk kraft og i alle fall en god havn i tillegg til de som allerede finnes.”*³⁹⁰

Når fondet likevel skulle engasjere seg i utbygginga av infrastrukturen i Nord-Troms, var det for å betre vilkåra for primærnæringane i dei områda som ikkje hadde industri, og som heller ikkje i framtida kunne rekne med industrireising. I Nord-Norgeplanen var målet å styre investeringane i retning av industrialisering, mellom anna gjennom utbygging av infrastruktur for industrien; målet var å få til ei strukturendring av nordnorsk økonomi. Samanlikna med den opphavlege målsettinga i Nord-Norgeplanen kan Nord-Tromsplanen – ved at den eksplisitt uttalte at utbyggingane skulle betre føresetnadene for primærnæringane – tolkast som eit brot med den politikken dei sentrale styresmaktene til da hadde ført for modernisering av Nord-Troms og Nord-Norge. Planen kan også tolkast som ei vedgåing av at Nord-

³⁸⁷ Ibid: 1f og 7.

³⁸⁸ Ibid: 5, 11 og 14.

³⁸⁹ Hersoug og Leonardsen 1979: 132.

³⁹⁰ Stortingsproposisjon nr. 31 (1957): 2, min parentes.

Norgeplanen hadde vore ei for einsidig satsing på industrireising og for lite på utbygging av infrastrukturen.³⁹¹ Men ser ein dei sentrale styresmaktene sin politikk under eitt, representerte ikkje Nord-Tromsplanen og utbygginga av infrastrukturen noe nytt. Gjennom heile etterkrigstida hadde dei sentrale styresmaktene gjeve løyvingar til utbygging av vegar, hamner og kraftlinjer. Det som var nytt i Nord-Tromsplanen samanlikna med Nord-Norgeplanen, var at ein ønskte å få til ei styrking av primærnæringane gjennom samordning av dei offentlege investeringane i området. Denne samordning var første gong blitt lansert i samband med Trøndelagsplanen året før.³⁹²

Kva var bakgrunnen for Nord-Tromsplanen? I proposisjonen står det:

*“Såvidt betydelig vekt som det i utbyggingsprogrammet er lagt vekt på privat industrireising, synes de på forhånd svakeste distrikter hittil å ha hatt den minste direkte nytte av programmet..., er det, [...], nærliggende å tilpasse programmet slik at det blir mulig å tilgodese også de distrikter der næringsgrunnlaget er svakest.”*³⁹³

Det var tydeleg at Områdeplankontoret sitt bilete av “problemet Nord-Troms” hadde skapt ei ny problemoppfatning hos dei sentrale styresmaktene, og at planen var ei erkjenning av at Utbyggingsfondet for Nord-Norge si verksemd ikkje hadde ført fram i Nord-Troms. Hersoug og Leonardsen har rett når dei hevdar at planen var eit svar på den omfattande kritikken som var reist mot at Utbyggingsfondet for Nord-Norge sine midlar hovudsakleg gjekk til meir sentrale stader i landsdelen, og at Nord-Tromsregionen av den grunn hadde fått minimalt med tilskot frå fondet.³⁹⁴ Øyvind Thomassen er ikkje usamd med Hersoug og Leonardsen, med han hevdar at bakgrunnen for Nord-Tromsplanen i like stor grad var eit uttrykk for at dei sentrale styresmaktene i større grad enn tidlegare såg infrastruktur, industriutbygging og busettingsstruktur som samverkande faktorar i region- og distriktpolitikken.³⁹⁵

³⁹¹ Hersoug og Leonardsen 1979: 132.

³⁹² Ibid: 128ff og 133.

³⁹³ Stortingsproposisjon nr. 31 (1957): 2.

³⁹⁴ Ibid: 132.

³⁹⁵ Thomassen 1997 (B): 337

5.4 Reaksjonane på Nord-Tromsplanen

Korleis blei Nord-Tromsplanen motteken i Nord-Troms? Årsmøtet i Nord-Troms Arbeidarparti i januar 1957 takka regjeringa for planen, som da var under førebuing.³⁹⁶ Truleg var årsmøtet si positive haldning representativ for store delar av Nord-Troms, men ikkje alle var nøgde. For folk i Kåfjord må Nord-Tromsplanen ha vore eit nederlag. Rett nok fekk dei realisert vegen mellom Manndalen og Birtavarre – ein veg dei hadde kjempa for å få bygd i heile etterkrigstida – og setervegen i Manndalen. Men kravet om utbygging av Guolas, som truleg hadde vore ein av hovudårsakene til at arbeidet med Nord-Tromsplanen kom i gang, blei ikkje realisert. Hausten 1957 blei det klart at dei forhandlingane som hadde vore ført for å få bygd ut Guolas i samband med etablering av ferrossiliciumsindustri i Kåfjord ikkje hadde ført fram. Selskapet valte å legge verksemda til Finnfjordbotn i Lenvik kommune i Sør-Troms.³⁹⁷ Kontorsjef Peder A. Bergmo i Kåfjord kommune – som i 1954 hadde tatt til orde for ein kraftforsyningsaksjon i Nord-Troms og ei utbygging av Guolas – kommenterte i eit lesarbrev i "Nordlys" på følgande vis Nord-Tromsplanen og dei sentrale styresmaktene sin vilje til å finne løysingar på problema i Nord-Troms:

*"I løpet av det siste året er det sikkert mange med meg som har gått og håpet og kanskje trodd at det snart skulle skje et eller annet som skulle kunne løfte næringsgrunnlaget i Nord-Troms slik at det kom på høyde med det øvrige fylke ..., intet er gjort for å rette opp forholdene. Det kunne være fristende å spørre om myndighetene overhodet er oppmerksomme. Nå vil man sikkert svare Nord-Tromsplanen! Dere har jo fått den! Hva syter dere for?[...] ..., det er klart vi er glade og takknemelige for det, men la ingen i nordfylket forledes til å tro at Nord-Troms dermed er kvitt sin arbeidsløshet og sine spesielle vanskeligheter forøvrig."*³⁹⁸

To dagar tidlegare hadde den same haldninga til Nord-Tromsplanen og dei sentrale styresmaktene kome til uttrykk i Kåfjord kommunestyre.³⁹⁹ Bergmo hadde truleg mange i Kåfjord med seg når han hevda at ei erkjenning av "problemet Nord-Troms" og noen mindre tiltak for å berte vilkåra for primærnæringane, ikkje var tilstrekkeleg for å løyse dei særeigne problema i området.

³⁹⁶ "Nordlys" 7/1 1957, referat frå møtet.

³⁹⁷ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 114 1957 og referat frå kommunestyremøtet i "Nordlys" 22/10 1957.

³⁹⁸ "Nordlys" 23/10 1957.

³⁹⁹ Referat frå kommunestyremøtet i "Nordlys" 22/10 1957.

5.5 Krava om industrireising og kraftutbygging blir aktualiserte på nytt

I Nord-Troms var dei ikkje nøgde med at utbygginga av Guolas ikkje var tatt med i Nord-Tromsplanen, og sommaren 1957 fekk dei Troms fylkesting med seg i eit vedtak som peika på at det var viktig å få: “... *fortsatt undersøkelsene av kraftkildene i Nord-Troms , og i tilknytting til dette finne fram til industriprosjekter som ... man rår over i dette området.*”⁴⁰⁰

I Nord-Troms blei det igjen tatt til orde for skiping av eit interkommunalt tiltaksråd. Det same hadde vore prøvd i 1952 etter lanseringa av Nord-Norgeplanen, men utan at det da hadde lykkast.(jf kap. 4) No var det Nordreisa formannskap som tok initiativ til eit interkommunalt tiltaksråd for kommunane Nordreisa, Kåfjord, Skjervøy, Kvæningen, Storfjord, Lyngen og Ullsfjord .⁴⁰¹ På foråret 1958 blei Nord-Troms interkommunale tiltaksråd skipa. Det blei sett ned eit eige arbeidsutval under leiing av ordføraren i Nordreisa, Arthur Elvestad, og med ordførar Antonsen frå Kåfjord og ordførar Sverre O. Soløy frå Lyngen som medlemmar.

Våren 1958 tok arbeidsutvalet i lag med stortingsmann Nils Jakobsen initiativ til ein konferanse med statsministeren, kommunalministeren, industriministeren, sjefsdirektør Erik Brofoss i Norges Bank, som var styreleiar i Utbyggingsfondet for Nord-Norge, Reidar Carlsen som var direktør i fondet, og leiaren av Områdeplankontoret i Troms, Hans Kviteng. Tema for konferansen var problema i Nord-Troms, og kva som kunne gjerast for å løyse dei. Nord-Troms interkommunale tiltaksråd hadde fire saker dei ønska å drøfte:

- “1) *Hurtigst mulig full utbygging av Guolasvassdraget.*
- 2) *Fortsatte undersøkelser og beregninger av kraftmengdene i de øvrige vassdrag i området.*
- 3) *Fortsatte undersøkelser og beregninger av dolomitt og kvarts og malmforekomstene med tanke på industriell utnytting.*
- 4) *Oppnevning av et ekspertutvalg som har til oppgave å utrede mulighetene for reising av industri basert på den kraft Nord-Troms rår over.*”⁴⁰²

Initiativet førte til at det sommaren og hausten same år blei halde to konferansar i Oslo mellom Nord-Troms interkommunale tiltaksråd, representantar frå departementa og

⁴⁰⁰ Troms fylkesting sak 80 1957.

⁴⁰¹ SITØ, FiT, Utbyggingsavdelinga, utskrift av vedtak i Kåfjord formannskap sak 215 1957, eske 21.

⁴⁰² SiTØ, FiT, Utbyggingsavdelinga, rapport frå Nord-Troms interkommunale tiltaksråd juni 1958, eske 21.

Utbyggingsfondet for Nord-Norge, der desse ønska blei drøfta. Også denne gongen blei det gjort klart av dei sentrale styresmaktene at ei utbygging av Guolas ikkje var aktuelt så lenge det ikkje var konkrete planar om industri som kunne utnytte krafta.⁴⁰³ På same vis som i Stortingsmelding nr. 48 (1958) var Utbyggingsfondet for Nord-Norge positiv til framlegget om eit ekspertutval til å gjere greie for moglege industriprosjekt basert på kraft frå Guolas i Nord-Troms, og fondet gav også tilsegn om midlar til å undersøke kraftpotensialet i vassdraga i Nord-Troms.⁴⁰⁴

Seinare på hausten same år tok Hans Kviteng initiativ for å få skipa det ekspertutvalet som skulle greie ut om industri basert på elektrisk kraft i Nord-Troms. Kviteng tok også direkte kontakt med A/S Borregaard i Sarpsborg med tanke på etablering av treforedlingsindustri i området. Inspirert mellom anna av Nordisk Råd sitt møte i Oslo i 1958, tok Kviteng også direkte kontakt med dei finske styresmaktene, for å få dei interesserte i ei slik utbygging. Tanken var å nytte kraft frå Nord-Troms og trevirke frå Norge, Finland og Sverige.

I eit brev til Erik Brofoss tok Kviteng opp den gamle finske ideen om ei transithamn i Skibotn, med utbygging av jernbane i tillegg til ei utbetring av mellomriksvegen frå Skibotn og til Finland.⁴⁰⁵ Brofoss svarte med å åtvara Kviteng mot å vere for optimistisk i forhold til utbygging av transithamn og jernbane. Av tryggingspolitiske årsaker meinte han at ei slik utbygging ikkje var realistisk. For tidlegast mogleg å få vurdert dette, sendte Brofoss eit personleg brev til Finlands innanriksminister Vaino Leskinen om saka.⁴⁰⁶ I slutten av desember i 1958 var Kviteng framleis optimist og meinte at eit nordisk samarbeid om utbygging av industri og kraft i Nord-Troms kunne løyse problema i området. I brev til Brofoss og Reidar Carlsen foreslo Kviteng at eit ekspertutval burde ha representantar frå Norge, Finland og Sverige, og vurdere felles ressursutnytting i dei tre landa.⁴⁰⁷

⁴⁰³ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, notat frå Kontoret for områdeplanlegginga i Troms til Nord-Troms interkommunale tiltaksråd, 20/5 1959, eske 21.

⁴⁰⁴ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, rapport frå Nord-Troms interkommunale tiltaksråd juni 1958, eske 21.

⁴⁰⁵ Riksarkivet, DU, brev frå Hans Kviteng, Områdeplanlegginga i Troms, til A/S Borregaard, 13/6 1958, til Harald Gripenberg 15/10 1958, til Erik Brofoss 21/11 1958, eske 75.

⁴⁰⁶ Riksarkivet, DU, brev frå Erik Brofoss til Hans Kviteng 27/11 1958 og 27/11 1958 til Vaino Leskinen, eske 75.

⁴⁰⁷ Riksarkivet, DU, brev frå Hans Kviteng til Erik Brofoss 23/12 1958 og til Reidar Carlsen 6/1 1959, eske 75.

I januar 1959 blei ideen om nordisk samarbeid som grunnlag for utbygging av Guolas ført vidare av Carlsen i eit brev til statsminister Einar Gerhardsen. Carlsen fremma forslag om utbygging av Guolas basert på eksport av krafta til Sverige og Finland, og gjennom overføring av kraft til Troms Fylkes Kraftforsyning sitt forsyningsnett.⁴⁰⁸ Forslaget blei sendt vidare til Industridepartementet og direktør Fredrik Vogt i Vassdragsvesenet. I eit notat til industriminister Sjaastad peika Vogt på at ei utbygging basert på eksport av kraft til nabolanda ikkje var realistisk økonomisk eller praktisk. Svenskane var ikkje interesserte i faste kraftkjøp, og det ville krevje bygging av “... endeløst lange ledninger fra Lyngen før en når det finske stornett.” og utgiftene med ei utbygging av linenettet til Finland ville vere større enn inntektene frå krafteksporten. Vogt meinte det heller ikkje var marknad for avsetnad av krafta frå Guolas i Troms, og at det ville bli svært vanskeleg å få etablert kraftkrevjande industri i Nord-Troms så lenge det var mogleg å få tilgang på dei same kraftmengder lengre sør i landet.⁴⁰⁹ Av Vogt sitt notat går det tydeleg fram at Vassdragsvesenet ikkje ønskte ei utbygging av kraftkjeldene i Nord-Troms.

Våren 1959 var det tydeleg at leiinga i Utbyggingsfondet for Nord-Norge hadde teke notis av Vogt sitt notat. Ekspertutvalet - som fondet tidlegare hadde vore positiv til - ønskte fondet ikkje lenger å skipe. Igjen blei det peika på at ei utbygging av Guolas ikkje var aktuelt utan at kraftkrevjande industri blei etablert i området.⁴¹⁰ Ved utgangen av 1950-talet hadde ingen av initiativa ført fram, verken om nordisk industrisamarbeid knytt til Nord-Tromsområdet, eksport av krafta, bruk av krafta i fylket eller skiping av ekspertutval.

5.6 Nord-Troms interkommunale tiltaksråd – ny strategi for problemløysing

Dei særeigne problema i Nord-Troms knytt til industrialisering og økonomisk modernisering resulterte i eit bilete av regionen som “problemet Nord-Troms” midt på 1950-talet. Dette førte til auka merksemd om den manglande økonomiske moderniseringa i Nord-Troms. Eit resultat av denne merksemda var Nord-Tromsplanen. Planen løyste i liten grad det som i Nord-Troms blei oppfatta som hovudproblemet i regionen – mangelen på elektrisk kraft til industri. Kravet om kraftutbygging hadde vore ei av årsakene til at problema i Nord-Troms blei aktualisert. På

⁴⁰⁸ Riksarkivet, DU, brev frå Reidar Carlsen til statsminister Einar Gerhardsen 17/1 1959, eske 75.

⁴⁰⁹ Riksarkivet, DU, notat til statsråd Sjaastad frå Fredrik Vogt 2/3 1959, eske 75.

⁴¹⁰ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, notat frå Kontoret for områdeplanlegginga i Troms til Nord-Troms interkommunale tiltaksråd, 20/5 1959, eske 21.

slutten av 1950-talet førte det til at ein ny strategi for problemløysing blei søkt i Nord-Troms. Fram til byrjinga av 1958 hadde kommunane i Nord-Tromsregionen søkt å løyse problema kvar for seg. I stor grad hadde ønska innanfrå blitt fremma som bastante krav om tiltak og utbygging. Skipinga av Nord-Troms interkommunale tiltaksråd markerte ei omlegging av strategien innanfrå i samband med ønska om industri, kraft og økonomisk modernisering. I større grad enn tidlegare var kommunane i Nord-Tromsregionen i dialog med dei sentrale styresmaktene og Områdeplankontoret for å få realisert ønska. Det viktigaste var likevel at kommunane no samla seg i ein felles organisasjon for å fremme krav som hadde felles interesse, for heile Nord-Tromsregionen. Skipinga av Nord-Troms interkommunale tiltaksråd kan i ein slik samanheng sjåast på som eit resultat av ei erkjenning av sammanfallande interesse som resulterte i ein gryande regionalisme i regionen.⁴¹¹ Truleg hadde denne erkjenninga samanheng med at det var skapat eit bilete av “problemet Nord-Troms”, og i ei felles oppfatning av at dei sentrale styresmaktene ikkje tok nok omsyn til problema i regionen.

Det var ikkje bare i Nord-Troms det blei søkt nye former for samarbeid og problemløysing i samband med industrialiserings- og moderniseringsstrev i denne perioden. Nye samarbeidsformer var eit kjennetegn ved norsk politikk i etterkrigstida, og skipinga av Nord-Troms interkommunale tiltaksråd kan også sjåast i eit slikt perspektiv. Fleire omgrep har vore nytta for å karakterisere samarbeidsformene. “Toppfolkenes partnerskap” har historikaren Edvard Bull d.y karakterisert det norske regimet med samarbeid mellom toppene i politikken, næringsliv og fagrørsla.⁴¹² Eit anna omgrep som har vore nytta er “den korporative kanal”, mellom anna har Even Lange nytta dette omgrepet i sitt bind av den nye Norgeshistoria.⁴¹³ Hallvard Tjelmeland har i studien sin av tromsøområdet vist at ein også der gjekk nye vegar for å få realisert industri på 1950- og 1960-talet. Han har nytta omgrepet “lokal korporatisme” for å karakterisere denne samarbeidsforma.⁴¹⁴

⁴¹¹ Historikaren Einar Niemi har skilt mellom regionalisering – om staten sine tiltak i regionane – og regionalisme – om ideologiseringa av regionomgrepet i regionane. Niemi 1997: 441.

⁴¹² Bull 1979 (A): 110f.

⁴¹³ Lange 1998: 164.

Del 3. Distriktpolitikk, kraftutbygging og gryande moderniseringskritikk (ca. 1960 – 1970)

I 1960 var virketida til Nord-Norgeplanen og Utbyggingsfondet for Nord-Norge over, og frå Nord-Troms og resten av landsdelen blei det reist krav om ei vidareføring av planen. Bakgrunnen for kravet var at Nord-Norgeplanen og Nord-Tromsplanen ikkje hadde ført til den venta økonomiske moderniseringa. Til dømes var i gjennomsnitt 8,1% av arbeidsstyrken i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden utan arbeid i 1960, mot 3,3% i heile fylket og 1,2% i heile landet, og det var framleis store svingingar i sysselsettinga gjennom året.⁴¹⁵ Eg skal gå nærmare inn på resultatane av moderniseringsprosessen i kapittel 9 og 10. Også dei sentrale styresmaktene såg behovet for ei vidareføring av tiltaka i Nord-Norgeplanen, men dei meinte Nord-Norge og Nord-Troms ikkje lenger var i ei særstilling – problema med manglande økonomisk modernisering var eit landsomfattande “distriktsproblem”. Resultatet var skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond i 1961. I kapittel 6 drøftar eg drivkreftene bak skipinga av fondet og kva som var målsettinga med fondet.

I Nord-Troms var det eit sterkt ønske om å få bygd ut større kraftverk i området. På 1960-talet blei to større vassdrag bygde ut i Nord-Troms – Kvænangsbotn og Guolas. Kva som var drivkreftene bak utbyggingane tar eg for meg i kapittel 7.

I 1965 blei Skjervøy peika ut som eit av ni prøve- og vekstsenter i Norge. I kapittel 8 drøftar eg bakgrunnen for prøve- og vekstsenterpolitikken, og kva årsaka var til at Skjervøy var ein av dei tettstadene som blei peika ut.

Til grunn for moderniseringsstrevet i etterkrigstida låg ein sterk framstegsoptimisme – gjennom økonomisk vekst og industrialisering skulle Norge blei eit betre land å bu i for alle.(jf kap. 3) På slutten av 1960-talet voks det fram ein gryande motstand mot den rådande moderniseringspolitikken i Nord-Troms som i resten av landet. Kva som var innhaldet i kritikken frå Nord-Troms og korleis den kom den til uttrykk tar eg for meg i slutten av kapittel 7 og 8.

⁴¹⁴ Tjelmeland 1996: 158f, omgrepet “lokal korporatisme” blei først nytta av Gudmund Hernes på slutten av 1970-talet.

⁴¹⁵ Fylkesmannen 1969: tabell 13.

Kapittel 6. Frå Nord-Norgeplan til Distriktenes Utbyggingsfond

Sjølv om krava om kraftutbygging og industrireiseing frå dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden i liten grad hadde ført til konkrete resultat – i form av etablering av større industriverksemdar eller større kraftutbyggingar – hadde den økonomiske moderniseringa likevel gripe om seg i området på 1950-talet. Sysselsettinga i industri og bergverk var meir enn dobla, og det hadde vore ein kraftig reduksjon i sysselsettinga i primærnæringane. Kva var ønska for den vidare økonomiske moderniseringa i Nord-Troms, og korleis kom ønska om ei vidareføring av Nord-Norgeplanen til uttrykk i området?

I 1961 blei Distriktenes Utbyggingsfond skipa. Kva var målsettinga med fondet, og kva for tiltak skulle fondet støtte? I kor stor grad var skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond eit resultat av krava frå Nord-Troms og Nord-Norge om ei vidareføring av Nord-Norgeplanen?

Til grunn for skipinga låg ei oppfatning av at manglande økonomisk modernisering var eit landsomfattande “distriktsproblem”, i motsetning til tidlegare planar der problema hadde vore knytt til særskilde regionar og landsdelar. Kva var bakgrunnen for den endra problemoppfatninga? I kor stor grad var skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond ei vidareføring av den økonomiske politikken dei sentrale styresmaktene hadde ført på 1940- og 1950-talet for å modernisere og industrialisere Nord-Troms og Nord-Norge?

6.1 Ønske innanfrå om vidareføring av Nord-Norgeplanen

I Nord-Norge var det frå 1958 til 1960 eit sterkt ønske om at Nord-Norgeplanen måtte halde fram også etter 1960. Mellom anna pressa Studieselskapet for Nord-Norsk Næringsliv sterkt på dei sentrale styresmaktene for ei vidareføring av planen.⁴¹⁶ Etter tilråding frå næringsnemnda i fylket vedtok Troms fylkesting i 1958, 1959 og i 1960 oppmodingar om at Utbyggingsfondet for Nord-Norge si verksemd også måtte halde fram etter 1960.⁴¹⁷ I 1960 peika Troms fylkesting på:

“... at man ikke oppfatter de resultater som er oppnådd i Troms som en oppfyllelse av Utbyggingsprogrammets målsetting. Det er således ennå ikke skapt et industrielt grunnlag i fylket av noen betydning.

⁴¹⁶ Thomassen 1997 (B): 338ff og 357.

⁴¹⁷ Troms fylkesting sak 48 1960.

Utbyggingsfondet for Nord-Norge har imidlertid tatt opp en rekke muligheter som hvis de følges opp, bør kunne gi resultater på lengre sikt.”⁴¹⁸

Nord-Troms interkommunale tiltaksråd hadde på slutten av 1950-talet reist krav om kraftutbygging og industrireising i Nord-Troms, og både Områdeplankontoret i Troms og leiinga i Utbyggingsfondet for Nord-Norge engasjerte seg i arbeidet med å finne industriverksemder som kunne etablere seg i området og moglege løysingar for å realisere ei større kraftutbygging. (jf kap. 5) Ønska om kraftutbygging og industrireising må sjåast i samanheng med kravet om ei vidareføring av Nord-Norgeplanen. I samband med drøftingane om utbygging av Guolas gav tiltaksrådet i 1959 si tilsluting til det arbeidet som Utbyggingsfondet for Nord-Norge hadde gjort og meinte at det også måtte halde fram i framtida.⁴¹⁹ I eit vedtak stod det at tiltaksrådet:

*“Herved (vil) gi uttrykk for sin sterkeste anerkjennelse overfor Utbyggingsfondet for Nord-Norge for det initiativ Fondet har tatt når det gjelder arbeidet med løsningsen av problemene i Nord-Troms. Samtlige ordførere støtter fullt opp om en fortsettelse av det vidsynte og konstruktive arbeid ...”*⁴²⁰

Vedtaket var utan noen form for atterhald, og stod i skarp kontrast til den kritikken som hadde vore reist knappe to år før i samband med kravet om utbygging av Guolas. (jf kap. 5) Årsaka til den sterke hyllinga av Utbyggingsfondet for Nord-Norge var sjølvstakt at tiltaksrådet ønskte at fondet sitt arbeid skulle førast vidare, men også at dei ønskte å få spørsmålet om utbygging av Guolas aktualisert på nytt. Også i 1960 oppmoda fylkestinget om at det måtte arbeidast vidare med spørsmålet om utbygging av kraftkjeldene i Nord-Troms.⁴²¹ Både vedtaket til Nord-Troms interkommunale tiltaksråd og Troms fylkesting vitnar om eit sterkt ønske om industrialisering, og om at målsettinga i Nord-Norgeplanen måtte vidareførast. Det same synet ga Nils Jacobsen (A) frå Skjervøy uttrykk for i samband med innstillinga om gjennomføringa av Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge i Stortinget i november 1959. Jacobsen sa da:

“Jeg vil gjerne som representant nettopp for dette distrikt som vel er det vanskeligste med hensyn til utbygging, få si at vi der håper på at fondets funksjonstid må bli forlenget. Vi tror at vi etter hvert vil få

⁴¹⁸ Ibid.

⁴¹⁹ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, vedtak i Nord-Troms interkommunale tiltaksråd 3/6 1959, eske 21.

⁴²⁰ Ibid, min parentes.

⁴²¹ Troms fylkesting sak 48 1960.

*resultater også her, men da må fondets virke ikke opphøre allerede i 1960. Jeg tror det er en både berettiget og nødvendig ordning at man setter inn ekstraordinære tiltak der hvor ordinære ikke har de samme muligheter for å gi resultater.”*⁴²²

Jacobsen sitt innlegg var etter mi mening representativt for ønska frå Nord-Troms om ei vidareføring av Nord-Norgeplanen også etter 1960.

6.2 To moderniseringsstrategiar for primærnæringane

Ønske om industrialisering stod sterkt i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Industrialiseringsforkjemparane hadde på 1950-talet i stor grad lykkast med å ta monopol på dei modernistiske slagorda, slik at modernisering i samtida nærmast blei oppfatta som einstyndande med industrialisering.⁴²³ Men var det ikkje den einaste forma for næringsøkonomisk modernisering ein ønskte på slutten av 1950-talet. I Nord-Troms, som i resten av Nord-Norge, var det eit sterkt ønske om modernisering av primærnæringane og betring av føresetnadene for desse næringane.

I alle planane frå dei sentrale styresmaktene om modernisering av Nord-Troms og Nord-Norge etter krigen var rasjonalisering av fisket gjennom utbygging av havfiskeflåta eit sentralt mål. Unnataket var til ein viss grad Nord-Tromsplanen, der målsettinga også var å styrke føresetnadene for kyst- og fjordfiskarane gjennom utbygging av infrastrukturen. Sett på spissen kan ein likevel seie at i dei sentrale styresmaktene sin industrialiseringsideologi var det ikkje plass til dei små einingane i primærnæringane. Trass i målformuleringa frå dei sentrale styresmaktene var det likevel ein kraftig vekst i talet på kyst- og fjordfiskebåtar, det vil seie båtar under 50 fot. I 1948 var 88% av fiskebåtane i Nord-Troms fiskeridistrikt under 50 fot, i 1960 var det tilfelle for 96% av båtane. Særleg stor var veksten i talet på sjarkar, det vil seie fiskebåtar under 30 fot.⁴²⁴ Dei sentrale styresmaktene tolka denne veksten som eit tradisjonsforsvar og ein motstand mot modernisering og den rådande industrialiseringspolitikken. Fiskarane var: “... *bakstreversk og irrasjonelle, eller i beste fall styrt av andre verdier enn de vi andre, moderne og opplyste mennesker går inn for.*” som

⁴²² Stortingsforhandlingane 1959, Tidende S.: 661.

⁴²³ Holm 1996: 122.

⁴²⁴ Fiskeriteljinga 1948 tabell 2, hefte 1 og Fiskeriteljinga 1960 tabell 2, hefte 2 (Nord-Troms fiskeridistrikt utgjorde kommunane Lyngen, Helgøy, Karlsøy, Ullsfjord, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen).

Ottar Brox har formulert samtida sitt syn på fjord- og kystfiskarane.⁴²⁵ Brox hevdar derimot at veksten i sjarkflåta var eit resultat av rasjonelle val ut frå økonomiske årsaker, der kystfiskarane valte yrkekombinasjonar og sjarkfiske i staden for havfiske, fordi ei slik tilpassing var økonomisk mest lønsam.⁴²⁶

Gjennom å sjå veksten i fjord- og kystfisket som tradisjonsforsvar tar ein lite høgde for at denne veksten også var knytt til ei modernisering av fiskeria i Nord-Norge og i Nord-Troms. Petter Holm har i artikkelen “Kan torsken temmes? Moderniseringsprosesser i fiskerinæringa 1935-1995.” nettopp peika på korleis fiskerinæringa i Norge frå 1935 fram til 1980-talet har følgd to motstridande moderniseringsstrategiar - bygdenæringsmodellen og industrimodellen. I staden for å sjå på utviklinga i fiskerinæringa som ei spenning mellom tradisjonsforsvar og moderniseringsiver, ser Holm på utviklinga som ein kamp mellom to ulike former for modernisering, som begge hadde sitt utspring i problema med avsetninga av fisk i mellomkrigstida og i kampen mellom fjord- og kystfiskarane og trålarane om ressursane. Holm hevdar at desse strategiane gjennom heile etterkrigstida har stått mot kvarandre, og at dei har utvikla seg parallelt.⁴²⁷

Modernisering gjennom bygdenæringsmodedellen var ei vidareføring av det tradisjonelle fjord- og kystfisket, basert på enkel teknologi, nærleik til ressursane og konvensjonell foredling av fisken. Mellom anna gjennom Råfiskloven av 1938, Trålarlovane av 1936 og 1939 og utbygginga av eit korporativt organisasjons- og forhandlingssystem etter krigen, blei fjord- og kystfiskarane både sikra eit økonomisk forsvarleg utbytte og si næringsutøving.⁴²⁸ Veksten i fjord- og kystfiskeflåta var også knytt til ei modernisering av fiskeflåten. På 1950-talet fekk båtane betre og kraftigare motorar og meir effektive reiskapar gjennom overgangen frå bomullsgarn til nylongarn, og gjennom innføringa av ekkolodd. Resultatet var at fjord- og kystfiskeflåten blei meir effektiv, fiska større kvantum og gav fiskarane høgare inntekt.⁴²⁹ Holm hevdar at det var ei “... *modernisering på småprodusentenes premisser.*”⁴³⁰ Som Hallvard Tjelmeland har peika på, må veksten i kyst- og fjordfiskeflåten sjåast i samband med

⁴²⁵ Brox 1984: 99.

⁴²⁶ Ibid.

⁴²⁷ Holm 1996: 110 og 122.

⁴²⁸ Ibid: 115 og 121ff.

⁴²⁹ Tjelmeland 1996: 196.

⁴³⁰ Holm 1996: 123.

ønsket om å halde vedlike eit desentralisert busettingsmønster og den tradisjonell sosial struktur knytt til sysselsetting gjennom kombinasjon av ulike næringer.⁴³¹

I kontrast til bygdenæringsmodellen står industrimodellen. Modellen hadde utspring i ønsket dei sentrale styresmaktene hadde om å gjere Norge til ein velferdsstat. I samfunnsøkonomane sine auge var det bare mogleg å få til gjennom industrialisering, og det var dette synet som kom til uttrykk i alle dei offentlege planane som blei lagde fram under og etter krigen. (jfr kap. 3 og 4) Lovverket blei også tilpassa industrimodellen gjennom liberalisering av reglane for eigendomsrett til trålarar i 1951 og 1956. Gjennom utbygging av havgåande fiskebåtar, ein effektiv frosenfiskindustri, vertikal integrasjon og masseproduksjon skulle fiskerinæringa bli høgproduktiv og gje auka lønsemd.⁴³² Føresetnadene for industrimodellen var stor kapitaltilgang og moderne teknologi, ikkje nærleik til fiskefelt og lokalkunnskap, slik som i bygdenæringsmodellen.⁴³³

I dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden var det på slutten av 1950-talet eit sterkt ønske om betring av føresetnadene for bygdenæringane. Skole var ein viktig føresetnad for at folk i bygdelaga skulle kunne oppretthalde den tradisjonelle sosiale strukturen. Skolereformar stilte nye krav til undervisning og skolebygg. Det førte til endringar av skolekrinsar, og ein gjekk bort frå den ekstremt desentraliserte skolestrukturen. Resultatet var færre og sentraliserte skolar med spesialrom for gym, sløyd, heimkunnskap, men også betra undervisningstilbod.⁴³⁴ Ein konsekvens av dette var at mange bygdelag mista skolen, og det førte til stor strid om dei nye skolekrinsane og om kva for skole som skulle leggst ned. Til dømes skulle skolen på Vorterøy i Skjervøy kommune leggst ned og elevane førast til Arnøyhamn. Dette var det sterk motstand mot på Vorterøya. I eit anonymt lesarbrev i "Nordlys" sommaren 1959 blei det truga med fråflytting om ikkje øya fekk behalde skolen.⁴³⁵

Den viktigaste føresetnaden for bygdenæringane var sikker og god kommunikasjon med omverda, i form av veg eller god hamn. Sjølv om Nord-Tromsplanen hadde som målsetting å betre kommunikasjonane i regionen, var det mange bygdelag i Nord-Troms som var utan gode

⁴³¹ Tjelmeland 1993: 18.

⁴³² Holm 1996: 109f.

⁴³³ Ibid: 115.

⁴³⁴ Tjelmeland 1996 (A): 318.

⁴³⁵ "Nordlys" 4/6 1959.

kommunikasjonar på slutten av 1950-talet. Utan gode kommunikasjonar var marknadsretta produksjon vanskeleg, og særleg i Skjervøy kommune førte det til fråflytting frå utvær.⁴³⁶ På slutten av 1950-talet blei det gjennom folkemøte og lesarbrev, mellom anna i avisa "Nordlys", stilt krav frå folk i Nord-Troms til lokale og sentrale styresmakter om vegbygging og hamneutbygging. Til dømes reiste Segelvik Fiskarlag i ytre Kvænangen kravet om hamn i Segelvik, og grunn gav det med at planane om fiskebruk da kunne realiserast, og at fiskerinæringa allment ville bli styrkt.⁴³⁷ Kravet om hamn var 30 år gammalt og hadde vore reist med stor kraft også tidlegare. Mellom anna hadde Segelvik Fiskarlag kome med kraftige protestar i samband med at Utbyggingsfondet for Nord-Norge i 1957 løyde pengar til vegen mellom Alteidet og Jøkelfjord i indre Kvænangen, og ikkje til utbygging av hamn i Segelvik.⁴³⁸ På Arnøya i Skjervøy kommune reiste eit folkemøte sommaren 1959 krav om realisering av Arnøyvegen. Ein grunn gav kravet med at vegen ville gjere marknadsrettinga av primærnæringane, og særleg fisket, lettare.⁴³⁹ I Nordreisa blei det våren 1959 reist krav om utbetring av vegen Straumfjordnes - Storvik, det blei særleg peika på at vegen var ein føresetnad for at gardbrukarane kunne få levert mjølk til meieriet i Nordreisa.⁴⁴⁰

Mot slutten av 1950-talet var det to ulike moderniseringsstrategiar som gjorde seg gjeldande i dei fire Nord-Tromskommunane. Den eine - representert ved Nord-Troms interkommunale tiltaksråd og den kommunal politiske eliten i området - ønskte modernisering gjennom etablering av storindustri og kraftutbygging. Den andre – representert gjennom lesarbrev og folkemøter, men også gjennom kommunestyrevedtak – ønskte modernisering gjennom ei styrking av føresetnadene for jordbruk og kyst- og fjordfiske rundt om i bygdelaga. Sjølv om dette var to moderniseringsstrategiar som i utgangspunktet stod mot kvarandre, ser det – så langt eg har klart å sjå – ikkje ut til at desse ønska utelukka kvarandre. I så stor grad som mogleg søkte kommunestyra i Nord-Troms å realisere begge desse strategiane.

Samanlikna med krava i forkant av Nord-Norgeplanen og av Nord-Tromsplanen var krava på slutten av 1950-talet færre i tal og mindre bastante i forma. Det hadde truleg rot i fleire

⁴³⁶ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær 1951-1960, møteprotokoll, arkiv nr. 118 og 119.

⁴³⁷ "Nordlys" 26/5 1959, lesarbrev frå Segelvik Fiskarlag.

⁴³⁸ Riksarkivet, DU, B-arkiv, brev frå Segelvik Fiskarlag til Utbyggingsfondet for Nord-Norge 16/1 1957, eske 75.

⁴³⁹ "Nordlys" 20/8 1959, artikkel med referat frå folkemøte på Arnøya.

⁴⁴⁰ SiTø, FiT, Nordreisa kommunestyre sak 40 1959.

faktorar. For det første at Nord-Troms interkommunale tiltaksråd i større grad enn tidlegare søkte samarbeid og dialog med dei sentrale styresmaktene.(jf kap.5) For det andre på grunn av at dei sentrale styresmaktene tidleg signaliserte at tiltaka i Nord-Norgeplanen ville bli vidareføra i ein eller anna form.

6.3 Distriktenes Utbyggingsfond - målsetting og tiltak

I oktober 1960 la regjeringa fram Odelstingsproposisjon nr. 10 (1960-61) om skiping av Distriktenes Utbyggingsfond.⁴⁴¹ Det nye fondet skulle skipast gjennom ei samanslåing av Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Arbeidsløysetrygdens utbyggingsfond og skulle:

*“... fremme tiltak som vil gi økt, varig og lønnsom sysselsetting i områder hvor det er særlige sysselsettingsproblemer eller svakt utbygd næringsgrunnlag, ... uansett hvor i landet disse distrikter befinner seg.”*⁴⁴²

Det var med andre ord ei svært generell målsetting med fondet. Den same generelle målsettinga kom også til uttrykk i utgreiinga om behovet for Distriktenes Utbyggingsfond:

*“... den strukturendring og omstilling som foregår i næringslivet, bl. a. med overgang av arbeidskraft fra virksomhet med lav produktivitet til virksomhet med høyere produktivitet. Samtidig foregår det en rasjonalisering innen de enkelte næringer. I tilknytning til den utviklingen finner det sted en endring av bosetningen og en konsentrasjon i byer og tettbygde strøk. Det er av vesentlig betydning at denne utviklingen kan gå sin gang, men også at de muligheter for konkurransedyktig næringsvirksomhet som finnes i distriktene blir best mulig nyttet, og at forholdene legges til rette for en utvikling på de felter hvor det er naturlige forutsetninger.”*⁴⁴³

Distriktenes Utbyggingsfond si hovudoppgåve skulle vere å bidra til å løyse dei næringsøkonomiske problema i distrikta gjennom å auke tempoet på strukturrasjonaliseringa og omstillinga av næringslivet. Ein konsekvens av dette var at det skjedde ei endring av busettingsmønstret. Fondet si oppgåve var ikkje å stoppe fråflyttinga frå distrikta, men å medvirke: “... til å finansiere tiltak i visse sentra med sikte på å bidra til en nødvendig

⁴⁴¹ Stortings Ot. prp. nr. 10 (1960-61): 1f.

⁴⁴² Ibid: 7.

⁴⁴³ Ibid: 6.

konsentrasjon innen vedkommende distrikt.”⁴⁴⁴ Ein ønske såleis at konsentrasjonen i busettinga skulle halde fram gjennom sterkare regional konsentrasjon av busettinga. Øyvind Thomassen har gått så langt som å hevde at målsettinga med Distriktenes Utbyggingsfond var at fondet skulle vere eit: “... *reiskap i arbeidet for å effektivisere norske distrikt gjennom styrt endring i busettingsmønstret og lokaliseringsvalet til norske føretak.*”⁴⁴⁵

Distriktenes Utbyggingsfond si hovudoppgåve skulle vere å gje garantiar og lån til verksemder i distrikta som kunne gje auka sysselsetting gjennom lønsame og varige arbeidsplassar. Sjølv om fondet kunne gje garantiar og lån til alle næringar, var det først og fremst meint for industriføremål.⁴⁴⁶ Fondet skulle administrativt vere todelt med ei låne- og ei garantiavdeling, kvar avdeling hadde ansvar for eigen kapital. Det som hadde vore Utbyggingsfondet for Nord-Norge blei låneavdelinga, og det som hadde vore Arbeidsløysetrygdens utbyggingsfond blei garantiavdelinga. Totalt skulle fondet få 500 millionar kroner å forvalte, av desse fekk låneavdelinga 185 millionar kroner – av dei var 25 millionar overførte frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge.⁴⁴⁷ I tillegg til dei finansielle oppgåvene skulle fondet også greie ut og gje råd om næringsøkonomiske spørsmål til dei lokale og sentrale styresmaktene, formidle og ta sjølvstendig initiativ for industrireising og utbygging av lokale ressursar. Fondet hadde også til oppgåve å samordne dei offentlege investeringane i distrikt med svakt næringsøkonomisk grunnlag.⁴⁴⁸ I samband med skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond blei også dei særlege skattereglane for Nord-Norge vidareførde.⁴⁴⁹

6.4 Distriktenes Utbyggingsfond - eit resultat av distriktspress?

Kva var bakgrunnen for skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond? Eg har tidlegare vist at det både frå Troms fylke og frå Nord-Troms blei oppmoda om at verksemda til Utbyggingsfondet for Nord-Norge måtte halde fram også etter 1960. Ønsket om vidareføring av Nord-Norgeplanen frå Troms var samanfallande med ønska frå dei andre fylka og regionane i landsdelen, og frå Studieselskapet for Nord-Norsk Næringsliv.⁴⁵⁰ Det var ikkje bare frå Nord-Norge det blei reist krav om tiltak for å fremme sysselsetting og industribygging i område med

⁴⁴⁴ Ibid: 7.

⁴⁴⁵ Thomassen 1997 (B): 355.

⁴⁴⁶ Stortings Ot. prp. nr. 10 (1960-61): 1.

⁴⁴⁷ Ibid: 9ff.

⁴⁴⁸ Ibid: 7ff.

⁴⁴⁹ Ibid: 2.

svakt og dårleg utbygd næringsliv. Heilt sidan 1945 hadde det vore reist krav om tiltak frå område utanfor landsdelen med dei same problema som Nord-Norge og Nord-Troms. Mellom anna hadde Fjellbygdkomiteen i 1958 peika på behovet for eit eige fond for fjellbygdene, og allereie i 1952 hadde ideen om eit utbyggingsfond for distrikta i heile Norge blitt lansert.⁴⁵¹ I samband med Stortingsmeldinga om Utbyggingsfondet for Nord-Norge si verksemd i 1957 peika fondet sitt styre på at det frå nordnorsk hald var hevda at utbyggingsperioden fram til 1960 var for kort.⁴⁵² Styret var samd i ønsket frå Nord-Norge og meinte: “... at en bør fortsette den aktive næringspolitikken ved særskilte tiltak ut over nevnte tidspunkt.”⁴⁵³ Etter innstilling frå Stortingets kommunalkomite vedtok Stortinget i 1958 at det ønskte ei vidareføring av Nord-Norgeplanen også etter 1960. Stortinget meinte Nord-Norge framleis hadde særskilde problem knytt til sysselsetting, utvikling i folketalet og finansielle forhold.⁴⁵⁴ Det var med andre ord den same førestillinga om “problemet Nord-Norge” hos dei sentrale styresmaktene som tidlegare. Sjølv om krava frå Nord-Troms og Nord-Norge var markante i forkant av skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond, har truleg Øyvind Thomassen rett i si analyse av bakgrunnen for fondet:

*“I lys av sterke ønske i Nord-Noreg om at NNP burde halde fram etter 1960, kan skipinga av DU oppfattast som positiv respons på “distriktspress” for å halde oppe låne- og garantiordningane. [...] Presset frå Nord-Noreg kan likevel ikkje oppfattast som avgjerande for skipinga av DU. Skipinga av DU var heller eit uttrykk for at Problemet Nord-Noreg var i ferd med å bli integrert i ei vidare nasjonal forståing av distriktsproblem”.*⁴⁵⁵

Denne vidare nasjonale forståinga av distriktsproblema hang saman med nedgangen i vekstraten i den norske industriproduksjonen på 1950-talet, ein stadig aukande arbeidssøkande del av befolkninga, pressproblem i Oslo på grunn av stor tilflytting frå distrikta og auka fokus på menneskeleg velferd og trivsel. Trond Bergh hevdar at ein meir aktiv distriktspolitikk blei universalmidlet for å løyse ei rekke av dei problema som meldte seg på slutten av 1950-talet, og at skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond var eit uttrykk for dette.⁴⁵⁶

⁴⁵⁰ Thomassen 1997 (B): 357.

⁴⁵¹ Stortings Ot. prp. pr. 10 (1960-61): 2, Hersoug og Leonardsen 1979: 133 og Thomassen 1997 (B): 355.

⁴⁵² Stortings Ot. prp. pr. 10 (1960-61): 3.

⁴⁵³ Ibid: 3.

⁴⁵⁴ Stortingsforhandlingane 1959, Tidende S.: 660.

⁴⁵⁵ Thomassen 1997(B): 357f.

⁴⁵⁶ Bergh 1987: 487f.

6.5 Distriktenes Utbyggingsfond - brot eller kontinuitet?

I kor stor grad var Distriktenes Utbyggingsfond ei vidareføring av den politikken dei sentrale styresmaktene hadde ført overfor Nord-Norge og Nord-Troms på 1950-talet? Odelsting proposisjon nr. 10 (1960-61) peikar på at det var: “... *et sterkt behov for å fortsette slik virksomhet som Utbyggingsfondet for Nord-Norge har drevet.*”.⁴⁵⁷ For det første for å vidareføre dei oppgåvene fondet hadde tatt på seg, og for det andre: “... *gjelder det å få i gang mange flere tiltak om landsdelen skal få løst sine problem.*”.⁴⁵⁸ Det var med andre ord ein klar intensjon med Distriktenes Utbyggingsfond at oppgåvene til Utbyggingsfondet for Nord-Norge skulle vidareførast. Som vist var forståinga av problema, målsettinga og virkemidla i stor grad dei same både for Nord-Norgeplanen og Distriktenes Utbyggingsfond. Tidlegare hadde manglande økonomisk modernisering – gjennom bileta av “problemet Nord-Norge” og “problemet Nord-Troms” – vore ein eksklusiv karakteristikk av tilhøva i den nordlege landsdelen.⁴⁵⁹ Med Distriktenes Utbyggingsfond blei problemet ein del av eit landsomfattande distriktsproblem knytt til områda med svakt og dårleg utbygd næringsliv. At regional konsentrasjon blei formulert som ei målsetting, og ikkje bare ein konsekvens av ei naturleg utvikling, var nytt i samband med dei sentrale styresmaktene sin politikk for å utvikle og modernisere Nord-Norge og Nord-Troms. Dette kan sjåast som eit signal på at dei sentrale styresmaktene ønskte at dei distriktpolitiske tiltaka i framtida skulle konsentrerast meir enn tidlegare, og peikar framover mot vekstsenterpolitikken som eg skal kome tilbake til i kapittel 8.

I forskinga på dette temaet er det stor semje om kontinuiteten mellom Nord-Norgeplanen og Distriktenes Utbyggingsfond. Bjørn Hersoug og Dag Leonardsen har peika på at målsettinga med Distriktenes Utbyggingsfond var eit ledd i og ei vidareføring av regjeringa sin allmenne økonomiske politikk.⁴⁶⁰ Trond Bergh og Øyvind Thomassen hevdar at sjølv om det var ein stor grad av kontinuitet i politikken frå 1951 til 1960, var det rundt 1960 i ferd med å utvikle seg eit nytt medvit hos dei sentrale styresmaktene om dei fysiske, sosiale og kulturelle

⁴⁵⁷ Stortings Ot. prp. pr. 10 (1960-61): 6.

⁴⁵⁸ Ibid.

⁴⁵⁹ Ei sanning med modifikasjonar; i Trøndelagsplanen frå 1956 blei den same krakteristikken nytta om ein del kystkommunar i Trøndelagsfylka og i Møre og Romsdal. (Hersoug og Leonardsen 1979: 137f).

⁴⁶⁰ Hersoug og Leonardsen 1979: 135.

problema i samband med vekstpolitikken og industrialiseringsideologien.⁴⁶¹ Thomassen hevdar at det ved inngangen til 1960-talet var ei utbreidd kjensle hos dei sentrale styresmaktene og planleggjarane at etterkrigsproblema var løyste, og at utfordringa vidare var å løyse dei problema den økonomiske veksten hadde skapt.⁴⁶² Om det var ei slik kjensle, ga den seg ikkje utslag ved skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond. Her dominerte framleis 1950-talet sin industrialiseringsideologi.⁴⁶³ Thomassen hevda, jf kapittel 5, at Nord-Tromsplanen var eit resultat av dei sentrale styresmaktene i større grad enn før såg infrastruktur, industrireising og busettingsstruktur som samverkande faktorar i moderniseringspolitikken.⁴⁶⁴ Eg vil hevde at skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond nettopp var eit uttrykk for dette, men at kontinuiteten i industrialiserings- og moderniseringspolitikken frå 1950-talet var det mest openbare.

6.6 Distriktenes Utbyggingsfond – i samsvar med ønska innanfrå?

I kor stor grad var målsettinga og tiltaka i Distriktenes Utbyggingsfond i samsvar med ønska frå Nord-Norge og Nord-Troms om vidareføring av Nord-Norgeplanen? Den store graden av kontinuitet mellom Nord-Norgeplanen og Distriktenes Utbyggingsfond talar for at skipinga av fondet i overvegande grad var i samsvar med ønska innanfrå om ei vidareføring av industrialiseringspolitikken. Men det er grunn til å merke seg at dei sentrale styresmaktene ikkje hadde tatt omsyn til krava frå Nord-Troms om styrking av føresetnadene for bygdenæringane og busettinga i distrikta. Det er likevel grunn til å hevde at målsettingane med fondet svara til hovudkrava frå Nord-Troms om industrialisering og økonomisk modernisering, sjølv om det i samband med skipinga av fondet ikkje blei peika på særlege tiltak fondet skulle støtte i området.

Mens lanseringa av Nord-Norgeplanen førte til uttalt optimisme og håp om vidare utvikling, var det ikkje slike reaksjonar i Nord-Troms ved skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond. Truleg var det fleire årsaker til det. For det første såg ein truleg skipinga av Distriktenes Utbyggingsfond som ei naturleg vidareføringa av Nord-Norgeplanen og den rådande industrialiserings- og moderniseringspolitikken.

⁴⁶¹ Bergh 1987: 489 og Thomassen 1997 (B): 362f og 522.

⁴⁶² Thomassen 1997 (B): 362f.

⁴⁶³ Bergh 1987: 490.

⁴⁶⁴ Thomassen 1997 (B): 337.

For det andre var målsettinga med og tiltaka til fondet både det ein hadde venta seg og det ein hadde ønska seg. Ei anna årsak var truleg at målsettinga med fondet i liten grad kom bygdenæringane i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden til hjelp eller inneheldt konkrete tiltak for å betre føresetnadene for industri i området. Ei siste årsak kan vere at dei i Nord-Troms var blitt meir skeptisk til planar frå dei sentrale styresmaktene; dei hadde erfaring med at resultatata ikkje kom av planar aleine.

Kapittel 7. Ny strategi for kraftutbygging i Nord-Troms

Først eit kort tilbakeblikk. I Nord-Troms var kraftressursane bygde ut etter ein suksessiv strategi – utbygging etterkvart som behovet auka. I samtida såg dei tilgang på kraft som ein avgjerande føresetnad for industrireising, og ønska om kraftutbygging må av den grunn sjåast i nær samanheng med ønska om industrireising. I 1957 blei Nord-Troms interkommunale tiltaksråd skipa. Bakgrunnen for skipinga var at Guolasjokka ikkje blei bygd ut i samband med Nord-Tromsplanen. Nord-Troms interkommunale tiltaksråd hadde i 1958 og 1959 fleire møte med dei sentrale styresmaktene om ei større kraftutbygging i regionen. Målet var at ei kraftutbygging med påfølgande industrietablering skulle løyse problema med den høge arbeidsløysa i regionen. I Nord-Troms ønskte dei at staten skulle finansiere ei større kraftutbygging i området, men dei sentrale styresmaktene heldt heile tida fast ved at føresetnaden for ei større utbygging i Nord-Troms var at krafta måtte få sikker avsetning. For å sikre avsetninga hadde det mellom anna vore planar om utbygging av Guolas for eksport av kraft til Sverige og Finland. Ved inngangen til 1960-talet hadde det ikkje lykkast å finne interessentar som ville etablere større kraftkrevjande industri i området, og det var klårt at eksport av krafta til nabolanda ikkje var aktuelt. (jf kap. 5)

På 1960-talet blei det bygd ut to større kraftverk i Nord-Troms, Kvænangsbotn og Guolas. Kva var bakgrunnen for utbygginga av kraftverka og omlegginga av strategien for kraftutbygging i Nord-Troms? Kva var drivkreftene bak utbyggingane? Korleis søkte dei i Nord-Troms å løyse problema knytt til den økonomiske moderniseringa i samband med desse utbyggingane?

Eit resultat av utbyggingane var at Nord-Troms blei integrert i kraftsamkjøringsnettet i Troms og spørsmålet om samanslutning av kraftlaga i Troms blei reist. Kva var bakgrunnen for ønsket om samanslutning, og kva var årsaka til at det ikkje blei noe av planane om?

7.1 Stamlinjeplanen og Olsborgmøtet

Hausten 1960 tok Nord-Troms interkommunale tiltaksråd igjen kontakt med Distriktenes Utbyggingsfond for å drøfte ei større kraftutbygging i Nord-Troms. Bakgrunnen var at kraftpotensialet og kostnadene med ei utbygging vassdraga i Kvænangsbotn og i Skiboten i

Storfjord var blitt vurdert i 1960, frå før var Guolas vurdert på same vis.⁴⁶⁵ Utgreiinga var eit resultat av krava som Nord-Troms interkommunale tiltaksråd hadde reist i samband med møta med dei sentrale styresmaktene i 1958.(jf kap. 5) Undersøkinga viste at kraftpotensialet i Kvænangsbotn var langt større, og at kostnaden med ei utbygging ville vere mindre enn kva ein tidlegare hadde trudd.⁴⁶⁶

I byrjinga av oktober 1960 møtte Nord-Troms interkommunale tiltaksråd styreleiar Erik Brofoss og direktør Reidar Carlsen i Distriktenes Utbyggingsfond til konferanse. Med på møtet var også stortingsrepresentantane Nils Jacobsen (A) frå Skjervøy og Harald Samuelsberg (A) frå Loppa i Finnmark. I tillegg møtte elverksjef Einar Elvestad i Nord-Troms kraftlag. Kvelden før konferansen hadde utsendingane frå Nord-Troms møte med dei to stortingsrepresentantane i Oslo, og der blei strategien for utbygging av kraftkjeldene i Nord-Troms lagt. Planen, som fekk namnet Stamlinjeplanen, var ei utbygging av vassdraga i Kvænangsbotn og bygging av ei overføringslinje frå Bardufoss og nordover til Vest-Finnmark. At det no var Kvænangsbotn som blei søkt utbygd var nytt, tidlegare hadde tiltaksrådet først og fremst gått inn for å bygge ut Guolas, sjølv om det frå Kvæningen fleire gonger hadde vore reist krav om utbygging av vassdraga i Kvænangsbotn. Truleg var årsaka til valet av Kvænangsbotn at ein ønskte å reservere kraftkjeldene i Guolas til framtidig bruk i Nord-Troms. Planen ville løyse fleire problem. For det første ville det vere økonomisk forsvarleg å bygge ut eitt av vassdraga i Nord-Troms, og for det andre ville det løyse problemet med kraftmangelen i Vest-Finnmark.

Planen fekk full støtte frå Brofoss og Carlsen. På deira initiativ innkalla Distriktenes Utbyggingsfond til fellesmøte på Olsborg i Troms i november 1960. Der møtte representantar frå fondet, dei ni kraftlaga i Troms og Finnmark som planen ville omfatte, Vassdragsvesenet, Nord-Troms interkommunale tiltaksråd og stortingsrepresentantane Jacobsen og Samuelsberg.⁴⁶⁷ På møtet, som i ettertid har fått nemninga Olsborgmøtet, var det brei semje om å søke å få bygd ei overføringsline frå Bardufoss til Skaidi via Alta, og å få bygd ut minst ei større kraftkjelde i Nord-Troms. Gjennom utbygginga ønskte ein for det første å sikre Vest-Finnmark elektrisk kraft, og for det andre å sikre Nord-Troms kraft til etablering av industri.

⁴⁶⁵ Svendsen 1998: utkast til kap. 10.

⁴⁶⁶ Ibid.

⁴⁶⁷ Digre 1989: 94ff.

Fleire av deltakarane på møtet, både lokale og sentrale aktørar, peika på at både Kvænangsbotn og Guolas måtte byggast ut parallelt for å realisere desse måla.⁴⁶⁸ Det blei sett ned eit arbeidsutval som skulle vurdere kva for kraftkjelde som skulle byggast ut først, og eit forretningsutval som skulle søke middel til prosjektering og planlegging av stamlina.⁴⁶⁹ I referatet frå møtet i "Nordlys" kjem det tydeleg fram at deltakarane på møtet ønskte planen velkomen, og at det var knytt stor optimisme til den både frå Nord-Troms og Vest-Finnmark.⁴⁷⁰

Om det var semje og optimisme for planen frå representantane på møtet, var Fylkesmann Haug i Troms og direktør Reutz i Troms fylkes kraftforsyning: "... *meget lunken til planen.*".⁴⁷¹ Begge lét da også med vilje vere å delta på Olsborgmøtet. På 1950-talet hadde dei vore sterke talsmenn for ei suksessiv utbygging av mindre kraftressursar i Nord-Troms i staden for utbygging av ei større kraftkjelde i området. No følte dei seg: "... *både overumplet og en smule irritert over at man slik tok seg til rette på egen hånd i en såvidt omfattende energipolitisk prinsippsak for fylket ...*", som Reutz sjølv har formulert det i ettertid.⁴⁷² Nils Jacobsen (A) hadde gjennom sin posisjon som stortingsmann og styremedlem i Vassdragsvesenet godt oversyn over dei sentrale aktørane sitt syn på kraftutbygging i Nord-Troms. Han var medviten om Haug og Reutz sine syn på kraftutbygging i Nord-Troms og unngjekk av den grunn å informere dei på førehand om planane som blei lagt fram for Brofoss og Carlsen. Han var redd Haug og Reutz ville prøve å stoppe planane. Jacobsen har i ettertid også peika på at direktør Vogt i Vassdragsvesenet, som i 1959 stoppa planane om ei utbygginga av Guolas gjennom sin store innverknad på haldninga til Industridepartementet, var svært negativ til ei utbygging av dei større vassdraga i Nord-Troms. I 1960 blei Halvard Roald ny direktør i Vassdragsvesenet. Roald var i motsetnad til Vogt positiv til planane om ei større kraftutbygging aust for Lyngenfjorden.⁴⁷³

Det var med andre ord mange nye forhold som i 1960 låg til rette for ei utbygging av eit større vassdrag i Nord-Troms. For det første, og viktigaste, ville krafta frå ei utbygging få sikker avsetning. For det andre var det sikre tal både på kor mykje kraft det var tale om, og kva ei

⁴⁶⁸ "Nordlys" 28/11 1960.

⁴⁶⁹ Digre 1989: 94ff.

⁴⁷⁰ "Nordlys" 28/11 1960.

⁴⁷¹ Digre 1989: 98.

⁴⁷² Reutz 1987: 6.

utbygging ville koste. For det tredje støtta Brofoss og Carlsen planen, og for det fjerde var direktør Vogt i Vassdragsvesenet borte og kunne ikkje lenger legge hindringar i vegen. For det femte lykkast Nord-Troms interkommunale tiltaksråd og stortingsrepresentantane Jacobsen og Samuelsberg å presentere planane for Distriktenes Utbyggingsfond utan at fylkesmannen i Troms og direktør Reutz i Troms fylkes kraftforsyning fekk lagt hindringar i vegen. Når alle dei involverte kraftlaga også støtta planen, var grunnlaget for ei utbygging til stades på eit heilt anna vis enn tidlegare. Men framleis var det fleire forhold som var uklåre. For det første spørsmålet om kva for vassdrag som skulle byggast ut, og for det andre spørsmålet om kven som skulle stå for utbygginga og korleis den skulle finansierast.

7.2 Utbygging av Guolas, Kvænangsbøtn eller begge delar?

I mars 1961 vedtok arbeidsutvalet Olsborgmøtet hadde sett ned at dei skulle søke staten om å finansiere utbygginga av vassdraga i Kvænangsbøtn, slik at utbygginga kunne skje snarast mogleg. Arbeidsutvalet meinte at utbygginga av Guolas måtte vente til etter 1965, når Kvænangen kraftverk etter planen skulle vere ferdig. Vedtaket blei gjort mot stemmen til representanten frå Nord-Troms kraftlag; han ønskte at Vassdragsvesenet skulle avgjere kva for vassdrag som først skulle byggast ut. Årsaka til at fleirtal ønskte var at Kvænangsutbygginga kunne gjerast etappevis, og at den både ville bli billigare og tidlegare ferdig enn ei utbygging av Guolas.⁴⁷⁴ I april året etter gjorde Vassdragsvesenet det klart at vassdraga i Nord-Troms ikkje ville bli bygde ut av staten.⁴⁷⁵ Omlag samtidig fekk Troms fylkes kraftforsyning løyve frå Vassdragsvesenet om å sette i gang utbygginga av Straumsmofalla i Indre-Troms. Reaksjonane frå kommunane rundt Lyngenfjorden lét ikkje vente på seg, sterkast var dei frå Kåfjord. Det var da også representantar frå Kåfjord som sterkast hadde pressa på for å få til ei større kraftutbygging i området. Kåfjord formannskap sendte telegram til statsministeren – med tilslutning frå ordførarane i Lyngen, Storfjord og Ullsfjord – der dei protesterte: “... *mot at Nord-Troms, hvor næringsgrunnlaget uten sammenligning er dårligst i Troms fylke, er tilsidesatt når det gjelder større kraftutbygging.*”⁴⁷⁶ Anton Antonsen og Hans Berg, som tidlegare hadde vore ordførar og varaordførar i Kåfjord og gjennom heile etterkrigstida kjempa for ei utbygging av Guolas, kom med harde utfall mot utsettinga av Guolasutbygginga

⁴⁷³ Svendsen 1998: utkast kap. 10.

⁴⁷⁴ "Nordlys" 25/4 1961, lesarbrev av Nils Jacobsen.

⁴⁷⁵ Troms fylkesting sak 46 1961.

⁴⁷⁶ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 51 1961.

og på vedtaket om utbygging av Straumsmofalla i lesarbrev i "Nordlys". Hans Berg kommenterte utviklinga av saka slik i eit lesarbrev i "Nordlys" i slutten av april 1961:

*“Meldingen fra hovedstaden nå er et knyttneveslag rett i det foreventningsfulle Nord-Troms-ansikt. [...] ... en kraftutbygging for Vest-Finnmark (som vi i og for seg ikke motsetter oss fordi Vest-Finnmark trenger den så sårt) og en utbygging av Staumsmo-fallene intet har med Nord-Troms å gjøre. Var det ikke her det endelig skulle gjøres noe? Og var ikke det hovedsaken i hele planen? Hvilken nytte vil så det hardt trengte næringsliv i det vanskeligste område i hele vårt land, Nord-Troms, ha av dette som er sluttresultatet? [...] Det ligger klart i dagen: ingen nytte, absolutt ingen nytte. Kun brutne illusjoner.”*⁴⁷⁷

Berg hevda at utsettinga av Guolasutbygginga var ei vidareføring av den strategien for kraftutbygging i Nord-Troms som hadde vore ført til da, det vil seie suksessiv utbygging, i staden for ei større utbygging som kunne sikre området elektrisk kraft til privat bruk og til industri i lang tid framover. Berg og Antonsen ga leiinga i Troms fylke skulda for at Straumsmofalla blei prioriterte. Her i Antonsen sine ord frå eit lesarbrev i "Nordlys": *“Det er ikke første gang at en plan fra høyeste hold om den store kraftutbygging i Nord-Troms er blitt torpedert av myndighetene i Troms fylke ... ”*⁴⁷⁸

Lesarbrev fra Berg og Antonsen fekk stortingsmann Nils Jacobsen (A) frå Skjervøy, som var leiaren i forretningsutvalet, til å forsvare både Stamlinjeplanen og utbygginga av Kvænangsbotn. Jacobsen hevda i eit lesarbrev i "Nordlys" mellom anna at utbygginga av Straumsmofalla ikkje trong å føre til utsetting av utbygginga av Guolas.⁴⁷⁹ Dei sterke reaksjonane frå Kåfjord fekk også ordførar Kristian Borkenhagen i Kvænangen til å forsvare Stamlinjeplanen og utbygginga av Kvænangsbotn. Han skreiv i eit lesarbrev i "Nordlys" at det ikkje var grunnlag for den kritikken som Berg og Antonsen kom med. Borkenhagen meinte at ei utbygging av Kvænangsbotn var i tråd med intensjonen frå Olsborgmøtet, og at utbygginga også ville sikre Nord-Troms elektrisk kraft til ny industri.⁴⁸⁰

Av kritikken mot og forsvaret av utbygging av Kvænangsbotn ser det ikkje ut til – ut frå dei kjeldene eg har hatt tilgang på – at striden om lokaliseringa var knytt til dei inntektene som ei

⁴⁷⁷ "Nordlys" 24/4 1961.

⁴⁷⁸ Ibid.

⁴⁷⁹ Ibid.

utbygging ville gje til vertskommunen i form av auka skatteinngang. Striden om lokalisering var knytt til ein nærings- og industripolitisk debatt om å sikre føresetnadene for industri i området. Kritikken var først og fremst retta mot leiinga i Troms fylke, Troms fylkes kraftforsyning og dei sentrale styresmaktene på grunn av vedtaket om utbygging av Straumsmofalla i Indre-Troms, som dei i Nord-Troms meinte var årsak til at staten ikkje ville finansiere ei utbygging av Guolas. Det kom mellom anna til syne i vedtak som Nord-Troms interkommunale tiltaksråd gjorde i mai 1961, etter eit møte der Stamlinjeplanen, kraftutbygging og industrireising hadde vore drøfta. I vedtaket gav tiltaksrådet:

*“... sin fulle tilslutning til stamlinjeplanen og arbeidsutvalgets forslag om igangsetting av en kraftutbygging i Kvænangen med sikte på å dekke i første rekke Vest-Finnmarks kraftbehov. Men tiltaksrådet vil samtidig understreke at denne utbygging ikke løser de ytterst alvorlige næringsøkonomiske problemene i Nord-Troms. Ut fra dette vil tiltaksrådet sterkt understreke at også utbyggingen av Guollasjokk straks må tas opp i statlig regi, og i tilfelle konkurranse med andre større utbygginger i Troms fylke, gis ubetinget 1. prioritet.”*⁴⁸¹

Bakgrunnen for vedtaket var at planen var møtt med: “*kompakt motstand*” særleg frå kommunane rundt Lyngenfjorden, på grunn av: “... at den planlagte utbygging får liten eller ingen betydning for de sentrale deler av Nord-Troms som næringsøkonomisk sett er verst stilt.”⁴⁸² Tiltaksrådet peika vidare på at det var: “... de helt særegne problemer i Nord-Troms som gjorde at stamlinjetanken ble tatt opp.”, og sa seg lei for: “... at utbyggingen av Guollasjokk er foreløpig skjøvet helt i bakgrunnen.”⁴⁸³ For at Nord-Troms “... ikke også denne gangen skal falle mellom to stoler.”, kravde tiltaksrådet: “... at der straks tas skritt til å sette utbyggingen i Guollasjokk i gang, selv om man ikke har sikret anvendelse av hele kraftkilden på forhånd.”⁴⁸⁴ Vedtaket gjer tydeleg uttrykk for at tiltaksrådet ønskte ei utbygging av Guolas for å sikre Nord-Troms kraft til industrireising i området, noe ein meinte ei utbygging av Kvænangsbotn aleine ikkje ville gjere.

At reaksjonane på planen ikkje var grunna i motstand mot utbygginga av Kvænangsbotn, men eit krav om å sikre kraft til industrireising, kjem også klart fram i eit vedtak frå Kåfjord

⁴⁸⁰ "Nordlys" 5/5 1961.

⁴⁸¹ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, brev frå Nord-Troms interkommunale tiltaksråd til Utbyggingsfondet for Nord-Norge 4/5 1961, eske 21.

⁴⁸² Ibid.

⁴⁸³ Ibid.

kommunestyre 30/5 1960. Kommunestyret stilte seg der bak vedtaket til Nord-Troms interkommunale tiltaksråd og presiserte at: “... *begynnelsen på kraftutbyggingen bør skje i Kvænanngen, ...*”, men peika vidare på at utbygginga av Guolas måtte kome snarast for å sikre Nord-Troms elektrisk kraft i framtida.⁴⁸⁵ Kommunestyret hevda at:

*“... med den ekspansjonen en i dag er inne i på industrireisningens område i Vest-Finnmark, må en regne med at Kvænanngskraften, ca. 250 mill. kWh, vil måtte gå til Vest-Finnmark, og at den således i og for seg ikke direkte vil kunne skape grunnlag for industrireisning i Nord-Troms i en slik målestokk at det på lengere sikt kan komme til å bety noe vesentlig i bekjempelse av sysselsettingsvanskene i området. Ut fra denne vurdering må det være overmåte viktig at det straks tas skritt til den videre kraftutbygging i Nord-Troms ...”.*⁴⁸⁶

På trass av protestane frå kommunane rundt Lyngenfjorden var det våren 1961 klårt at Guolasutbygginga måtte vente, og at bare Kvænanngsbotn ville bli bygd ut i første omgang. På 1940-talet hadde ein valt å bygge ut Sikkajokk i staden for Guolas, på 1950-talet prioriterte ein å bygge ut Kildal og no blei Kvænanngsbotn valt. Når skulle det bli Kåfjord og Guolas sin tur?

7.3 Strid om eigarskapet i Kvænanngen kraftverk

Etter at Vassdragsvesenet hadde gjort det klart at staten ikkje ville stå for utbygginga i Kvænanngsbotn, blei spørsmålet no korleis kraftutbygginga i Kvænanngen skulle organiserast, og kven som skulle stå som eigarar av kraftselskapet. Gjennom drøftingar mellom representantar frå Troms fylke, Finnmark fylke og Vassdragsvesenet kom ein fram til at kvart fylke skulle eige 50% av aksjane i Kvænanngen kraftverk. Styret i Troms fylkes kraftforsyning var dei første til å ta initiativ; dei ønskte at Troms fylke gjennom kraftforsyninga gjekk inn som: “... *direkte intressent bl. a. for å ivareta fylkets og spesielt nordfylkets intresser.*”⁴⁸⁷ Direktør Reutz i Troms fylkes kraftforsyning gjekk inn for ei slik løysing:

“Fordi utbyggingene i Kvænanngen gjør et slikt stort innhugg i fylkets kraftkilder, og fordi denne utbyggingen tar sikte på å stille kraft til

⁴⁸⁴ Ibid.

⁴⁸⁵ SiTØ, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 511961.

⁴⁸⁶ Ibid.

⁴⁸⁷ Troms fylkesting sak 46 1961.

*disposisjon for tiltak som kan bedre næringsgrunnlaget i Nord-Troms, ... ”.*⁴⁸⁸

Reutz presiserte: *“Fylket vil selvsagt kunne sikre Nord-Troms kraftlag A/S de samme kraftmengder som kraftlaget selv vil kunne som medeier i kraftverkene i Kvænangen.”*⁴⁸⁹ Den same haldninga hadde fylkesmann Haug, og grunn gav det slik:

*“Det vil ikke være riktig at noen enkelt kommune i fylket eller mindre interkommunale kraftverk skal kunne opptre ved siden av fylkeskommunen i forbindelse med dette kraftverk. Det må forutsettes at fylkestinget, de fylkeskommunale organer hvor alle kommuner er representert og Troms fylkes kraftforsyning er best skikket til å avgjøre de enkelte kommuners innbyrdes interesser og behov ved fordeling av den del av krafta som faller på Troms og også best vil kunne ivareta fylkets interesser i forholdet til Finnmark.”*⁴⁹⁰

Allereie i februar same år hadde Reutz og fylkesmann Haug fått med seg Troms fylkesutval og styret i Troms fylkes kraftforsyning på at Guolas- og Skibotnvassdraga måtte reserverast for utbygging i regi av Troms fylkes kraftforsyning og til forsyning av heile fylket. Seinare støtta også fylkestinget denne strategien.⁴⁹¹ No søkte dei å få fylkestinget med seg i at Troms fylkes kraftforsyning skulle ha kontroll over heile fylket sin eigardel i Kvænangen kraftverk. Det er tydeleg at direktør Reutz i Troms fylkes kraftforsyning og fylkesmann Haug ikkje ønskte Nord-Troms kraftlag som medeigar i Kvænangen kraftverk, og at dei ønskte at Troms fylkes kraftforsyning skulle ha kontroll over mest mogleg av kraftressursane i fylket.

I november 1961 blei saka lagt fram for Troms fylkesting, merkeleg nok utan at det hadde vore reist spørsmål om Reutz og Haug sin plan for aksjeteikninga på førehand. På fylkestinget kom motstanden fram. Eit fleirtal av Nord-Tromskommunane ønskte at Nord-Troms kraftlag skulle få ein del av aksjane som Troms fylke disponerte. Ordførar Peder Sandbukt frå Kåfjord var den som sterkast målbar motstanden, han hevda at det var:

*“ ... ett flertall av kommunene i Nord-Troms som har arbeidet fram denne saken, [...] Det er derfor disse kommunene så sterkt ønsker at Nord-Troms kraftlag får overta en del av aksjene.”*⁴⁹²

⁴⁸⁸ Ibid.

⁴⁸⁹ Ibid.

⁴⁹⁰ Ibid.

⁴⁹¹ Ibid.

⁴⁹² "Nordlys" 11/111961, referat frå møtet.

Sandbukt fekk støtte frå alle dei andre ordførarane i Nord-Troms, med unnatak av ordførar Borkenhagen frå Kvæningen som støtta Reutz og Haug sitt forslag. Årsaka til Borkenhagen si støtte var truleg at Kvæningen ikkje var medeigar i Nord-Troms kraftlag. Borkenhagen meinte at ønska frå Kvæningen ville få større gjennomslag i fylket og hos Troms fylkes kraftforsyning, enn hos dei andre Nord-Tromskommunane og hos leiinga i Nord-Troms kraftlag. Ordførar Sandbukt frå Kåfjord kom ikkje med noe motforslag, da det på førehand var klårt at forslaget frå fylkesmannen ville få fleirtal.⁴⁹³ Same dag vedtok Troms fylkesting at Troms fylkes kraftforsyning skulle stå som eineigar av fylket sin del av aksjane i Kvæningen kraftverk.⁴⁹⁴

Om saka ikkje hadde vore debattert før vedtaket i fylkestinget, blei det ein skarp debatt etter på. Dagen før vedtaket sendte stortingsmann Nils Jacobsen eit kvasst skriv til fylkestinget. Han var djupt usamd i at leiinga i fylket ønskte å tildele Troms fylkes kraftforsyning alle aksjane i Kvæningen kraftverk. Han hevda at: *“... med det initiativ Nord-Troms kraftlag har tatt i denne sak, kan det ikke uten videre settes utenfor.”*, og han slutta skrivet med at *“... arbeidsutvalget og foretningsutvalget må stå fullstendig fritt i sin vurdering av hvilken fordeling av aksjene som totalt vil tjene vårt område best.”*⁴⁹⁵ Skrivet, som kom for seint til behandlinga av saka i fylkestinget, fekk åtte av ordførarane til å krevje at saka blei tatt opp på nytt i same fylkesting. Etter ein skarp debatt om grunnlaget for ny behandling blei oppmodinga nedstemt av eit klart fleirtal i fylkestinget.⁴⁹⁶ Men i avisene heldt debatten fram. I ein leiar i "Nordlys" argumenterte stortingsmann og redaktør Ingvald Jaklin (A) for at Tromsø Elektrisitetsverk på lik line med Nord-Troms kraftlag måtte få aksjar.⁴⁹⁷ Leiinga i Nord-Troms kraftlag argumenterte for sin rett til medeigarskap i Kvæningen kraftverk på grunnlag av at dei hadde vore med og kjempa utbygginga fram, og fordi kraftverket også skulle sikre kraftlaget sitt forsyningsområde elektrisk kraft.⁴⁹⁸ Men krava møtte motbør frå ordførar Borkenhagen frå Kvæningen. Han hevda at når Kvæningen kommune ikkje fekk aksjar i det

⁴⁹³ Ibid.

⁴⁹⁴ Troms fylkesting sak 46 1961.

⁴⁹⁵ Reutz 1987: 14f.

⁴⁹⁶ "Nordlys" 14/11 1961, referat frå møtet.

⁴⁹⁷ "Nordlys" 15/11 1961, leiar.

⁴⁹⁸ "Nordlys" 14/11 1961, lesarbrev frå kontorsjef i Kåfjord kommune Peder A. Bergmo som var styreleiar i Nord-Troms kraftlag og 20/1 1961, intervju med driftsstyrar Einar Elvestad i Nord-Troms kraftlag.

nye kraftverket, var det urimeleg at dei andre Nord-Tromskommunane eller Tromsø Elektrisitetsverk skulle ha eigarinteresser i eit kraftverk lokalisert i Kvænangen.⁴⁹⁹ Dei skarpe protestane frå Nord-Troms kraftlag og frå fleirtalet av Nord-Tromskommunane fekk leiinga i fylket og i Troms fylkes kraftforsyning til å kalle saman til fellesmøte mellom Troms fylkesutval, styret i Troms fylkes kraftforsyning og arbeidsutvalet i Nord-Troms kraftlag. I slutten av november kom partane fram til ein avtale som sikra Nord-Troms kraftlag sine interesser i Kvænangen kraftverk. Avtalen slo fast følgende:

*“Nord-Troms kraftlag skal ha fortrinnsrett til å dekke sitt kraftforbruk av Troms fylkes andel av av kraftproduksjonen i A/S Kvænangen Kraftverk med 10 mill. kWh. i året ved første byggetrinn. Den kvoten som omfattes av fortrinnsretten, skal kunne økes forholdsmessig ved full utbygging av kraftverkene. De kraftuttak som selskapet således skal ha ha fortrinnsrett til, skal dessuten leveres til priser og vilkår som måtte bli bestemt for aksjonærenes uttak.”*⁵⁰⁰

Avtalen var langt dårlegare for Nord-Troms kraftlag enn det som hadde vore intensjonen i vedtaket frå Olsborgmøtet og i dei første planane frå arbeidsutvalet. Intensjonen var at Nord-Troms kraftlag skulle ha 50% av Troms fylke sin del av kraftproduksjonen, no fekk dei langt mindre. Initiativet til utbygginga av kraftkjeldene i Kvænangsbotn var kome frå Nord-Troms gjennom planen Nord-Troms interkommunale tiltaksråd, Nord-Troms kraftlag og stortingsrepresentantane Jacobsen og Samuelsberg hadde presentert for Brofoss og Carlsen. Stikk i strid med ønska frå Nord-Troms sikra Troms fylkes kraftforsyning seg kontroll over alle aksjane fylket hadde i Kvænangen kraftverk og storparten av kraftmengda fylket ville disponere. Det var ikkje rart at både leiinga av Nord-Troms kraftlag og stortingsmann Jacobsen ga uttrykk for at dei “*var meget skuffet*” over resultatet.⁵⁰¹

I 1962 starta arbeidet med Kvænangen kraftverk og hausten 1965 starta produksjonen av elektrisk kraft. I 1963 vedtok Stortinget at stamlina skulle byggast og drivast av staten, og at ho i første omgang bare skulle byggast frå Nordreisa til Alta og Skaidi.⁵⁰²

Olsborgmøtet og den seinare skipinga av Kvænangen kraftverk synte at det var stor motsetning mellom ønska frå Nord-Troms om kraftutbygging og ønska frå leiinga i Troms

⁴⁹⁹ "Nordlys" 17/11 1961.

⁵⁰⁰ "Nordlys" 24/11 1961, pressemelding frå møtet.

⁵⁰¹ Digre 1989: 98.

fylke og Troms fylkes kraftforsyning. Når dei første planane om ei utbygging av Kvænangsbottn blei lagt fram, og seinare ved skipinga av Kvænangen kraftverk, viste det seg også at det var ei djup splitting mellom ønska frå Kåfjord, Skjervøy og Nordreisa på den eine sida, og ønska frå Kvænangen på den andre sida. Ønsket om ei større kraftutbygging i Nord-Troms hadde samla kommunane i regionen i Nord-Troms interkommunale tiltaksråd på slutten av 1950-talet. Når planane om ei utbygging nærma seg ein realitet, kom det tydeleg fram at dei lokale og kommunale interessene i Kvænangen var sterkare enn regionen sine fellesinteresser.

7.4 Guolas blir bygd ut

20/1 1965 bar leiaren i avisa "Nordlys" overskrifta: "*Gode nyheter for Nord-Troms*", bakgrunnen var at Troms fylkesutval på sitt møte tre dagar før hadde godkjent søknaden frå Troms fylkes kraftforsyning om utbygging av Guolas.⁵⁰³ Allereie i 1961 hadde Troms fylkesting vedtatt at Guolas skulle stå til disposisjon for Troms fylkes kraftforsyning. Planen var at kraftproduksjonen skulle kome i gang i 1971, og at den elektriske krafta skulle kjørast ut på samkjøringsnettet i nordre Nordland og i Troms sør for Lyngenfjorden.

I Kåfjord førte vedtaket til nytt håp om utbygging av Guolas. Allereie i januar 1965 blei det halde folkemøte på Skattvoll i Kåfjorddalen. Som så mange gonger før i samband med krav om utbyggingar i området var tema for folkemøtet: "*... hva en kan gjøre for å bedre næringsgrunnlaget i Nord-Troms, som i vesentlig grad skiller seg fra det øvrige land.*", og igjen blei det hevda at dei: "*... grunnleggende forutsetninger for å kunne skape betryggende vilkår for næringer som naturlig kan utnyttes rasjonelt er kraft og kommunikasjoner.*".⁵⁰⁴ Folkemøtet oppmoda: "*...de ansvarlige myndigheter om snarest å sette i verk tiltak som fremmer utbygging av Guollas kraftkilder og veganlegget Skibotn - Birtavarre ferdig.*".⁵⁰⁵ Månaden etter stilte Kåfjord kommunestyre seg samrøystes bak kravet frå folkemøtet. For snarast mogleg å kome fram til ei løysing vedtok kommunestyret å sende ein delegasjon til Oslo for å forhandle med dei sentrale styresmaktene om krava.⁵⁰⁶

⁵⁰² Svendsen 1998: utkast kap. 10.

⁵⁰³ "Nordlys" 20/1 1965.

⁵⁰⁴ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 23 1965.

⁵⁰⁵ Ibid.

Vedtaket til fylkesutvalet og til styret i Troms fylkes kraftforsyning blåste også nytt liv i det interkommunale samarbeidet i Nord-Troms. På eit møte på Storslett i slutten av mai 1965 vedtok ordførarane frå Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Lyngen samrøystes ei oppmoding til leiinga i Troms fylke og dei sentrale styresmaktene om forsering av den vidare kraftutbygginga i Troms. Seinare fekk oppmodinga tilslutning frå ordføraren i Kvæningen. Vedtaket peika på at fylket ville ha bruk for store kraftmengder allereie frå 1969-1970. Forholda i Nord-Troms blei særleg trekte fram, der det allereie var innført strømrasjonering: *“Verst stillet vil imidlertid nordfylket bli, idet det må antas som temmelig sikkert at Nord-Troms ikke kan kalkulere med kraftmengder av betydning fra Kvæningen Kraftverk, ...”*.⁵⁰⁷ Dette må tolkast som ein klår kritikk av handsaminga Nord-Troms og Nord-Troms kraftlag fekk i samband med utbygginga i Kvæningen. Kritikken mot den valte strategien for utbygginga av kraftkjeldene i Nord-Troms kjem enda klårare fram i dei neste avsnitta i vedtaket:

“Skulle det derfor ikke komme i stand en ny og større kraftutbygging i nær framtid, vil forholdene i denne fra før meget vanskeligstilte del av fylket bli ytterligere forverret.

*Møtet vil sterkt presisere at eventuelle små utbygginger nå – om slikt skulle komme på tale – må være lite klok politikk, idet de i så fall kun vil komme til å forlenge vanskelighetene og fortsatt bli den direkte årsak til relativt høye strømpriser i dette område, som fra før av har den dårligste økonomi sammenlignet med fylket forøvrig.”*⁵⁰⁸

Tydeleg frykta dei på den eine sida at utbygginga av Guolas igjen ville bli utsett og fylket i staden valte å bygge ut ei anna kraftkjelde. På den andre sida frykta dei at Troms fylkes kraftforsyning ville sikre seg retten til all krafta frå utbygginga, slik at Nord-Troms ikkje ville få nok kraft, på same vis som ved utbygginga i Kvæningen.

Om dei særeigne problema i Nord-Troms peika møtet på at dei var: *“... velkjent, idet det har vært sterkt framme i den offentlige debatt gjennom mange år, ...”*,⁵⁰⁹ og det blei vidare kravd:

“Man bør ikke undres over at det nå begynner å ta slutt på tålmodigheten, og møtet krever derfor nå – så langt det på noen måte

⁵⁰⁶ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 23 og 36 1965.

⁵⁰⁷ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 73 1965 med utskrift av møteprotokoll av 23/5 1965 frå det interkommunale møte på Storslett.

⁵⁰⁸ Ibid.

⁵⁰⁹ Ibid.

er mulig – fra samfunnets side blir gjort alvor av å få slutt på disse uholdbare tilstandene, og at forholdene må bli lagt slik tilrette at folket som bor her kan bli selvhjulpent.”⁵¹⁰

Problema i Nord-Troms kunne ikkje bli løyst: “... dersom det ikke satses sterkere i grunnlagsinnvisteringene, hvorav investeringer i kraftutbygging og kommunikasjoner (veger, bruer o.l.) særskilt må framheves.”⁵¹¹ Som ein ser blei det presisert av det interkommunale møtet at ei føresetnad for ei problemløysing i Nord-Troms var ei utbygging av infrastrukturen generelt. Ei kraftutbygging aleine ville ikkje løyse dei grunnleggande problema i området.⁵¹² Den same haldninga til problema hadde kome fram på folkemøtet i Kåfjorddalen og i kommunestyrevedtaket frå Kåfjord tidlegare på året, og kom også til uttrykk året etter på eit regionplanmøte for dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden.⁵¹³ Med andre ord var krava innanfrå knytt til eit heilskapleg syn på problema i området og løysinga av dei. No var ikkje ei slik heilskapleg haldning til problema ny i Nord-Troms, same argumentasjonen hadde vore nytta både i forklaringa av problema og krava for å få løyst dei gjennom heile etterkrigstida. Det same var tilfelle med kravet om styresmaktene sitt særskilde ansvar for å løyse problema i området. Dei sentrale styresmaktene hadde da også argumentet for heilskapleg tenking i samband med løysinga av problema i distrikta i stadig sterkare grad gjennom 1950-talet og utover 1960-talet. Vekstsenterpolitikken – som eg skal kome tilbake til i neste kapittel – var nettopp eit uttrykk for den heilskaplege tenkinga omkring utbygginga av infrastrukturen.

I august 1966 leverte Troms fylkes kraftforsyning konsesjonssøknaden for utbygging av Guolas. Framleis var planen at krafta som utbygginga ville gje, først og fremst var tenkt overført til samkjøringsnettet, men det blei også understreka at: “Krafta fra Guolasjåkka kraftverk vil også kunne leveres både til kraftlagene i Nord-Troms og Vest-Finnmark, dersom det er behov for det.”⁵¹⁴ Kåfjord kommunestyre tilrødde utbygginga på det sterkaste og kom ikkje med noen innvendingar mot planen for utbygginga eller bruken av krafta frå Guolas.⁵¹⁵ Same haust gjekk Troms fylkesting inn for utbygginga, og på nyåret 1971 sto kraftverket ferdig. I samband med utbygginga av Guolas blei samkjøringsnettet bygd ut til også å omfatte

⁵¹⁰ Ibid.

⁵¹¹ Ibid.

⁵¹² Ibid.

⁵¹³ "Nordlys" 28/2 1966, referat frå møtet.

⁵¹⁴ Troms fylkesting sak 44 1966.

Nord-Troms og Vest-Finnmark.⁵¹⁶ Nord-Troms var såleis sikra tilgang på elektrisk kraft på same vis som resten av fylket.

7.5 Utbygginga av Kvænangsbotn og Guolas – eit resultat av krav innanfrå?

Fram til 1960 hadde krava innanfrå om kraftutbygging vore grunnjevne med dei særskilde forholda i Nord-Troms knytt til svakt utbygd næringsliv, lite industri og stor sesongarbeidsløyse. Kravet om ei større kraftutbygging i Nord-Troms var nært knytt til kravet om etablering av større industri i området. (jf kap. 3 og 5) Når Kvænangsbotn og Guolas blei bygd ut var årsaka i stor grad forhold utanfor Nord-Troms. Utbygginga av Kvænangsbotn var eit resultat av kraftmangelen i Vest-Finnmark, sjølv om initiativet til utbygginga kom frå Nord-Troms. Utbygginga av Guolas var eit resultat av auka kraftbehov i heile fylket og kom først og fremst som eit resultat av Troms fylkes kraftforsyning sitt ønske om tilgang på meir elektrisk kraft, sjølv om det også var eit sterkt ønske i Kåfjord og Nord-Troms om utbygging. Mens krava om kraftutbygging tidlegare hadde vore knytt til krav om industri blei det i samband med utbygginga av Guolas knytt til betring av føresetnadene for næringsverksemd generelt, og da særleg til vegbygging. Kva var årsaka til denne endringa? Truleg var det eit resultat av at det no var mogleg å få realisert ei rask utbygging av Guolas. I Kåfjord og i resten av Nord-Troms ønskte dei ikkje å legge hindringar i vegen for ei utbygging gjennom å knyte den opp mot krav om industrireising. Erfaringane hadde da også vist at det var svært vanskeleg å få etablert storindustri i området. Bortfallet av krava om industri i samband med kraftutbyggingane markerer likevel eit skilje i moderniseringsstrevet innanfrå. Tidlegare hadde kraftutbygging og industrietablering i stor grad vore sett på som ei og same sak, utover 1960-talet blei dei i stadig sterkare grad skilde frå kvarandre. Det hadde truleg med to forhold å gjere. For det første var nærleik til store kraftressursar ikkje lenger avgjerande for etablering av storindustri – utover 1960-talet hadde dei fleste kommunane i distrikts-Norge den same tilgangen på elektrisk kraft. For det andre var årsakene til utbyggingane, som eg tidlegare har vist, i stor grad å finne i forhold utanfor Nord-Troms.

7.6 Kraftforsyninga i Nord-Troms – integrasjon og spørsmål om samanslutning

Kraftutbyggingane i Nord-Troms på 1960-talet viste tydeleg at Troms fylkes kraftforsyning hadde eit sterkt ønske om kontroll og styring av kraftressursane i fylket. Det kom særleg til

⁵¹⁵ SiTø, FiT, Kåfjord kommunestyre sak 104 1966.

uttrykk i samband med drøftingane om samanslutning av kraftlaga i fylket frå midten av 1960-talet og utover. Etter initiativ frå Vassdragsvesenet vedtok Troms fylkesting hausten 1964 å sette ned eit utval som skulle greie ut: *“Spørsmålet om omorganisering og sammenslutning av kraftlagene i Troms fylke.”*⁵¹⁷ I vedtaket erklærte fylkestinget: *“... seg i prinsippet enig i sammenslutning av kraftverk i fylket med henblikk på å komme fram til større og mer rasjonelle driftsenheter.”*⁵¹⁸ I utvalet sat mellom andre ordførar i Nordreisa og tidlegare leiar av Nord-Troms interkommunale tiltaksråd, Arthur Elvestad, og direktør Reutz i Troms fylkes kraftforsyning. Hausten 1966 la utvalet fram si innstilling og gjekk inn for at fylket skulle delast i tre kraftforsyningsregionar; Sør-Troms, Midt-Troms og Nord-Troms.⁵¹⁹ Om organiseringa i Nord-Troms uttala utvalet:

*“Komiteen har vært inne på spørsmålet om å la kraftforsyningen i Nord-Troms gå sammen med en samlet kraftforsyning i Midt-Troms for derved å styrke kraftlaget teknisk og for å utjevne de økonomiske svakheter over et større antall forbrukere. Så lenge det ikke er elektrisk forbindelse mellom Nord- og Midt-Troms finner ikke komiteen at det er grunnlag for slik sammenslåing. Komiteen er blitt stående ved at kraftforsyningen i Nord-Troms iallefall inntil videre bør foreståes av Nord-Troms Kraftlag A/S.”*⁵²⁰

Innstillinga, som blei vedteken av fylkestinget, innebar at kraftforsyninga i Nord-Troms og Nord-Troms kraftlag inntil vidare skulle oppretthaldast som den var. Innstillinga blei så sendt ut til høyring. Styret i Nord-Troms kraftlag støtta innstillinga frå utvalet. I dei fire kommunane på austsida av Lyngenfjorden var det derimot ulike syn på planen for omorganisering. Nordreisa formannskap presiserte i sitt vedtak at Nord-Troms kraftlag også i framtida burde ha ansvaret for kraftforsyninga i området.⁵²¹ Kåfjord formannskap uttala derimot at dei var positive til ei samanslutning mellom kraftlaga i Midt- og Nord-Troms, om det kunne gje: *“... økonomiske fordeler for den enkelte forbruker ...”*⁵²² Kvæningen kommune var ikkje medeigar i Nord-Troms kraftlag, og store delar av kommunen fekk si kraft frå Alta Kraftlag. Truleg var det årsaka til at Kvæningen formannskap presiserte at dei slutta seg til innstillinga, men at det var:

⁵¹⁶ Troms fylkesting sak 44 1966 og Digre 1989: 109.

⁵¹⁷ Troms fylkesting sak 38 1964.

⁵¹⁸ Ibid.

⁵¹⁹ Troms fylkesting sak 45 1967.

⁵²⁰ Ibid.

⁵²¹ Troms fylkesting sak 2 1969.

⁵²² Ibid.

“Under forutsetning av at kommunene Kvænangen, Skjervøy, Nordreisa, Kåffjord og Storfjord får overta fylkets eierinteresser i Nord-Troms Kraftlag A/S, Kvænangen Kraftverk og Guolas, samt får stå for den videre utbygging av distriktets nyttbare kraftkilder, danner disse en egen kraftregion - Nord-Troms - som organiseres som et interkommalt kraftselskap. Subsidiært går Kvænangen kommune inn for en sammenslutning og omorganisering av samtlige kraftverk/kraftlag i Midt-Troms og Nord-Troms til en enhet.”⁵²³

I og med at det ikkje var på tale at Nord-Troms skulle utgjere ein eigen kraftregion på dei premissane Kvænangen formannskap la i omgrepet, gjekk formannskapet i realiteten inn for ei samanslutning mellom kraftlaga i Midt- og Nord-Troms.

Vassdragsvesenet støtta utvalet si innstilling om at fylket skulle delast i tre kraftforsyningsregionar, men peika på at:

“Den eneste organisasjonsform som på lengre sikt virkelig kan sikre helt like kraftpriser over hele fylket er et fylkesomfattende verk som forestår all produksjon, overføring og distribusjon. Etter vårt skjønn ligger imidlertid – i hvertfall på det nåværende tidspunkt – forholdene i Troms svært dårlig til rette for et fylkesverk.”⁵²⁴

Det blei likevel presisert at: *“Når linjeforbindelsen er etablert mellom Midt-Troms og Nord-Troms bør spørsmålet om sammenslutning av de to distribusjonsverkene her vurderes”*.⁵²⁵

Den same konklusjonen kom fylkesmann Haug til, og han hevda at: *“Det er verken noen teknisk eller økonomisk grunn til at Nord-Troms kraftlag A/S bør opprettholdes som selvstendig enhet.”*⁵²⁶ Fylkesmann Haug hadde også tidlegare ønskt at fylket gjennom Troms fylkes kraftforsyning skulle ha størst mogleg kontroll med kraftforsyninga i Troms fylke og hadde gjennom heile 1960-talet søkt å få kontroll over kraftressursane i Nord-Troms. I fylkestinget våren 1969 fekk fylkesmannen langt på veg støtte for sitt syn. Fylkestinget vedtok at Midt- og Nord-Troms blei slutta saman til ein region, med eit felles kraftlag som skulle stå for kraftutbygging, produksjon og distribusjon i heile området. Til å forhandle fram ei samanslutning blei det sett ned eit utval som skulle legge fram planane året etter.⁵²⁷

⁵²³ Ibid.

⁵²⁴ Ibid.

⁵²⁵ Ibid.

⁵²⁶ Ibid.

⁵²⁷ Ibid.

Det blei ikkje lagt fram noe forslag året etter, og eit nytt utval blei set ned. I det vidare arbeidet med planane om samanslåing blei det frå Nord-Troms peika på dei negative distriktpolitiske konsekvensane ei samanslåing ville få, i form av redusert innverknad på drifta ved verksemda og tap av arbeidsplassar.⁵²⁸ Dette var argument som før ikkje hadde vore nytta i samband med drøftingane om samanslutning. Tidlegare hadde det sentrale i drøftingane vore dei økonomiske fordelane ei samanslutning ville gje. På 1970-talet var medbestemming og lokale arbeidsplassar viktigare enn reine økonomiske gevinstar. Resultatet blei at fylkestinget i 1977 vedtok at Nord-Troms kraftlag framleis skulle halde fram som eiga verksemd, bakgrunnen for vedtaket var dei negative distriktpolitiske verknadene ei samanslåing ville få.⁵²⁹

25 år etter at leiinga i Troms fylkes kraftforsyning hadde uttala at det måtte skipast eit eige kraftlag i Nord-Troms, fordi området elles ville bli ein “klamp om foten” for resten av fylket (jf kap. 3), var Nord-Troms integrert i fylket si nettsamkjøring og området var ein stor produsent av elektrisk kraft. Spørsmålet om samanslutning av kraftlaga i Troms kan sjåast på som siste ledd i ein prosess der Troms fylke og Troms fylkes kraftforsyning søkte å styrke sin kontroll over kraftressursane og kraftforsyninga i heile Troms fylke, særleg i Nord-Troms og over verksemda til Nord-Troms kraftlag. Første trinn i denne prosessen var skipinga av Kvænangen kraftverk i 1961. Neste trinn kom da fylkestinget vedtok at Guolas- og Skibotnvasstraga måtte reserverast for utbygging for Troms fylkes kraftforsyning. Tredje trinn var da styret i Troms fylkes kraftforsyning tok initiativ til utbygging av Guolas for å sikre kraft til samkjøringsnettet i nordre Nordland og Troms sør for Lyngenfjorden. Når siste trinn – ei fylkessamanslutning – ikkje lykkast, var årsaka at vekst- og moderniseringsoptimismen som hadde vore lagt til grunn for industrialiserings- og moderniseringspolitikken gjennom heile etterkrigstida blei set opp mot sjølvrådet, livskvalitet og vilkåra for busetting i distriktskommunane på slutten av 1960-talet og vidare utover 1970-talet. Eg skal kome tilbake til kritikken mot industrialiserings- og moderniseringspolitikken i kapittel 8. Integrasjonsprosessen er likevel eit godt døme på korleis Nord-Troms på 1960-talet i stadig sterkare grad blei integrert og knytt saman med resten av fylket.

⁵²⁸ Digre 1989: 103ff.

⁵²⁹ Ibid.

Kapittel 8. Skjervøy blir prøve- og vekstsenter

På byrjinga av 1960-talet skjedde det ei endring i oppfatninga av distriktsproblema hos dei sentrale styresmaktene. I større grad enn tidlegare såg dei velferdstilbod, infrastruktur, industrireising og busettingsstruktur som samverkande faktorar i distriktspolitikken.(jf kap. 6) Eit resultat av denne endringa var at ein ønskte å konsentrere tiltaka i distriktspolitikken om særskilde vekstsenter. For å få sett denne politikken ut i livet ønskte dei sentrale styresmaktene å peike ut prøvesenter i noen fylke, mellom anna i Troms. For å styrke legitimiteten til denne strategien skulle fylka sjølve lokalisere prøvesentra. I Troms kom striden til å stå mellom tettstadene Skjervøy i Nord-Troms og Finnsnes i Midt-Troms. Striden enda med at Skjervøy gjekk av med sigeren hausten 1965.

Eg reiser i dette kapitlet spørsmåla: Kva var målsettinga med og bakgrunnen for prøve- og vekstsenterpolitikken? Kva var drivkreftene bak utpeikinga av Skjervøy som prøve- og vekstsenter? I kor stor grad var prøve- og vekstsenterpolitikken eit brot med den politikken dei sentrale styresmaktene til da hadde ført for å industrialisere og modernisere Nord-Troms? Korleis såg dei andre Nord-Tromskommunane på utpeikinga av Skjervøy som prøve- og vekstsenter?

Noen få månader etter utpeikinga gjekk arbeidarpartigjeringa av etter å ha tapt stortingsvalet same haust. Den nye borgarlege samlingsregjeringa stoppa utpeikinga av nye prøvesenter og gjekk i staden inn for satsing på “utviklingsområde”. På same tid voks det fram ein gryande politisk og samfunnsvitskapleg kritikk av den rådande distriktspolitikken. Kva var innhaldet i kritikken, kva var årsaka til den og korleis kom den til uttrykk i Nord-Troms?

8.1 Fråflytting og sentralisering i Skjervøy kommune

På 1950- og 1960-talet var det ein aukande konsentrasjon av busettinga i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Særleg sterk var konsentrasjonen av busettinga i Skjervøy kommune. Frå 1950 til 1960 auka folketalet på tettstaden Skjervøy med heile 59%, på same tid som veksten i folketalet i kommunen bare var på 6%.⁵³⁰ Eg skal kome

⁵³⁰ Folketeljninga 1950, utskrift av tala på krinsnivå og kart over teljingskrinsane frå SSB på Kongsvinger, og folketeljninga 1960, kommunehefte for Skjervøy.

tilbake til endringane i busettingsstrukturen i kapittel 10. Korleis såg ein i Skjervøy kommune på den auka konsentrasjonen av busettinga på byrjinga av 1960-talet?

Stortinget hadde i 1950 vedteke å gje folk som flytta frå det som blei karakterisert som “utvær” flyttebidrag, men det medførte også stopp i nye offentlege investeringar i utværa.⁵³¹ I 1962 søkte i alt 9 av 16 husstanda frå Meiland om statsstøtte til flytting frå utvær.⁵³² Fråflyttinga frå Meiland er eit godt døme på årsaka til at folk ønskte å få statsstøtte til fråflytting, og korleis fråflytting og sentralisering av busettinga blei sett på i Skjervøy kommune på første halvdel av 1960-talet. Årsaka til søknadene var at Troms fylkes kommunikasjonsutval same haust hadde gått imot bygginga av veggen mellom Meiland og Valanhamn i Kvænangen.⁵³³ Det hadde vore reist krav om veg frå folk på Meiland og Valanhamn gjennom folkemøta og lesarbrev i heile etterkrigstida. Av di Meiland mangla kai var fiskarane med større båtar nøydd til å drive fiske frå tettstaden Skjervøy, noe som hadde ført til at mange hadde flytta frå bygda. Da det blei klårt at veggen mellom dei to bygdelaga ikkje ville bli bygd, ønskte fleire å flytte. I desember 1962 kom saka opp for Skjervøy kommunestyre. Rønning Østgård, som var kommunestyremedlem og kommuneagronom, gjekk imot tilråding til fråflytting. Han hevda at: *“Dersom en skulle gjøre dette var 9/10 av kommunens øydistrikter utvær. [...] For meg er det det rene vanvidd å anbefale flytting – og her på Skjervøy er bare elendighet å by dem.”*⁵³⁴ Østgård meinte vidare at det beste var om meilandsfiskarane kunne drive fiske frå Skjervøy, men bu på Meiland og drive jordbruk der. Men Østgård sitt syn vant ikkje fram, og heile 25 av 28 representantar gjekk inn for å tilrå søknaden frå dei 9 husstanda. Kommunestyret grunngav vedtaket med at når det offentlege ikkje kunne løyve midlar til veg, kai eller ny skole, måtte det offentlege gje hjelp til dei som ønskte å flytte. Det blei presisert at det var opp til kvar enkelt om dei ønskte å flytte, og at dei stod sjølve fritt til å velje kor dei ville flytte.⁵³⁵ Sommaren 1963 blei det vedteke at dei 9 husstanda som hadde søkt statsstøtte til fråflytting frå Meiland skulle få det.⁵³⁶ Dei resterande 7 husstanda ønskte ikkje å flytte frå bygda, og som ein reaksjon på vedtaket søkte dei om å bli overførde til Kvænangen kommune. I søknaden stod det:

⁵³¹ Bjørklund, Drivenes og Gerrard 1994: 308.

⁵³² SiTø, FiT, Skjervøy kommunestyre sak 230 1962.

⁵³³ "Nordlys" 6/11 1962.

⁵³⁴ "Nordlys" 14/1 1963, referat frå kommunestyremøtet.

⁵³⁵ "Nordlys" 14/1 1963 og SiTø, FiT, Skjervøy kommunestyre sak 230 1962.

⁵³⁶ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær, sak 9 og 10 1963, protokoll nr. 120.

*“Skjervøy kommune har gått inn for å avfolke Meiland og å stemple det som utvær. Stedet er dermed satt ut av kartet for all sentralisering og oppbygning. Av den grunn har vi etter nøye overveielse kommet fram til at det vil være mest formålstjenelig å søke om å få komme inn under Kvæningen kommune, slik at Meiland og Valanhamn skulle slåes sammen til ei bygd [...] Vi underskrivere, vil heller ikke forlate våre hjem - vi finner det ikke formålstjenelig å forlate alt vi har kjær for å kaste oss ut på nye gjeldsbyrder på tiere av tusen kroner.”*⁵³⁷

I mai 1964 blei det vedteke av regjeringa at Meiland skulle overførast til Kvæningen kommune frå 1/1 1965. Men allereie hausten 1964 søkte meilandfolket paradoksalt nok om å bli førde tilbake til Skjervøy kommune. Denne gongen utan at søknaden førte fram.⁵³⁸

Det er grunn til å merke seg at Skjervøy kommunestyre hadde ei svært pragmatisk haldning i saker som hadde med fråflytting og sentralisering av busetting å gjere. I stor grad følgde kommunestyret ønska til kvar enkelt husstand. Til dømes hadde “Utvalget til behandling av søknader om statstøtte til flytting fra utvær” (Utvær-utvalet) etter ei synfaring hausten 1960 tilrådd fråflytting frå Geitvik og Lillevik på Arnøya i Skjervøy kommune. Etter eit samrøystes protestskriv mot fråflytting frå alle dei fem oppsittarane gjekk kommunestyret i 1961 mot innstillinga frå utvalet.⁵³⁹ I vedtaket stod det:

*“Saka har vært forelagt huseierne for underskrift hvorvidt flytting er ønskelig, og når alle nekter å flytte, finner kommunestyret ikke grunnlag til å gå inn for fraflytting fra stedene. Det må ligge opptil enhver huseier selv å bestemme hvorvidt han vil flytte eller ikke.”*⁵⁴⁰

I same møte vedtok kommunestyret å etterkome oppsittarane sitt krav om veg, og det blei løyvd midlar til vegen Akkarvik - Geitvik.⁵⁴¹ Fire år seinare var bygdelaga framleis fri for veg, og etter søknad frå dei fem oppsittarane blei det løyvd statsstøtte til fråflytting, etter at kommunestyret først hadde tilrådd søknadene.⁵⁴²

⁵³⁷ "Nordlys" 5/3 1963, referat av søknaden.

⁵³⁸ "Nordlys" 19/5 og 4/9 1964.

⁵³⁹ SiTø, Fit, Skjervøy kommunestyre sak 62 1961.

⁵⁴⁰ Ibid.

⁵⁴¹ SiTø, Fit, Skjervøy kommunestyre sak 63 1961.

⁵⁴² SiTø, Fit, Skjervøy kommunestyre sak 234 1964 og Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær, sak 7-11 1965, protokoll nr. 120.

Saka om fråflyttinga frå Meiland og frå Geitvik og Lillevik er eit godt døme på korleis det i Skjervøy kommune var ei tvitydig haldning til sentralisering og fråflytting på byrjinga av 1960-talet. På den eine sida var det dei som ønska å bli buande på trass av mangel på veg, hamn og skole i bygda og ønska å halde fast med kombinasjon av fiske og jordbruk, og på den andre sida var det dei som ønska å flytte frå bygdelaga mellom anna for å spesialisere seg på fiske.

8.2 Krav om særskilde tiltak for tettstaden Skjervøy

Den kraftige veksten i folketallet på tettstaden Skjervøy førte til særskilde problem på tettstaden. I eit intervju i "Nordlys" vinteren 1960 peika ordførar Lars Hallen på at: *“Nyskolen på Skjervøy som alle trodde skulle dekke behovet for år framover, er sprengt, ...”*.⁵⁴³ Han meinte at folkeveksten på tettstaden Skjervøy stilte særskilde krav til utbygging av helse- og sosialsektoren, men også til vidare industrireisning.⁵⁴⁴ Det same ga leiaren av Skjervøy Arbeidarparti, Simon Strøm, uttrykk for i eit intervju med "Nordlys" i desember 1962: *“Mange menneske har flyttet fra utkantene og inn til Skjervøy av forskjellige grunner, og det forplikter etter min mening både fylke og stat å ta økonomiske hensyn til.”*⁵⁴⁵ Strøm peika på at kommunikasjonane, næringslivet og helsesektoren måtte byggast ut, og at det på grunn av svak kommuneøkonomi måtte skje med hjelp av dei sentrale styresmaktene.⁵⁴⁶ At den store flyttinga til Skjervøy tettstad kunne bli eit problem, gjorde Utvær-utvalet merksam på i samband med at dei tilrådde at folk frå Meiland fekk statsstøtte til flytting frå utvær. I vedtaket som blei gjort sommaren 1963 stod det at:

*“... tilflyttingen til Skjervøy kirkested i den senere tid har vært meget stor uten at det kan sees at det er blitt nye arbeidsplasser på stedet, bortsett fra det arbeid fiske med egne sjarker gir. [...] Det er derfor påtrengende nødvendig at næringslivet på stedet utbygges og at det skaffes flere og varige arbeidsplasser. Tilflyttingen til Skjervøy kirkested vil ellers kunne bli et problem, og utvalget finner det derfor riktig å be myndighetene ha sin oppmerksomhet henvent på forholdet.”*⁵⁴⁷

⁵⁴³ "Nordlys" 23/3 1960.

⁵⁴⁴ Ibid.

⁵⁴⁵ "Nordlys" 7/12 1962.

⁵⁴⁶ Ibid.

⁵⁴⁷ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær, sak 11 1963, protokoll nr. 120.

Vedtaket må også sjåast i samband med Hjellnes-utvalet si innstilling frå desember 1962 om den vidare framtida for A/S Finnmark og Nord-Troms fiskeindustri (Finotro).

Selskapet var eit resultat av at Stortinget i 1950 vedtok å bygge ut 11 anlegg for industriell fiskeforedling i Nord-Troms og Finnmark. Etableringa av Finotro var førebudd av eit utval som Stortinget hadde sett ned i 1946, og må sjåast i nær samanheng med dei sentrale styresmaktene sitt ønske om utbygging av ei havgåande fiskeflåte og industriell foredling dei første åra etter krigen. Staten eigde 90% av aksjane i Finotro, dei resterande aksjane var delte mellom Norges Råfisklag, Norges Fiskarlag og Landsorganisasjonen i Norge.⁵⁴⁸ Av dei 11 planlagte anlegga blei sju realiserte, eitt av desse var på Skjervøy.⁵⁴⁹ Da anlegget stod ferdig i 1956, var det eitt av åtte filetanlegg i fylket, og det einaste i Nord-Tromsregionen.⁵⁵⁰ Anlegget kunne da foredle 10 tonn fisk per døgn, men på grunn av mangel på råstoff kom ikkje anlegget opp i ein slik produksjon. I tillegg til filetproduksjonen dreiv Finotro på Skjervøy også konvensjonell foredling av fisk og ein rekefabrikk.⁵⁵¹ Når Finotro blei eit statseigd selskap, og ikkje privateigd slik som Nord-Norgeplanen la opp til, var truleg årsaka at planlegginga av utbygging av verksemda skjedde før dei sentrale styresmaktene la om industripolitikken frå direkte til indirekte inngripnad. Ein kan såleis sjå etableringa av Finotro på 1950-talet som eit etterslep av industripolitikken på 1940-talet.

Hjellnes-utvalet si innstilling blei lagt fram i samband med Stortingsproposisjon nr. 35 (1963-64) *Om refinansiering m.v. av A/S Finotro*. Utvalget konkluderte i si innstilling med at:

*“ ... ut fra lønnsomhetsbetraktninger (er det) ikke forsvarlig å opprettholde driften ved Skjervøy anlegget under de nåværende forhold. Finotro bør derfor ta sikte på salg eller bortleie av anlegget ... ”*⁵⁵²

Årsaka til problema ved Finotro på Skjervøy var etter Hjellnes-utvalet si meining at verksemda ikkje hadde moderne produksjonsapparat for filetproduksjon, den sterke konkurransen om råstoffet med fiskeindustrien i Tromsø og Hammerfest og at det var knytt for få havgåande fiskebåtar til verksemda.⁵⁵³ Innstillinga frå Hjellnes-utvalet møtte sterke reaksjonar frå Skjervøy Faglige Samorganisasjon, Skjervøy Arbeidarparti og frå Skjervøy

⁵⁴⁸ Johannesen 1979: 159 og Vik 1982: 15.

⁵⁴⁹ Johannesen 1979: 173.

⁵⁵⁰ Troms Fylkesting, tillegg til sak 80 1957.

⁵⁵¹ Vik 1982: 19, 30 og 51.

⁵⁵² Stortingsproposisjon nr. 35 (1963-64), utvalet sin konklusjon om anlegget på Skjervøy, min parentes.

⁵⁵³ Ibid.

formannskap.⁵⁵⁴ I ein felles resolusjon utforma av Skjervøy Faglige Samorganisasjon blei det peika på at: *“bedriften er en hjørnestein i stedets arbeidsliv og fremtidige utvikling.”*⁵⁵⁵ Staten blei oppmoda om framleis å stå som eigarar av verksemda, at verksemda måtte byggast ut slik at rasjonell og lønsam drift blei mogleg og at havfiskeflåta på Skjervøy måtte byggast ut for å sikre verksemda råstoff.⁵⁵⁶

Sommaren 1963 retta Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd ei oppmoding til Distriktenes Utbyggingsfond om dei særlege problema på tettstaden Skjervøy og inviterte fondet til å delta på ei synfaring nemnda skulle ha i Nord-Troms tidleg på hausten same år.⁵⁵⁷ Frå synfaringa i midten av september 1963 var Distriktenes Utbyggingsfond sterkt involvert i arbeidet med utpeikinga av Skjervøy som prøve- og vekstsenter. Før eg gjer greie for den vidare prosessen, er det interessant å sjå korleis prøve- og vekstsenterpolitikken voks fram hos dei sentrale styresmaktene, og kva som var målsettinga med denne strategien.

8.3 Bakgrunnen for vekstsenterpolitikken

Allereie i Stortingsmelding nr. 85 (1951) om Nord-Norgeplanen blei det peika på at større industriverksemdar skulle vere drivkrafta i dei omliggande distrikta si økonomiske utvikling, og at det var ønskeleg med utvikling av industrisenter. På slutten av 1950-talet og på byrjinga av 1960-talet fekk spørsmålet om industrisentra ny aktualitet, mellom anna blei omgrepa “hjørnesteinsbedrift”, “distriktssentre” og “vekstsenter” lanserte i denne perioden.⁵⁵⁸ Det var også eit sterkt ønske hos dei sentrale styresmaktene om å effektivisere bruken av dei statlege virkemidla i distriktspolitikken. Erfaringane frå Nord-Norgeplanen og dei første åra med Distriktenes Utbyggingsfond hadde vist at tiltaka blei for spreidde til å gje dei ønska verknadene.⁵⁵⁹ På same tid blei dei velferdpolitiske dimensjonane ved politikken aktualiserte og knytte til distriktspolitikken.(jf kap. 6) Dette kom mellom anna til uttrykk gjennom tittelen på Arbeidarpartiet sitt valprogram, “Planlegging for vekst og trivsel”, for kommunevalet i

⁵⁵⁴ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, utskrift av vedtak frå styremøte i Skjervøy Faglige Samorganisasjon 19/1 1963, utskrift av vedtak frå møte i Skjervøy Arbeidarparti 3/2 1963 og utskrift frå vedtak i Skjervøy formannskap 6/2 1963, eske 48.

⁵⁵⁵ Ibid.

⁵⁵⁶ Ibid.

⁵⁵⁷ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, brev frå Hans Kviteng til Distriktenes Utbyggingsfond ved underdirektør Aune 27/6 1963, eske 48.

⁵⁵⁸ Thomassen 1997 (B): 341f.

⁵⁵⁹ Hersoug og Leonardsen 1979: 177.

1963.⁵⁶⁰ Dei sentrale styresmaktene vektla ved inngangen til 1960-talet klårare enn tidlegare at konsentrasjon av busettinga både var naturleg og ønskeleg. Flyttinga frå Nord-Troms var del av ei større endring av busettingsmønstret i Norge, kor folk flytta frå distrikta og til byar og tettstader. Særleg stor var flyttinga til Oslo-området, og det førte til store pressproblem i hovudstaden. Det var ikkje fråflyttinga frå distrikta som uroa dei sentrale styresmaktene, men at så mange flytta til Oslo-området. Pressproblema der blei kjende som “problemet Stor-Oslo”.⁵⁶¹ Tidlegare var det “problemet Nord-Norge”, “problemet Nord-Troms” og “distriktsproblem” – no var også Oslo blitt eit problem for planleggarane og dei sentrale styresmaktene.

Dei næringsøkonomiske problema i distrikta og “problemet Stor-Oslo” var spørsmål som opptok Erik Brofoss, som da var direktør i Norges Bank og styreleiar i Distriktenes Utbyggingsfond. Brofoss hadde gjennom heile etterkrigstida vore ein sentral person i planlegginga og gjennomføringa av dei sentrale styresmaktene sin politikk for industrialisering og økonomisk modernisering, særleg i den som var retta mot distrikta. Øyvind Thomassen hevdar at Brofoss frå 1945 og til midten av 1960-talet hadde: “*posisjon som “obligatorisk passeringspunkt”*” i utviklinga av distriktspolitikken.⁵⁶²

I 1962-1963 utvikla Brofoss ein todelt strategi for å dempe pressproblema på Stor-Oslo. Det eine var å utvikle “nye byar” på Austlandet, som skulle demme opp for fråflyttinga og avlaste Stor-Oslo. Det andre var utbygging av industrisentra i distrikta, særleg i Nord-Norge, som skulle demme opp for fråflyttinga frå områda rundt og til Oslo.⁵⁶³ Thomassen meiner Brofoss sine idear var sterkt påverka av britisk distriktspolitikk, særleg av bygginga “Industrial Estates”, og at desse ideane blei tilpassa norske forhold og samla under nemningane “vekstsenter” og “industrivekstanlegg”.⁵⁶⁴ Målsettinga med vekstsentra var at ein gjennom samordning av offentlege investeringar og støttetiltak skulle utvikle berekraftige busettings- og økonomiske senter i distrikta. Samordning av dei offentlege investeringane skulle gjelde lokalisering av offentlege institusjonar og utbygging infrastruktur generelt, som

⁵⁶⁰ Thomassen 1997 (B): 505.

⁵⁶¹ Ibid: 360.

⁵⁶² Ibid: 487.

⁵⁶³ Thomassen 1997 (B): 488ff.

⁵⁶⁴ Ibid: 495ff, skipinga av Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) i 1968 var eit anna resultat av Brofoss sine idear. Eg har ikkje funne kjelder som tyder på at det var aktuelt å etablere SIVA-anlegg i Nord-Troms og vil av den grunn ikkje gå nærmare inn på denne problematikken.

kommunikasjonar, vatn og kloakk, skole- og sosialstell og bustadbygging. Gjennom geografisk konsentrasjon av dei offentlege investeringane og samordning av innsatsen frå kommunen, fylke og stat meinte ein at dei tilgjengelege midla ville gje størst mogleg effekt.⁵⁶⁵ Tidleg på hausten 1963 blei desse ideane gjort kjende i planleggingskretsar.⁵⁶⁶ Som ein vil sjå var det tydeleg at underdirektør Leif Aune i Distriktenes Utbyggingsfond, som var sterkt involvert i arbeidet med Skjervøy som vekstsenter, kjente til desse ideane i september 1963.

8.4 Ideen om Skjervøy som vekstsenter voks fram

I september 1963 var Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd på synfaring på tettstaden Skjervøy i samband med drøftingar med underdirektør Aune frå Distriktenes Utbyggingsfond og lokale politikarar frå Skjervøy om problema i Nord-Troms, og om den vidare utbygginga av tettstaden Skjervøy.⁵⁶⁷ Underdirektør Aune starta møtet med å presentere Brofoss sine idear om vekstsenter, føresetnadene for den framtidige distriktpolitikken generelt og den framtidige utviklinga av Nord-Tromsområdet spesielt. Aune sa mellom anna at:

*“... flytting fra utkantstrøkene skaper sosiale problemer i fraflyttingsområdene og store pressproblemer i tilflyttingsområdene. Hovedproblemet for utbyggingsmyndighetene er å holde på bosettingen i de beste bygder ved å bygge ut bedriftslivet. Det dilemma en nå befinner seg i mange steder skyldes at flyttingen har vært lite planmessig. – Et nærliggende spørsmål for dette området er om vi skal ta sikte på å kanalisere flyttingen inn til Tromsøområdet, eller om vi skal prøve å bygge ut Skjervøya så den virker som en magnet på dem som flytter.”*⁵⁶⁸

Aune peika vidare på behovet for planmessig utbygging av industri og næringsliv med auka konsentrasjon av busettinga.⁵⁶⁹ Han konkretiserte her korleis dei sentrale styresmaktene såg på fråflyttings- og distriktsproblematikken og la mykje av grunnlaget for det vidare arbeidet med prøve- og vekstsenterpolitikken i Nord-Troms. I ordsiftet etter Aune si innleiing kom dei motstridande syna på sentralisering av busetting og næringsøkonomisk modernisering, som eg viste i samband med Meilandsaka, igjen klart til uttrykk. Ordførar Lars Hallen var den mest positive til endringa i busettinga. I samband med ein søknad til kommunestyret om støtte til

⁵⁶⁵ Stortingsmelding nr. 29 (1963-64): 10 og 35, her frå Kvalsvik 1974: 29.

⁵⁶⁶ Thomassen 1997 (B): 510.

⁵⁶⁷ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, utdrag frå ordsiftet i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd på Skjervøy 10/9 1963, notat frå Kontoret for områdeplanlegging i Troms. 27/9 1963, eske 48.

⁵⁶⁸ Ibid.

⁵⁶⁹ Ibid.

flytting til Skjervøy tidlegare same år, uttala Hallen: *“Vi kan ikke hindre folk i å flytte og bo der de selv vil, og jeg vil ikke være med å bestemme at der og der skal du bo.”*⁵⁷⁰ Hallen hevda no at: *“Den store tilflyttingen har ikke ført til noen skade hittil.”*⁵⁷¹ Rønning Østgård, som også tidlegare hadde vore mot sentraliseringa av busettinga og den ein-sidede satsinga på industri, framheva dei vanskanne flyttinga til tettstaden Skjervøy hadde skapt:

*“Tilflyttingen til Skjervøy er blitt alt for stor og skaper problemer for hele kommunen. Mange har forlatt småbruk og fiske på grunn av dårlig lønsomhet og flyttet til Skjervøy. For å motvirke flyttingen må forholdene for de naturlige næringer legges bedre til rette; veger og havner må bygges, likeså små fryserier i distriktet som kan ta hånd om fangsten fra kystflåten. Det bør også bli lettere adgang til finansiering av mindre fiskebåter, og fiskeribureisingen bør opprettholdes. Småbruk og fiske hører sammen og er det naturlige næringsgrunnlag i Skjervøy.”*⁵⁷²

Østgård ønskte å stoppe flyttinga til kommunesentret og betre føresetnadene for småbrukarane som kombinerte fiske og jordbruk. Fleire av dei lokale politikarane i ordsiftet argumenterte for at føresetnadene for småbrukarane og kyst- og fjordfiskarane måtte betrast, men utan å reise kritikk mot sentraliseringa av busettinga. Det var også fleire som hevda at den vidare utbygginga i kommunen måtte skje gjennom ei parallell utbygging av fiskeindustrien på tettstaden, fiskemottak i distrikta rundt og kyst- og havfiskeflåten.⁵⁷³ Formannskapsmedlem og seinare ordførar John Steffensen gav uttrykk for ei slik haldning:

*“Den næringsøkonomiske utbyggingen i Nord-Troms bør kunne starte med utbygging av fiskeindustrien på Skjervøy. Vi har tomter nok og vann nok og en gunstig beliggenhet i forhold til råstoffet. Men kommunikasjonene må bygges ut. En utbygging av Skjervøy sentrum vil ikke skje på bekostning av distriktet. Kommunikasjoner, havner og mottaksstasjoner for fisk må bygges ut i distriktet samtidig med utbyggingen av sentret. Kystflåten må gis muligheter for å levere fangsten til fryseri, men en storindustri kan ikke baseres på kystfiske.”*⁵⁷⁴

⁵⁷⁰ "Nordlys" 9/1 1963.

⁵⁷¹ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, utdrag frå ordsiftet i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd på Skjervøy 10/9 1963, notat frå Kontoret for områdeplanlegging i Troms. 27/9 1963, eske 48.

⁵⁷² Ibid.

⁵⁷³ Ibid.

⁵⁷⁴ Ibid.

Finotro sin disponent Kåre Ellingsen frå Skjervøy var den som sterkast gjekk inn for auka industrialisering og utbygginga av havfiskeflåten. Han sa:

*“Vi har grunnlag for å bygge ut havfiskeflåten, og vi har grunnlag for å bygge ut fiskeindustrien. Men det ene er avhengig av det andre og vi trenger støtte for å komme i gang.”*⁵⁷⁵

Sjølv om det var motstridande syn på fråflyttinga frå distrikta og sentraliseringa av busettinga, og på korleis den vidare moderniseringa skulle skje, kom møtet fram til følgjande standpunkt:

*“... det er absolutt nødvendig, snarest mulig, å komme i gang med undersøkelser, vurderinger og planlegging av en eventuell utbygging av Skjervøya til et senter for Nord-Troms. Nødvendige undersøkelser, vurdering og planlegging bør utføres av et team av fagfolk på de ulike områder i nært samarbeid med lokale myndigheter, Distriktenes Utbyggingsfond og kommunaldepartementets distriktsplanavdeling.”*⁵⁷⁶

På bakgrunn av møtet utarbeidde Skjervøy arbeids- og tiltaksnemnd eit notat med tittelen “Distriktsplanlegging for Nord-Troms. Utbygging av Skjervøy som senter.”, som blei lagt fram i byrjinga av oktober same år.⁵⁷⁷ Nemnda var i samband med utgreiinga forsterka med to representantar frå leiinga av fiskeriindustrien på Skjervøy. Utgangspunktet for notatet var ei utbygging av tettstaden Skjervøy som nærings- og kommunikasjonsmessig sentrum for området aust for Lyngenfjorden. Notatet gjorde greie for føresetnadene for ei utbygging av Skjervøy som slikt sentrum og bar sterkt preg av at medlemmane i nemnda ønska utbygging av fiskeindustrien og den havgåande fiskeflåten. Nemnda meinte det var fleire føresetnader som måtte til for at tettstaden kunne bli eit sentrum. For det første måtte dei fylkeskommunale planane om omlegging og rasjonalisering av kommunikasjonane i Nord-Troms realiserast, slik at tettstaden Skjervøy blei sentrum for landverts og sjøverts kommunikasjon i Nord-Troms. For det andre måtte fiskeindustrien (Finotro) byggast ut og moderniserast slik at lønsam og rasjonell drift kunne sikrast gjennom høgast mogleg foredling av råstoffa. Nemnda peika på at Finotro sin “... hovedbasis for råstoff må være havfisket, men det må også være anledning for de øvrige mindre foredlingsanlegg på stedet og i distriktet å levere halvfabrikata ...”.⁵⁷⁸ For å sikre fiskeindustrien råstoff måtte havfiskeflåta byggast ut med tre trålarar på over 100 fot,

⁵⁷⁵ Ibid.

⁵⁷⁶ Ibid.

⁵⁷⁷ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Kontoret for områdeplanlegging i Troms, notat “Kystproblemene i Nord-Troms. Spørsmålet om utbygging av kirkestedet Skjervøy” 9/10 1963, eske 54.

⁵⁷⁸ Ibid.

slik at det i alt blei seks trålarar som leverte til Skjervøy. I samband med utbygginga av fiskeindustrien måtte hamna på Skjervøy byggast for å betre tilhøva for den havgåande fiskeflåta. Verknadene av ei utbygging av Skjervøysamfunnet som senter for Nord-Troms blei av nemnda vurdert slik:

“Foruten den betydelig økning av sysselsettingen som den skisserte plan for fiskeindustri og havfiskeflåte betinger, må en som en følge av dette regne med betydelig større aktivitet i bl.a. verksted, service og handelsnæring m.v. I tillegg kommer så at den situasjon som blir skapt ved at Skjervøy blir sentrum og knutepunktet for kommunikasjonene i området nord for Lyngen, og dermed selvsagt stedet for all omladning fra og til området. Ut fra dette må en sikkert regne med at folketallet på stedet iallefall vil fordobles etter at en slik plan er gjennomført. Det vil si at folketallet stiger til omlag 3000.”⁵⁷⁹

Nemnda meinte at ein slik vekst i folketalet måtte føre til utbygging av veg, vatn og kloakk, og at ein i planlegginga av utbygginga av den 9-årige skolen måtte ta omsyn til folkeveksten ei utbygging av tettstaden Skjervøy som sentrum ville føre med seg. Det blei vidare presisert at ei utbygging ville krevje store investeringar i næringsutbygging og til utbygging av infrastruktur. På grunn av kommunen sin svake økonomi blei det poengtert at staten måtte finansiere ein vesentleg del av desse investeringane. Nemnda konkluderte med at ei meir omfattande utgreiing av spørsmålet om framtida til kommunen og til tettstaden Skjervøy var nødvendig, og såg det som naturleg å engasjere Distriktenes Utbyggingsfond i den vidare planlegginga.⁵⁸⁰

Samanlikna med tidlegare krav innanfrå i samband med den næringsøkonomiske moderniseringa av Nord-Troms var utgreiinga frå Skjervøy kommunale tiltaksnemnd mykje meir omfattande og heilskapleg. Ikkje i form av at den lanserte mange nye krav, men at den sette saman krava til ein total plan for utbygging av næringsøkonomiske føresetnader, av infrastruktur og av velferd. Samansettinga av nemnda, med politikarar og folk frå næringslivet, kan sjåast på som ein form for “lokal korporatisme”, og var tidlegare ikkje nytta på kommunenivå aust for Lyngenfjorden.(jfr kap 6) Eit anna nytt moment var at konsentrasjon av busettinga blei formulert som eit mål. Ein av årsakene til vektinga av

⁵⁷⁹ Ibid.

⁵⁸⁰ Ibid.

busettingskonsentrasjon og til ein så heilskapleg plan var truleg at underdirektør Aune hadde drege fram desse momenta i si innleiing på møtet på Skjervøy i september same år. Skjervøy formannskap slutta seg til utgreiinga frå arbeids- og tiltaksnemnda same dag som den blei lagt fram. Formannskapet ville i tillegg utgreie fleire moment i samband med utbygging av Skjervøy som senter i Nord-Troms. For det første ønskte formannskapet ei meir omfattande vegbygging i øydistriktet, for det andre ønskte dei ei utbygging av mindre fryseri hos fiskekjøparane rundt om i distrikta i kommunen og for det tredje ønskte dei ei utbetring av hamneforholda i Årviksand og i Lauksund.⁵⁸¹ Vedtaket i Skjervøy formannskap syner ønske om sterkare distriktsutbygging enn kva forslaget til arbeids- og tiltaksnemnda innebar. Formannskapet ønskte ikkje bare styrking av det næringsøkonomiske grunnlaget gjennom industrialisering, trålarfiske og sentralisering av busettinga på tettstaden Skjervøy, dei ønskte også ei styrking av dei største bygdelaga i kommunen, kystfiske og fiskeforedlinga rundt om i kommunen.

8.5 Styresmaktene si vurdering av planane om tettstaden Skjervøy som vekstsenter

I slutten av oktober 1963 utarbeidde Områdeplankontoret i Troms eit notat om “Sentrumsdannelser i Troms fylke”. Notatet var dels eit oversyn over sentra i Troms, og dels ei vurdering av utsiktene for framtidig utvikling og vekst. Tromsø peika seg ut som det naturlege fylkes- og landsdelssentrum. Harstad, Finnsnes i Lenvik og tettstaden Skjervøy peika seg ut som distiktssentra. Storslett / Sørkjosen i Nordreisa og Lyngseidet i Lyngen blei sett på som to av seks bygdesentra i fylket. Områdeplankontoret vurderte Skjervøy på følgjande vis:

“Minkende tilførsler av fisk og manglende rasjonalisering og utbygging av foredlingsanleggene, har ført til stagnasjon. Slik forholdene ligger an er det ikke grunnlag for den tilflytting som stadig skjer. Stedet kan ikke eksistere bare som kommunikasjons-, handels- og administrasjonssentrum. Fra kommunalt hold er der reist sterke krav om ekstraordinær støtte til utbygging av Skjervøy. [...] Kontoret har i dag ikke grunnlag for noe bestemt standpunkt i saken. Den er av prinsipiell karakter og den avgjørelse som treffes vil få konsekvenser for håndteringen av bosettingsproblemene i en rekke lignende kyststrøk. Etter vår mening vil spørsmålet om i hvilken grad man skal satse på Skjervøy være helt avhengig av om man mener det er plass og

⁵⁸¹ Ibid.

utviklingsmuligheter for et større fiskerisentrum mellom Hammerfest og Tromsø.”⁵⁸²

Når Områdeplankontoret var så vag i si vurdering av framtida for Skjervøy som distriktssenter, kan det ha fleire årsaker. Ei årsak kan vere at saka var til utgreiing hos Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd og hos Distriktenes Utbyggingsfond, og at prøve- og vekstsenterpolitikken framleis ikkje var ferdig utforma. Ei anna årsak kan vere at Områdeplankontoret meinte at Skjervøy ikkje hadde føresetnadene for å utvikle seg til eit livskraftig senter i framtida. Som eg seinare skal kome tilbake til, ønskte kontoret to år seinare at Finnsnes i Lenvik i staden for Skjervøy skulle peikast ut som prøvesenter i Troms.

Om Storslett / Sørkjosen blei det hevda at næringslivet på fastlandet aust for Lyngenfjorden ikkje var økonomisk berekraftig til å få bygd ut eit økonomisk tyngdepunkt, og at det heller ikkje i framtida var utsyn til industrireising av større omfang. Områdeplankontoret håpa likevel at Storslett / Sørkjosen i framtida, når ein fekk opna for vintertrafikk over Kvænangsfjellet, kunne bli eit kommunikasjonsenter i tilknytning til riksveg 50. Lyngseidet, på vestsida av Lyngenfjorden, blei vurdert til å vere eit naturleg administrasjons- og skolesenter for Lyngenhalvøya. Noen større framtid for utbygging av næringsverksemdar såg ikkje kontoret at det var; det blei også peika på at biltrafikken over Lyngseidet ville bli kraftig redusert når vegen Birtavarre - Skibotn blei realisert.⁵⁸³

I februar 1964 drøfta Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd igjen spørsmålet om utbygging av tettstaden Skjervøy som distriktssentrum i Nord-Troms. Denne gangen blei føresetnadene for utbygginga drøfta i forhold til næringsliv, infrastruktur, mogleg folkevekst og fysisk plass for ekspansjon. Som på møtet året før var underdirektør Aune frå Distriktenes Utbyggingsfond til stades. Aune starta også denne gongen med å gjere greie for dei sentrale styresmaktene sine mål for distriktspolitikken. Han kom også med ei evaluering av verknadene av Nord-Tromsplanen:

“... det er satset mange millioner av offentlige midler i bergverkssektoren og ved utbygging av kraftlinjer og veier i området. Disse investeringer til tross kan en ikke si å være kommet problemet

⁵⁸² SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, notat “Sentrumdannelser i Troms fylke” frå Kontoret for områdeplanlegging i Troms 25/10 1963, eske 48.

⁵⁸³ Ibid.

*noe nærmere sin løsning. Det er blitt noe lettere å leve i distriktet, men Nord-Troms er fortsatt et av de største problemområder i landet, og næringsgrunnlaget og sysselsettingsmulighetene er praktisk talt ikke bedre enn de var da en startet opp med Nord-Tromsplanen. På denne bakgrunn har en stilt seg spørsmålet om en ved å utvikle Skjervøy til distriktssentrum vil ha mulighet for å bidra effektivt til å løse problemene i området.”*⁵⁸⁴

Aune gjorde også greie for haldninga Distriktenes Utbyggingsfond hadde til dei særlege forholda i Nord-Troms. Om den vidare offentleg utbygginga av området sa han:

*“De spesielle problemer i Nord-Troms gjør at det muligens kan forsvares å engasjere seg fra myndighetenes side på en annen måte i dette området enn man gjør generelt, altså engasjere seg til en viss grad diskriminerende i forhold til andre områder i landet. [...] ... en bør stille adskillig mindre krav til størrelsen på et sentrum i denne landsdel enn en med rette kan stille i områder av landet hvor en har større bosettingstetthet, [...] ... for å kunne oppfylle de krav til goder som de fleste mennesker etter hvert vil stille, vil det neppe være riktig å satse på sentra mindre enn 3-4000 mennesker ...”*⁵⁸⁵

Aune gjev her uttrykk for at utbygging av eit senter i Nord-Troms kan skje på særlege vilkår. Men han presiserte:

*“... at dersom en kommer til den konklusjon at en ikke bør gå inn for en utbygging av Skjervøy, så må det i hvert fall fra fylkets side være naturlig å begynne å diskutere andre alternativer for håndtering av Nord-Troms-problemene.”*⁵⁸⁶

Det Aune sikta til med andre alternativ, var stopp i nye offentlege investeringar i infrastruktur og ei styrt fråflytting frå området. At det måtte bli konsekvensen kjem fram av fleire interne notat i Distriktenes Utbyggingsfond og i brev frå Aune og Erik Brofoss.⁵⁸⁷ Her med Brofoss sine ord:

“Jeg er enig i at en må prøve å gjøre Skjervøy til et vekstsentrum i Nord-Troms. Jeg kan vanskelig se andre muligheter. Det ville ikke være forsvarlig ut fra noe synspunkt å la utviklingen gå sin skjeve gang i

⁵⁸⁴ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, samandrag av innlegg på møte i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd om Skjervøy som distriktssentrum for Nord-Troms, 10/2 1964, eske 54.

⁵⁸⁵ Ibid.

⁵⁸⁶ Ibid.

⁵⁸⁷ Riksarkivet, DU, B-arkiv, kommentar frå Erik Brofoss 21/5 1964 til referatet frå møtet om Skjervøy 10/2 1964, brev frå Leif Aune til statssekretær Ulvseth 27/6 1964 og brev frå Erik Brofoss til sekretariatet i Distriktenes Utbyggingsfond 16/2 1965, eske 572.

*dette strøket. En kan ikke la tingene drive i håp om at det skal gi en slags løsning. Det ville måtte i tilfelle bestå i utflytting i stor skala.”*⁵⁸⁸

Som det går fram, var Brofoss og Aune sterke tilhengarar av utbygging av tettstaden Skjervøy som vekstsenter i Nord-Troms.

8.6 Frå spirande regionalisme til motstand mot Skjervøy som eit regionalt senter

Ein av føresetnadene for planen om tettstaden Skjervøy som vekstsenter var at det kunne fungere som eit regionalt senter for dei fire Nord-Tromskommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen.⁵⁸⁹ For dei sentrale styresmaktene var regioninndeling og regionplanlegging ein føresetnad for senterutbygging, og denne planlegginga skjedde parallelt med utgreiinga av tettstader som eigna seg som prøvesenter. Skjervøy kommunestyre fremma i januar 1963 forslag om samanslåing av kommunane Skjervøy, Kåfjord og Nordreisa. Forslaget hadde også vore lansert i 1957, da av varaordførar Hans Berg frå Kåfjord, som ein reaksjon på at Schei-utvalet hadde lagt fram forslag om samanslåing av kommunane Kåfjord og Storfjord.⁵⁹⁰ Forslaget frå Skjervøy kommunestyre blei avvist av Nordreisa kommunestyre, og det kom ikkje noe meir ut av det.⁵⁹¹ Forslaget om ein storkommune kom i samband med Schei-utvalet si innstilling om endring av kommunegrensa mellom Skjervøy og Nordreisa. Komiteen meinte at Skjervøy fastland med unnatak av Meiland skulle overførast til Nordreisa kommune.⁵⁹² Skjervøy kommunestyre gjekk imot forslaget frå Schei-utvalet, og kommunegrensa blei verande som den var. Sjølv om det ikkje blei noen storkommune i Nord-Troms, var det ein aukande vilje til å sjå kommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen som ein region. Til dømes blei “Næringsøkonomisk samarbeidsutval for DNA i Nord-Troms” skipa i februar 1963, med representantar frå dei fire kommunane av di dei såg: “... området nord for Lyngen som en framtidig kommunikasjonsmessig og økonomisk enhet, ...”.⁵⁹³ Sett på spissen kan ein seie at ønsket om regionalisering ovanfrå i 1963 møtte ein

⁵⁸⁸ Riksarkivet, DU, B-arkiv, brev frå Erik Brofoss til sekretariatet i Distriktenes Utbyggingsfond 16/2 1965, eske 572.

⁵⁸⁹ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, notat frå Områdeplankontoret i Troms til Fylkesmannen, – Distriktplanleggingen. Regioninndeling. Senterutbygging – 20/10 1964, eske 48.

⁵⁹⁰ "Nordlys" 14/7 1957, lesarbrev.

⁵⁹¹ SiTø, FiT, Nordreisa kommunestyre, sak 13 1963 og SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Samandrag av innlegg på møte i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd om Skjervøy som distriktssentrum for Nord-Troms, 10/2 1964, eske 54.

⁵⁹² SiTø, FiT, Skjervøy kommunestyre, sak 2 1963.

⁵⁹³ Riksarkivet, DU B-arkiv, protokoll frå møte i Næringsøkonomisk samarbeidsutval for DNA i Nord-Troms, 12/2 1963, eske 572.

spirande regionalisme innanfrå i Nord-Troms. (jf kap. 5) Sommaren 1964 vedtok Troms fylkesting sitt næringsøkonomiske utval at dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden skulle vere utgangspunkt for den vidare distriktsplanlegginga i området.⁵⁹⁴

Den spirande regionalismen i Nord-Troms kom raskt til å slå sprekkar. Allereie på møtet i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd på Skjervøy i februar 1964 peika ordførarane i Kvæningen og Nordreisa på at tettstaden Skjervøy ikkje var eit naturleg senter for indre Kvæningen, og at Sørkjosen - Storslett i Nordreisa kommune var betre eigna som administrasjons- og skolesenter for Nord-Troms. Dei ønskte ei deling av senterfunksjonane mellom Skjervøy som fiskeri- og kommunikasjonssenter, og Sørkjosen / Storslett som administrasjons- og skolesenter.⁵⁹⁵ I samband med forslaget om ny kommunikasjonsplan for Troms, som innebar ei omlegging av trafikken frå sjøverts til landverts kommunikasjon, auka motstanden mot tettstaden Skjervøy som senter for Nord-Troms.⁵⁹⁶ Etter forslag frå Kvæningen Arbeidarparti kommenterte Kvæningen kommunestyre i desember 1964 valet av framtidig senter i Nord-Troms slik:

*“Kommunestyret finner ikke at det er brukbar løsning å etablere stedet Skjervøy som senter i en region bestående av kommunene Kåfjord, Nordreisa, Skjervøy og Kvæningen. For hele Kvæningen fastland er det i de senere år blitt en forsyning fra sjøverts til landverts trafikk, og det er ikke mulig å skru denne utviklingen tilbake. Dersom det skal taes sikte på et sentrum for disse kommunene, må det bli Nordreisa. Geografisk og kommunikasjonsmessig vil det være en naturlig løsning.”*⁵⁹⁷

Trass i protestane frå Kvæningen kommunestyre tilrådde Troms fylkesting sitt næringsøkonomiske utval våren 1965 å gjeve tettstaden Skjervøy til prøvesenter i Troms.⁵⁹⁸

Vedtaket fekk Kvæningen formannskap til å kome med ein skarp protest:

“Formannskapet finner de foreslåtte regiongrenser lite tilfredstillende for Kvæningens vedkommende, ... For størstedelen av kommunens befolkning vil det være utilfredsstillende å sokne til et senter på stedet Skjervøy. Dersom det ikke vil være hensiktsmessig å endre de foreslåtte

⁵⁹⁴ Ibid.

⁵⁹⁵ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, samandrag av innlegg på møte i Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd om Skjervøy som distriktsentrum for Nord-Troms, 10/2 1964, eske 54.

⁵⁹⁶ Troms fylkesting sak 16 og 31 1965.

⁵⁹⁷ SiTø, FiT, Kvæningen kommunestyre sak 182 1964.

⁵⁹⁸ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, brev frå Troms fylkes næringsøkonomiske utval til Fylkesmannen i Troms 29/5 1965, eske 48.

*grenser, vil formannskapet henstille de fylkeskommunale myndigheter å overveie overføring av Kvænangen til Alta-regionen i Finnmark.”.*⁵⁹⁹

Planane om ei omlegging av kommunikasjonane, frå sjøverts til landverts, gjorde etter formannskapet si meining tettstaden Skjervøy til eit lite egna senter for folk i indre Kvænangen på grunn av den lange vegen dei ville få til sentret. Truleg frykta formannskapet at indre Kvænangen ville bli ein periferi i periferien. Dette fekk Kvænangen formannskap til å reise tvil om dei fire kommunane hadde folketal og økonomisk grunnlag for ein region. Frykta for at store delar av kommunen skulle få dårlegare kommunikasjonar, fekk formannskapet til å søke nærmare knyting til Finnmark. I staden for å vere knytt til ein region med Skjervøy som senter, ønskte dei heller å vere ein del av Finnmark fylke med Alta som senter. Også tidlegare, i 1947, hadde dårlege kommunikasjonsstilbod ført til ønske frå Kvænangen om overføring av kommunen til Finnmark fylke.(jf kap 3.)

Motstanden i Kvænangen mot planane om vekstsenter på tettstaden Skjervøy var i distriktpolitisk samanheng nytt i Nord-Troms. Sjølv om kommunane også tidlegare hadde kjempa mot kvarandre for å få statlege tiltak realisert i deira kommune, hadde det aldri skjedd at den politiske leiinga i noen av Nord-Tromskommunane arbeidde aktivt i mot statlege moderniserings- og utbyggingstiltak i noen av dei andre Nord-Tromskommunane. Ei av årsakene var at regjeringa i samband med lanseringa av prøve- og vekssenterpolitikken hadde bestemt at fylka sjølve skulle foreslå regioninndeling i fylka og peike ut tettstader som eigna seg som prøvesenter.⁶⁰⁰ Dette var nytt i den statlege distriktsplanlegginga etter krigen. Tidlegare hadde dei sentrale styresmaktene, mellom anna gjennom Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Distriktenes Utbyggingsfond, sjølv peika ut dei utbyggingsprosjekta dei ønskte å realisere. Årsaka til denne endringa var truleg at regjeringa, gjennom å la fylka sjølve kome med forslag om prøvesenter ønskte at valet av vekstsenter skulle få ein breiare legitimitet, og såleis gje større oppslutning om prøve- og vekstsenterpolitikken både i eige parti og i opinionen.

⁵⁹⁹ SiTø, FiT, Utbyggingsavdelinga, Kvænangen formannskap sak 181 29/10 1965, eske 54.

⁶⁰⁰ Riksarkivet, DU,B-arkiv, notat frå Erik Brofoss til sekretariatet i Distriktenes Utbyggingsfond 16/2 1965, eske 572.

8.7 Strid om lokaliseringa av prøvesenter i Troms

I Troms var det stor strid om lokaliseringa av prøvesentret. Som eg har vist, ønske politikarane i Skjervøy kommune og leiinga i Distriktenes Utbyggingsfond tettstaden Skjervøy som vekst- og prøvesenter. Områdeplankontoret i Troms ønske derimot tettstaden Finnsnes i Lenvik kommune. I innstillinga frå Områdeplankontoret til fylkesmannen i Troms, 31/5 1965, stod det:

*“Utenom Tromsø og Harstad er det etter undertegnades oppfatning bare Finnsnes som har det befolkningsgrunnlag som er nødvendig for å skape et vekstsenter av noen betydning. Finnsnes anbefales som prøvesenter i Troms. Innsatsen må konsentreres og det bør derfor ikke satses på mer enn ett prøvesenter i vårt fylke.”*⁶⁰¹

I innstillinga av same dag frå fylkesmannen i Troms til Troms fylkesutval om moglege prøvesenter i fylket blei Finnsnes og Skjervøy likestilte. I følge leiinga i Distriktenes Utbyggingsfond var det stor skepsis mot tettstaden Skjervøy som vekstsenter frå fylkesmannen i Troms og frå Områdeplankontoret.⁶⁰² Eg har ikkje funne noen grunngeving, utover det som kom fram i samband med innstillinga til fylkesutvalet, for skepsisen frå fylkesmannen og Områdeplankontoret i dei kjeldene eg har nytta. Årsaka kan ligge i motstanden frå dei andre kommunane på austsida av Lyngenfjorden.

På møtet i Troms fylkesutval 2/6 1965 blei Nord-Troms vedtatt: “... som utviklingsområde med aksene Skjervøy - Storslett som vekstsentrum.”⁶⁰³ Den sterke motstanden mot einssidig satsing på tettstaden Skjervøy fekk gjennomslag i fylkesutvalet, og utvalet ville av den grunn ha aksene Skjervøy - Storslett som prøvesenter. Kommunaldepartementet godtok ikkje at eit større område blei peika ut som prøvesenter. I eit skriv til fylkesmannen 14/9 1965 skreiv departementet at val av prøvesenter må: “... knyttes til et bestemt sted som naturlig peker seg ut.”⁶⁰⁴ Departementet presiserte vidare at:

“Dette betyr på ingen måte at Storslett ikke bør utvikles som et naturlig vekstsentrum i regional sammenheng, men i relasjon til spørsmålet om utvikling av prøvesentra vil det falle utenfor opplegget å ta med aksene Skjervøy - Storslett som prøvesentrum. En vil streke under at

⁶⁰¹ Troms Fylkesting sak 14 1965.

⁶⁰² Riksarkivet, DU, B-arkiv, notat frå Erik Brofoss til sekretariatet i Distriktenes Utbyggingsfond 16/2 1965, eske 572.

⁶⁰³ Troms Fylkesting sak 14 1965.

⁶⁰⁴ Ibid.

utviklingen av hele aksen etter departementets syn like fuldt er en regional oppgave som det er viktig å få løst.”⁶⁰⁵

Troms fylkesting tok i sitt møte i desember 1965 brevet frå Kommunaldepartementet til etterretning og utpeika bare tettstaden Skjervøy som prøvesenter i Troms. Fylkestinget presiserte i vedtaket at godkjenninga var ut frå føresetnaden om at det ikkje innebar ei fastlegging distriktssentret i ein eventuell Nord-Tromsregion.⁶⁰⁶ På dette tidspunkt hadde regjeringa allereie peika ut ni tettstader som prøvesenter, og av desse var to i Nord-Norge, Skjervøy i Troms og Alta i Finnmark.⁶⁰⁷ Utpeikinga av prøvesentra var ikkje knytt til ein konkret plan, og det blei heller ikkje løyvt særskilde middel til tiltak. Derimot skulle midla som Distriktenes Utbyggingsfond rådde over nyttast særskilt med tanke på oppstart og flytting av industriverksemder; for Skjervøy ei vidare utvikling av tiltak knytt til fiskerinæringa.⁶⁰⁸

8.8 Prøve- og vekstsenterpolitikken – ei nyskaping?

I kor stor grad var prøve- og vekstsenterpolitikken ei nyskaping i dei sentrale styresmaktene sin politikk overfor distrikta generelt og Nord-Troms spesielt? Ser ein på den distriktpolitiske målsettinga bak prøve- og vekstsenterpolitikken representerte denne strategien lite nytt. I stor grad var politikken ei vidareføring av den distrikts- og industrialiseringspolitikken som hadde vore ført gjennom heile etterkrigstida.⁶⁰⁹ Bjørn Hersoug og Dag Leonardsen hevdar at vekstsenterpolitikken ikkje var noe anna enn ei nyskaping i språkbruken, og at omgrepet vekstsenter ikkje var: “... stort annet enn begrepsdefinisjoner av allerede markerte utviklingstendenser på det økonomiske plan.”⁶¹⁰ Margrete Kvalsvik gjer derimot ei anna vurdering av vekstsenterpolitikken i si hovudoppgåve i historie “Norsk distriktpolitikk i støypeskeia. Striden om vekstsenter 1963-65”.⁶¹¹ Ho er samd i at ideen ikkje var ny, men hevdar at: “Med vekstsentertanken er skiljet mellom distriktpolitikk og annan offentleg politikk som har fylgjer for leve- og arbeidstilhøve i distrikta, forsøkt eliminert. Det som då er igjen, er eit heilskapssyn på framtida der også utviklinga i distrikta er tatt med.”⁶¹² Også Øyvind Thomassen vektar kontinuiteten i dei sentrale styresmaktene sin distriktpolitikk og er

⁶⁰⁵ Ibid.

⁶⁰⁶ Ibid.

⁶⁰⁷ Thomassen 1997 (B): 522.

⁶⁰⁸ Troms fylkesting sak 14 1965 og Hersoug og Leonardsen 1979: 176.

⁶⁰⁹ Kvalsvik 1974: 28ff, Hersoug og Leonardsen 1979: 176ff og Thomassen 1997 (B): 342.

⁶¹⁰ Hersoug og Leonardsen 1979: 176.

⁶¹¹ Kvalsvik 1974.

samd med Kvalsvik i at vekstsenterpolitikken inngjekk “... i ein meir heilskapleg politikk for å styre samfunnsutviklinga.”⁶¹³

Sjølv om prøve- og vekstsenterpolitikken i stor grad var ei vidareføring av den rådande distriktspolitikken, var det også nye moment i den. Det nye var at ønsket om utbygging av industrielle senter blei konkretisert gjennom regionalisering og utbygging av regionale sentra. Fylka fekk ein langt meir sentral plass i utforminga av distriktspolitikken enn tidlegare, ved at dei sjølve peika ut regionar som skulle danne grunnlag for vekstsentra og dei stadene som skulle vere prøvesenter. Tidlegare hadde dei sentrale styresmaktene, mellom anna gjennom Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Distriktenes Utbyggingsfond, bestemt kva for tiltak som skulle byggast ut. Dette representerer såleis ei desentralisering av makta i distriktspolitikken.

8.9 Skjervøy som prøvesenter - eit resultat av ønske innanfrå eller utanfrå?

Kva var årsaka til at tettstaden Skjervøy blei peika ut som prøvesenter i Troms? Truleg var det eit resultat av fleire samanfallande faktorar på første halvdel av 1960-talet. Mellom anna var det eit resultat av at dei næringsøkonomiske problema i kommunane på austsida av Lyngenfjorden ikkje var løyste, på same tid som tettstaden Skjervøy hadde pressproblem grunna den kraftige folkeveksten, og at det var uvisse om framtida til Finotro sitt anlegg på tettstaden. På byrjinga av 1960-talet var det også ein aukande vilje i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden til å søke løysinga på dei næringsøkonomiske problema i området i fellesskap. Dette førte til eit sterkt ønske i Skjervøy kommune om å utvikle tettstaden Skjervøy til eit senter for kommunane aust for Lyngenfjorden. Desse faktorane førte til at Skjervøy kommune tidleg kom i gang med utgreiingsarbeidet for å få utpeikt tettstaden Skjervøy som eit vekstsenter. Det var også eit resultat av at leiinga i Distriktenes Utbyggingsfond ønskte Skjervøy som eitt av dei planlagde prøvesentra. Like viktig var det at krava frå Nord-Troms om vidare modernisering og utbygging blei høyde og fekk politisk gjennomslag på fylkesnivå, og at motstanden frå dei andre kommunane på austsida av Lyngenfjorden, frå Lenvik kommune og Kontoret for områdeplanlegging i Troms, ikkje blei teke omsyn til av fylkestinget og dei sentrale styresmaktene.

⁶¹² Ibid: 30.

⁶¹³ Thomassen 1997 (B): 342.

Forskinga på bakgrunnen for prøve- og vekstsenterpolitikken har, som eg har vist, i stor grad fokusert på utviklinga av vekstsenterpolitikken på sentralt nivå, i dei politiske og planleggingsbyråkratiske krinsane. Kontinuiteten i framveksten av denne politikken gjennom heile etterkrigstida har vore sterkt framheva, og i nyare forskning også den sentrale posisjonen styreleiaren i Distriktenes Utbyggingsfond, Erik Brofoss, hadde i utforminga av vekstsenterpolitikken. Ønska lokalt og regionalt, og striden om val av prøvesenter i fylka, mellom anna om valet av Skjervøy, har vore totalt fråverande i framstillingane. Det har ført til at Hersoug og Leonardsen, Kvalsvik og Thomassen har tatt for liten høgde for at bakgrunnen og utforminga av prøve- og vekstsenter politikken også var eit resultat av krav nedanfrå.

8.10 Kritikk av vekstsenterpolitikken

Like etter at regjeringa Gerhardsen (A) hadde peika ut tettstaden Skjervøy som prøvesenter, gjekk den av etter å ha tapt fleirtalet i Stortinget ved valet same året. Den borgarlege samlingsregjeringa under leiing av Per Borten stoppa utpeikinga av nye prøvesenter. I 1966 peika regjeringa ut seks såkalla “utviklingsområde” i dei fylka som ikkje tidlegare hadde fått tildelt prøvesenter. Utviklingsområda omfatta ikkje bare ein tettstad, men fleire kommunar.⁶¹⁴ Utpeikinga av utviklingsområde fekk fleire i Nord-Troms til å kome med kritikk av den distriktpolitikken som hadde vore ført. I eit lesarbrev like før jul i 1966 kommenterte høgrepolitikaren og fiskekjøparen Lars Sletten frå Reinfjord i Kvænangen vekstsenterpolitikken og fråflyttinga frå distrikta slik:

*“Den kystbefolkning som ikke har vært tilknyttet de såkalte “vekstsentra” er blitt lite påaktet, og virkningen gjenspeiler seg i fraflyttinger fra bygder og kyststrøk av de som har gitt opp håpet om å bli regnet med i velferdssamfunnet. [...] Myndighetene må bære hovedskylden for at kyststrøkene er blitt så markert etter i utbyggingen av velferdssamfunnet. [...] Jeg vil på det innstendigste henstille til kystbefolkningen å gå inn for en felles oppgave med ikke å gi tapt i kampen for vår eksistens. Fraflyttingen løser bare et akutt problem for den enkelte, men gjør forholdene verre for de som vil vedbli å være kystbefolkning.”*⁶¹⁵

Sletten hevda at årsaka til fråflyttinga frå distrikta var at styresmaktene ikkje hadde bygd ut kommunikasjonane i distrikta, og at folk flytta av di dei ikkje fekk ta del i utbygginga av

⁶¹⁴ Ibid: 523.

velferdssamfunnet. Lesar brevet var eit varmt forsvar for kystsamfunna og bygdenæringane, og retta skarp kritikk mot ideen bak vekstsentra og utviklingsområda, og mot den einsidige satsinga på stordrift i fiskeindustrien.

Omlag samstundes sendte Nordreisa Sosialistisk Folkeparti brev til regjeringa der dei ba: “... regjeringa oppheve prøvesenter-opplegget for Skjervøy, og i stedet utpeke hele Nord-Troms til “vekstområde” etter de nye retningslinjer.”.⁶¹⁶ Bakgrunnen for kravet var:

“... at prøvesenteropplegget i Skjervøy bare vil forsterke utflyttinga fra de andre kommunene i nordfylket. [...] Hvis det derimot satses mer på de omliggende distrikter, vil dette automatisk føre med seg større aktivitet i alle sentra, - ikke minst i Skjervøy.”.⁶¹⁷

Brevet frå Nordreisa Sosialistisk Folkeparti var underteikna av leiaren i kommunepartiet, Thorleif Gamst, og av Hartvig Sætra.⁶¹⁸ Sætra hadde flytta til Nordreisa på 1960-talet og var ein framstående utkantsideolog i Sosialistisk Folkeparti og med i partiet sitt sentralstyre.⁶¹⁹

Sætra var i lag med eit anna sentralt medlem av partiet frå Troms, Ottar Brox, ideologen bak distriktsprogrammet som landsmøtet i Sosialistisk Folkeparti vedtok våren 1967.⁶²⁰ Brox hadde i 1966 publisert boka *Hva skjer i Nord-Norge?*, ei bok som i realiteten gav oppskrifta på dette distriktspolitiske programet.⁶²¹ Brox tok utgangspunkt i dei nordnorske kystkommunane og retta ein skarp kritikk mot industrialiseringsideologien som låg til grunn for mykje av den politikken dei sentrale styresmaktene hadde ført etter krigen. Boka tok i forsvar fiskarbondetilpassinga, bygdenæringane og lokalsamfunna med spreitt busetting, og gjekk til åtak på rasjonaliseringa av primærnæringane, den planlagde sentraliseringa av busettinga og forvaltninga av naturressursane.(jf kap. 1) Boka til Brox er nært knytt til framveksten av

⁶¹⁵ "Nordlys" 18/12 1966.

⁶¹⁶ SiTø, Fit, Utbyggingsavdelinga, udatert brev frå Nordreisa Sosialistisk Folkeparti til den norske regjering, stempla som innkomen post Troms fylke 24/12 1966, eske 54.

⁶¹⁷ Ibid.

⁶¹⁸ Ibid.

⁶¹⁹ Paulsen 1982: 70f (I 1973 ga Sætra ut boka *Den økopolitiske sosialismen* som utdjupa og supplerte boka *Hva skjer i Nord-Norge?* av Ottar Brox (1966), og tok særleg for seg økologiske problemstillingar knytt til industrialiserings- og vekstideologien. Nyhamar 1990: 249).

⁶²⁰ Paulsen 1982: 70f og 98.

⁶²¹ Ibid: 57.

omgrepet “distriktspolitikk” og ein byrjande politisk debatt om framtida for distrikta, der ei rekke samfunnsforskarar engasjerte seg.⁶²²

Sjølv om to av ideologane bak kritikken mot den rådande distriktspolitikken kom frå Troms, var det langt frå full oppslutning om deiras synspunkt i fylket. Mellom anna gjekk leiaren av Troms Sosialistisk Folkeparti, Aasmund Jarl Paulsen, offentleg ut og tok avstand frå Brox si bok *Hva skjer i Nord-Norge?*.⁶²³

Fram til da hadde Skjervøy Arbeidarparti og fleirtalet i Skjervøy kommunestyre delt dei sentrale styresmaktene sitt positive syn på konsentrasjon av busettinga. Men i eit intervju med "Nordlys" før kommunevalet i 1967 gav ordføraren i Skjervøy, John Steffensen, uttrykk for at fråflytting no måtte stoppe. Han sa:

*“Flere mindre steder i Skjervøy kommune er fraflyttet de siste åra. Storparten er dratt til Skjervøy ... Men nå må alt inn på at folket må bli boende der de er og fraflyttinga må stanses. Arbeiderpartiet mener dette er realpolitisk mulig og vil sette alle krefter inn for å bygge ut de nødvendige kommunikasjonssamband, slik at alle deler av kommunen kan få del i de goder et moderne velferdssamfunn kan gi.”*⁶²⁴

Om det var boka til Brox, Sosialistisk Folkeparti sitt nye distriktsprogram eller politisk press frå lokalt hald som var årsaka til fråsegna er uvisst. Fråsegna er eit døme på korleis den politiske debatten omkring fråflytting og distriktspolitikk endra seg på slutten av 1960-talet også i Nord-Troms. I større grad enn før blei det stilt spørsmål ved den strategien som dei sentrale styresmaktene hadde ført for å industrialisere, modernisere og sentralisere Nord-Troms og andre delar av distrikts-Norge med svakt og dårleg utbygd næringsliv. Når det ikkje blei noe av planane om samanslutning mellom Nord-Troms kraftlag og Troms fylkes kraftforsyning var det – som eg viste i kapittel 7 – eit resultat av moderniseringskritikken som voks fram på slutten av 1960-talet.

⁶²² Rovde 1990: 4, omgrepet “distriktspolitikk” blei frå midten av 1960-talet nytta som ei samlenemning på dei ulike offentlege tiltaka som særskilt var utforma med sikte på å fremme økonomisk utvikling og å betre levevilkåra i distrikta med svakt og dårleg næringsliv og dårleg utbygd infrastruktur. Denne definisjonen blei nytta i ei rekke offentlege dokument på 1960- og 1970-talet, mellom anna St.meld. nr. 87 (1966-67) og St.meld. nr. 13 (1972-1973)

⁶²³ Paulsen 1982: 71f.

⁶²⁴ "Nordlys" 20/9 1967.

Del 4. Nasjonal homogenisering, men vedvarande skeive strukturar (1945 – 1970)

Frå 1945 til 1970 skjedde dei ei omfattande modernisering i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Korleis blei strukturane, og da særleg dei økonomiske strukturane, i Nord-Tromssamfunnet omforma frå 1945 til 1970? Kva var særeige og kva var allment med moderniseringsprosessen i Nord-Troms samanlikna med resten av fylket, landsdelen og resten av landet? Kva har vore drivkreftene bak endringane; har dei kome utanfrå eller har dei kome innanfrå? I kor stor grad var endringane intendert av dei sentrale styresmaktene, og i kor stor grad var endringane i samsvar med ønska frå Nord-Troms om modernisering og utvikling?

Eg har delt denne avsluttande delen i tre. I kapittel 9 tar eg for meg endringane knytt til dei økonomiske strukturane i Nord-Troms i perioden 1950 til 1970. I kapittel 10 drøftar eg endringane knytt til folketalsutvikling, busettingsstruktur og dei politiske- og kulturelle strukturane i Nord-Tromssamfunnet i same perioden. Siste kapittel er ei samanfating og eit oversyn over moderniseringsprosessen og drivkreftene bak denne prosessen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden i perioden 1945 til 1970.

Kapittel 9. Rasjonalisering og industrialisering

I Nord-Troms, som i resten av landet blei dei økonomiske strukturane moderniserte i perioden frå 1950 til 1970. Korleis endra nærings- og sysselsettingsstrukturane seg i området? Korleis blei primær- og sekundærnæringsane modernisert, og kva var verknadene av dei statlege tiltaka for industrialisering og rasjonalisering i Nord-Troms? I kor stor grad var moderniseringa av dei økonomiske strukturane i Nord-Tromssamfunnet intendert av dei sentrale styresmaktene, og i kor stor grad var endringane i samsvar med ønska frå Nord-Troms om modernisering og utvikling? I Nord-Troms hadde store svingingar i sysselsettinga og høg arbeidsløyse vore eit stort problem. I kor stor grad blei problema knytte til sysselsettinga løyst i perioden? Kva var særlege, og kva var allment med den økonomiske moderniseringa i Nord-Troms?

9.1 Store endringar i sysselsettingsstrukturen i Nord-Troms

Frå 1950 til 1970 var det store endringar i sysselsettingsstrukturen i Nord-Troms. Ser ein på kva folk oppgav som hovudyrke i samband med folketeljningane og grupperer dei inn etter sysselsetting i primær-, sekundær- og tenesteytande næringer, får ein fram følgande tabell:

Tabell 14. Sysselsette i særskilde næringer i Nord-Troms, Troms og heile landet etter folketeljninga i 1950, 1960 og 1970.⁶²⁵

	Nord-Troms			Troms			Heile landet		
	1950	1960	1970	1950	1960	1970	1950	1960	1970
Primærnæringsane	62%	49%	29%	46%	36%	21%	22%	20%	12%
Sekundærnæringsane	16%	20%	36%	21%	23%	27%	31%	36%	37%
Tenesteyting	22%	31%	36%	33%	41%	52%	47%	43%	51%

I 1950 var 62% sysselsett i primærnæringsane (jord- og skogbruk, fiske og fangst) og 10 år seinare var sysselsettinga i primærnæringsane for første gang under 50% i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. På 1960-talet heldt nedgangen fram, og i 1970 var sysselsettinga i primærnæringsane redusert til 29% av alle sysselsette. Denne store reduksjonen var årsaka til at det totale talet på sysselsette i området blei redusert med 8% frå 1960 til 1970. I tiåret før hadde det derimot vore ein svak vekst på 0,5% i talet på sysselsette.⁶²⁶ Trass i nedgangen var det prosentvis likevel langt fleire som var sysselsette i primærnæringsane i Nord-Troms enn i Troms og resten av landet. Sysselsettinga i

⁶²⁵ NOS: Folketeljninga 1950 og 1960, tabell 3, hefte 3 og folketeljninga 1970, tabell 16, hefte 2.

sekundærnæringane (industri, bergverk, handverk, bygg og anlegg, vass- og kraftforsyning) auka med 20 prosentpoeng, frå 16% i 1950 til 36% i 1970. Særleg kraftig var sysselsettingsveksten i sekundærnæringane i Nord-Troms frå 1960 til 1970. Ved utgangen av perioden var sysselsettinga i desse næringane i Nord-Troms på landsgjennomsnittet og høgare enn i heile fylket. Det var også ein kraftig auke i sysselsettinga i tenesteyting i Nord-Troms, frå 22% i 1950 til 36% i 1970, sjølv om den var noe mindre enn veksten i resten av fylket.⁶²⁷ Veksten kom først og fremst som eit resultat av veksten i offentleg sektor. Utbygginga av dei offentlege tenestene i form av administrasjon, skole-, helse- og sosialstell førte til mange nye arbeidsplassar.⁶²⁸

Sjølv om sysselsettingsstrukturen i Nord-Troms framleis var noe ulik strukturen i fylket og heile landet, var skilnaden langt mindre i 1970 enn i 1950. At primærnæringssysselsettinga framleis var høgare i Nord-Troms enn i fylket og resten av landet svarar til det ein kunne vente seg i eit område der sysselsettinga i fiskeria tradisjonelt var svært høg, grunna nærleiken til rike fiskeressursar og som hadde moderne fiskeindustri. Veksten i tenesteytande næringar var også som ein kunne vente seg i eit område som ikkje var administrasjons- og utdanningscenter for ein større region. Meir overraskande var sysselsettingsveksten i sekundærnæringane i området på 1960-talet, og at sysselsettinga i sekundærnæringane i Nord-Troms i 1970 var på landsgjennomsnittet. Kva var årsaka til den sterke veksten i denne delen av sysselsettinga? Tyder denne veksten på at målsettinga om industrialisering var nådd i Nord-Troms, og at problema med svakt og dårleg utbygd næringsliv i området var løyst. For å få svar på dette spørsmålet må ein sjå nærmare på sysselsettingsstrukturen i primær- og sekundærnæringane i området.

Kraftig reduksjon i sysselsettinga i primærnæringane

I tabell 15 er sysselsettinga i primærnæringane delt opp i jordbruk og fiske for perioden 1950 til 1970. Av tabellen ser ein at denne sysselsettinga blei meir enn halvert i perioden i Nord-Troms. Sterkast og mest dramatisk var nedgangen frå 1960 til 1970. Eit unnatak er Skjervøy, der det allereie på 1950-talet hadde vore ein kraftig reduksjon i sysselsettinga i jordbruket, og der den prosentvise nedgangen nærmast stoppa opp på 1960-talet. Sysselsettinga i fiskeria var

⁶²⁶ Ibid.

⁶²⁷ Ibid.

⁶²⁸ Fulsås 1996: 68 og Tjelmeland 1996 (B): 90ff.

derimot tradisjonelt svært høg i Skjervøy. Sjølv om sysselsettinga i fisket blei halvert frå 1950 til 1970 i Skjervøy kommune, var den prosentvise nedgangen i sysselsettinga i fiske mindre der enn i dei andre Nord-Tromskommunane frå 1960 til 1970.

Tabell 15. Sysselsette i primærnæringane i Nord-Troms, Troms og heile landet i 1950, 1960 og 1970. Alle tal i prosent. ⁶²⁹

	Jordbruk			Fiske			Til saman		
	1950	1960	1970	1950	1960	1970	1950	1960	1970
Kåfjord	22,3	30,2	18,6	32,6	21,4	9,3	55,0	51,6	27,9
Skjervøy	16,9	10,5	9,1	45,9	35,5	23,2	62,9	46,1	32,3
Nordreisa	42,6	31,9	14,1	16,5	13,8	6,7	59,0	45,7	20,8
Kvæningen	34,2	24,5	14,8	29,2	29,2	15,8	64,4	53,7	30,6
Nord-Troms	27,5	22,2	12,5	34,7	26,9	15,1	62,2	49,1	27,6
Troms	23,9	18,6	11,2	21,9	17,2	9,4	45,8	35,7	20,7
Heile landet	17,6	15,5	9,8	4,2	4,7	1,9	21,8	20,3	11,7

Kåfjord var den einaste kommunen i Nord-Troms som på 1950-talet hadde ein vekst i prosentdelen av dei sysselsette i jordbruket, men frå 1960 til 1970 var nedgangen der større enn veksten hadde vore på 1950-talet. Det same var tilfelle for sysselsettinga i fiske i Kvæningen. I Nordreisa gjekk sysselsettinga i jordbruket ned frå 43% i 1950 til 14% i 1970, sterkast var reduksjonen frå 1960 til 1970. I alt gjekk sysselsettinga i primærnæringane i Nordreisa ned med 25% mellom desse to folketeljingane.

Stor vekst i sysselsettinga i sekundærnæringane

Sysselsettinga i sekundærnæringane blei meir enn dobla frå 1950 til 1970. I kva for næring kom veksten, og i kva for kommunar? I tabell 16 er sysselsettinga i sekundærnæringane delt opp i industri og bergverk og bygg og anlegg. Industrisysselsettinga var i Nord-Troms langt under prosentdelen i fylket og i heile landet i 1950. Frå 1950 til 1960 blei sysselsettinga i industrien dobla i Nord-Troms, frå 1960 til 1970 var det ei ny dobling. Veksten var langt sterkare i Nord-Troms enn i fylket og heile landet gjennom heile perioden, og det var prosentvis fleire som var sysselsette i industrien i Nord-Troms enn i heile Troms i 1970.

Av tabell 16 går det fram at det særleg var kommunane Skjervøy og Kvæningen som hadde høg sysselsetting i industrien. Veksten i sysselsettinga i industri og bergverk i Kvæningen var oppsiktsvekkande stor i perioden, særleg siste del av perioden, der den prosentvis veksten var

på heile 13,3%. Sjølv om Kåfjord og Nordreisa også hadde ein sterk vekst i industrisysselsettinga frå 1960 til 1970, var det prosentvis færre sysselsette i industri der enn i heile fylket i 1970.

Tabell 16. Sysselsette i sekundærnæringane i Nord-Troms, Troms og heile landet i 1950, 1960 og 1970. Alle tal i prosent. ⁶³⁰

	Industri og bergverk			Bygg og anlegg			Til saman		
	1950	1960	1970	1950	1960	1970	1950	1960	1970
Kåfjord	2,6	5,4	14,3	15,4	17,7	26,7	18,0	23,2	41,0
Skjervøy	5,1	10,8	18,4	8,3	7,7	13,8	13,4	18,9	32,2
Nordreisa	5,9	8,7	13,6	12,7	13,5	21,1	18,6	23,0	34,8
Kvænangen	2,9	7,3	20,6	11,2	9,3	14,8	14,1	16,9	45,5
Nord-Troms	4,2	8,5	16,7	11,5	11,5	18,8	16,2	20,4	35,5
Troms	12,8	-	15,6	8,2	-	11,1	21,0	22,9	26,8
Heile landet	22,9	-	28,5	7,8	-	8,8	30,7	36,4	37,4

Sysselsettinga i bygg og anlegg var prosentvis høgare i Nord-Troms enn i resten av fylket og heile landet i 1950. Med tanke på det store behovet gjenreisinga skapte for bygg- og anleggsarbeid var det som ein kunne vente seg. Meir overraskande var det at sysselsettinga i bygg og anlegg var like høg i 1960 som i 1950 i Nord-Troms. Frå 1960 til 1970 auka talet med omlag 8% i Nord-Troms, mot ein auke på bare 3% i fylket og 1% på landsbasis. I 1970 var i underkant av ein fjerdedel av sysselsettinga i sekundærnæringane i bygg- og anleggssektoren på landsbasis. I Nord-Troms var det tilfelle for nærmare 50% av sysselsettinga i sekundærnæringane. Særleg høg var sysselsettinga i bygg og anlegg i Kåfjord og Nordreisa, dei kommunane i Nord-Troms som hadde den prosentvis lågaste sysselsetting i industri av dei fire Nord-Tromskommunane. Den høge prosentdelen av sysselsette i bygg og anlegg gjorde arbeidsmarknaden i Nord-Troms, som eg seinare skal vise, svært avhengig av store og kontinuerlege utbyggingsoppgåver.

Homogenisering av sysselsettingsstrukturen, men også eit nytt problem

Først ei kort oppsummering av endringane i sysselsettingsstrukturen i dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden frå 1950 til 1970. Sysselsettinga i primærnæringane blei halvert, derimot blei sysselsettinga i sekundærnæringane meir enn

⁶²⁹ NOS: Folketeljinga 1950 og 1960, tabell 3, hefte 3, folketeljinga 1960, tabell 3, hefte 3 og kommunehefta s.6 og folketeljinga 1970, tabell 16, hefte 2.

dobla i same periode, og samstundes var det ein kraftig vekst i sysselsettinga i tenesteytande næringar. Endringane i sysselsettingsstrukturen frå 1950 til 1970 var ikkje særskilde for Nord-Troms. Hallvard Tjelmeland har funne same tendensen i sin analyse av distrikts-Tromsø i same periode, og Narve Fulsås har vist det på landsdelsnivå.⁶³¹ For dei sentrale styresmaktene hadde det gjennom heile etterkrigstida vore eit mål å få til ei strukturrasjonalisering i sysselsettinga, gjennom å få fleire sysselsette i industri og færre i primærnæringane. I Nord-Troms var det ei kraftig auke i sysselsettinga i sekundærnæringane frå 1950 til 1970, og ved utgangen av perioden var omlag like mange sysselsette i sekundærnæringane i Nord-Troms som det var i gjennomsnittet for heile landet.

Fulsås har karakterisert skilnaden mellom sysselsettingsstrukturen i Nord-Norge og landsgjennomsnittet som “utviklingsgapet”, og brukar det som eit bilete på forskjellane mellom det moderne og utvikla Norge og “moderniseringsproblemet” Nord-Norge.⁶³² Han har vist at i 1970 var “utviklingsgapet” for Nord-Norge som heilskap kraftig redusert på grunn av sterk vekst i dei tenesteytande næringane, og peikar særskilt på veksten i offentleg sektor som årsak til homogeniseringa av sysselsettinga i landsdelen med landsgjennomsnittet. I Nord-Troms var det ikkje veksten i sysselsettinga i dei tenesteytande næringane som førte til at “utviklingsgapet” nesten blei viska ut, men den auka sysselsettinga i sekundærnæringane som førte til at sysselsettingsstrukturen blei meir lik gjennomsnittet for heile landet.

Endringane i sysselsettingsstrukturen i Nord-Troms kan tolkast som om dei sentrale styresmaktene nådde sitt mål om strukturrasjonalisering i primærnæringane og auka sysselsetting i produktive sekundærnæringar. Det er oppsiktsvekkande at sysselsettinga i industri og bergverk auka med over 13% i Kvæningen frå 1960 til 1970. Men ein svært stor del av sysselsettinga i sekundærnæringane i Nord-Troms var knytt til bygg- og anleggssektoren. Eit problem knytt til høg prosentvis sysselsetting i bygg- og anleggssektoren er at næringa er avhengig av store og kontinuerlege utbyggingsprosjekt for å kunne skaffe folk arbeid. Fleire forskarar har peika på at den sterke veksten i offentleg sektor har ført til at landsdelen er avhengig av staten og dei politiske systema for inntektsfordeling, mellom anna

⁶³⁰ Ibid, manglar eksplisitte tal for sysselsette i industri og bergverk og bygg og anlegg for fylket og for heile landet i 1960.

⁶³¹ Tjelmeland 1996 (A):178 og Fulsås 1996: 68.

⁶³² Fulsås 1996: 68.

for å oppretthalde arbeidsplassar.⁶³³ Bygg- og anleggssektoren i Nord-Troms var og er i enda større grad enn offentleg sektor avhengig av politisk vilje til utbygging for å oppretthalde verksemda og arbeidsplassane. I tillegg er bygg og anlegg sterkt prega av sesongarbeid og pendling til arbeidsplassar utanfor bustadkommunen. Eitt av måla til dei sentrale styresmaktene var nettopp å skape heilårige og stabile arbeidsplassar. I staden gjekk ei stor gruppe av dei sysselsette over frå ein type sesongarbeid til ein annan type sesongarbeid. Eg skal seinare sjå korleis sesongarbeid og kombinasjonen av næringar heldt stand og tok nye former i Nord-Troms.

9.2 Spesialisering og nye yrkeskombinasjonar

Eit kjenneteikn ved primærnæringane i Nord-Troms var den låge graden av spesialisering og store graden av kombinasjon av sysselsetting i ulike næringar, først og fremst kombinasjonen mellom fiske og jordbruk.(jif kap.2) Gjennom heile etterkrigstida var auka spesialisering i primærnæringane eit mål for dei sentrale styresmaktene. Korleis endra graden av yrkesspesialisering i primærnæringane seg frå omkring 1950 til omkring 1970?

Tabell 17. Fiskarar etter graden av sysselsettinga i næringa i fiskeriteljinga i 1948, 1960 og 1971 i Nord-Troms og Troms, alle tal i prosent.⁶³⁴

	Einaste yrke			Hovudyrke			Attåtårke		
	1948	1960	1971	1948	1960	1971	1948	1960	1971
Kåfjord	9%	60%	37%	81%	24%	26%	10%	17%	37%
Skjervøy	9%	28%	42%	82%	57%	28%	9%	15%	30%
Nordreisa	12%	59%	49%	74%	25%	38%	15%	17%	13%
Kvænangen	7%	15%	18%	73%	56%	34%	20%	29%	47%
Nord-Troms	9%	33%	36%	79%	49%	30%	12%	19%	33%
Troms	11%	30%	41%	73%	48%	31%	16%	22%	28%

I tabell 17 er fiskarane gruppert ut frå graden av sysselsetting i fiske i 1948, 1960 og i 1971. Den første kolonna er dei som hadde fiske som einaste sysselsetting. Kolonne to er dei som hadde fiske som hovudyrke, med andre ord viktigaste men ikkje einaste sysselsetting. Kolonne tre er dei som hadde fiske som attåtårning, det vil seie at dei deltok i fisket, men ikkje hadde det som viktigaste sysselsetting.

⁶³³ Arbo 1997: 310ff, Eriksen 1996: 146ff, Fulsås 1996: 69 og Tjelmeland 1996 (B): 90ff.

⁶³⁴ NOS: Fiskeriteljinga 1948 og 1960, tabell 1, hefte 1 og fiskeriteljinga 1971, tabell 1 og 3, hefte 1.

Ser ein heile perioden frå 1948 til 1971 under eitt var det store strukturelle endringar i fiskeria i Nord-Troms. Eg har tidlegare vist at talet på fiskarar i området blei halvert. Av tabellen går det fram at det også var ein aukande grad av yrkesspesialisering i perioden. I 1948 hadde ein av ti fiskarar fiske som einaste yrke i Nord-Troms, i 1960 var det tilfelle for i overkant av tre av ti, og i 1971 for i underkant av fire av ti. I 1960 var det prosentvis fleire fiskarar med fiske som einaste sysselsetting i Nord-Troms enn i Troms, i 1971 var det derimot motsett. Sjølv om spesialiseringa auka, var det likevel ein stor majoritet av fiskarane i Nord-Troms og i Troms som kombinerte sysselsetting i fiske med anna sysselsetting i heile perioden. Men, graden av kombinasjon endra seg. I 1948 hadde 80% av fiskarane fiske som hovudyrke. Det var bare tilfelle for 30% i 1971, derimot hadde 33% av fiskarane fiske som attåtyrke i 1971, mot bare 12% i 1948.

I kombinasjonstilpassinga utgjorde fiske ein langt mindre del av den totale sysselsettinga i 1971 enn i 1948, i stadig aukande grad blei fiske ei attåtnæring. Graden av spesialisering i sysselsettinga i fisket hadde samanheng med kva type fiske ein dreiv og kva type båt ein var sysselsett på. For havfiskeflåta var det både mogleg og økonomisk naudsynt å drive fiske året rundt. For kyst- og fjordfiskarane, derimot, var det verken mogleg, økonomisk nødvendig eller lønsamt å drive fisket året rundt, og dei kombinerte av den grunn sysselsettinga i fisket med anna sysselsetting. Eg skal seinare kome tilbake til kva sysselsettinga i fiske blei kombinert med. Først vil eg sjå korleis kombinasjonstilpassinga utvikla seg i jordbruket frå 1949 til 1969.

Tabell 18. Gardbrukarar etter graden av sysselsetting i jordbruket 1949, 1959 og 1969 i Nord-Troms og Troms, alle tal i prosent.⁶³⁵

	Einaste yrke			Hovudyrke			Attåtyrke		
	1949	1959	1969	1949	1959	1969	1949	1959	1969
Kåfjord	-	12%	9%	-	26%	19%	-	62%	72%
Skjervøy	-	11%	3%	-	8%	8%	-	80%	89%
Nordreisa	-	29%	17%	-	22%	19%	-	48%	64%
Kvænangen	-	14%	5%	-	13%	24%	-	73%	71%
Nord-Troms	-	15%	8%	-	17%	17%	-	68%	75%
Troms	19%	23%	19%	28%	23%	20%	52%	53%	62%

Graden av kombinasjonssysselsetting i jordbruket i 1949 finst ikkje på kommunenivå, men av alle gardbrukarane i fylket hadde 19% det som einaste yrke, 28% hadde det som hovudyrke og

52% hadde det som attåttnæring. I tabell 18 går det fram at prosentdelen av gardbrukarane som hadde jordbruket som einaste sysselsetting blei halvert på 1960-talet i Nord-Troms, ein nedgang langt større enn nedgangen for fylket under eitt. Framleis var det store forskjellar mellom kommunane, sjølv om forskjellane var mindre i 1969 enn dei var i 1959. Nordreisa var framleis kommunen med den høgste prosentdelen av gardbrukarane som hadde det som einaste yrke, og der var kombinasjonstilpassinga omlag som for fylket under eitt. Skjervøy, som hadde den sterkaste graden av spesialisering i fisket, hadde den lågaste graden av spesialisering i jordbruket. I Kåfjord var det relativt små endringar i graden av sysselsetting i jordbruket frå 1959 til 1969. I Kvænangen var prosentdelen som hadde jordbruk som hovud- og attåttyrke svært høg, på same vis som i sysselsettinga i fisket. Ser ein dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden under eitt, var talet på gardbrukarar som hadde jordbruk som hovudyrke stabilt i området. Derimot auka prosentdelen som hadde jordbruk som attåttyrke sterkt. I staden for den ønskte yrkesspesialiseringa i jordbruket, som dei sentrale styresmaktene hadde som mål, fekk jordbruksnæringa i Nord-Troms eit langt sterkare preg av å vere ei attåttnæring på 1960-talet.

Kva blei sysselsettinga i primærnæringane kombinert med? Tradisjonelt hadde kombinasjonen mellom fiske og jordbruk vore svært vanleg i Nord-Troms, men som eg viste i kapittel 2 var fiskarbondkombinasjonen og hushaldsøkonomien ei tilpassingsform som allereie før 1950 var under sterkt press frå lønsarbeid og ein ekspanderande kapitalisme. Sjølv om denne tilpassingsforma var under press heldt den stand i Nord-Troms. Eit døme på det er at fiskarane i Nord-Troms heilt fram til 1960 dreiv halvparten av alle gardsbruka i Nord-Troms fiskeridistrikt.⁶³⁶ Korleis ulike næringar blei kombinerte manglar ein samanliknbare tal for. Eg har av den grunn valt noen døme som kan syne utviklinga. I 1948 kombinerte 85% av hovud- og attåttyrkefiskarane fiske med sysselsetting i jordbruk, 8% med arbeid i industrien og heile 45% med arbeid i bygg og anlegg. Årsaka til at den samla prosentdelen kjem over 100% er at fiskarane kombinerte arbeid i fleire ulike næringar utanom fisket, og det gjev såleis eit godt bilete av det fleirsylteri mange av fiskarane i Nord-Troms dreiv på slutten av 1940-talet.⁶³⁷

⁶³⁵ NOS: Jordbruksteljinga 1949, tabell 11, hefte 2, jordbruksteljinga 1959, tabell 7, hefte 3 og jordbruksteljinga 1969, fylkeshefte for Troms, tabell 5. Tal på kommunenivå finst ikkje frå 1949.

⁶³⁶ NOS: Fiskeriteljinga 1960, tabell 23, hefte 1 og jordbruksteljinga 1959, tabell 2, hefte 1.

⁶³⁷ NOS: Fiskeriteljinga 1948, tabell 4 og 9, hefte 1.

Fiskeriteljinga i 1960 og jordbruksteljinga i 1969 kan ikkje direkte samanliknast, men dei viser tendensen i utviklinga. Frå fiskeriteljinga i 1960 har eg tal på kva som var viktigaste næringa ved sidan av fiske for hovud- og attåtårkefiskarane. Da kombinerte 57% av fiskarane i Nord-Troms fiskeridistrikt fiske med sysselsetting i jordbruket, 17% kombinerte det med bygg- og anleggsarbeid, og 11% kombinerte det med arbeid i industrien.⁶³⁸ Frå jordbruksteljinga i 1969 får ein dei same opplysningane om hovud- og attåtårkegardbrukarane. Da kombinerte 31% av gardbrukarane sysselsettinga i jordbruket med sysselsetting i fiske, 24% kombinerte det med sysselsetting i bygg og anlegg og 6% med sysselsetting i industrien.⁶³⁹

Sjølv om det er vanskeleg å samanlikne tala for dei ulike fiskeri- og jordbruksteljingane er tendensen klar. I perioden frå 1950 til 1970 blei kombinasjonen fiske og jordbruk mindre vanleg, men var framleis meir vanleg i Nord-Troms enn for heile fylket. Derimot auka kombinasjonen mellom sysselsetting i bygg og anlegg, industri og ein av primærnæringane i Nord-Troms. Den tradisjonelle fiskarbondetilpassinga blei i aukande grad pressa tilbake av nye yrkeskombinasjonar. Kombinasjonstilpassinga i primærnæringane blei ført vidare i Nord-Troms på 1950- og 1960-talet, men tok nye former som til dømes anleggsbonden, pensjonistfiskaren, lærarbonden, industriarbeiderfiskaren og pensjonistbonden. Denne endringa i sysselsettingsstrukturen var ikkje Nord-Tromsområdet aleine om i Nord-Norge. Hallvard Tjelmeland har vist at det same var tilfelle i Tromsøområdet, Troms fylke og i heile Nord-Norge og Svein Lundestad og Inge Strand har vist det same for Nordland fylke.⁶⁴⁰ Sjølv om tendensen i utviklinga av kombinasjonssysselsettinga er klar, er det likevel viktig, slik som mellom anna Einar-Arne Drivenes og Tjelmeland har peika på, at det å vere anleggsarbeidar, industriarbeidar, trålarfiskar og fiskarbonden var ulike deler av same individuelle livsløpet.⁶⁴¹ Val av sysselsetting var eit resultat av alder, hushald, tilgang på jord og båt, økonomiske konjunkturar og tilgang på anna arbeid. Det var nettopp dei store moglegheitene til å kombinere ulike typar sysselsetting i ulike fasar av livet at styrken i kombinasjonstilpassinga låg. Gjennom å kombinere nye sysselsettingsformer blei den grunnleggjande sysselsettingsstrukturen i form av yrkeskombinasjonar modernisert. Sysselsettingsstrukturen og dermed også samfunnsstrukturen kunne såleis i stor grad oppretthaldast trass i dei sentrale styresmaktene sitt mål om yrkesspesialisering.

⁶³⁸ NOS: Fiskeriteljinga 1960, tabell 8 og 14, hefte 1.

⁶³⁹ NOS: Jordbruksteljinga 1969, tabell 14, hefte 3.

⁶⁴⁰ Tjelmeland 1993: 18, Tjelmeland 1996 (A): 178ff, Strand 1993: 228ff og Lundestad 1993: 314ff.

⁶⁴¹ Drivenes 1984: 153 og Tjelmeland 1996 (A): 179.

9.3 Rasjonalisering og modernisering av primærnæringane

Strukturrasjonaliseringa i primærnæringane var meir enn ei overføring av arbeidskraft frå den eine næringa til den andre, like mykje var det ei rasjonalisering og modernisering innan næringane og ei utviding av nye næringar i området. Korleis kom strukturrasjonaliseringa til uttrykk innan næringane? Korleis ønskte ein innanfrå å modernisere primærnæringane på 1950- og 1960-talet, og kva for strukturelle endringar skjedde i primærnæringane i denne perioden? Moderniseringa av fiskeria følgde i etterkrigstida i Nord-Troms, som i resten av Nord-Norge, to motstridande moderniseringsstrategiar - bygdenæringsmodellen og industrimodellen.(jf kap. 6) I Nord-Troms hadde det vore talsmenn for begge modellane, og målet for begge strategiane var rasjonalisering, effektivisering og produksjonsauke.

Fiskerinæringa - rasjonalisering og ny flåtestruktur

Ved folketeljinga i 1970 oppgav bare 15% fiske som viktigaste sysselsetting i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. 20 år tidlegare hadde fiske vore viktigaste sysselsetting for 35% av dei yrkesaktive.(jf tabell 15) Reduksjonen i talet på fiskarar var, som eg tidlegare har vist, eit sentralt mål for dei sentrale styresmaktene. Ein anna mål med strukturrasjonaliseringa av fiskeria var ønsket om ein reduksjon i talet på fjord- og kystfiskebåtar og ein vekst i talet på havgåande båtar. Korleis endra flåtestrukturen i fiskeria seg frå 1948 til 1971?

Tabell 19. Fiskebåtar etter storleik i Nord-Troms fiskeridistrikt 1948, 1960 og 1971, i absolutte tal og i prosent av den totale fiskeflåta.⁶⁴²

	Under 30 fot	30-49 fot	50-79 fot	Over 80 fot	Til saman
1948	301 (51%)	217 (37%)	64 (11%)	5 (1%)	587 (100%)
1960	1088 (78%)	250 (18%)	50 (4%)	6 (0,5%)	1394 (100,5%)
1971	928 (83%)	145 (13%)	38 (3%)	7 (1%)	1118 (100%)

(Nord-Troms fiskeridistrikt utgjorde kommunane Lyngen, Helgøy, Karlsøy, Ullsfjord, Storfjord, Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvæningen. I tala frå 1971 er ikkje Ullsfjord med, 10% av kommunen var da innlemma i Lyngen kommune og 90% i Tromsø kommune.)

I tabell 17 er fiskebåtane i Nord-Troms fiskeridistrikt delt inn etter storleik for åra 1948, 1960 og 1971. Det mest markante trekket i utviklinga er veksten i talet på fiskebåtar, særleg båtar under 30 fot – det vil seie fjordfiskebåtar av sjarkstorleik. I 1948 hadde i overkant av 50% av båtane vore under 30 fot, i 1971 var det tilfelle for i overkant av 80% av fiskebåtane. Den sterke veksten i talet på fjordfiskebåtar kom på same tid som ein kraftig reduksjon i talet på

⁶⁴² NOS: Fiskeriteljinga 1948 og 1960, tabell 2, hefte 2 og fiskeriteljinga 1971 tabell 3, hefte 2.

fiskarar. Resultatet var at fleire og fleire fiskarar eigde sin eige båt.⁶⁴³ Frå 1948 og fram til 1960 var det også ein svak vekst i talet på kystfiskebåtar mellom 30 og 49 fot, men frå 1960 til 1971 blei talet på fiskebåtar av denne storleiken nesten halvert. Talet på båtar mellom 50 og 79 fot blei nesten halvert frå 1948 til 1971. Derimot var det ein liten auke i talet på båtar over 80 fot i perioden. Denne endringa i flåtestrukturen var ikkje Nord-Troms aleine om. Det var den same endringa i alle dei nordnorske fylka og for landet som heilskap.⁶⁴⁴

Før eg går vidare, vil eg sjå nærmare på flåtestrukturen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Den einaste fiskeriteljinga som gjev opplysningar om storleiken på fiskebåtane på kommunenivå, er teljinga frå 1971. Det var da registrert 623 fiskebåtar i dei fire Nord-Tromskommunane. Av tabell 20 går det fram at det var omlag den same flåtestrukturen i desse kommunane som det var i heile Nord-Troms fiskeridistrikt og i resten av landet.

Tabell 20. Fiskebåtar etter storleik på i Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvæningen og i Nord-Troms fiskeridistrikt 1971, i absolutte tal og i prosent av den totale fiskeflåta.⁶⁴⁵

	Under 30 fot	30-49 fot	50-79 fot	Over 80 fot	Til saman
Kåfjord	72 (84%)	14(16%)	0	0	86 (100%)
Skjervøy	241 (83%)	32(11%)	14 (5%)	3 (1%)	290 (100%)
Nordreisa	27 (75%)	7 (19%)	2 (6%)	0	36 (100%)
Kvæningen	198 (94%)	11 (5%)	1 (0,5%)	1 (0,5%)	211 (100%)
Nord-Troms aust for Lyngenfjorden	538 (86%)	64 (10%)	17 (3%)	4 (1%)	623 (100%)
Nord-Troms fiskeridistrikt	928 (83%)	145 (13%)	38 (3%)	7 (1%)	1118 (100%)

Det var relativt store forskjellar mellom kommunane i talet på fiskebåtar og på storleiken av dei. Skjervøy og Kvæningen var dei kommunane med flest båtar i området, til saman 81% av båtane høyrde heime der. Det var og i desse kommunane at havfiskebåtane over 80 fot høyrde heime. Nordreisa hadde den klart minste fiskeflåten men hadde prosentvis mange båtar over 30 fot. Kåfjord var den einaste av kommunane som ikkje hadde noen registrerte fiskebåtar over 49 fot.

⁶⁴³ NOS: Fiskeriteljinga 1948 og 1960, tabell 1, hefte 1 og fiskeriteljinga 1971, tabell 1 og 3, hefte 1.

⁶⁴⁴ Tjelmeland 1993: 28, Tjelmeland 1996 (A): 195 og Strand 1993: 234f.

⁶⁴⁵ NOS: Fiskeriteljinga 1971 tabell 3, hefte 2.

Kva var årsaka til den sterke veksten i sjarkflåten? Dei sentrale styresmaktene ønskte gjennom heile etterkrigstida reduksjon i fjord- og kystfiskeflåten og vekst i havfiskeflåten. Veksten i fjordfiskeflåten kom trass i utlånspolitikken til Statens Fiskarbank, Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Distriktenes Utbyggingsfond. Dei gav først bare lån og garantiar til båtar over 50 fot og på 1960-talet bare til båtar over 60 fot.⁶⁴⁶ Det var såleis vanskeleg å finansiere nye kystfiskebåtar, og dei sentrale styresmaktene oppnådde å redusere talet på båtar mellom 30 og 60 fot. Årsaka til veksten i fjordfiskeflåta var dels eit resultat av ønske om å drive med eigen båt etter bygdenæringsmodellen, dels eit resultat av at fiskarane ikkje fekk lån til kystfiskebåtar og dels eit resultat av at fiskarane fekk auka inntekter. På 1950- og 1960- talet var det ein sterk vekst i oppfiska kvantum og fiskeverdien, på same tid som talet på fiskarar blei kraftig redusert.⁶⁴⁷ Resultatet var på den eine sida at fiskarane fekk auka inntekter, og på den andre sida at dei sentrale styresmaktene nådde målet sitt om ei meir produktiv næring. Til grunn for produksjonsauken låg ei kraftig utvikling på utstyrssida. Båtane blei betre og fekk kraftigare motor, syntetiske fibrar overtok i garn og snøre, ekkolodd og radiosendarar førte til at fiske både blei tryggare og meir effektivt.(jf kap. 6) Dei auka inntektene til fiskarane gav grunnlag for investeringar i eigen båt. Havfiskebåtar kravde meir eigenkapital enn kva fiskarane råde over på, same tid som dei ikkje fekk finansiering til kystfiskebåtar. Finansiering av sjarkar lét seg derimot gjennomføre. På 1950- og på 1960-talet var det svært mange søknader til kommunestyra i Nord-Troms om garanti for lån i Skjervøy og Nordreisa sparebank til kjøp av sjarkar og ein stor del av desse garantisøknadene blei innvilga.⁶⁴⁸ Resultatet var ei formidabel modernisering og utviding av fjordfiskeflåten.

Utviklinga gjekk ikkje einseitig i retning av fjordfiskebåtar; fiskeflåten blei også utbygd i tråd med industrimodellen og dei sentrale styresmaktene sine ideal om moderne fiske.(jf kap.6) I 1971 var det fire trålarar over 100 fot i dei fire kommune på austsida av Lyngenfjorden; alle var komne til området i siste halvdel av 1960-talet.⁶⁴⁹ Havfiskeselskapa i Skjervøy og i Kvænangen eigde tre av dei fire trålarane. Selskapa var skipa etter modell frå Øksnes kommune i Vesterålen i Nordland. I Øksnes blei den første trålaren kjøpt inn på byrjinga av 1960-talet, etter at lokale fiskarar og lokal fiskeindustri på slutten av 1950-talet hadde gått

⁶⁴⁶ Strand 1993: 234 og Tjelmeland 1996 (A): 196.

⁶⁴⁷ Tjelmeland 1996 (A): 195.

⁶⁴⁸ SiTø, FiT, gjennomgang av kommunestyreprotokollane frå dei fire Nord-Tromskommunane 1945-1967.

⁶⁴⁹ NOS: Fiskeriteljinga 1971 tabell 3, hefte 2.

saman i eit “folkeaksjeselskap” og skipa eit havfiskeselskap.⁶⁵⁰ Havfiskeselskapet i Skjervøy var eit slikt “folkeaksjeselskap”. Skjervøy kommune eigde 37% av aksjane i havfiskeselskapet, fiskeindustriverksemda N. Rasch på Skjervøy og Norsk Brændselolje A/S eigde kvar 18,5%, Finotro 12% og i alt 176 lokale aksjonærar eigde 14% av aksjane i selskapet.⁶⁵¹ Fram til 1965, da Skjervøy havfiskeselskap kjøpte den første trålararen, hadde fiskarane sjølve vore eigarar av fiskebåtane i Nord-Troms. Eksklusiv eigedomsrett til fiskebåtane hadde fiskarane i Nord-Norge kjempa hardt for på 1930-talet, og frå midten av 1940-talet og fram til 1956 hadde fiskarane fått denne retten. Den nye deltakarloven frå 1956 gav også andre enn aktive fiskarar løyve til å vere medeigarar i fiskebåtar.⁶⁵² Med trålarane blei eigarstrukturen i fiskeflåten endra også i Nord-Troms.

Hamskifte i jordbruket

Frå 1950 til 1970 skjedde det store omveltingar i jordbruket i Nord-Troms gjennom meir rasjonell drift, auka mekanisering, overgang til salsjordbruk og til nye driftsformer. Til dømes blei talet på sysselsette i jordbruket redusert med 55% frå 1950 til 1970, i omlag same perioden blei talet på gardsbruk redusert med 23%.⁶⁵³ Med andre ord gjekk arbeidsinnsatsen i jordbruket kraftig ned i perioden.

Tabell 21. Gardsbruk i absolutte tal 1949, 1959 og 1969 og endring i prosent.⁶⁵⁴

	Gardsbruk 1949	Gardsbruk 1959	Gardsbruk 1969	Endring 1949 - 1959	Endring 1959 - 1969	Endring 1949 - 1969
Kåfjord	515	535	480	4%	-10%	-7%
Skjervøy	712	644	457	-10%	-29%	-36%
Nordreisa	382	356	256	-7%	-28%	-33%
Kvænangen	378	419	331	11%	-21%	-12%
Nord-Troms	1987	1954	1524	-2%	-22%	-23%
Troms	13519	14404	11116	7%	-23%	-18%

Av tabell 21 går det fram at reduksjonen i talet på gardsbruk starta allereie på 1950-talet, men på same vis som i sysselsettinga i jordbruket kom den store nedgangen først på 1960-talet. Nedgangen i talet på gardsbruk var særleg stor i Skjervøy og i Nordreisa; med ein tredjedel. I

⁶⁵⁰ Lundestad 1993: 343.

⁶⁵¹ Riksarkivet, DU, notat frå utbyggingsavdelinga i Troms 4/10 1968, eske 61.

⁶⁵² Hershoug og Leonardsen 1979: 83f.

⁶⁵³ NOS: Folketeljninga 1950 tabell 3, hefte 3, folketeljninga 1970 tabell 16, hefte 2, jordbruksteljinga 1949, tabell 1, hefte 1 og jordbruksteljinga 1969, fylkeshefte for Troms, tabell 1.

⁶⁵⁴ NOS: Jordbruksteljinga 1949 og 1959, tabell 1, hefte 1 og jordbruksteljinga 1969, fylkeshefte for Troms, tabell 1.

Kåfjord og Kvænangen hadde det vore ei auke i talet på bruk frå 1949 og til 1959, og der var den prosentvise gardbruksreduksjonen på 1960-talet langt mindre.

Trass i den sterke reduksjonen i talet på gardsbruk auka det fulldyrka arealet med 5% i dei fire Nord-Tromskommunane frå 1959 til 1969. I alt auka det fulldyrka arealet med heile 25% i perioden frå 1949 til 1969.⁶⁵⁵ På 1950-talet var veksten i det fulldyrka arealet knytt til veksten i talet på småbruk med ein storleik på 10 til 35 dekar, og det førte til at gjennomsnittstorleiken på bruka gjekk ned. På 1960-talet var det derimot ein kraftig reduksjon i talet på bruk under 35 dekar og ein vekst i talet på bruk over denne storleiken. Veksten i gjennomsnittstorleiken på bruka var dels eit resultat av nydyrking, og dels eit resultat av at dei gjenverande bruka overtok drifta av jorda til dei som la ned drifta. Trass i den sterke reduksjonen i talet på gardsbruk på 1960-talet var det bare ein svak auke i talet på gardsbruk over 35 dekar frå 1949, da 20% av gardane var over 35 dekar i området, og til 1969, da det var tilfelle for 24% av gardsbruka. Det var storleiken på gardsbruka i Nordreisa som drog opp gjennomsnittstorleiken. Både i 1949 og i 1969 var 53% av bruka der over 35 dekar.⁶⁵⁶

Veksten i gjennomsnittstorleiken på gardane hadde også samband med auka spesialisering av drifta og meir marknadsretta produksjon. I staden for å ha nokre få kyr og ein del sauer blei husdyrhaldet på gardane spesialisert til i større grad bare å ha storfe, sauer eller geiter. Frå 1949 til 1969 blei talet på storfe redusert med 62% i dei fire Nord-Tromskommunane, sterkast var reduksjonen på 1960-talet. Nedgangen blei kompensert med ein vekst i saue- og geitehaldet. Talet på sauer auka med 54% frå 1949 til 1969, sterkast var veksten på 1950-talet. I tillegg var det ein kraftig vekst i geitehaldet i alle kommunane i området, med unnatak av Kvænangen frå 1959 til 1969. I 1959 hadde det vore 619 geiter i området, ti år seinare var talet 2881.⁶⁵⁷ På 1950- og 1960-talet var det ein sterk vekst i pelsdyrnæringa i Norge grunna stor etterspurnad etter minkskinn.⁶⁵⁸ På 1960-talet var det også i Nord-Troms vekst i denne næringa, særleg i Kvænangen. Der blei det etablert 18 minkfarmar og eitt andelslag for produksjon av pelsdyrfor, alle etablert med lån frå Distriktenes Utbyggingsfond.⁶⁵⁹ På slutten av 1960-talet kulminerte den nærmast eksplosive veksten i minkavlenn i Norge i

⁶⁵⁵ NOS: Jordbruksteljinga 1949 og 1959, tabell 2, hefte 1 og jordbruksteljinga 1969, fylkeshefte for Troms, tabell 1.

⁶⁵⁶ NOS: Jordbruksteljinga 1949, 1959 og 1969, tabell 1, hefte 1.

⁶⁵⁷ NOS: Jordbruksteljinga 1949, tabell 6, hefte 1 og jordbruksteljinga 1969, tabell 1, hefte 3.

⁶⁵⁸ Lundestad 1993: 310.

overproduksjon og sterkt fallande skinnprisar.⁶⁶⁰ Etter fleire år med underskot på drifta gjekk Distriktenes Utbyggingsfond inn med støtte for avvikling og i 1971, var minkforproduksjonen og alle minkgardane i Kvæningen lagt ned.⁶⁶¹

Mekaniseringa av jordbruket, som hadde starta på 1940-talet, heldt fram og skaut ytterlegare fart på 1960-talet. Mjølkemaskinane og traktorane hadde gjort sitt inntog også i Nord-Troms. I 1949 var det ein mjølkemaskin i dei fire Nord-Tromskommunane, ti år etter var det 45 og i 1969 var talet kome opp 107.⁶⁶² Enda kraftigare var veksten i talet på traktorar. I 1949 var det 20 to- og firehjulstraktorar, i 1959 var talet oppe i 128 og i 1969 var det 412. Som regel nytta fleire gardsbruk same traktor, og i alt nytta 72% av gardsbruka i Nord-Troms traktor i drifta i 1969.⁶⁶³ I tillegg blei drifta intensivert gjennom auka bruk av silo, kunstgjødsel og kraftfor. Intensivering av drifta, spesialisering av husdyrhaldet og auka mekanisering førte til at produktiviteten i jordbruket auka kraftig, samstundes som arbeidsinnsatsen i næringa gjekk ned. Mjølkeproduksjonen per ku og per geit blei meir enn fordobla, og slaktevekta per sau auka med ein tredel i Troms frå 1949 til 1969.⁶⁶⁴ Føresetnaden for endringane i jordbruket var sterkare satsing på salsjordbruk. Denne satsinga var mogleg grunna betra tilgang til marknaden særleg gjennom utbygging av vegnettet. Mjølkebilane gjorde transporten av mjølk til meieria i Nordreisa og Alta mykje lettare og sikra betra mjølke kvalitet.

Kvar for seg var ikkje endringane i jordbruket i Nord-Troms så store, men i totalitet var dei likevel formidable. Drifta var lagt om, intensivert og mekansierte, og produktiviteten hadde auka samestundes som arbeidsinnsatsen gjekk ned. Til grunn for endringane låg overgangen frå hushaldsproduksjon til produksjon for sal. Den same utviklinga av jordbruket har Hallvard Tjelmeland funne i sin studie av tromsøområdet og Inge Strand i sin studie av jordbruket i Nordland i same periode.⁶⁶⁵ Moderniseringa av jordbruket i etterkrigstida har fått fleire historikarar til å tale om “Et nytt hamskifte”.⁶⁶⁶ Dei peikar tilbake til omgrepet “det store hamskiftet”, som har vore nytta om dei store omveltingane i jordbruket i store delar av Norge

⁶⁵⁹ Riksarkivet, DU, B-arkiv, Kvæningen Pelsdyrfor A/L sak 4360.

⁶⁶⁰ Lundestad 1993: 310.

⁶⁶¹ Riksarkivet, DU, B-arkiv, Kvæningen Pelsdyrfor A/L sak 4360.

⁶⁶² NOS: Jordbruksteljinga 1949, tabell 8, hefte 1 og jordbruksteljinga 1959, tabell 1, hefte 2 og jordbruksteljinga 1969, tabell 4, hefte 4.

⁶⁶³ Ibid.

⁶⁶⁴ Tjelmeland 1996 (A): 188.

⁶⁶⁵ Tjelmeland 1996 (A): 180ff, Strand 1993: 228ff og Lundestad 1993: 306ff.

⁶⁶⁶ Strand 1993: 228 og Lange 1998: 183.

siste halvdel av 1800-talet. I Nord-Troms og i store delar av Nord-Norge skjedde det ikkje noe tilsvarande hamskifte i jordbruket den gongen.⁶⁶⁷ I Nord-Troms, som i andre delar av landsdelen, kom hamskiftet først med dei store omveltingane i jordbruket som skjedde dei første tiåra etter krigen.

9.4 Vekst i sekundærnæringane

Gjennom store delar av etterkrigstida var det eit sterkt ønske i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden om å få etablert storindustri i området. Det var særleg bergverksdrift og kraftkrevjande industri folk i Nord-Troms ønskte. Også dei sentrale styresmaktene hadde eit sterkt ønske om industrireising i Nord-Troms. Det kom, som eg tidlegare har vist, klart til uttrykk i alle dei offentlege planane om økonomisk modernisering som blei lagde fram på 1940-, 1950- og 1960-talet. Trass i statlege planar, ønske og krav innanfrå, framstøyt mot større norske og utanlandske industriverksemder og lovnader om gunstige etablerings- og driftsvilkår, lykkast det ikkje å få interessantar utanfrå til å etablere storindustri i Nord-Troms. Likevel auka andelen av sysselsettinga i industri og bergverk i området frå 4% i 1950, til 9% i 1960 og til 17% i 1970. Det var ein langt kraftigare vekst enn i fylket og landet som heilskap i same periode. Kva var årsaka til den kraftige veksten i industrisysselsettinga i Nord-Troms? Eit første inntak for å få svar på spørsmålet er å sjå på talet på verksemder i industri, bergverk og bygg og anlegg i bedriftsteljingane.

I 1953 var det 41 industriverksemder i dei fire Nord-Tromskommunane. Etter ein kraftig vekst i talet på verksemder frå 1953 til 1963 var det ein like kraftig tilbakegang frå 1963 til 1974. Frå 1953 til 1974 blei talet på industriverksemder i fylket redusert med 29% og i heile landet med 46%. Samanliknar ein talet på industriarbeidarar i dei to bedriftsteljingane ser ein at sysselsettinga i industrien auka med 50 personar, tilsvarande ein vekst i sysselsettingstalet på 15%. Storleiken på bergverks- og industriverksemdene var likevel den same i 1953 som i 1974. Hovudtyngda av verksemdene var små og mellomstore føretak som sysselsette færre enn 10 personar.⁶⁶⁸

⁶⁶⁷ Tjelmeland 1996 (A): 181.

⁶⁶⁸ NOS: Bedriftsteljinga i 1953, tabell 12 og 17 og bedriftsteljinga 1974, fylkeshefte for Troms, tabell 1.

Tabell 22. Verksemdar i industri og bergverk og i bygg og anlegg i Nord-Troms i bedriftsteljingane i 1953, 1963 og 1974.⁶⁶⁹

	1953		1963		1974	
	Industri og bergverk	Bygg og anlegg	Industri og bergverk	Bygg og anlegg	Industri og bergverk	Bygg og anlegg
Kåfjord	-	-	2	1	2	4
Skjervøy	18	7	20	4	15	10
Nordreisa	12	1	16	5	15	14
Kvænangen	11	1	12	1	9	3
Nord-Troms	41	9	50	11	41	31
Troms	497	152	424	174	353	316
Heile landet	27328	7141	20994	7700	14835	10106

For dei sentrale styresmaktene var det eit viktig mål å auke produktiviteten i industrien, og da særleg i områda med svakast produktivitet. Til dømes var brutto produksjonsverdi per sysselsett i industri og bergverk i Nord-Troms bare 25% av landsgjennomsnittet i 1953.⁶⁷⁰ På 1950- og 1960-talet kom ein det sterk produksjonsauke i industri og bergverk i heile landet. Når ein tar omsyn til konsumprisindeksen auka brutto produksjonsverdi per sysselsett i industri og bergverk med 40% i Nord-Troms frå 1953 til 1963, ein vekst omlag på landsgjennomsnittet, men vel 20% lågare enn for heile fylket. No var brutto produksjonsverdi per sysselsett i Nord-Troms 55% av landsgjennomsnittet, eller ein tredel av foredlingsverdien (bearbeidingsverdien) per sysselsett. Frå 1963 til 1974 auka foredlingsverdien per sysselsett med heile 69% i Nord-Troms, mot bare 46% i heile fylket og 29% i heile landet. Resultatet av den sterke produksjonsveksten i Nord-Troms var at foredlingsverdien per sysselsett sakte men sikkert nærma seg gjennomsnittet for heile landet, og i 1974 var den 44% av landsgjennomsnittet.⁶⁷¹

Talet på bygg- og anleggsverksemdar i Nord-Troms auka kraftig frå 1953 til 1974. Særleg sterk var veksten frå 1963 til 1974, da blei talet på bygg- og anleggsverksemdar nesten fordobla i dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden. Ein vekst som var langt sterkare enn gjennomsnittet for fylket og heile landet. Kva var årsaka til denne særleg sterke veksten? Dels var det eit resultat av ein allmenn vekst i næringa, knytt til mindre private og

⁶⁶⁹ NOS: Bedriftsteljinga i 1953, tabell 17, hefte 1 og tabell 12 og 17, hefte 3, bedriftsteljinga i 1963 tabell 1 og 10, hefte 1 og tabell 6, hefte 3 og bedriftsteljinga 1974, oversikt, tabell 1 og fylkeshefte for Troms, tabell 1.

⁶⁷⁰ NOS: Bedriftsteljinga 1953, tabell 16, hefte 1.

⁶⁷¹ NOS: Bedriftsteljinga 1953, tabell 16, hefte 1, bedriftsteljinga 1963, tabell 1 og 10, hefte 1, bedriftsteljinga 1974, tabell 1, oversikt og tabell 1, fylkeshefte for Troms og Historisk statistikk 1978: tabell 289.

offentlege utbyggingar, og dels eit resultat av dei store kraftutbyggingane i området. Sjølv om hovudentreprenørane ved utbyggingane ikkje kom frå Nord-Troms, blei det likevel skapt eit stort behov for bygg- og anleggsverksemder. I Kvænangsbøtn var A/S Jernbeton frå Trondheim hovudentreprenør, og ved utbygginga av Guolas var dei sørnorske selskapa Hoyer-Ellefsen og Furuholmen i fellesskap hovudentreprenørar.⁶⁷² Hovudentreprenørane nytta underentreprenørar til å utføre særskilde arbeidsoppgåver, og det var såleis ein særskilt gunstig marknad for nye bygg- og anleggsverksemder i området på 1960-talet.

Utbygginga av kraftverka i Kvænangsbøtn i perioden frå 1963 til 1969, og i Guolas frå 1968 til 1971, førte mange arbeidsplassar med seg. Typisk for anleggsarbeid var at sysselsettinga varierte stort gjennom året. Tar ein utgangspunkt i den høgaste årlege sysselsetting gjennom var det gjennomsnittleg sysselsett 205 personar kvart år i perioden 1963 til 1971 ved dei to utbyggingane. Sysselsettinga var særleg høg i 1964 og 1965 med eit toppnivå på 250 personar, og i åra 1968 til 1970 med eit gjennomsnittleg toppnivå på 316 personar.⁶⁷³ Som vanleg ved store anleggsarbeid var mange av arbeidarane utanbygds anleggsfolk som pendla rundt med utbyggingane, men det var også mange frå Nord-Troms som fekk arbeid på anlegga. Fleire av dei som fekk arbeid på anlegga i Kvænangsbøtn og Guolas heldt fram som pendlarar og anleggsarbeidarar etter at utbyggingane var ferdigstilte. Gunnar Eriksen frå Kvænangsbøtn var ein av dei som starta karriera si som pendlar og anleggsarbeidar i denne perioden. Han har sagt det slik: *“Vi var ikkje anleggsfolk, men vi blei det.”*⁶⁷⁴ Som 17-åring starta Eriksen i 1963 som anleggsreparatør i Kvænangsbøtn og var der fram til 1969. Neste arbeidsstad var utbygginga av Guolas og seinare utbygginga i Skibøtn i nabokommunen Storfjord. Til saman var Eriksen anleggsarbeidar i nærmare 20 år rundt om på kraftutbyggingar i heile Nord-Norge.⁶⁷⁵

9.5 Store svingingar i sysselsettinga og høg arbeidsløyse

Ei av årsakene til at Nord-Norgeplanen blei vedteke var at ein frykta stor arbeidsløyse etter at gjenreisinga var slutført. Eitt av måla med dei ulike statlege tiltaka på 1950- og 1960-talet var å minske arbeidsløysa og skape faste heilårsarbeidsplassar for å auke produktiviteten i

⁶⁷² Svendsen 1998: utkast til kapittel 10 og Reutz 1987: 20.

⁶⁷³ Reutz 1987: 52 og Svendsen: Ikkje publiserte tal over høgaste tal på sysselsette per år ved kraftutbygging av Guolas.

⁶⁷⁴ Gunnar Eriksen, f. 1946, Kvænangsbøtn, intervju av Ketil Zachariassen 18/7 1996.

næringslivet. I dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden var det særleg dei store årlege svingingane i sysselsettinga som var eit problem. Årsaka var den store graden av samanfall mellom sesongane i primær- og sekundærnæringsane. Det førte til periodar med svært høg arbeidsløyse, men også periodar der det var godt med arbeid. Ofte blei arbeidsløysa og dei store svingingane i sysselsettinga nytta som argument i samband med krava innanfrå om industrireiseing, utbygging av infrastrukturen og offentlege tiltak. (jf kap. 3-8) I kor stor grad blei problema knytt til arbeidsløyse og sysselsettingssvingningar løyste i Nord-Troms på 1950- og 1960-talet?

Tabell 23. Arbeidslause menn og kvinner i Nord-Troms 31/10 1952, 1955 og 1957.⁶⁷⁶

Menn/kvinner	1952			1955			1957		
	M	K	Sum	M	K	Sum	M	K	Sum
Kåfjord	51	0	51	79	2	81	134	1	135
Skjervøy	12	7	19	24	16	40	21	2	23
Nordreisa	5	0	5	20	0	20	18	0	18
Kvænangen	9	0	9	16	0	16	36	0	36
Nord-Troms	77	7	84	139	18	157	209	3	211

Før 1960 har det ikkje vore mogleg å finne tal på kommunenivå som fortele kor stor prosentdel av arbeidsstyrken som var utan arbeid. Derimot har eg talet på arbeidslause den 31/10 frå 1952, 1955 og 1960, eit tidspunkt på året da arbeidsløysa truleg var noe under årsgjennomsnittet. Sjølv om det er uvisse knytt til tala, til dømes kunne heimeverande barn vere registrert ledige sjølv om dei deltok i arbeidet på garden, gjev tabellen under ein god indikasjon på utviklinga i sysselsettinga i Nord-Troms på 1950-talet.

Av tabell 23 går det fram at tendensen i talet på arbeidslause i Nord-Troms er eintydig – stadige fleire stod utan arbeid gjennom 1950-talet. Samanliknar eit tabell 23 og tabell 24, sjølv om tala ikkje er direkte samanliknbare, går det fram at talet på ledige auka fram mot 1960.

⁶⁷⁵ Ibid.

⁶⁷⁶ Kommunedatabasen til NSD. Data som er nytta i denne tabellen er henta frå Norsk samfunnsvitenskapelige datatjeneste (NSD). NSD er ikkje ansvarleg for dataanalysene eller dei tolkingane som eg har gjort.

Tabell 24. Arbeidsløyse i Nord-Troms og Troms 31/1 og 31/7 1960 og 1968, arbeidsløyse i gjennomsnitt per måned i reelle tal og i prosent av arbeidsstyrken.⁶⁷⁷

	1960				1968			
	31/1	31/7	gj.snitt pr mnd.	i % av arb.styrk.	31/1	31/7	gj.snitt pr mnd.	i % av arb.styrk
Kåfjord	217	49	124	24,7%	156	19	81	14,1%
Skjervøy	129	15	85	4,8%	117	2	33	2,4%
Nordreisa	122	2	45	4,8%	37	5	26	4,3%
Kvænangen	119	12	50	7,0%	59	3	32	5,2%
Nord-Troms	587	78	304	8,1%	369	29	172	5,4%
Troms	2880	342	1464	3,3%	2198	293	1219	2,8%
Heile landet	-	-	-	1,2%	-	-	-	1,1%

Av tabell 22 går det fram at i 1960, da planperioden for Nord-Norgeplanen var slutt, var i gjennomsnitt 8,1% av arbeidsstyrken utan arbeid i dei fire Nord-Tromskommunane, mot 3,3% i fylket og 1,2% i heile landet. Åtte år seinare var prosentdelen redusert til 5,4 i Nord-Troms, men framleis var det langt fleire ledige i Nord-Troms enn i heile fylket og landet elles. Med tanke på at svært mange var sysselsette i bygg og anlegg, og at det i liten grad var permanente arbeidsplassar, var prosentdelen ledige svært høg i Nord-Troms i 1968. Framleis var svingingane i sysselsettinga svært stor både i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden og i heile fylket.

Det var store forskjellar mellom kommunane i Nord-Troms. Kåfjord, den av dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden som hadde minst industri, hadde utan samanlikning den høgaste prosentdelen arbeidslause både i 1960 og i 1968.⁶⁷⁸ Den same høge arbeidsløysa hadde kommunen også på 1950-talet. I dei andre Nord-Tromskommunane var arbeidsløysa langt lågare enn i Kåfjord, sjølv om alle kommunane med unnatak av Skjervøy i 1968 hadde høgare prosentdel arbeidsløyse enn kva tilfelle var for heile fylket.

Sjølv om problema med sysselsettinga var særleg stor i Kåfjord, var dei ikkje på noen måte særskild – også dei andre Nord-Tromskommunane hadde same problema. Det må likevel ikkje underslåast at Kåfjord hadde særeigne problem i næringsstrukturen. Kommunen mangla kyst- og havfiskebåtar over 50 fot, båtar som ofte sysselsette unge fiskarar utan eigen båt. Jordbruk gav heller ikkje rom for sysselsetting året igjennom for alle gardbrukarane. Sjølv om mange kombinerte fiske, jordbruk og anleggsarbeid, var det ikkje nok til å gje full

⁶⁷⁷ Fylkesmannen i Troms 1969, tabell 13.

⁶⁷⁸ Ibid.

sysselsetting. I dei andre kommunane i Nord-Troms var det andre næringar, særleg industri, bergverk og tenesteyting, som gav sysselsetting til mange som hadde slutta å arbeide i primærnæringane. I Kåfjord, derimot, fanst det omlag ikkje andre næringar som kunne gje alternativ sysselsetting. Industri var det omlag ikkje, og sjølv utbygginga av Guolas ga ikkje nok arbeid til dei mange arbeidssøkande frå kommunen. I Skjervøy og Kvæningen resulterte auka fråflytting og reduksjon i folketalet på 1960-talet i mindre press på arbeidsmarknaden. I Kåfjord fekk ikkje fråflyttinga frå kommunen same omfang, og kommunen hadde vekst i folketalet gjennom heile 1960-talet, trass i den svært høge arbeidsløysa. Eg skal i neste kapittel drøfte bakgrunnen for folkeveksten i Kåfjord.

9.6 Verknadene av dei statlege industrialiseringstiltaka

Samanliknar ein tala på arbeidslause med tala på industriverksemdar og graden av spesialisering i primærnæringane, var det ein tydeleg samanheng. Skjervøy og Nordreisa, kommunane med høgast grad av spesialisering innan primærnæringane, utmerker seg med også å ha den største delen av industri- og bygg- og anleggsverksemdene i området. Det var også der arbeidsløysa var minst. I Kvæningen, med lågast spesialisering i primærnæringane, men med ein del industriverksemdar var, arbeidsløysa noe høgare. I Kåfjord, som nærmast ikkje hadde industri og med svært låg grad av spesialisering i primærnæringane, var arbeidsløysa svært høg. Kva var årsaka til dei store forskjellane mellom kommunane på austsida av Lyngenfjorden i talet på arbeidslause og industriverksemdar?

Eit inntak får ein gjennom å sjå på engasjementa til Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Distriktenes Utbyggingsfond i området. Målsettinga med desse fonda var å fremme tiltak som kunne gje auka, varig og lønsam sysselsetting i områda med sysselsettingsproblem og svakt utbygd næringsgrunnlag. (jf kap 3 og 6) Samanliknar ein engasjementa til fonda med veksten i industri og bergverk, gjev det også eit svar på om verksemda til fonda svarte til målsettinga deira.

Utbyggingsfondet for Nord-Norge

Av tabell 25 går det fram at Utbyggingsfondet for Nord-Norge løyvde i overkant av 1,7 millionar kroner i form av tilskot, garantiar og lån til 17 næringsverksemdar i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. 96% av løyvingane gjekk til 13 industri- og

bergverksføretak. Kåfjord, kommunen med i utgangspunktet minst industri, fekk også minst i støtte frå fondet.

Tabell 25. Utbyggingsfondet for Nord-Norge sine engasjement i perioden 1/1 1952 - 1/1 1960 i Nord-Troms, i absolutte tal og pengesum i 1000 kroner.⁶⁷⁹

	Jord- og skogbruk		Fiske		Industri og bergverk		Handel og tenesteyting		Til saman	
	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum
Kåfjord	-	-	-	-	3	52	-	-	3	52
Skjervøy	2	31	-	-	2	925	1	30	5	986
Nordreisa	1	10	-	-	4	206	-	-	5	216
Kvænangen	-	-	-	-	4	477	-	-	4	477
Nord-Troms	3	41	-	-	13	1.660	1	30	17	1.731

Skjervøy, derimot, hadde mest industri i utgangspunktet og var den kommunen som mottok mest støtte frå fondet. Av det var heile 900.000 kroner løyvde i samband med prøvedrifta av Vaddas gruver i Oksfjord.(jf. kap 3)⁶⁸⁰ Av dei resterande løyvingane gjekk ein stor del til to føretak i Kvænangen. Det eine var Eriksens Notbøteri A/S på Alteidet, som fekk støtte på nærmare 280.000 kroner, og det andre var Kvænangsskifer i Sørstraumen, som fekk nærmare 170.000 kroner.⁶⁸¹ Dei resterande løyvingane i form av tilskot, garantiar og lån var på 60.000 kroner og mindre, og var jamnt fordelt mellom etablering av nye og modernisering av eksisterande verksemder.⁶⁸²

Om ein ser bort frå Vaddas, var det små- og mellomstore verksemder med lokale eigarar som mottok støtte i Nord-Troms aust for Lyngenfjorden. Det var verksemder knytt til lokale handverkstradisjonar og med sterkt preg av handverksindustri som snikkarfabrikkar, sagbruk, båtbyggeri, notbøteri, mekaniske verkstader og skiferbrot. Felles for desse verksemdene var at dei trong relativt små investeringar i produksjonsutstyr, nytta allment kjente produksjonsteknikkar og at den uformelle kunnskapen og erfaringa til arbeidarane var den viktigaste innsatsfaktoren i produksjonen. Historikaren Francis Sejersted har vist at det i

⁶⁷⁹ SiTø, FiT, utbyggingsavdelinga, oversikt frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge over engasjement i Troms per 31/12 1955, eske 20. Riksarkivet, DU, notat frå Områdeplanlegginga i Troms 17/1 1956: "Nord-Troms og utbyggingsprogrammet" side 5, eske 75 og DU, utgatte lån, eske 6, 7, 8 og 10. Ikkje medrekna løyvingar til kraftutbyggingar og løyvingar i samband med Nord-Tromsplanen.

⁶⁸⁰ Riksarkivet, DU, utgatte lån, eske 10.

⁶⁸¹ Riksarkivet, DU, utgatte lån, eske 10 og fondets tap, eske 52.

⁶⁸² SiTø, FiT, utbyggingsavdelinga, oversikt frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge over engasjement i Troms per 31/12 1955, eske 20. Riksarkivet, DU, notat frå Områdeplanlegginga i Troms 17/1 1956: "Nord-Troms og utbyggingsprogrammet" side 5, eske 75 og DU, utgatte lån, eske 6, 7, 8 og 10.

etterkrigstida var ein sterk vekst i småindustrien i Norge; industri som var fleksibelt spesialisert, med produksjonen i hovudsak retta mot heimemarknaden.⁶⁸³ Det er grunn til å tru at det same var tilfelle i Nord-Troms.

Ei av desse næringane var skiferbrota, ei næring som fekk ein sterk vekst på slutten av 1950-talet og vidare utover 1960-talet. I alle dei fire Nord-Tromskommunane var det rike skiferførekomstar, og på 1950- og 1960-talet blei det, med støtte frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge og seinare Distriktenes Utbyggingsfond, sett i gang drift fleire plassar. I 1970 var det drift i fem skiferbrot i Nord-Troms, og i alt sysselsette dei 134 personar i meir enn 100 timar det året.⁶⁸⁴ Det største av desse var Kvænangen Skiferbrudd A/S i Sørstraumen, ei verksemd som fekk relativt store løyvingar frå Utbyggingsfondet allereie på 1950-talet, for å utvide og modernisere drifta. Verksemda var først eigd av grunneigarane som eit andelslag. Etter økonomiske vanskar på starten av 1960-talet kom Kvænangen kommune og A/S Granitt frå Oslo også inn som eigarar i 1963. To år seinare overtok A/S Granitt kommunen sine aksjar og eigde da 75% av aksjane, dei resterande eigde grunneigarane.⁶⁸⁵ Kvænangen Skiferbrudd A/S var i lag med Finotro den einaste bergverks- og industriverksemda i Nord-Troms som i 1970 ikkje hadde lokale eigarar.

Det er verd å merke seg at ingen av verksemdene som fekk støtte frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge var direkte knytte til foredling av fisk. Årsaka var truleg at dei fiskeindustriverksemdene som blei starta opp i området på 1950-talet, det vil seie to rekefabrikkar i tillegg til Finotro, klarte å få finansiering frå anna hald og såleis ikkje hadde behov for å søke om løyvingar frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge.⁶⁸⁶ Til dømes blei etableringa av Fintro på Skjervøy finansiert direkte over statsbudsjettet.(jf kap7)

I tabell 25, som syner Utbyggingsfondet for Nord-Norge sitt engasjement i Nord-Troms, er ikkje løyvingane i samband med Nord-Tromsplanen og kraftutbyggingar i området tatt med. I alt utgjorde desse løyvingane nærmare 15,6 millionar kroner i perioden, av desse gjekk 10 millionar til delfinansiering av Nord-Tromsplanen. Totalt var det 382 tiltak i landsdelen som

⁶⁸³ Sejersted 1993: 189.

⁶⁸⁴ NOS: Folketeljinga 1970, kommunehefta for Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen tabell 4, og Riksarkivet, DU, B-arkiv, Skiferundersøkelser i Troms, notat 18/11 1970, sak 5140.

⁶⁸⁵ Riksarkivet, DU, B-arkiv, Skiferundersøkelser i Troms, notat 20/5 1970, sak 5140.

blei støtta av fondet med ein samla sum på nærmare 220 millionar kroner. Omlag 55% av utbetalingane frå fondet i perioden gjekk til Nordland fylke. Troms og Finnmark hadde kvar for seg under halvparten av det Nordland fekk i støtte.⁶⁸⁷ Arve Veiåker har truleg rett når han hevdar at årsakne til den skeive fordelinga, var at næringslivet i Nordland var betre utbygd enn i resten av landsdelen og såleis i større grad var i stand til utnytte virkemidla i fondet. Den skeive fordelinga av tiltaka kom også til syne innan fylka. I Troms mottok harstad- og tromsøområdet 75% av løyvingane frå fondet, om ein held løyvingane til Nord-Tromsplanen og kraftutbyggingar i Nord-Troms utanfor.⁶⁸⁸ Det var med andre ord dei fylka og områda i fylka som hadde svakast utbygd næringsliv som fekk minst støtte frå fondet. Det var, som eg tidlegare har vist, mellom anna denne problematikken som var bakgrunnen for Nord-Tromsplanen.(jf kap. 5)

Distriktenes Utbyggingsfond

I tabell 26 kjem Distriktenes Utbyggingsfond sitt engasjement ved utgangen av 1968 fram. Samanlikna med engasjementet til Utbyggingsfondet for Nord-Norge i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden på 1950-talet, var det ein sterk vekst både i talet og storleiken på løyvingane. Totalt blei talet meir enn tredobla, mens talet på løyvingar til industri og bergverk nesten blei dobla. Sterkast var veksten i løyvingane til primærnæringane. Framleis var det Skjervøy som fekk den største delen av løyvingane i området, og Kåfjord minst.

Tabell 26. Distriktenes Utbyggingsfond engasjement per 31/12 1968, i absolutte tal og i 1000 kroner.⁶⁸⁹

	Jord- og skogbruk		Fiske		Industri og bergverk		Handel og tenesteyting		Til saman	
	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum	Tal	Sum
Kåfjord	1	168	2	45	4	92	-	-	7	305
Skjervøy	4	821	10	1441	6	1.395	1	15	21	3.672
Nordreisa	5	720	1	6	6	342	-	-	12	1.068
Kvænangen	4	612	-	-	8	1.045	2	39	14	1.696
Nord-Troms	14	2.321	13	1.492	24	2.874	3	54	54	6.741
Troms	47	5.735	48	22.304	171	41.201	32	15.630	298	84.870

⁶⁸⁶ Friis 1984: 27 og 33. I 1953 blei det starta rekefabrikk både på Hamnes og på tettstaden Skjervøy i Skjervøy kommune.

⁶⁸⁷ Veiåker 1974: 84ff og 94f.

⁶⁸⁸ Ibid: 87.

I tabellen er ikkje løyvingane til kraftutbygging tatt med. Dei utgjorde 81% av dei samla løyvingane frå fondet til dei fire Nord-Tromskommunane i 1968. Reknar ein med desse løyvingane mottok kommunane 28% av dei totale løyvingane i fylket. Utan løyvingane til kraftutbygging var prosentdelen bare på 8%.⁶⁹⁰ På same tid hadde dei fire kommunane 9,8% av det samla folketalet i fylket.⁶⁹¹ Totalt fekk området såleis ein svært stor del av løyvingane i fylket, mens løyvingane til ulike typar næringsverksemd var noe lågare enn prosentdelen av folketalet.

Ved utgangen av 1968 var engasjementet til Distriktenes Utbyggingsfond på i underkant av 2,9 millionar kroner til i alt 24 tiltak innan industri og bergverk i dei fire Nord-Tromskommunane. Det var 7% av løyvingane frå fondet til industri og bergverk i fylket, og 14% av verksemdene som fekk støtte i Troms. Med to unntak, fiskeindustriverksemda til Lars Sletten i Rein fjord i Kvænangen og Skarbruket på Lauksletta i Skjervøy kommune, var det same typen verksemdar innan sekundærnæringane som fekk støtte på 1960-talet som på 1950-talet. Det vil seie små- og mellomstore verksemdar. Også på 1960-talet var det ei jamn fordeling mellom støtte til modernisering og utviding av eksisterande industri og etablering av ny.⁶⁹² Som eg har vist tidlegare i kapitlet gjekk løyvingane til primærnæringane for ein stor del til etablering av minkfarmar og kjøp av større fiskebåtar.

Av løyvingane til industri og bergverk i Nord-Troms fekk Kåfjord bare 3%, mens Skjervøy mottok nærmare halvparten. Også innan primærnæringane mottok Skjervøy over halvparten av løyvingane frå fondet til Nord-Troms. På same vis som med løyvingane frå Utbyggingsfondet for Nord-Norge, gjekk løyvingane frå Distriktenes Utbyggingsfond ikkje til dei kommunane som hadde den svakaste næringsstrukturen og høgaste arbeidsløysa, men til dei som frå før hadde industri og relativt låg arbeidsløysa. Men i motsetning til 1950-talet var situasjonen for fylka den motsette; frå Distriktenes Utbyggingsfond fekk dei fylka som var dårlegast stilt mest pengar.⁶⁹³ Vekstsenterpolitikken og utpeikinga av Skjervøy som prøvesenter var nettopp eit forsøk på å styrke den næringsøkonomiske utviklinga spesielt på enkelte stader.(jf kap. 5) Ut frå engasjementet til fondet i 1968 tyder mykje på at denne

⁶⁸⁹ St.meld. nr. 30 1969-70 Om Distriktenes Utbyggingsfond i 1968 og perioden 1961-1968:155. Ikkje medrekna løyvingar til kraftutbyggingar.

⁶⁹⁰ Ibid.

⁶⁹¹ Fylkesmannen i Troms 1969, tabell 2.

⁶⁹² Riksarkivet, DU, utgatte lån, eske 6, 7, 8 og 10.

politikken lykkast. I alle høve fekk Skjervøy storparten av løyvingane frå fondet innan alle næringar i Nord-Troms.

9.7 Næringsmiddelindustrien, motor i industrialiseringa av Nord-Troms

Av løyvingane til Utbyggingsfondet for Nord-Norge og Distriktenes Utbyggingsfond kan ein få inntrykk av at ein stor del av industriverksemdene i dei fire Nord-Tromskommunane aust for Lyngenfjorden var små- og mellomstore verksemdar med sterkt preg av handverksindustri. Korleis var fordelinga mellom dei ulike typane industriverksemd? Bedriftsteljingane frå 1953 og 1963 gjev ikkje svar, men det gjer teljinga frå 1974. Da dreiv nærmare halvparten av industriverksemdene på austsida av Lyngenfjorden med produksjon av næringsmiddel. 20% dreiv med verkstadindustri, 15% med bergverk, 10% med trevareindustri og dei resterande 5% med tekstilindustri.⁶⁹⁴ Eg har tidlegare vist at det i gjennomsnitt var sysselsett 10 personar på kvar industri- og bergverksverksemd i Nord-Troms. Diverre gjev ikkje bedriftsteljinga svar på kor mange som var sysselsette i dei ulike typane industriverksemd på kommunenivå. Truleg var tilhøva dei same i Nord-Troms som i resten av fylket, og da var det langt fleire sysselsette på kvar verksemd som dreiv med næringsmiddelproduksjon enn det var i dei andre typane industriverksemd.⁶⁹⁵

Produksjonen av næringsmiddel var i Nord-Troms knytt til tilverking av fisk, med unntak av Nordreisa meieri. Tilverkinga av fisk var omlag jamnt fordelt mellom konvensjonell foredling, det vil seie salting og henging til tørrfisk, og industriell foredling, det vil seie filetproduksjon. I 1968 blei 37% av den ilandførte fisken i dei fire Nord-Tromskommunane hengt til tørrfisk, 13 % blei salta, 47% blei filetert og frosen og 2% blei selt vidare som ferskfisk. Tettstaden Skjervøy var utan samanlikning det største fiskeværet på austsida av Lyngenfjorden, og den femte største landingstaden for fisk i Troms. Over halvparten av den landa fisken i området blei levert til tettstaden Skjervøy, og tre fjerdedelar av den industrielle foredlinga av fisken skjedde der.⁶⁹⁶

⁶⁹³ Brox 1984: 92.

⁶⁹⁴ NOS: Bedriftsteljinga 1974, fylkeshefte for Troms, tabell 1.

⁶⁹⁵ Ibid.

⁶⁹⁶ Fylkesmannen i Troms 1969, tabell 49 (etter oppgåver frå Norges Råfisklag).

Sjølv om dei store moderne fiskeindustrianlegga i Nord-Troms i hovudsak konsentrerte verksemda om industriell foredling, dreiv dei også med konvensjonell foredling. Årsaka var stor etterspurnad og høge prisar på dei tradisjonelle produkta tørrfisk og saltfisk, på same tid som det var vanskeleg å få gode prisar på filetprodukt. Som eg viste i kapittel 5 gjekk mellom anna Finotro på Skjervøy med underskot på byrjinga av 1960-talet. For at filetindustrien skulle klare seg økonomisk, oppretta staten i 1947 det såkalla Prisreguleringsfondet, der tørrfisk- og klippfiskprodusentane betalte inn pengar som gjekk til subsidiar av frosenfiskindustrien.⁶⁹⁷ Dei sentrale styresmaktene hadde sterk tru på auka frosenfiskprisar på sikt, og målsettinga var at fondet skulle jamne ut prisane over tid.⁶⁹⁸ Den venta prisauken på filetprodukt kom aldri, og på slutten av 1950-talet var Prisreguleringsfondet tømt, og staten måtte da inn med direkte prissubsidiar for å sikre fiskarane akseptabelt utbytte og filetindustrien råvarer til konkurransedyktig pris.⁶⁹⁹ Til dømes var pristilskotet frå staten på 25 øre per kilo torsk for fisk til frysing, mot i underkant av 1 øre til hending og salting i perioden frå 1964 til 1969.⁷⁰⁰

Trass i vanskane med å få lønsam drift ved dei store fiskeindustriverksemdene blei det på 1960-talet reist fleire mindre filet- og fryseanlegg rundt om i Nord-Troms. I tillegg til Finotro starta produksjonen av frosenfisk ved tre anlegg i Skjervøy og eit i Kvæningen på 1960-talet.⁷⁰¹ Felles for desse anlegga var at dei hadde utgangspunkt i eksisterande konvensjonelle fiskebruk og det råstoffet fjord- og kystfiskeflåta kunne levere. Veksten i fiskeindustrianlegg var ikkje Nord-Troms aleine om, langs heile kysten auka talet på frosenfiskprodusentar på 1960-talet. Årsaka til den sterke veksten var dels eit resultat av dei mange økonomiske støttetiltaka som dei sentrale styresmaktene sette i verk for å få bygd opp ei moderne fiskeforedling, og dels eit resultat av at tanken om industriell foredling (jf kap. 5) hadde fått gjennomslag også hos dei konvensjonelle tilverkarane.⁷⁰²

Fiskeindustrien i Reinfjord, døme på industrialisering innanfrå

Ein av dei som starta med industriell foredling i Nord-Troms på 1960-talet var Lars Sletten i Reinfjord i Kvæningen kommune. Moderniseringa og utbygginga av Sletten si verksemd er

⁶⁹⁷ Johannessen: 1979: 32f.

⁶⁹⁸ Tjelmeland 1997: 195.

⁶⁹⁹ Strand 1993: 228.

⁷⁰⁰ Johannessen 1979: 36.

⁷⁰¹ Fylkesmannen i Troms 1969: 79.

eit god døme på ønsket om modernisering og industrialisering innanfrå, og på korleis fiskeindustrien blei bygd opp ved hjelp av Distriktenes Utbyggingsfond.

I 1960 starta Sletten rekefabrikk med tilhøyrande fryseri, etter å ha drive konvensjonelt fiskebruk og landhandel frå 1942. Drifta av rekefabrikken og eksporten av reker til England gjekk svært godt, og i 1964 ønskte Sletten på nytt å utvide verksemda. Planen var å bygge ny og større rekefabrikk, auke frysekapasiteten, bygge nytt anlegg for filetproduksjon og nytt hybelhus for arbeidarane. I den veglause bygda Reinfjord var det ikkje nok arbeidskraft, og derfor naudsynt å få arbeidarar frå området rundt og innlosjere dei i hybelhus. Råstoff til verksemda hadde fram til da kome frå kyst- og fjordfiskeflåten i området, og med utbygging av anlegget håpa Sletten å knyte til seg to større kystfiskebåtar for fast levering.⁷⁰³ For å finansiere utbygginga søkte han Distriktenes Utbyggingsfond om garanti for lån på 1,5 millionar kroner, seinare redusert til 750.000 kroner. Allereie på eit tidleg stadium hadde fondet stilt spørsmål ved tilførselen av råstoff og lokaliseringa av verksemda i ei veglaus bygd som måtte hente arbeidskrafta utanfrå. Sletten presiserte i eit brev til fondet at råstoff tilførselen ikkje ville bli eit problem, og om lokaliseringsspørsmålet skreiv han: *“For ordens skyld finner jeg grunn til å presisere at det under ingen omstendigheter vil komme på tale å flytte bedriften fra Reinfjord, ...”*.⁷⁰⁴ Fondet følte seg ikkje trygg og innvilga ikkje garantien, og grunna avslaget på: *“... usikkerheten med hensyn til råstofftilførselen og tilgangen på arbeidskraft.”*⁷⁰⁵ Det var tydeleg at Reinfjord ikkje blei sett på som ein egna stad for industrialisering av leiinga i Distriktenes Utbyggingsfond.

Sletten lot seg ikkje stoppe. Sommaren 1966 søkte han på nytt å byggje ut verksemda, han hadde da slått seg saman med fiskekjøparen i Olderfjord. Den nye planen var todelt og langt meir omfattande enn planen frå 1964. I Reinfjord skulle anlegget byggast ut med fileteringsanlegg, større fryseri og rekemjølfabrikk. Fiskebruket i Olderfjord skulle drivast som før, men skulle også levere fisk til filetering i Reinfjord. Det same skulle eit nytt fiskemottak i Segelvik gjere. Andre delen av planen var utbygging av ny rekefabrikk og nytt fiskebruk i Burfjord. Det planlagte anlegget i Burfjord var etter styresmaktene sitt syn for lite og fekk ikkje kjøpeløyve for reker. Planane for anlegget i Burfjord blei derfor innstilt, men

⁷⁰² Tjelmeland 1997: 193ff.

⁷⁰³ Riksarkivet, DU, B-arkiv, Lars Sletten, Reinfjord, brev til fondet 13/11 1964, sak 6703.

⁷⁰⁴ Ibid: Brev til fondet 22/4 1965.

⁷⁰⁵ Ibid: Innstilling til Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd 28/7 1966.

planane om utbygginga i Reinfjord stod framleis ved lag. Etter at Troms fylkes arbeids- og tiltaksnemnd sommaren 1966 tilrådde utbygginga, løyvde Distriktenes Utbyggingsfond 386.000 kroner i lån og Statens Fiskarbank 250.000 kroner i lån av dei totale utbyggingskostnadene var på 872.000 kroner.⁷⁰⁶

Neste trinn i utviklinga av verksemda kom i 1970, da gjekk Kvæningen havfiskeselskap til innkjøp av trålaran "Kvæningen" for å sikre verksemda i Reinfjord råstoff året rundt. Havfiskeselskapet var eigd av Sletten saman med Kvæningen kommune, og blei finansiert med hjelp av Distriktenes Utbyggingsfond.⁷⁰⁷ Frå å drive konvensjonelt fiskebruk tufta på råstoff frå fjord- og kystfiskarane, moderniserte og utvikla Sletten verksemda på 1960-talet til å bli eit moderne fiskeindustrilegg basert på råstoff frå havfiskeflåten.

Avhengigheit og strukturproblem

Felles for store delar av industrien i Nord-Troms gjennom heile perioden frå 1950 til 1970 var den sterke avhengigheita av aktiviteten i primærnæringane. Først og fremst i form av at industrien foredla råvarer frå jordbruk og fiske, men også i form av produksjons- og sørvisindustri relatert til primærnæringane. Det var likevel stor skilnad mellom industriverksemdene i 1950 og i 1970. I 1970 var langt fleire sysselsette i industrien enn tilfellet hadde vore 20 år før, og produktiviteten var langt høgare. I 1950 var det store fleirtalet av industriverksemdene i Nord-Troms små- og mellomstore verksemder, med få sysselsette som nytta enkel og kjent teknologi. Det var framleis mange av dei i 1970, men da var det også etablert store industriverksemdar innan næringsmiddelindustrien, med mange sysselsette og moderne teknologi. Trass i modernisering av den eksisterande industrien og nyreising av næringsmiddelindustrien og skiferproduksjonen utvikla området seg aldri til eit industrielt senter. Samanlikna med resten av landet var dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden framleis i 1970 eit område med høg sysselsetting i primærnæringane og svakt næringsøkonomisk grunnlag. Rett nok var sysselsettinga i sekundærnæringane på landsgjennomsnittet, men sekundærnæringane var svært sårbare. For det første ved at over halvparten av dei sysselsette i sekundærnæringane i Nord-Troms var sysselsett i bygg og anlegg, mot bare ein tredel i landet som heilskap. Som eg tidlegare har vist var bygg- og

⁷⁰⁶ Ibid: DU, Styremøte 30/3 1967.

⁷⁰⁷ Ibid: Inspeksjonsrapport frå Norges Bank avdeling Tromsø 17/7 1970.

anleggssektoren svært avhengig av den politiske viljen til å halde fram med dei store utbyggingsoppgåvene i området. For det andre gjennom sørvis- og næringsmiddelindustrien si store avhengigheit av primærnæringane, og da særleg fiske og fiskeressursane. Ressursar som frå slutten av 1960-talet viste seg ikkje å vere uuttømelege, slik ein trudde på 1940-, 1950- og 1960-talet, men tvert om svært sårbare mot for sterk utnytting.⁷⁰⁸ Dei avgrensa fiskeressursane var såleis ein fundamental usikkerheitsfaktor for fiskarane, fiskeindustrien og sørvisindustrien som var knytt til primærnæringane.

I 1950 var ein svært stor del av arbeidsstokken i dei fire Nord-Tromskommunane sysselsette i primærnæringane. I samtida blei dette oppfatta som eit strukturproblem, ønska var å auke sysselsettinga i industrien og redusere sysselsettinga i primærnæringane. Målet var å få meir høgproduktive næringar. Som eg har vist, endra sysselsettingsstrukturen seg frå 1950 til 1970 slik dei sentrale styresmaktene og mange i Nord-Troms ønskte. Men denne endringa førte til eit nytt strukturproblem. Den einsidige utbygginga av industri relatert til fiskerinæringa og den store prosentdelen sysselsette i bygg og anlegg førte til at næringsstrukturen i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden blei svært sårbar overfor svingingar i ressursgrunnlaget på den eine sida, og politiske føringar på den andre sida. Da utbyggingane tok slutt og samanbrotet i torskeressursane for alvor kom utover 1980-talet, førte det til nye store næringsøkonomiske problem i området.

⁷⁰⁸ Holm 1996: 125ff.

Kapittel 10. Sentralisering, kulturell homogenisering og bastion for Arbeidarpartiet

I perioden frå 1950 til 1970 skjedde det ei storstilt økonomisk modernisering i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Ei modernisering med rasjonalisering og spesialisering innan næringane, endra sysselsettings- og næringsstruktur, auka produktivitet i alle næringar og ei kraftig utbygging av infrastrukturen. Resultatet av den økonomiske moderniseringa var at samfunnsstrukturen i Nord-Tromsområdet blei meir i samsvar med strukturen i resten av landet.(jf kap. 9) Sett på spissen kan ein seie at Nord-Troms i denne perioden tok steget inn i det norske industri- og forbrukarsamfunnet.⁷⁰⁹ Moderniseringsprosessen hadde også innverknad på folketalsutvikling, busettingsstruktur og dei politiske og kulturelle strukturane i Nord-Tromssamfunnet.

Korleis endra folketalet og busettingsstrukturen seg i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden frå 1950 til 1970? Utbygginga av det norske industri- og forbrukarsamfunnet var også ei utbygging av velferdssamfunnet. I kor stor grad innverka dei kulturelle strukturane i Nord-Troms på den økonomiske moderniseringa i området? I kor stor grad skjedde det ei sosial og kulturell modernisering, og kva for endringar førte det til i høve til religion, etnisitet og identitet i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden frå 1950 til 1970? Korleis påverka moderniseringsprosessen dei politiske strukturane – i form av oppslutning om partia ved val – i Nord-Troms i perioden? Også i dette kapitlet søker eg å få fram kva som var særlege og kva var allment med moderniseringsprosessen i Nord-Troms gjennom komparasjon med utviklinga dels i fylket, dels i landsdelen og dels i heile landet.

10.1 Stor fråflytting, men stabilt folketal

I alle dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden var det ein folkevekst på over 20% frå 1930 til 1950.(jf kap. 2) Korleis utvikla folketalet seg i neste 20-årsperiode? Frå 1/1 1951 til 1/1 1970 var det ein svak vekst i folketalet på 2,9% i området. Stagnasjonen i folkeveksten kom av stor netto utflytting.⁷¹⁰ Men det var stor skilnad på utviklinga i folkemengda på 1950-talet i forhold til 1960-talet, og på utviklinga i dei ulike kommunane.

⁷⁰⁹ Lange 1998: 242.

⁷¹⁰ NOS: Folketalet i kommunane 1951-1980, hefte 3, Trøndelag og Nord-Norge, 1982: 132f.

Av tabell 27 går det fram at folketalet i dei fire Nord-Tromskommunane auka med 4,7% frå 1951 til 1960. Til samanlikning auka folketalet i Troms fylke med 7,9% i perioden.⁷¹¹ Omlag 50 prosent av kommunane i Nord-Norge hadde tilbakegang i folketalet frå 1950 til 1960, men totalt steig folketalet i landsdelen med 8,3%.⁷¹² Mens dei fire Nord-Tromskommunane i perioden frå 1946 til 1950 hadde ein langt sterkare folkeauke enn gjennomsnittet for landsdelen og for Troms (jf kap 2), var det bare i Skjervøy kommune veksten var omlag lik for landsdelen og fylket i perioden frå 1950 til 1960.

Tabell 27. Endringane i folkemengda i Nord-Troms 1951 - 1960.⁷¹³

	Folketal 1/1 1951	Folketal 1/1 1960	Fødsels- overskot	Netto flytting	Endring i folketal 1951-60	Endring i prosent
Kåfjord	3079	3268	482	-284	189	6,1%
Skjervøy	4771	5178	785	-355	407	8,5%
Nordreisa	2459	2567	328	-237	108	4,4%
Kvænangen	2511	2407	289	-359	-104	-4,1%
Nord-Troms	12820	13420	1884	-1235	600	4,7%

(For 1951 til 1957 manglar tal for flyttingar frå og til utlandet, det gjev ein differanse mellom endring i folketal og forholdet mellom fødselsoverskot / netto flytting.)

Men ikkje alle kommunane tok del i veksten. Etter eit par år med folketalesvekst på byrjinga av 1950-talet hadde Kvænangen frå 1953 ein gradvis nedgang. Totalt blei folketalet i kommunen redusert med 4,1% frå 1951 til 1960.⁷¹⁴

Av tabell 28 går det fram at folketalet i dei fire Nord-Tromskommunane blei redusert med 1,7% frå 1/1 1960 til 1/1 1970. Kva var årsaka til nedgangen? Frå 1960 til 1970 var fødselsoverskotet framleis stort i Nord-Troms, men det var redusert med 14% samanlikna med tiåret før. Derimot auka netto flytting frå kommunane med 27% og resultatet var nedgang i folketalet. I same periode var det ein vekst på 7,7% i Troms, sjølv om seks av ti av kommunar i fylket hadde tilbakegang i folketalet, og det var stor netto flytting frå fylket.⁷¹⁵

⁷¹¹ Ibid.

⁷¹² Bjørklund, Drivenes og Gerrard 1994: 309 og NOS: Folketalet i kommunane 1951-1980, hefte 3, Trøndelag og Nord-Norge, 1982: 132f.

⁷¹³ NOS: Folketalet i kommunane 1951-1980, Hefte 3, Trøndelag og Nord-Norge, 1982:132f.

⁷¹⁴ NOS: Folketeljinga 1960, kommunehefte for Kvænangen, tabell 2.

⁷¹⁵ Lundestad 1993: 297.

Tabell 28. Endringane i folkemengda i Nord-Troms 1960-1970.⁷¹⁶

	Folketal 1/1 1960	Folketal 1/1 1970	Fødsels- overskot	Netto flytting	Endring i folketal 1961-70	Endring i prosent
Kåfjord	3268	3362	537	-280	94	2,9%
Skjervøy ⁷¹⁷	5178	4951	620	-704	-227	-4,4%
Nordreisa	2567	2670	263	-181	103	4,0%
Kvænangen ⁷¹⁸	2407	2205	202	-406	-202	-8,4%
Nord-Troms	13420	13188	1622	-1571	-232	-1,7%

Det var store skilnader i endringane i folkemengda mellom kommunane i Nord-Troms på 1960-talet. I Kåfjord og Nordreisa voks folketalet, i Skjervøy og Kvænangen derimot var det ein sterk tilbakegang. I Skjervøy kommune hadde det vore ein reduksjonen i folketalet i kommunen allereie på slutten av 1950-talet.⁷¹⁹ I tiårsperioden frå 1960 til 1970 blei fødselsoverskotet redusert med 21%, netto utflytting auka med 50% og resultatet var ein tilbakegang i folketalet på 4,4%. Også i Kvænangen blei tendensen med tilbakegang forsterka på 1960-talet. Dette kom til uttrykk gjennom ein reduksjon i fødselsoverskotet på 30% og ei auke på 13% i netto flytting frå kommunen. Resultatet var ein nedgang i folketalet på heile 8,4%. I Kåfjord var veksten først og fremst eit resultat av auke i fødselsoverskotet, på same tid som flyttinga frå kommunen blei svakt redusert. I Nordreisa kom veksten av ei relativt stort fødselsoverskot på same tid som det var markant nedgang i netto flytting frå kommunen.

Kva var årsaka til dei store forskjellane i netto flytting frå dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden? I kor stor grad kan den høge arbeidsløysa i området forklare at så mange flytta frå området? Jamfører ein talet på arbeidslause (jf kap. 9) og netto flytting frå kommunane, er det særleg to paradoks som slår ein. For det første at kommunane med den høgaste og lågaste arbeidsløysa hadde minst netto flytting ut av kommunen. At Nordreisa, som jamnt over hadde den lågaste arbeidsløysa, hadde den lågaste netto flytting frå kommunen, er som ein kan vente seg. Derimot er det grunn til å stille spørsmål ved den låge netto fråflytting frå Kåfjord, som gjennom heile 1950- og 1960-talet hadde svært høg arbeidsløysa. For det andre at Skjervøy, der den økonomiske moderniseringa hadde vore mest omfattande og arbeidsløysa hadde vore relativt låg, hadde så høg netto utflytting. Bakgrunnen for utflyttinga frå Skjervøy vil eg kome tilbake til seinare kapitlet.

⁷¹⁶ NOS: Folketalet i kommunane 1951-1980, hefte 3, Trønderlag og Nord-Norge, 1982: 132f.

⁷¹⁷ Ved kommunegrenseregulering 1/1 1965 blei 12 personar overført frå Skjervøy til Kvænangen.

⁷¹⁸ Ibid.

⁷¹⁹ NOS: Folketalet i kommunane 1951-1980, hefte 3, Trønderlag og Nord-Norge, 1982: 132.

Kva var årsaka til at færre frå Kåfjord enn frå dei andre Nord-Tromskommunar flytta frå kommunen? Kva var særeige med folkemengda i Kåfjord? Kåfjord var den kommunen med den største samiske befolkninga i Nord-Troms. (jf kap 2) I 1970 var, i følgje sosiologen Vilhelm Aubert, prosentdelen av “*personer med samiske kjennetegn*” særleg høg i indre Kåfjord, i bygdelaga i Kåfjorddalen og på vestsida av Kåfjorden.⁷²⁰ Aubert karakteriserte begge bygdelaga som “*utprega samebygder*” i ein studie om “Den samiske befolkning i Nord-Norge”, som han utførte på bakgrunn av folketeljinga i 1970.⁷²¹ I dei ytre bygdelaga på austsida av Kåfjorden var det også eit tydeleg innslag av personar med samiske kjennteikn, men der var den etnisk differensieringa i busettinga mindre tydeleg enn i resten av kommunen.⁷²² Samfunnsvitaren Ragnar Nilsen hevdar at folk med samisk bakgrunn i større grad enn dei med norsk bakgrunn blei buande i utkantområda langs kysten i Nord-Troms og Finnmark på 1950- og 1960-talet.⁷²³ Truleg var det også tilfellet i Kåfjord. På austsida av fjorden gjekk folketalet ned med 4,8% frå 1960 til 1970, derimot auka folketalet med 4,1% i dei meir utprega samiske bygdelaga i Kåfjorddalen og på vestsida av fjorden i same periode.⁷²⁴ Den relative opphopinga av folk med samisk bakgrunn i dei perifere fjordområda hevdar Nilsen var eit resultat av: “... *ei gjensidig forsterking mellom etniske faktorer, demografiske faktorer og sosio-økonomiske forhold* ...”.⁷²⁵ Nilsen har knytt desse tre faktorane til erfaringane folk med samisk bakgrunn hadde med diskriminering frå det norske samfunnet som førte til at dei ikkje ønsket å flytte, på same tid som dei med norsk bakgrunn flytta frå dei perifere fjordområda. Ønsket om å bli verande førte til at dei med samisk bakgrunn i større grad enn dei med norsk bakgrunn heldt fram med kombinasjonstilpassing gjennom nye yrkeskombinasjonar, og da særleg innan bygg- og anleggssektoren, som føresette langpendling.⁷²⁶ Sosialantropologen Bjørn Bjerkli har spesielt studert kombinerte tilpassingar mellom småskaladrift i primærnæringane og annan sysselsetting i Kåfjord på 1980- og 1990-talet. Han har vist korleis dei samiske bygdelaga i kommunen med tradisjonell kombinasjonstilpassing meir aktivt har tilpassa seg dei eksisterande rammene for jordbruksdrift og dei arbeidsmoglegheitene som har vore ved sida av, enn dei andre bygdelaga

⁷²⁰ Aubert 1978: 21, 35 og 40.

⁷²¹ Ibid: 29.

⁷²² Ibid: 34f.

⁷²³ Nilsen 1990: 148f og Nilsen 1993: 81.

⁷²⁴ NOS: Folketeljinga 1960, kommunehefte for Kåfjord, s.8 og folketeljinga 1970, kommunehefte for Kåfjord, tabell 15.

⁷²⁵ Nilsen 1993: 81.

i kommunen.⁷²⁷ Truleg var det same tilfelle også på 1960-talet. Der kombinasjonsdrifta tidlegare hadde vore driven som ei fiskarbondetilpassing, overtok anleggsbondetilpassinga på 1960-talet – der kvinnfolka dreiv småbruka og mannfolka vekependla til bygg- og anleggsarbeid i og utanfor kommunen.⁷²⁸

10.2 Aukande sentralisering og fråflytting frå utvær

Auka sentralisering av busettinga hadde gjennom heile etterkrigstida vore sett på som ei naturleg utvikling som det ikkje var grunn til å legge hindringar i vegen for av dei sentrale styresmaktene.(jf kap. 3 og 4) Ønsket om sentralisering blei ytterlegare presisert av dei sentrale styresmaktene på 1960-talet, ved at dei offentlege tiltaka skulle legge forholda til rette for sentralisering og regional konsentrasjon av busettinga.(jf kap. 6 og 8) Karakteristisk for synet til dei sentrale styresmaktene er ei fråsegn direktør Reidar Carlsen i Distriktenes Utbyggingsfond kom med i ein fjernsynsdebatt på slutten av 1960-talet. Han blei da spurt om ordninga med flyttebidrag hadde fungert tilfredsstillande: *“Nei, jeg synes det går altfor langsomt.”*⁷²⁹

Kor omfattande var sentraliseringa i Nord-Troms? Eit inntak for å få fram den auka konsentrasjonen av busettinga er å sjå på folketalet på dei registrerte tettstadene i folketeljningane. I folketeljninga i 1950 og 1960 var Årviksand og tettstaden Skjervøy i Skjervøy kommune og Sørkjosen i Nordreisa kommune definerte som tettstader. I 1950 budde 9% av folket i dei fire kommunane på dei tre tettstadene, ti år seinare var prosentdelen auka til 12%. Med andre ord var det bare ein svak lokal konsentrasjon av busettinga i denne perioden. I folketeljninga i 1970 var to nye bygdelag definerte som tettstader; Storslett i Nordreisa kommune og Olderdalen i Kåfjord kommune. Folketalet på dei fem tettstadene tilsvara 31% av folket i dei fire kommunane, av desse budde to tredelar på dei tre tettstadene Årviksand, Skjervøy og Sørkjosen. Kvænangen var den einaste av kommunane i området som i folketeljninga i 1970 ikkje var registrert med tettstad, men det var også ein stigande konsentrasjon av busettinga her særleg om bygdelaget Burfjord.⁷³⁰ Sjølv om det var ein kraftig

⁷²⁶ Nilsen 1990: 49ff.

⁷²⁷ Bjerkli 1995: 32f, 51f f og 71ff.

⁷²⁸ Lillevoll 1982: 274ff.

⁷²⁹ Bjørklund, Drivenes og Gerrard 1994: 308.

⁷³⁰ SSB, Folketeljninga 1950: utskrift av tala på krinsnivå og kart over teljingskrinsane frå SSB, NOS: Folketeljningane 1960 og 1970 kommunehefta for Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen.

vekst i prosentdelen av folket som budde i tettbygde strøk i Nord-Troms, særleg på 1960-talet, var det framleis langt under prosentdelen for fylket og for heile landet. I 1950 budde halvparten av folket i Norge og ein fjerdedel av folket i Troms i tettbygdestrøk. 20 år seinare var det tilfelle for to tredjedelar i heile landet og for halvparten i fylket.⁷³¹

Trass i aukande konsentrasjon av busettinga i alle dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden, er det likevel grunn til peike på at det var to ulike tendensar i området. I Skjervøy og Nordreisa var det ein sterk konsentrasjon av busettinga på dei nemnde tettstadene, i Kåfjord og Kvænangen skjedde derimot konsentrasjonen lokalt i bygdelaga.⁷³² Det var truleg fleire årsakaer til denne forskjellen. I Skjervøy og Nordreisa var det allereie eksisterande tettstader. Da infrastruktur, industri og offentleg sektor blei bygde ut i desse kommunane var det etter den rådande moderniseringspolitikken på 1950- og 1960-talet naturleg å konsentrere utbyggingane om dei eksisterande tettstadene – utbyggingar som la til rette for auka konsentrasjon av busettinga gjennom auka behov for arbeidskraft. I Kåfjord og Kvænangen var det ikkje tettstader å konsentrere utbyggingane om, og utbyggingane av industri, infrastruktur og offentleg sektor skjedde meir spreitt. I Kåfjord kommune var det i tillegg fleire særskilde forhold som spelte inn. For det første var det omlag ingen industri som kunne gje sysselsetting og føre til auka busettingskonsentrasjon.(jf kap. 9) For det andre blei dei med samisk bakgrunn i større grad enn dei med norsk bakgrunn buande i dei perifere områda av kommunen.


Skjervøy kommune - tettstadvekst og fråflytting frå distrikta

Korleis endra busettingsstrukturen seg? Av omsyn til omfanget har eg valt å ta for meg endringa av busettinga særskilt innan Skjervøy kommune. Valet av Skjervøy er gjort ut frå fire kriteria. For det første hadde Skjervøy kommune dei klårt største endringane i busettingsmønstret av Nord-Tromskommunane frå 1950 til 1970. Derfor er det særskilt interessant å sjå kor folk flytta frå, kor dei flytta til og kva som var årsaka til at dei flytta.

⁷³¹ Tjelmeland 1996 (A): 177.

⁷³² SSB, Folketeljinga 1950: utskrift av tala på krinsnivå og kart over teljingskrinsane frå SSB, NOS: Folketeljingane 1960 og 1970 kommunehefta for Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen.

Kart 2. Skjervøy



For det andre fekk tettstaden Skjervøy status som prøvesenter og tilhøva blei særskilt lagde til rette for sentralisering av busettinga.(jf kap. 8) For det tredje på grunn av at Skjervøy var den kommunen i Nord-Troms der den økonomiske moderniseringa hadde vore mest omfattande, men som trass i økonomisk modernisering og relativt låg arbeidsløyse hadde høg utflytting.(jf kap 9) Det siste kriteriet er av kjeldemessig art. Krinsane i folketeljningane var omlag dei same i alle tre folketeljningane i Skjervøy kommune og gjer det såleis mogleg å sjå endringane i busettingsmønstret gjennom heile perioden. I tabell 29 har eg gruppert områda inn etter teljingskrinsane i folketeljninga, geografiske omsyn og etter mest mogleg einsarta utvikling i folketal, sjå også kart 2.

Tabell 29. Endring av busettingsmønstret i Skjervøy kommune 1950 til 1970. ⁷³³

	Krins nr.	1950	1960	1970	Endring 1950-60	Endring 1950-60 i prosent	Endring 1960-70	Endring 1960-70 i prosent
Skjervøy tettstad	1	792	1227	1801	435	59%	574	47%
Årviksand tettstad	2	83	188	346	105	127%	158	84%
Hamneidet, Vorterøy, Kågen og Skjervøya utanom tettstaden	3	558	485	357	-73	-13%	-128	-26%
Vest-Uløy, Rotsund, Rotsundelv, Oksfjord og Straumfjord	4	1755	1834	1604	79	5%	-230	-13%
Arnøy, Laukøy, Uløybukt og Meiland	5	1578	1331	810	-247	-16%	-521	-39%
Til saman		4766	5065	4918	299	6%	-147	-3%

Tettstadene Skjervøy og Årviksand hadde ein svært sterk folkevekst gjennom heile perioden, og folketalet blei meir enn dobla på begge tettstadene frå 1950 til 1970. På øyane utanom tettstaden, på Meiland og Hamneidet blei folketalet omlag halvert frå 1950 til 1970, særleg sterk var nedgangen frå 1960 til 1970. Vest-Uløy og fastlandet utanom Hamneidet og Meiland hadde ein svak vekst i folketalet frå 1950 til 1960. Frå 1960 til 1970 var det ein nedgang også der, men reduksjonen var mindre i desse bygdelaga enn i dei andre perifere områda av kommunen.

Kva var årsaka til den store endringa av busettingsmønstret i Skjervøy kommune? I 1950 vedtok Stortinget å gje flyttebidrag til folk som flytta frå det som blei karakterisert som

“utvær”. Løyvinga av flyttebidrag innebar stopp i nye offentlege investeringar i utværa. (jf kap. 8) Frå 1951 fram til 1970 løyvde Utvær-utvalet i Troms statsstøtte til i alt 151 hushald til flytting frå utvær i Troms, av desse var heile 90 frå dei fire Nord-Tromskommunane.⁷³⁴ Den statsfinansierte fråflyttinga starta allereie på 1950-talet, da seks hushald frå Skjervøy kommune fekk støtte. Men det var først frå 1960 at flyttinga frå utvær skaut fart. I alt fekk 69 hushald frå Skjervøy kommune og 15 frå Kvænangen kommune statsstøtte for flytting frå 1960 til 1970. Alle dei 90 hushalda i dei fire Nord-Tromskommunane fekk, med unnatak av eit tilfelle frå Kvænangen, tilrådd søknaden av kommunestyret.⁷³⁵ Som regel var det små bygdelag og enkeltgardar på verharde og avsidesliggande plassar som fekk støtte. Eit unnatak var, som eg viste i kapittel 8, fråflyttinga frå bygda Meiland i det som da var Skjervøy kommune.

Flyttinga frå utvær kan likevel bare i svært liten grad forklare sentraliseringa av busettinga. For det første oppgav bare 34 av hushalda som fekk statsstøtte til flytting i Skjervøy kommune at dei ønskte å flytte til tettstaden Skjervøy.⁷³⁶ For det andre var veksten på tettstadene Årviksand og Skjervøy langt sterkare enn talet på personar som flytta frå utvær. Brox hevdar at dei fleste som flytta frå utvær i Nord-Norge flytta til bygdelag i nærleiken, Skjervøy kommune var det einaste unnataket, hevdar han: “... *der kommunen satset på å kanalisere flytterne til kommunesentret, gjennom tomtetilbud og forskjellige former for subsidiert service.*”⁷³⁷ Her er det grunn til å peike på at kanaliseringa av flyttinga til tettstaden Skjervøy først kom i siste halvdel av 1960-talet. Sentraliseringa av busettinga hadde vore sterk allereie før tettstaden Skjervøy blei peika ut som prøvesenter og forholda blei lagde til rette for tilflytting. Det er grunn til å merke seg at folk sjølv kunne velje kor dei ønskte å flytte. Skjervøy kommunestyre peika nettopp på valfridomen til å flytte og å bu kor folk sjølv ønskte i samband med fleire saker om fråflytting frå utvær. Til dømes ønskte bare halvparten av dei 15 som fekk statsstøtte til fråflytting etter 1965 i Skjervøy kommune å flytte til tettstaden Skjervøy.⁷³⁸ Verken den statsfinansierte fråflyttinga eller utpeikinga av tettstaden Skjervøy kan

⁷³³ Ibid: Meiland blei i 1965 overført til Kvænangen kommune, det budde da 12 personar i krinsen og i 1970 var alle fråflytta.

⁷³⁴ SiTø, Fit, Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær, protokoll nr. 118-120.

⁷³⁵ Ibid.

⁷³⁶ Ibid.

⁷³⁷ Brox 1984: 62.

⁷³⁸ SiTø, Fit, Utbyggingsavdelinga, Utvalet for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå utvær, protokoll nr. 120.

aleine forklare den sterke sentraliseringa av busettinga, sjølv om ein må ta høgde for at statusen som prøvesenter og den statsfinansierte fråflyttinga kan ha forsterka sentraliseringa.

For å forklare sentraliseringa av busettinga må ein søke andre forklaringar. Samfunnsforskaren Ståle Seierstad hevdar at det i heile etterkrigstida har vore eit overskot av folk i dei perifere områda i Nord-Norge som har ønskt å flytte inn til tettstadene og byane, og at fråflyttinga frå distrikta har vore regulert av tilgangen på arbeidsplassar på tettstadene og i byane.⁷³⁹ Ottar Brox har i større grad fokusert på den økonomiske tilpassinga til dei som flytta frå bygdelaga for å forklare fråflytting, og hevdar at dei som flytta inn til tettstadene var dei som i liten grad deltok i utnyttinga av dei lokale ressursane, og av den grunn var lite sjølvforsynte.⁷⁴⁰ Årsaka til den sterke sentraliseringa av busettinga hevdar Brox først og fremst var at ungdom ikkje busette seg på avsidesliggande plassar, men flytta inn til tettstadene eller søkte ut av kommunen.⁷⁴¹ Ein stor del av folkeveksten på tettstaden Skjervøy kom av tilflytting, og da særleg av ungdom frå mindre bygdelag i området. Som Brox heilt rett har peika på, var det rasjonelle val som var årsaka til at folk i dei perifere områda av Skjervøy kommune i så stor grad flytta til tettstadene Skjervøy og Årviksand. Desse valde etter ei vurdering av dei totale levevilkåra, der faktorar som tilgang og tilbod om arbeid, inntekt, skole, kommunikasjon og velferd blei vurderte – val som indirekte var påverka av styresmaktene sitt syn på busettinga i dei perifere områda.⁷⁴² Til dømes var utbygginga av infrastruktur, industri og av offentleg sektor særleg på tettstadene eit resultat av politiske prioriteringar som mellom anna tok omsyn til dei sentrale styresmaktene sitt ønske om ei meir sentralisert busetting.

10.3 Etterkrigstida - eit kulturskifte i Nord-Troms?

Denne framstillinga har i svært stor grad konsentrert seg om den næringsøkonomiske utviklinga og strukturelle forhold knytt til ønska og krava om økonomisk modernisering i Nord-Troms. Ein konsekvens av dette har vore at forhold relatert til kultur, religion og etnisitet i svært liten grad har vore drøfta. Ei slik prioritering kan med rette kritiseras for ikkje å ta omsyn til det gjensidige forholdet mellom desse tilhøva. Skal ein kunne forklare det

⁷³⁹ Lundestad 1993: 304f.

⁷⁴⁰ Brox 1984: 64f.

⁷⁴¹ Ibid: 74.

⁷⁴² Ibid.

særeigne og det allmenne med moderniseringsprosessen i Nord-Troms, må ein også ta omsyn til endringane i dei kulturelle strukturane, og korleis dei innverka på den økonomiske moderniseringsprosessen.(jf kap. 1)

For Arbeidarpartiet var det etter krigen eit viktig mål å sikre det store fleirtalet økonomisk og sosialt. På mange måtar kan ein sjå det som bakgrunnen for vekst- og industrialiseingsideologien til partiet. Å sikre fleirtalet økonomisk og sosialt gjekk mellom anna ut på å nedkjempe klassekonfliktar og sosiale forskjellar, og å føre folk saman i eit mest mogleg homogent nasjonalt fellesskap.⁷⁴³ For å realisere ønsket om eit nasjonalt fellesskap, og for å utjamne dei økonomiske, sosiale og regionale forskjellane, blei velferdspolitikken eit viktig virkemiddel.⁷⁴⁴ I Nord-Troms, som i resten av landet, blei trygdeordningane og omsorgs- og skolesektoren bygd ut. Målet var at alle skulle ha dei same rettane til samfunnsgoda - uavhengig økonomisk, sosial eller etnisk bakgrunn. Til grunn for velferdspolitikken låg ein sterkt fundamentert likskapsideologi i arbeidarrørsla, også i Nord-Troms.⁷⁴⁵ Klarast kom likskapsideologien til uttrykk i skolen. Innføringa av felles skoleplan og felles skolelov for by og bygd, 9-årig skole og omfattande bygging av internatskular var eit resultat av ønsket om at alle skulle lære det same gjennom eit standardisert og einskapleg skoleverk. Alle skulle vere norske, snakke norsk og ta del i den moderne industrialiserte kulturen gjennom vekeblad, bygdekino, radio og på slutten av 1960-talet også gjennom nasjonalt fjernsyn. I det homogene nasjonale kulturfellesskapet, som folk i Nord-Troms i stadig sterkare grad blei ein del av, var det lite rom for å markere dei etniske forskjellane og kulturelle særdraga på 1940-, 1950- og 1960-talet.⁷⁴⁶

I kapittel 2 viste eg at Nord-Troms i utgangspunktet var eit område med rikt etnisk mangfald. Likevel oppgav heile 98,7% at norsk var det einaste språket som til dagleg blei nytta i heimen ved folketeljinga i 1950. Det stemte dårleg med biletet som folketeljinga frå 1930 gav, sjølv om kriteria da også omfatta opphav. Rekna ut frå språk i heimen og opphav var omlag 54% av folket i dei fire Nord-Tromskommunane norske, omlag 12% kvenar, omlag 24% var samar og omlag 10% kom frå fleiretniske heimar i 1930. Bjørklund har tolka dette som eit uttrykk for at samane og kvenane var fornorska og assimilerte inn i den norske folkegruppa, og legg sterk

⁷⁴³ Drivenes og Jernsletten 1994: 260f.

⁷⁴⁴ Tjelmeland 1996 (A): 571.

⁷⁴⁵ Bjørklund 1985: 395 og Sundelin 1998: 37f.

⁷⁴⁶ Sundelin 1998: 37f.

vekt på at fornorskinga var eit resultat av press frå dei sentrale styresmaktene.(jf kap.2) Men, det er også mogleg å sjå etnisitet som eit spørsmål om val av identitet som er rasjonelt grunngeve, og såleis foranderleg, flytande og motsetningsfylt. I ein slik forståingshorisont er etnisitet ikkje bare eit spørsmål om språk, opphav, fornorsking og assimilasjon, men også eit spørsmål om val av eigen identitet i ulike situasjonar. At det i heimen blei snakka samisk, kvensk eller begge delar var ein privatsak, og ikkje einstyddande med at dei ikkje var norske. Dei var kvenar og samar, men også nordmenn. Eitt trekk ved eit moderne pluralistisk samfunn er nettopp at ein har fleire identitetar å velje mellom.⁷⁴⁷ Gjennom heile etterkrigstida var etnisitet eit ikkje-tema både i Nord-Troms og for dei sentrale styresmaktene, til dømes blei det ikkje spurt etter etnisitet i folketeljinga i 1960. I folketeljinga i 1970 blei folk igjen spurt om dette. Korleis folk i Nord-Troms svarte går fram av tabell 30.

At folk i Nord-Troms hadde fleire etniske identitetar å velje mellom kjem klart til uttrykk i folketeljinga frå 1970. Teljinga tok bare høgde for samisk og norsk etnisitet, og tar ikkje for seg den kvenske folkegruppa. Folk blei da spurde om eige, foreldra og besteforeldra sitt morsmål, i tillegg blei det spurt om dei sjølv rekna seg for same.

Tabell 30. Samisk tilknytning og språk i dei fire Nord-Tromskommunane i 1970 i prosent av kommunane si totale folkemengd.⁷⁴⁸

	Har sjølv samisk som morsmål	Minst ein av foreldra hadde samisk som morsmål	Minst ein av besteforeldra hadde samisk som morsmål	Reknar seg sjølv som same	
				Ja	Ikkje sikker
Kåfjord	13,9%	40,9%	57,5%	4,7%	12,7%
Skjervøy	0,4%	1,5%	3,0%	0,1%	0,7%
Nordreisa	0,0%	0,3%	0,5%	0,0%	0,1%
Kvænangen	5,1%	13,3%	18,5%	1,1%	3,3%
Nord-Troms	5,6%	16,5%	23,5%	1,8%	5,0%

Av dei heimehøyrande i Nord-Troms oppgav 6% samisk som morsmål, men bare 2% rekna seg sjølv som samar. At ein av tjue ikkje var sikre på om dei var samar vitnar om at identitet også er eit spørsmål om val. I etterkrigstida blei det rådande biletet av det samiske i stadig

⁷⁴⁷ Fulsås 1997: 208.

⁷⁴⁸ Aubert 1978: 27, teljinga omfattar alle krinsane i Kåfjord, Skjervøy og Kvænangen. I Nordreisa omfatta teljinga bare krinsane Storvik og Bakkeby.

sterkare grad knytt til dei som dreiv reindrift.⁷⁴⁹ Det var eit bilete som i liten grad korresponderte med det biletet som sjøsamane i Nord-Troms hadde av seg sjølve. Når så mange valte ein norsk identitet, var det dels eit resultat av fornorskingspresset, dels eit uttrykk for at dei hadde fjerna seg frå det samiske, men også eit uttrykk for at det rådande biletet av det samiske ikkje passa med deira eige bilete av seg sjølv.

På mange vis var situasjonen enda vanskelegare for kvenane enn den var for sjøsamane i Nord-Troms. Dei var usynlege i den offentlege debatten og dei blei ikkje rekna som eiga folkegruppe slik som samane, og var i enda sterkare grad enn samane utsett for fornorskingspolitikken i etterkrigstida. Utan aksept frå storsamfunnet eller frå lokalsamfunnet for si eiga folkegruppe var det vanskeleg for kvenane å ha noe å knytte sin kvenske identitet til.⁷⁵⁰ Om det var eit rasjonelt val samane og kvenane i Nord-Troms gjorde er ikkje visst, men det er uansett ikkje tvil om at den omfattande fornorskingspolitikken var ei viktig årsak til at så mange av dei tok ein norsk identitet etter krigen. Mange samar og kvenar i Nord-Troms støtta opp om Arbeidarpartiet sin likskapsideologi på 1950- og 1960-talet. I deira auge var den etniske pluralismen som hadde rådd før 1940 knytt til fatigdom og naud. Økonomisk utvikling og betra levestandard føresette tileigning av norsk språk og kultur, for å få del i velstanden var dei villige til å gå bort frå eigen kultur og eige språk.⁷⁵¹

Sosialantropologen Ivar Bjørklund har i *Fjordfolket i Kvænangen* karakterisert dei kulturelle endringane i Kvænangen i etterkrigstida som eit kulturskifte.⁷⁵² Han hevdar at det var siste del av ein prosess som hadde vart i 200 år, med medvetne økonomiske og politiske tiltak frå dei sentrale styresmaktene for å fornorske samane og kvenane inn i det nasjonale fellesskapet. (jf kap. 2) Bjørklund hevdar at resultatet av kulturskiftet var at mange av dei synlege kulturelle markørane som kjenneteikna sjøsamisk og kvensk kultur, som bustad, klede og språk, blei mindre synlege. Til dømes blei samisk og kvensk bare snakka i heimen når nordmenn ikkje var til stades.⁷⁵³ Men det tyder likevel ikkje at den sjøsamiske og kvenske kulturen blei heilt borte, og at forskjellane mellom folkegruppene ikkje blei markerte. Tradisjonelt hadde læstadianismen i Nord-Troms vore ein felles arena for kvenar og samar, og fungert såleis som

⁷⁴⁹ Tjelmeland 1996 (A): 573.

⁷⁵⁰ Sundelin 1998: 37f.

⁷⁵¹ Ibid.

⁷⁵² Bjørklund 1985: 403.

⁷⁵³ Drivenes og Jernsletten 1994: 258f.

ein etnisk markør. Det var ikkje tilfeldig at læstadianismen også i etterkrigstida stod sterkest i Kåfjord og Kvæningen, som var dei kommunane i Nord-Troms der flest hadde samisk og kvensk bakgrunn. Studiar frå Kvæningen og Ullsfjord har vist at det etter krigen var eit samanfall mellom fornorskinga og bortfallet av samisk og kvensk i forkynninga i dei læstadianske forsamlingane. (jf kap 2) Kvensk blei til dømes nytta for siste gong i den læstadianske forkynninga i Kvæningen i 1958, etter det blei norsk nytta.⁷⁵⁴ I Kåfjord, derimot, blei samisk nytta, som oftast parallelt med norsk gjennom heile perioden.⁷⁵⁵ Det religiøse innhaldet i læstadianismen har heile tida vore det viktigaste, og det er ingenting som tyder på at læstadianarane sjølve såg rørsle som eit ideologisk forsvar for samisk og kvensk kultur i etterkrigstida. Likevel har truleg Hallvard Tjelmeland rett når han hevdar at læstadianismen i etterkrigstida hadde ein indirekte etnisk funksjon.⁷⁵⁶ Like sterk som den etniske dimensjonen i læstadianismen var den sosiale dimensjonen. Som sosial arena styrkte læstadianarforsamlingane det sosiale samhaldet og bidrog til sjølvhevdning i forhold til samfunnet omkring. Om forkynninga endra språkdrakt, så endra ikkje det religiøse innhaldet i læstadianismen seg etter krigen. Framleis var tolkinga av kristendomen konservativ og pietistisk, med sterke trekk av antimodernisme på det kulturelle området.⁷⁵⁷ Til dømes gjekk Kåfjord sokneråd i 1966 og i 1967 mot forslaget om kommunen som eige prestegjeld, av frykt for at soknet kunne få kvinneleg prest.⁷⁵⁸ Årsaka til vedtaket var at Ingrid Bjørkås som første kvinne var vigsla til sokneprest i Torsken kommune på Senja i 1966. Kommunestyret gjekk etter fleire handsamingar likevel inn for kommunen som eige prestegjeld.⁷⁵⁹

Kåfjord var den minst industrialiserte kommunen på austsida av Lyngenfjorden i 1970. I kor stor grad kan etnisitet og læstadianisme forklare manglande industrialisering i Kåfjord? Om læstadianismen var antimodernistisk på det kulturelle området, var rørsle ikkje prega av antimodernisme i næringsøkonomiske forhold. Til dømes var ønska og krava om modernisering og industrialisering frå Kåfjord like krava som kom frå dei andre Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden. Studiar av fleire læstadianske områda i Troms og Finnmark har vist korleis læstadianarane har vore industrientreprenørar som har

⁷⁵⁴ Bjørklund 1985: 404.

⁷⁵⁵ Steinlien 1984: 133.

⁷⁵⁶ Tjelmeland 1996 (A): 572.

⁷⁵⁷ Ibid: 572f.

⁷⁵⁸ SiTø, Fit, Kåfjord kommunestyre sak 112 1966 og sak 64 1967 og Kåfjord formannskap sak 23 og 89 1967.

⁷⁵⁹ SiTø, Fit, Kåfjord kommunestyre sak 64 1967.

akkumulert kapital og investert i produksjonsutstyr.⁷⁶⁰ Til dømes har Ragnar Nilsen vist korleis det på Furuflyten, ei sjøsamisk / læstadiansk bygd på vestsida av Lyngenfjorden, blei etablert ei rekke industriverksemder knytt til produksjon av byggeprodukt i etterkrigstida.⁷⁶¹ At folk med samisk bakgrunn i større grad enn dei med norsk bakgrunn blei buande i dei perifere områda av kommunen og heldt fast med kombinasjonsdrifta var eit resultat av manglande industrialisering, ikkje ei årsak til det. Men ein skal likevel ikkje sjå bort ifrå at manglande og dårleg kjennskap til norsk språk og kultur kan ha ført til at dei med samisk og kvensk bakgrunn i mindre grad enn dei med norsk bakgrunn klarte å nytte dei økonomiske særtiltaka dei sentrale styresmaktene hadde lagt til rette for. På den andre sida hadde mange fått erfaring med norsk administrasjon gjennom kontakten med styresmaktene i samband med gjenreisinga.

Årsaka til manglande industrialisering og modernisering i Kåfjord hadde samnheng med føresetnadene for industrialisering i heile Nord-Tromsområdet aust for Lyngenfjorden, og var truleg ikkje eit resultat av manglande vilje eller etniske, religiøse eller kulturelle faktorar i Kåfjord. Geografi, lågt folketal, spreitt busetting, næringsøkonomisk tilpassing, dårleg utbygd infrastruktur, mangel på kapital og til dels også mangel på eksisterande industri gav heile området eit svært dårleg utgangspunkt med tanke på rask industrialisering. Når Nord-Troms likevel var på god veg inn i det industrialiserte Norge i 1970, var det eit resultat av at ønska innanfrå om industrialisering i stor grad var samanfallande med ønska til dei sentrale styresmaktene. Dette var ei utvikling som ikkje hadde vore mogleg utan planar, fond, tiltaksmidlar og offentlege utbyggingar finansierte av dei sentrale styresmaktene. Veksten i industrien i Nord-Troms var hovudsakleg knytt til skiferproduksjon og sørvis- og foredlingsindustri knytt til primærnæringane, og da særleg fiskeria. Dette var verksemder som Kåfjord kommune i utgangspunktet mangla tradisjon for og i mindre grad enn nabokommunane hadde naturgrunnlag for å utvikle. I tillegg mangla kommunen andre fordelar, til dømes eit stort kraftoverskot eller særleg gunstig lokalisering, som kunne ha gjeve Kåfjord eit føretrinn i samband med etablering av industri.

⁷⁶⁰ Tjelmeland 1996 (A): 198 og 572 og Sundelin 1998 (B): 111f.

⁷⁶¹ Nilsen 1990: 43.

10.4 Framleis Arbeidarparti bastion, men gryande moderniseringskritikk

Frå 1945 og fram til hausten 1965 hadde Arbeidarpartiet på det nærmaste samanhengande regjeringsmakt i Norge. Partiet har gjennom heile etterkrigstida vore den fremste pådrivaren for modernisering og økonomisk vekst i Norge: Gjennom rasjonalisering av primærnæringane, auka yrkesspesialisering, industrialisering og sentralisering skulle velferdssamfunnet byggast. Trua på framsteget stod sentralt i Arbeidarpartiet sin ideologi, og var knytt til ein udiskutabel industrialiserings- og vekstoptimisme.⁷⁶² Ein optimisme som mellom anna kom til uttrykk i alle dei statlege planane for industrialisering og næringsøkonomisk modernisering av Nord-Troms og Nord-Norge i perioden.(jf kap. 3-6 og 8) I kor stor grad hadde den rådande moderniserings- og industrialiseringspolitikken til Arbeidarpartiet støtte frå folk i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden?

Tabell 31. Oppslutning om Arbeidarpartiet (DNA), Norges Kommunistiske Parti (NKP) og dei borgarlege partia i fellesskap ved stortingsvala i 1945, 1949, 1953 og 1957 i Nord-Troms, Troms og heile landet, alle tal i prosent.⁷⁶³

	DNA				NKP				Borgarlege			
	1945	1949	1953	1957	1945	1949	1953	1957	1945	1949	1953	1957
Kåfjord	5,4	75,2	54,7	54,1	17,0	9,1	13,5	10,3	7,4	15,3	31,9	35,5
Skjervøy	7,4	70,9	61,7	60,9	4,0	2,5	4,7	3,7	18,6	26,4	33,6	34,5
Nordreisa	5,6	67,3	60,8	58,2	25,7	12,6	13,4	11,0	15,1	19,4	25,8	30,3
Kvænangen	0,2	57,3	54,4	56,5	4,9	6,2	5,5	2,6	24,9	36,3	40,2	40,2
Nord-Troms	3,2	68,4	58,6	58,0	12,2	6,8	8,3	6,5	14,5	24,1	32,9	35,1
Troms	4,4	58,0	55,1	54,8	13,1	5,2	5,8	3,1	29,4	34,4	39,1	41,4
Heile landet	1,0	45,7	46,7	48,3	11,9	5,8	5,1	3,4	46,7	41,7	47,7	45,2

Som det går fram av tabell 31 og 32 hadde Arbeidarpartiet ei oppslutning på over 50% ved alle stortingsvala i perioden frå 1945 til og med 1969 i dei fire kommunane. Ved alle vala var oppslutninga om partiet høgare i Nord-Troms enn det var i heile fylket, i landsdelen og i heile landet.⁷⁶⁴ Nord-Troms stadfesta i etterkrigstida posisjonen som bastion for Arbeidarpartiet. Det kom også til uttrykk ved kommunevala på 1950- og 1960-talet. Partiet hadde da omlag halvparten av representantane i kommunestyra og dei fleste ordførarane i dei fire kommunane.⁷⁶⁵

⁷⁶² Fulsås 1996: 61f.

⁷⁶³ NOS: Stortingsval 1945-1957.

⁷⁶³ NOS: Stortingsval 1945-1969.

⁷⁶⁴ NOS: Stortingsval 1945-1969 og Drivenes og Tjelmeland 1997: 52.

⁷⁶⁵ NOS: Kommuneval 1947-1971.

Tabell 32. Oppslutning om Arbeidarpartiet (DNA), Senterpartiet (SP), Norges Kommunistiske Parti (NKP) og Sosialistisk Folkeparti (SF) ved stortingsvala i 1961, 1965 og 1969 i Nord-Troms, Troms og heile landet, alle tal i prosent.⁷⁶⁶

	DNA			SP			NKP			SF		
	1961	1965	1969	1961	1965	1969	1961	1965	1969	1961	1965	1969
Kåfjord	50,3	48,7	57,4	13,4	14,8	18,2	8,1	3,7	1,7	-	9,4	5,7
Skjervøy	60,6	54,8	66,2	7,8	10,2	10,1	3,7	1,1	0,2	-	5,1	3,9
Nordreisa	56,6	49,4	58,4	8,4	14,4	11,3	8,2	3,3	0,8	-	6,7	7,0
Kvænangen	56,1	51,2	62,7	6,9	8,1	11,2	3,5	1,3	0,3	-	7,0	5,3
Nord-Troms	56,4	51,6	61,5	9,1	11,8	12,5	5,7	2,3	0,7	-	6,8	4,7
Troms	54,4	48,6	55,5	8,0	13,6	9,7	2,7	1,2	0,7	-	5,3	3,9
Heile landet	46,8	43,1	46,5	6,8	9,9	9,0	2,9	1,4	1,0	2,4	6,0	3,4

Stortingsvalet i 1965 var det til da dårlegaste valet for Arbeidarpartiet i heile etterkrigstida både i Nord-Troms, der partiet fekk ei oppslutning på i underkant av 52%, og i heile landet. Resultatet var regjeringsskifte, og ei borgarleg firepartiregjering tok over under leiing av Per Borten frå Senterpartiet. Regjeringa sat til 1971 og vidareførte i stor grad den politikken Arbeidarpartiet hadde ført gjennom heile etterkrigstida.⁷⁶⁷

Etter å ha lansert ein ny Nord-Norgeoffensiv kom Arbeidarpartiet sterkt tilbake ved stortingsvalet i 1969 og fekk i overkant av 61% av røystene i dei fire kommunane, det beste resultatet i området sidan 1949.⁷⁶⁸ Som det går fram av tabell 32 hadde Arbeidarpartiet gjennom heile 1960-talet den høgaste oppslutninga i Nord-Troms i Skjervøy og Kvænangen. Det er verd å merke seg at dette var dei kommunane på austsida av Lyngenfjorden der moderniseringspolitikken hadde ført til dei største endringane i form av fråflytting, sentralisering og industrialisering, men også til avhengigheit av at veksten i industrien heldt fram.

Kva var årsak til den særleg store oppslutninga om Arbeidarpartiet gjennom heile 1950- og 1960-talet i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden? Bakgrunnen var tradisjonen frå fiskarbondesosialismen på starten av hundreåret og erfaringane frå den økonomiske krisa på 1930-talet. (jf kap. 2) Frykta for ei ny økonomisk krise var sterk i Nord-

⁷⁶⁶ NOS: Stortingsval 1961-1969. I 1969 stilte KrF og SP i Troms fellesliste, for heile landet er det prosentdelen røyster på partiet aleine. SF stilte ikkje til val i Troms i 1961.

⁷⁶⁶ NOS: Stortingsval 1945-1969.

⁷⁶⁷ Furre 1993: 332ff.

⁷⁶⁸ NOS: Stortingsval 1945-1969 og Drivenes og Tjelmeland 1997: 55.

Troms dei første åra etter krigen.(jf kap. 3) Når oppslutninga om Arbeidarpartiet heldt seg så høg gjennom heile perioden, var det først og fremst på grunn av at partiet blei rekna som best eigna til å løyse dei særeigne næringsøkonomiske problema i Nord-Troms, slik at den økonomiske veksten og velstandsveksten heldt fram. Det var med andre ord stor oppslutning om partiet sin moderniserings- og industrialiseringsideologi og dei ulike tiltaka for å fremme økonomisk vekst i området på 1950- og 1960-talet.⁷⁶⁹ At industrialiseringsforkjemparen og “kraftsosialisten” Nils Jacobsen, gjennom heile perioden ein av Arbeidarpartiet sine stortingsrepresentantar frå Troms (jf kap. 3), var frå Skjervøy styrkte truleg også partiet sin posisjon i området, og da særleg i Skjervøy kommune.

Men det var sterke politiske spenningar i moderniseringsprosessen, også i Arbeidarpartiet. Til dømes var ønska om modernisering og økonomisk utvikling frå folk i Nord-Troms ikkje alltid samanfallande med ønska til dei sentrale ideologane i Arbeidarpartiet. Korleis er det mogleg å forklare oppslutninga om partiet trass i spenninga mellom ønska nedanfrå og ovanfrå om modernisering? Her må ein mellom anna sjå på organisasjonskulturen i arbeidarrørsla. Arbeidarpartiet hadde allereie før 1940 bygd opp eit svært godt organisasjonsapparat, både i form av lokallag av partiet og gjennom arbeidarrørsla. I Arbeidarpartiet var det ein sterk kultur knytt til det å stå samla fram, sjølv om ein på partimøta stod steilt mot kvarandre. Slik kom motsetningane i partiet fram og blei drøfta, på same tid som partiet kunne framstå samla og einskapleg.⁷⁷⁰ Motsetninga mellom den sentrale leiinga av partiet og veljarane i Nord-Troms var ikkje eit særsyn, dei same motsetnadene fann ein i heile partiet, til og med i stortingsgruppa. Det var med andre ord eit parti som både kunne romme dei som ønskte modernisering gjennom industrialisering og dei som ønskte modernisering gjennom styrking av bygdenæringane på småbrukarane og kystfiskarane sine premissar.⁷⁷¹ Spenningane innan partiet og borgarlege opposisjonens motstand mot einseitig satsing på industri førte til at Arbeidarpartiet ikkje førte ein konsekvent industrialiseringspolitikk. Det blei gjort tilpassingar og ordningar som indirekte gjekk mot dei overordna måla om industrialisering og sentralisering, og som styrkte bygdenæringane og busettinga i distrikta.⁷⁷² Det beste dømet, men langt frå det einaste, er Nord-Tromsplanen, som nettopp tok sikte på å betre

⁷⁶⁹ Drivenes og Tjelmeland 1997: 52ff.

⁷⁷⁰ John Steffensen, f. 1919, Skjervøy, intervju av Ketil Zachariassen 26/3 1996.

⁷⁷¹ Bergh 1987: 177f, Holm 1996: 124f og Drivenes og Tjelmeland 1997: 56f.

⁷⁷² Drivenes og Tjelmeland 1997:57.

føresetnadene for primærnæringane gjennom utbygging av vegar, hamner og elektrisk kraft i utkantane.(jf kap. 5)

Med over 50% oppslutning i Nord-Troms ved alle stortingsvala i perioden frå 1945 til 1969 er det ikkje tvil om at Arbeidarpartiet hadde mandat frå området til å gjennomføre industrialiserings- og moderniseringspolitikken på 1950- og 1960-talet. Men på slutten av 1960-talet var det fleire og fleire som byrja å stille spørsmål med konsekvensane av den rådande moderniseringsideologien, også i Nord-Troms.(jf kap. 8) Kritikken av sentraliserings- og industrialiseringspolitikken fekk for alvor gjennomslag på 1970-talet, og det førte til at partiet mista sitt politiske hegemoni i Nord-Troms, så vel som i heile landsdelen.⁷⁷³ I Nord-Troms var det særleg kritikken frå dei radikale på venstresida som fekk gjennomslag, og som vi skal sjå, hadde denne radikalismen lange røter i området.

Radikalisme og moderniseringskritikk

Eit særtrekk ved Nord-Troms var den høge oppslutninga om Norges Kommunistiske Parti etter krigen. Med unntak av stortingsvalet i 1969 hadde partiet ei høgare oppslutning i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden enn i heile fylket og heile landet. Som det går fram av tabell 31 og 32 var partiet særleg sterkt i Kåfjord og Nordreisa på 1960-talet, det same var tilfellet på 1940- og 1950-talet. I Skjervøy og Kvænangen var oppslutninga derimot omlag på gjennomsnittet for fylket og for heile landet i same periode. Mot slutten av 1960-talet blei Norges Kommunistiske Parti radert ut i Nord-Troms, som i resten av landet. Dels var det eit resultat av at Arbeidarpartiet brukte store ressursar på å knekke partiet, dels partiet si ukritiske haldning til Sovjetunionen og dels var det eit resultat av at det hadde kome eit nytt parti på venstresida i norsk politikk – Sosialistisk Folkeparti.⁷⁷⁴ Oppslutninga om Norges Kommunistiske Parti i Nord-Troms har vore knytt til omgrepet “ødemarkskommunisme”, som refererer til kombinasjonen mellom økonomisk tradisjonisme og politisk radikalisme.(jf kap. 2) Om radikalismen var eit uttrykk for industrialiserings- og sentraliseringskritikk på 1950- og byrjinga av 1960-talet er heller tvilsamt. Ut frå det kjeldematerialet eg har nytta har eg ikkje funne noe som tyder på det, men ein skal sjølvsagt ikkje sjå bort ifrå at den høge oppslutninga var eit utslag av ønske om å styrke dei små einingane i primærnæringane.

⁷⁷³ Ibid: 58ff.

⁷⁷⁴ Ibid: 57f.

På 1960-talet auka fråflyttinga frå distrikta så raskt at mange følte bygdenæringane og den desentraliserte busettinga var i fare, og det voks fram ein gryande motstand mot den rådande moderniserings- og sentraliseringsideologien. Ein motstand som for alvor skulle kome til overflata på 1970-talet, mellom anna i samband med EF- valet i 1972.⁷⁷⁵ På 1960-talet kom motstanden først frå Senterpartiet, seinare og langt skarpere frå Sosialistisk Folkeparti. Senterpartiet hadde gjennom heile etterkrigstida vore kritisk til Arbeidarpartiet si ein-sidede satsing på industrialisering. Det kom mellom anna til uttrykk i samband med utforminga av Nord-Norgeplanen og seinare i samband med utforminga av prøve- og vekstsenterpolitikken, da partiet markerte sterk motstand mot den rådande sentraliseringspolitikken til Arbeidarpartiet.⁷⁷⁶ Senterpartiet stilte første gang liste i Troms ved stortingsvalet i 1957 og fekk da 5,7% av røystene i Nord-Troms.⁷⁷⁷ Av tabell 32 går det fram at partiet auka oppslutninga utover 1960-talet og partiet fekk i 1969, etter å ha stilt felleliste med Kristeleg Folkeparti, 12,5% av røystene. Særleg sterkt stod Senterpartiet i Kåfjord, der hadde dei over 13% av røystene ved alle tre stortingsvala på 1960-talet.

I 1961 blei Sosialistisk Folkeparti skipa av tidlegare medlemmar av Arbeidarpartiet, etter usemje om trygging- og utanrikspolitikken. Utover 1960-talet auka avstanden til Arbeidarpartiet også i innanrikspolitiske spørsmål. Etter fleire år med debatt innan partiet, vedtok Sosialistisk Folkeparti i 1967 eit nytt distriktspolitisk partiprogram. Programmet var eit forsvar for bygdenæringane og busettinga i distrikta, og sterkt prega av antikapitalistiske haldningar og motstand mot den rådande sentraliserings-, industrialiserings- og moderniseringspolitikken.(jf kap. 8) På same tid blei det også i Nord-Troms reist spørsmål ved den rådande moderniserings- og sentraliseringspolitikken.(jf kap 8)

I kor stor grad fekk Sosialistisk Folkeparti, som var det partiet som sterkast målbar denne kritikken, auka oppslutning ved stortingsvala? Sosialistisk Folkeparti stilte liste ved stortingsvalet i Troms for første gong i 1965. Av tabell 32 går det fram at partiet da fekk 6,8% av røystene i dei fire Nord-Tromskommunane på austsida av Lyngenfjorden, mot 5,3% av røystene i heile fylket. I 1969 blei Sosialistisk Folkeparti splitta som eit resultat av at ungdomsorganisasjonen til partiet hadde brote ut for å førebu skipinga av eit revolusjonært

⁷⁷⁵ Ibid: 59.

⁷⁷⁶ Veiåker 1974: 37 og Paulsen 1982: 25.

parti.⁷⁷⁸ Resultatet av splittinga var at partiet mista oppslutning i heile landet ved stortingsvalet same år. Partiet gjekk også tilbake i Nord-Troms, men oppslutninga var framleis høgare der enn i resten av fylket og i resten av landet.

Einar-Arne Drivenes og Hallvard Tjelmeland har hevda at Sosialistisk Folkeparti fekk stor tilslutnad frå dei same områda, og truleg også dei same sosiale gruppene, som tidlegare hadde røysta på Norges Kommunistiske Parti.⁷⁷⁹ I kor stor grad er det ein slik samanheng i Nord-Troms? Både ved valet i 1965 og i 1969 var oppslutninga om Sosialistisk Folkeparti stor i Kåfjord, Nordreisa og Kvænangen. Særleg sterk var den i Kåfjord i 1965 og i Nordreisa i 1969, begge kommunar som tidlegare hadde hatt stor oppslutning om Norges Kommunistiske Parti. Til dømes gjekk oppslutninga om Sosialistisk Folkeparti fram med 0,3 prosentpoeng i Nordreisa frå 1965 til 1969, mens partiet elles hadde ein sterk tilbakegang. Det er påfallande at Sosialistisk Folkeparti hadde størst oppslutning i dei kommunane der Norges Kommunistiske Parti tidlegare stod sterkast. I kor stor grad oppslutninga om Sosialistisk Folkeparti i Nord-Troms hadde direkte samband med kritikken av moderniseringspolitikken er vanskeleg å måle, men truleg var det ein samanheng. Den aukande oppslutninga om Senterpartiet og Sosialistisk Folkeparti i Nord-Troms på 1960-talet peikar framover mot 1970-talet, da desse parti for alvor fekk auka oppslutning i Nord-Troms. Gjennomslaget hang saman med EF-strid og framveksten av den raud-grøne bølga, der mellom anna sjølvråderett, livskvalitet og kåra for bygdenæringane blei sette opp mot den rådande vekstoptimismen og sentraliserings- og industrialiseringspolitikken.

⁷⁷⁷ NOS: Stortingsval 1957.

⁷⁷⁸ Furre 1993: 409.

⁷⁷⁹ Drivenes og Tjelmeland 1997: 58.

Kapittel 11. Førestellingar, drivkrefter og spenningar

Førestillinga av Nord-Norge som problem og av omstillinga i landsdelen som eit resultat av at krefter utanfrå dreiv modernisering fram, er og har vore sterk. I eit slikt perspektiv har folk i Nord-Norge enten vore framstilt som passive mottakarar, som kravstore med forventningar om at staten skal løyse alle problem eller som bremseklossar; mest opptatt av å finne motførestellingar. (jf kap. 1) Petter Arbo har i artikkelen “Alternative Nord-Norge-bilder” peika på behovet for å skape nye Nord-Norgebilete for å løyse dei utfordringane landsdelen står framfor.⁷⁸⁰ Det same biletet har i ei avgrensa og utretert utgåve vore nytta på Nord-Troms, og like stort er behovet for eit nytt Nord-Tromsbilete for framtida. Å lage eit alternativt bilete av dagens Nord-Troms er utanfor rammene til denne oppgåva. Eg vil her nøye meg med å gje eit oversyn av bakgrunnen for førestillinga av Nord-Troms som problem, av resultatet av moderniseringsprosessen i Nord-Troms i perioden frå 1945 til 1970 og av drivkreftene i denne prosessen.

Moderniseringsprosessen i Nord-Troms og i Nord-Norge i perioden hadde ei klar retning – i form av rasjonalisering av primærnæringane, industrialisering, vekst i offentlege sektor, sentralisering og homogenisering – men det var også ein prosess med spenningar, motsetningar, ambivalens, seige strukturar og vedvarande utakt. Det kom til uttrykk på alle nivå; økonomisk, politisk og kulturelt både innan området, og mellom området og samfunnet rundt. På mange vis er moderniseringsprosessen i Nord-Troms både ei eksemplifisering og ein ekstremvariant av den allmenne moderniseringsprosessen i Nord-Norge, og forhåpentlegvis kan denne oppgåva vere eit bidrag til å skape grunnlag for eit nytt bilete både av dagens Nord-Norge og av dagens Nord-Troms.

11.1 Gjenreisinga – grunnlaget blir lagt

Det var på mange måtar noe paradoksalt ved gjenreisinga av Nord-Troms. På den eine sida var det element av kontinuitet i samfunnsstrukturane før og etter nedbrenninga – næringsstrukturane og dei politiske strukturane blei i stor grad bygde opp som dei hadde vore, og den økonomiske moderniseringa var først og fremst eit resultat av ei allmenn utvikling i Norge i perioden. På den andre sida var det element som peikar i retning av klare brot. For det

⁷⁸⁰ Arbo 1997: 321.

første skjedde det ei storstilt modernisering av gard og heim og ei økonomisk og sosial utjamning. For det andre var det starten på ei ny tid med kulturell einsretting, der endringstakta var mykje raskare enn tidlegare, der dei økonomiske strukturane i Nord-Tromssamfunnet blei grunnleggande endra og der staten hadde ein langt meir aktiv rolle som planleggar og moderniseringsagent. (jf kap. 2 og 3)

I gjenreisingsperioden blei også det ideologiske grunnlaget for industrialiserings- og moderniseringsstrevet ovanfrå lagt. Hovudlinene for den økonomiske moderniseringa av Nord-Troms og Nord-Norge i etterkrigstida – strukturrasjonalisering av primærnæringane og industrialisering – blei utforma i perioden, sjølv om kimen var lagt allereie i siste halvdel av 1930-talet. Det var også starten på eit vedvarande press nedanfrå – om etablering av storindustri, styrking av føresetnadene for primærnæringane generelt og fiskeria spesielt, utbygging av større kraftverk og landverts kommunikasjon og tiltak mot arbeidsløysa. Krav som blei reist gjennom heile etterkrigstida og som var grunna i ønsket om økonomiske modernisering. (jf kap. 2 og 3)

11.2 Førestillinga om “problemet Nord-Troms”

På midten av 1950-talet voks det fram ei førestilling av Nord-Troms som “problemet Nord-Troms”: Samanlikna med resten av landet, landsdelen og fylket hadde regionen lite industri, stor grad av kombinasjonssysseletting og hushaldsøkonomi, låg spesialiseringsgrad i primærnæringane, låg produktivitet i alle næringar, svært store svingingar i sysselsettinga, høg arbeidsløyse, svært spreitt busetting og svært dårleg utbygd infrastruktur. I det heile særskilt dårleg grunnlag for økonomisk modernisering etter samtidas rådande industrialiserings- og moderniseringsideologi. Førestillinga blei skapt av Kontoret for områdeplanlegging i Troms og fekk umiddelbart tilslutning frå Nord-Tromsregionen og dei sentrale styresmaktene. (jf kap. 5)

At Nord-Troms hadde særlege problem knytt til den økonomiske strukturen, var ikkje nytt. Nedbrenninga og den seinare gjenreisninga hadde aktualisert dei særskilte tilhøva i regionen. Da gjenreisingsperioden nærma seg slutten, blei problema på nytt aktualisert og blei da knytt opp mot problema i heile landsdelen og til førestillinga om “problemet Nord-Norge”. Det var dette “problemet” Nord-Norgeplanen hadde som mål å løyse. (jf kap. 4) Da førestillinga om

“problemet Nord-Troms” voks fram – som ein avart av “problemet Nord-Norge” – var det eit resultat av at planen ikkje hadde svart til forventningane i det området der problema var størst. For å bøte på den manglande økonomiske moderniseringa i regionen vedtok dei sentrale styresmaktene ein særskilt plan for regionen – Nord-Tromsplanen. (jf kap. 5) Biletet av “problemet Nord-Troms” blei på byrjinga av 1960-talet knytt til eit landsomfattande “distriktsproblem”. (jf kap. 6) Trass i at resultata av moderniseringspolitikken for alvor byrja å vise seg på 1960-talet, har førestillinga om “problemet Nord-Troms” festa seg på same vis som førestillinga om “problemet Nord-Norge”. Sjølv om problema har endra seg, er det er ein klar kontinuitet i førestellingane om regionen og landsdelen heilt fram til i dag.

11.3 Drivkrefter i moderniseringspolitikken

Det var knytt eit sterkt moderniseringstrev nedanfrå både til førestillinga om “problemet Nord-Troms” og “problemet Nord-Norge”. I Nord-Tromsområdet kom dette kravet mellom anna til uttrykk gjennom lesarbrev i avisene, opprop frå folkemøter og faglege og politiske lag, kommunestyrevedtak, nye regionale og korporative samarbeidsformer. Eit resultat av moderniseringsstrevet innanfrå er skipinga av Nord-Troms interkommunale tiltaksråd på slutten av 1950-talet, i samband med strevet for å få realisert storindustri og kraftutbyggingar i området. I landsdelen kom moderniseringsstrevet klarast til uttrykk gjennom arbeidet til Studieselskapet for Nord-Norsk næringsliv, som var skipa allereie i 1947. (jf kap. 5 og 7)

Frå slutten av 1940-talet og framover mot 1970 var det samanfall mellom moderniseringsstrevet nedanfrå – frå Nord-Troms og Nord-Norge – og ovanfrå – frå dei sentrale styresmaktene. På 1950- og 1960-talet sette staten i verk fleire tiltak som hadde som mål å modernisere og utvikle dei næringsøkonomisk svake områda i landet, og da særleg Nord-Norge og Nord-Troms. Til grunn for alle tiltaka låg ei førestilling som såg dei økonomiske strukturane enten i Nord-Troms, Nord-Norge eller distrikta som problem. Sjølv om tiltaka – frå etablering av statseigd industri (til dømes Finotro 1950), Nord-Norgeplanen (1952), Nord-Tromsplanen (1957), Distriktenes Utbyggingsfond (1961) til utpeikinga av Skjervøy som vekstsenter (1965) – hadde noe ulike mål og virkemiddel, var det likevel ein klar kontinuitet i ideologien bak. Alle tiltaka må sjåast som ei konkretisering, og til dels også som ei romleg avgrensing, av den allmenne velferds- og moderniseringspolitikken som var ført sida midten av 1930-talet. Til grunn for alle tiltaka låg tanken om å rette opp den

regionale ubalansen i dei økonomiske strukturane for såleis å løfte nasjonaløkonomien opp på eit høgare nivå. Verkemidla var strukturrasjonalisering av primærnæringane og auka industrialisering, og ein føresetnad var at tilhøva blei lagde til rette for økonomisk modernisering i form av utbygging av infrastrukturen, og da særleg kraft og kommunikasjonar. (jf kap. 4 - 6 og 8)

Sjølv om hovudårsakene bak dei statlege tiltaka for å modernisere Nord-Troms og Nord-Norge var å finne i den allmenne velferds- og moderniseringspolitikken, og til dels også andre forhold som tryggingsspolitikk, partipolitikk og vekstproblema i Oslo, er det likevel ikkje tvil om at moderniseringspresset nedanfrå hadde stor innverknad på utforminga av tiltaka, tidspunktet for dei og lokaliseringa av dei. Tydelegast var dette i samband med tiltaka som var spesifikt retta mot Nord-Troms, slik som Nord-Tromsplanen og utpeikinga av tettstaden Skjervøy som prøve- og vekstsenter. Men det var også tydeleg i forkant av lanseringa av Nord-Norgeplanen og i samband med vidareføringa av tiltaka i planen gjennom Distriktenes Utbyggingsfond. (jf kap. 4-6 og 8)

11.4 Spenningar i moderniseringsprosessen

Nord-Troms var gjennom heile perioden ein bastion for Arbeidarpartiet, med over 50% oppslutning ved alle stortingsvala frå 1945 til 1969. Gjennom heile perioden var det ei høgare oppslutning om partiet i området enn elles i Troms fylke, landsdelen og heile landet. Det er ikkje tvil om at partiet hadde mandat frå folket i Nord-Troms til å gjennomføre industrialiserings- og moderniseringspolitikken på 1950- og 1960-talet, men moderniseringsprosessen i Nord-Troms var likevel ikkje utan spenningar og motsetningar.

I fiskerinæringa var det ei sterk spenning mellom fjord- og kystfiskarane på den eine sida, som ønskte ei modernisering på basis av bygdenæringsmodellen. På den andre sida stod staten og industrialiseringsforkjemparane i Nord-Troms som ønskte ei modernisering av fiskerinæringa med utgangspunkt i industrimodellen, det vil seie trålar drift og havfiske. (jf Holm 1996) I Arbeidarpartiet kom denne spenninga til syne på alle nivå i partiet, både i Nord-Troms og i resten av landet. Resultatet var eit kompromiss mellom dei to strategiane både i partiet og i den statlege politikken. I Nord-Troms resulterte det i ein sterk vekst i den fjord- og kystfiskande sjarkflåten, men også i ein vekst i den havfiskande trålarflåten. (jf kap. 9)

Ønsket om modernisering gjennom bygdenæringsmodellen var knytt til ønsket om ei vidareføring av kombinasjonssysselettinga og dei etablerte sosiale og busettingsmessige strukturane. Dette var strukturar som dei sentrale styresmaktene og ideologane i Arbeidarpartiet meinte låg i vegen for økonomisk modernisering, men som viste seg å vere svært seige. Gjennom heile perioden var det ei vedvarande spenning mellom ønska nedanfrå og ovanfrå knytt til sysselettings- og busettingsstrukturen. (jf kap. 9 og 10)

Trass i samanfallet i moderniseringsstrevet innanfrå og utanfrå var det ei sterk motsetning mellom krava frå Nord-Troms – om storindustri, større kraftutbyggingar og vegbygging – og det dei sentrale styresmaktene var villige til å gjere for å realisere desse ønska. I Nord-Troms var tidvis ei sterk spenning knytt til sjølv lokaliseringa og omfanget av dei statlege moderniseringstiltaka. Sterkast kom det til uttrykk i samband med kraftutbyggingane i Kildal og Kvænangsbøtn og i samband med utpeikinga av Skjervøy som prøvesenter. (jf kap. 5, 7 og 8)

For dei sentrale styresmaktene var det eit viktig mål å sikre det store fleirtalet ei betre framtid økonomisk og sosialt. Til grunn for dette målet låg den sterke likskapsideologien i Arbeidarpartiet. Velferdspolitikken var eit uttrykk for denne ideologien, og det innebar mellom anna å fjerne grunnlaget for klassekonfliktar, sosiale forskjellar og å føre folk saman til eit mest mogleg homogent nasjonalt kulturfellesskap. I dette fellesskapet var det lite rom for å markere dei etniske forskjellane og dei kulturelle særdraga som Nord-Troms var rik på. Resultatet av likskapsideologien og velferdspolitikken var at etnisitet blei eit ikkje-tema, og at det skjedde ei sterk fornorsking av den samiske og kvenske folkegruppa i området. Det kom mellom anna til uttrykk ved at forkynninga i dei læstadianske forsamlingane, som særleg var knytt til den samiske og kvenske folkegruppa, blei språkleg fornorska i takt med samfunnet rundt seg. Truleg førte det ikkje til endringar av det religiøse innhaldet i rørsle, som framleis er religiøst konservativ og pietistisk. Sett på spissen kan ein seie at dei synlege etniske markørane i området blei borte i 1945, og at dei først kom til syne igjen på slutten av 1980-talet. Indirekte kom likevel den etniske dimensjonen til syne ved at dei med samisk bakgrunn i større grad enn dei med norsk bakgrunn blei buande i utkantane og større grad kombinerte sysseletting i ulike næringar. Det er vanskeleg å sjå korleis dei kulturelle, etniske eller religiøse tilhøva i Nord-Tromssamfunnet kan ha hatt avgjerande innverknad på den

økonomiske moderniseringa, men eg ser likevel ikkje bort frå at dei kan ha spela inn. (jf kap. 2 og 10)

11.5 Nasjonal homogenisering, skeive strukturar og sårbar økonomi

Dei fire Nord-Tromskommunane – Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvænangen – blei meir og meir like resten av Troms, Nord-Norge og Norge frå 1945 og fram mot 1970. Det var resultat av ein lengre prosess, men det var først på 1960-talet at det store omslaget kom. Til grunn for endringane låg ei omfattande modernisering av alle næringane. I fiskeria hadde det vore ein kraftig nedgang i talet på sysselsette, samstundes med ein sterk auke i oppfiska kvantum. Det var eit resultat av rasjonalisering, intensivering og ei omfattande modernisering på utstyrssida. Jordbruket hadde gått gjennom eit hamskifte som innebar rasjonalisering, intensivering, mekanisering og auka marknadsretting. Industrisektoren var bygd ut gjennom etablering av store fiskeindustriverksemder og gjennom modernisering og nyetableringar av små og mellomstore verksemder. Resultatet var at industrien i Nord-Troms nesten var like produktiv, målt i produksjon per tilsett, som i resten av landet i 1970. I tillegg hadde det skjedd ei sentralisering av busettinga og ei omfattande utbygging av infrastrukturen og velferdstilboda i Nord-Troms. Homogeniseringa av samfunnsstrukturane var eit resultat av eit felles moderniseringsstrev ovanfrå og nedanfrå, som såg ei omskaping av Nord-Troms og Nord-Norge i retning av eit moderne industrisamfunn både som ønskeleg og nødvendig. (jf. kap. 3,9 og 10)

Likevel var det ei vedvarande utakt ved dei økonomiske strukturane i Nord-Troms samanlikna med resten av landet, som mellom anna kom til syne i sysselsettingsstrukturen. Fleire var sysselsette i primærnæringane og færre i tenesteytande næringar i Nord-Troms enn i fylket og heile landet. I sekundærnæringane, derimot, var det prosentvis sysselsett like mange i Nord-Troms som i heile landet, og langt fleire enn i heile fylket. Sjølv om det hadde vore ein svært kraftig sysselsettingsvekst i industri og bergverk i Nord-Troms, må det påpeikast at storparten av dei sysselsette i sekundærnæringane var sysselsett i bygg og anlegg. I resten av landet var derimot dei fleste sysselsette i den tradisjonelle industrien. Hushaldøkonomien og fiskarbondekombinasjonen, som hadde vore under press frå lønsarbeid og kapitalisme allereie i 1950, gjekk ytterlegare tilbake, men var framleis meir vanleg i Nord-Troms enn i resten av Troms. I det heile var yrkeskombinasjonar meir vanlege i Nord-Troms enn i resten av landet, men nye kombinasjonar, som til dømes anleggsbonden og industriarbeidarfiskaren, hadde i

stor grad tatt over. Framleis var arbeidsløysa høgare i Nord-Troms enn i resten av fylket og resten av landet. Trass i fråflytting og sentralisering budde framleis langt fleire i spreittbygde strok i Nord-Troms enn i resten av fylket og resten av landet. I tillegg var det framleis store forskjellar mellom kommunane i Nord-Troms i høve til graden av spesialisering i primærnæringane, industrialisering og sentralisering. Etter samtidas rådande vekst- og moderniseringsideologi hadde moderniseringsprosessen kome lengst i Skjervøy og Nordreisa og kortast i Kvænangen og Kåfjord. (jf kap. 9 og 10)

Trass i spenningar, motsetningar og vedvarande utakt lykkast likevel industrialiserings- og moderniseringspolitikken langt på veg å rette opp den regionale ubalansen i dei økonomiske strukturane i Nord-Troms samanlikna med resten av landsdelen og landet. Men, det førte også til nye strukturproblem, knytt til avhengigheit av offentleg engasjement og vilkåra for fiskeria. For det første ved at over halvparten av dei sysselsette i sekundærnæringane i Nord-Troms arbeidde i bygg og anlegg, mot bare ein tredel i landet som heilskap. Bygg- og anleggssektoren i Nord-Troms var svært avhengig av den politisk viljen til å halde fram med store utbyggingsoppgåver. For det andre ved den einsidige utbygginga av sørvis- og næringsmiddelindustrien relatert til fiskerinæringa, som førte til at regionen var svært sårbar i høve til svingingar i konjunkturane og fiskeressursane. Frå slutten av 1960-talet viste det seg at ressursane i havet ikkje var uuttømmelege, men tvert om svært sårbare mot for sterk utnytting. Den dobbelte sårbarheita i den økonomiske strukturen i Nord-Troms blei for alvor synleg på slutten av 1980-talet da dei store offentlege utbyggingsoppgåvene var slutt og torskeressursane braut saman. (jf kap. 9)

Frå 1945 og fram til midten av 1960-talet var det i stor grad semje om hovudtrekka i moderniseringsprosjektet i Nord-Troms, men frå da av kom ei ny spenning fram i form av ein gryande kritikk av den rådande industrialiserings- og moderniseringsideologien. Bakgrunnen var at fråflyttinga frå utkantane i Nord-Troms auka kraftig på 1960-talet, mange følte at bygdenæringane og den desentraliserte busettinga var i fare og at sentraliserings- og industrialiseringspolitikken hadde gått for langt. Samstundes utforma radikale intellektuelle i Sosialistisk Folkeparti, med Ottar Brox i spissen, eit distriktpolitisk program med sterk kritikk av den rådande moderniseringspolitikken. Partiet hadde både ved stortingsvala i 1965 og 1969 ei høgare oppslutning i Nord-Troms enn i resten av fylket og resten av landet. Truleg var det dels eit resultat av radikaliserings og dels eit resultat av ein gryande

moderniseringskritikk. Det var tradisjon for radikalisme i området, mellom anna hadde Norges Kommunistiske Parti hatt relativt stor oppslutning på slutten av 1940- og på 1950-talet. (jf kap. 10) Men det var ikkje før på 1970-talet at kritikken av sentraliserings- og moderniseringspolitikken for alvor fekk gjennomslag, i samband med EF-strid og framveksten av den internasjonale raud-grøne bølga. Det førte til at sjølvråderett, livskvalitet og vilkåra for bygdenæringane og busettinga i distrikta blei sette opp mot den rådande vekstoptimismen og sentraliserings- og industrialiseringspolitikken. Distriktpolitikken på 1970-talet tok da også ei ny retning. På same tid stoppa fråflyttinga frå distrikta opp, busettinga konsoliderte seg for eit tid og den sterke lojaliteten til Arbeidarpartiet blei varig svekt i Nord-Troms som i resten av Nord-Norge. Ein periode med grunnleggande semje om dei materielle og sosiale måla, med eit sterkt samanfall i industrialiserings- og moderniseringsstrevet nedanfrå og ovanfrå, var over.

11.6 Grunlaget for eit nytt Nord-Tromsbilete

Førestillinga om “problemet Nord-Norge” og “problemet Nord-Troms” har vore vedlikehalde nedanfrå for å legitimere vidare statleg innsats for å industrialisere og modernisere landsdelen og regionen, og har ført til at det i stor grad har vore fokusert på problema i staden for potensialet. Erik Oddvar Eriksen har karakterisert resultatet av førestellingane som “politikkens janusansikt”, og hevdar at det har ført til klientisering, stigmatisering, statsavhengigheit og at den statlege moderniseringspolitikken førte til at landsdelen i liten grad klarte å utnytte dei lokale ressursane. Ottar Brox har skissert opp eit alternativt bilete – den ressursrike landsdelen – i kontrast til førestillinga om “problemet Nord-Norge”. Han hevdar at den økonomiske moderniseringa av landsdelen var eit resultat av moderniseringsstrev utanfrå, og at det skjedde mot ønsket frå det store fleirtal av sjølvsysselsette bygdefolk. (jf kap. 1)

Begge desse bileta av landsdelen og Eriksen sin teori om “politikkens janusansikt” tar for lite høgde for den historiske prosessen. Dei økonomiske strukturane i Nord-Troms og Nord-Norge blei i perioden frå 1945 til 1970 sterkt omforma. Arbeidet med Nord-Troms har synt at moderniseringa av området var eit resultat av samspel mellom krefter innanfrå og utanfrå, i motsetning til Brox som hevdar at moderniseringa av Nord-Norge var eit resultat av press utanfrå. Folk i Nord-Troms og Nord-Norge var ikkje offer, men aktive drivkrefter i

moderniseringsprosessen. Ut frå studiet av Nord-Troms var ikkje problema i området eit resultat av at verdiane var ført sørover som Brox hevdar eller at landsdelen i liten grad har klart å utnytte dei lokale ressursane slik som Eriksen har hevda, men knytt til fundamentale strukturelle problem ved dei næringsøkonomiske tilhøva i området. Totalt gjer dette at både at biletet av landsdelen og regionen som tilbakeliggande og underutvikla og som den ressursrike landsdelen, men også Eriksen sin teori om “politikkens janusansikt”, er lite tenleg som utgangspunkt å skape eit nytt bilete av landsdelen og regionen.

Grunnlaget å skape eit nytt bilete av Nord-Troms og Nord-Norge må ta omsyn til at moderniseringsprosessen både har vore eit resultat av moderniseringsstrev innanfrå og utanfrå. Endingane i samfunnet var ei resultat av ein allmenn prosess i Norge med regionale spenningar, motsetningar, vedvarande utakt og skeive strukturar der ikkje alt gjekk slik som moderniseringsforkjemparane ønskte. På same tid som noen problem blei løyst, blei også nye skapt. Noen av problema peikar framover mot dei strukturelle vanskane Nord-Troms og Nord-Norge i dag slit med – i form av fråflytting av ungdom, nedgang i folketalet, einssidig næringsstruktur, låg verdiskaping og stor avhengigheit av offentleg sektor. Ei utvikling som ligg utanfor min periode, men der det er interessante problemstillingar for vidare forskingsinnsats.

Kjelder

Utrykte kjelder

Fylkesmannen i Troms (FiT), Statsarkivet i Tromsø (SiTØ):

Kommunestyreforhandlingar for kommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvæningen 1945 - 1967.

Utbyggingsavdelinga, Fylkesarbeidsnemnda, eske 1921 og 1922.

Utbyggingsavdelinga, Utvalget for behandling av søknader om statsstøtte for flytting frå Utvær. Møtebøker, arkiv nr. 118-120.

Utbyggingsavdelinga, korrespondanse og saksdokumenter, eske 16, 19 - 21, 25, 27, 37, 48, 54 og 105

Distriktenes Utbyggingsfond (DU), Riksarkivet:

Utgåtte lån, eske 6 - 8 og 10.

Fondets tap, eske 52.

B-arkivet,(saksarkivet) eske 6, 9, 61, 73, 75, 76 og 572

Munnlege kjelder:

Gunnar Eriksen, f. 1947, Kvæningsbotn, intervju av Ketil Zachariassen, 18/7 1996.

John Steffensen, f. 1919, Skjervøy, intervju av Ketil Zachariassen, 26/3 1996.

Statistisk Sentralbyrå (SSB), Kongsvinger:

Folketalet i teljekrinsane og kart over krinsane for kommunane Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa og Kvæningen ved folketeljinga 1950.

Trykte kjelder

Aviser;

“Nordlys”, 1945 - 1970, mikrofilm på Universitetsbiblioteket i Tromsø (UBTØ)

“Tromsø”, 1/3 1951 - 1/5 1951, mikrofilm på UBTØ.

Diverse:

Aubert, Vilhelm Båk'te; *Den samiske befolkningen i Nord-Norge*, Artikler fra Statistisk Sentralbyrå nr. 107, Oslo 1987. (UBTØ)

Fylkesmannen i Troms, Utbyggingsavdelinga; *Utkast til samleprogram for Troms*, Tromsø 1969. (UBTØ)

Kommunedatabasen til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste – Tromsø. Emnegruppe 4:
Yrkes- og næringsdata fra folketellinger, arbeidsmarkedsstatistikk –
Arbeidsledighetsstatistikk.

Svendsen, Oddvar; utkast til kapittel 10: “Kraftutbygging og næringsutvikling” i *Troms Kraftforsyning 100 år* Under trykking 1998.

Troms fylkestings forhandlinger 1945 - 1970. (UBTØ)

Kart:

Kart 1.; Eigen omarbeiding. Original frå Bjørklund, Ivar: *Fjordfolket frå Kvænangen*, Universitetsforlaget, Tromsø 1985.

Kart 2.; Eigen omarbeiding. Folketeljninga 1970, kommunehefte for Skjervøy.

Norges offisielle statistikk (NOS):

Bedriftsteljinga 1936, 1953, 1963 og 1974.

Bøndanes bruttoformue og gjeld 1946.

Fiskeriteljinga 1948, 1960 og 1971.

Folkeavrøystinga om EF 1972.

Folketalet i kommunane 1951 - 1980, hefte 3, Trøndelag og Nord-Norge.

Folketeljninga 1930, 1946, 1950, 1960 og 1970.

Jordbruksteljinga 1939, 1949, 1959 og 1969.

Kommuneval 1947, 1951, 1955, 1959, 1963 og 1967.

Stortingsval 1936, 1945, 1949, 1953, 1957, 1961, 1965, 1969 og 1973.

Stortingstidende:

St.meld. nr. 35. (1945-46) Om gjenreisningen av de krigsherjede strøk.

St.meld. nr. 85. (1951) Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge.

St.prp. nr. 31. (1957) Ekstraordinær utbygging av enkelte veger, kraftlinjer og hamner i Midt- og Nord-Troms med støtte av Utbyggingsfondet for Nord-Norge.

St.tid. (1959) 30.nov. Gjennomføringen av Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge.
s. 660 - 662.

Ot. Prp. nr. 10. (1960-61) Om lov om Distriktenes Utbyggingsfond.

St.meld. nr. 30. (1968) Om virksomheten til Distriktenes Utbyggingsfond i 1968 og i perioden 1961 - 1968.

Litteratur

- Arbo, Peter: "Alternative Nord-Norge-bilder, perspektiver på regional næringsutvikling" i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 4/1997.
- Arbo, Peter: "Falmende Nord-Norge-bilder, svar til Ottar Brox" i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 2/1998.
- Balsvik, Randi Rønning: "Kvinner i nordnorske kystsamfunn" i *Historisk Tidsskrift*, 4/1991.
- Balsvik, Randi Rønning og Michael Drake: "Menneskene i Nord-Norge, fra istid til nåtid - fra vogge til grav" i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Bergh, Trond: *Storhetstid (1945 - 1965) Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, bd. 5, Tiden Norsk Forlag, Oslo 1987.
- Bjerkli, Bjørn: *Jord og bygd, Primærnæring og tilhørighet i en Nord-Norsk fjord*, NF-rapport nr.17/95. Nordlandsforskning, Bodø 1995.
- Bjørklund, Ivar: *Fjordfolket frå Kvæningen*, Universitetsforlaget, Tromsø 1985.
- Bjørklund, Ivar, Einar-Arne Drivenes og Siri Gerrard: "På vei til det moderne, om jordbruk fiske, reindrift og industri 1890-1990" i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Bratrein, Håvard Dahl: *Karlsøy og Helgøy bygdebok, fra år 1860 til 1925*, bd. 3, Karløy kommune, Hansnes 1992.
- Bratrein, Håvard Dahl: *Karlsøy og Helgøy bygdebok, fra år 1925 til 1985*, bd. 4, Karløy kommune, Hansnes 1994.
- Bratrein, Håvard Dahl og Einar Niemi: "Inn i riket. Politisk og økonomisk integrasjon gjennom tusen år." i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Bratrein, Håvard Dahl: "'Nessekongene" i Nord-Troms 1870-1910" i Knutsen, Nils-Magne (red.) *Nessekongene*, Oslo 1988.
- Brimnes, Niels: "Udvikling, kultur, civilisation - tre strategier i studiet av vestens dominans" i *Den jyske historiker* 1994.
- Brox, Ottar: *Hva skjer i Nord-Norge?*, Pax, Oslo 1966.
- Brox, Ottar: *Nord-Norge fra allmenning til koloni*, Universitetsforlaget, Oslo 1984.
- Brox, Ottar: "Omstridde punkter i Nord-Norges nyere historie" i Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (Red.) *Spenningenenes land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.

- Brox, Ottar: "Petter N. Arbos Nordlandsbilder" i *Nytt Norsk Tidsskrift*, 1/1998.
- Bull d.y., Edvard (A): *Klassekamp og fellesskap 1920-1945*, Norges historie bd. 13, Cappelen forlag, Oslo 1979.
- Bull d.y., Edvard (B): *Norge i den rike verden, tiden etter 1945*, Norges historie bd. 14, Cappelen forlag, Oslo 1979. 3.utgave 1995.
- Christensen, Pål og Abraham Hallenstvedt: *På første hånd, Norges Råfiskarlag gjennom 50 år*. Norges Råfiskarlag 1990.
- Christensen, Pål: *Fiskerihistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt*, Etterkrigshistorisk register, nr. 2, LOS-senter Notat 91/8, Bergen 1991.
- Christensen, Pål: *Ishavsfolk, arbeidsfolk og finfolk 1900 - 1945* bd. 3 av Tromsø gjennom 10000 år, Tromsø kommune, Tromsø 1995.
- Dancke, Trond M. E.: *Opp av ruinene, gjenreising av Finnmark 1945 - 1960*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1986.
- Digre, Kari: *Energi gir lys og varme, jubileumsberetning for NTK A/S 7.10 1949 - 7.10.1989*. Nord-Troms Kraftlag A/S 1989.
- Digre, Kari: *Fiskeforedling på Skjervøy 1930-1960*, i *Menneske og miljø i Nord-Troms* 1982.
- Drivenes, Einar-Arne: "Vil samfunnsviteren og historikeren skrive den samme minoritetshistoria?" i *Historisk Tidsskrift*, 3/1985.
- Drivenes, Einar-Arne: *Fiskarbonden og gruvelusk*, Universitetsforlaget, Tromsø 1984.
- Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Drivenes, Einar-Arne og Regnor Jernsletten: "Det gjenstridige Nord-Norge, religiøs, politisk og etnisk mobilisering 1850-1990" i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Drivenes, Einar-Arne og Hallvard Tjelmeland: "Nordnorsk arbeiderbevegelse mellom region og nasjon" i Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (red.) *Spenningenes land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.
- Dyrvik, Ståle: "Komperasjon på regionnivå" i Byrkjeland, Martin og Aage Engesæter (red.) *Kvar i sin dal...? Komperasjon som metode i lokalhistoriske studier* Rapport fra HIFO-seminar 14.16 oktober 1988, Tapir Forlag 1989.
- Eisenstadt, Samuel N.: "Introduction: Historical Traditions, Modernization and Development" i Eisenstadt, Samuel N. (ed.) *Patterns of Modernity vol 1: The West*. Frances Pinter (Publishers), London 1987.

- Elstad, Åsa: "Mentalitet og økonomi - Nord-Noreg 1750-1950" i *Historisk Tidsskrift*, 4/1991.
- Ekker, Harald: *Generalplanarbeidet i en fiskerikommune, erfaringer fra Skjervøy kommune*. Norsk institutt for by- og regionsforskning, Oslo 1976.
- Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996.
- Eriksen, Erik Oddvar: "Statsavhengighet og politikkenes grenser" i Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996. (A)
- Eriksen, Erik Oddvar: "Nord-Norge som laboratorium" i Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996.(B)
- Finstad, Bjørn-Petter: *Fiskerinæringen i Finnmark under okkupasjonen*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø, 1993.
- Friis, Guttorm: *Skjervøy og Nordreisa sparebank 1865-1980*, Kongsberg 1980.
- Friis, Guttorm: *Firma Kåre Renø, Skjervøy, femti år 1984*, Kongsberg 1984.
- Friis, Guttorm: *Handelsstedet Havnes 1987*, Kongsberg 1987.
- Fuglsøy, Maurits: *Skjervøy, et prestegjeld og et herred i Nord-Troms*, Skjervøy kommune 1970.
- Furre, Berge: *Norsk Historie 1905-1990*, Samlaget, Oslo 1993.
- Fulsås, Narve: *Voksteren og fallet til ein nordlandsk handelsstad. Kjerringøy i K.Zahl si tid 1850-1900*, Hovedoppgåve i historie, Tromsø 1983.
- Fulsås, Narve: "Hushaldsøkonomi og kapitalistisk økonomi i Nordland, 1850-1950", i *Historisk Tidsskrift*, 1/1987.
- Fulsås, Narve: "Kvifor fekk ikkje industrikapitalismen fotfeste i Nord-Norge? Utsyn over nordnorsk økonomi frå merkantilisme til velferdsstat» i Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996.
- Fulsås, Narve: "Nordnorsk eigenart og nordnorsk identitet" i Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (red.) *Spenningen land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.
- Fygle, Svein Svein Lundestad og Inge Strand (red.) *Banken, folket og Fylket*, A/S Nordlandsbanken, Bodø, 1993.
- Guttormsen, Helge: "Kommunikasjonene i Nord-Troms 1521-1990" i *Menneske og miljø i Nord-Troms 1991*.

- Guttormsen, Helge (red.): *Kvenenes historie og kultur*, Seminarrapport, Nordreisa 19.- 21. september 1997. Nord-Troms Historielag 1998.
- Hage, Ingebjørg: *Som fugl føniks av asken? Gjenreisningshus i Nord-Troms og Finnmark* Doktoravhandling, Institutt for samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø 1996.
- Hansen, Emil: *Nordreisa bygdebok*, Nordreisa 1964.
- Hauglid, Anders Ole: *Gjenreisninga av Finnmark og Nord-Troms 1945 - 1948 -1952* , Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø 1975.
- Hauglid, Anders Ole, Knut Erik Jensen og Harry Westerheim (red.): *Til befolkningen! Brannhøsten 1944 - gjenreisningen etterpå*, Tromsø 1985.
- Hersoug, Bjørn og Dag Leonardsen: *Bygger de landet? Distriktpolitikk og sosialdemokrati 1945-75*, Pax, Oslo 1979.
- Holm, Peter: "Kan torsken temmes? Moderbiseringsprosesser i fiskerinæringa 1935-1995" i Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996.
- Johannessen, Jon-Arvid: *Initiativet for å utvikle fiskeindustrien i Finnmark 1946-56*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1979.
- Johannessen, Gunnar Aker: "Skifer næringa i Nord-Troms 1969-75" i *Menneske og miljø i Nord-Troms* 1988.
- Johansen, Tove: *Forholdet mellom politikk og religion i et sjøsamisk område fra 1920- 1970*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø, 1991.
- Kjeldstadli, Knut: "Kildekritikk" i , Hodne, Bjarne, Knut Kjeldstadli og Göran Rosander (red.) *Muntlige kilder. Om bruk av intervjuer i etnologi, folkeminnevitenskap og historie*, Universitetsforlaget, Oslo 1981.
- Kjeldstadli, Knut: *Fortida er ikke hva den en gang var*, Universitetsforlaget, Oslo 1992.
- Kvalsvik, Margrete: *Norsk distriktpolitikk i støypeskeia. Striden om vekstsentra 1963-65*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo 1974.
- Lange, Even: *Samling om felles mål 1935 - 70*, Aschehougs Norgeshistorie Bd. 11, Aschehougs og Co., Oslo 1998.
- Lillevold, Tor Arne: *Yrkekombinasjoner i deltidjordbruket*. Hovudoppgåve i samfunnsvitenskap, Universitetet i Tromsø 1982.
- L'Orange, Olav: *Plan, administrasjon og politikk. Gjenreisningen av Finnmark og Nord-Troms 1944-1949*. Hovudoppgåve i historie hovudfag, Universitetet i Oslo 1975.
- Lyngstad, Torleif: *Kåfjord-mennesker, administrasjon og politikk*, Kåfjord kommune 1991.

- Lyngstad, Torleif: "Kraftverkutbygging og lokalsamfunn, eksemplet Kåfjord" i Svendsen, Oddvar (red.) *Elektrisitetforsyninga mellom staten og det sivile samfunn*, UITØ. ISV. Stensilserie B nr.44. 1996.
- Lunden, Kåre: "Utviklingsteori og historie" i *Nytt norsk tidsskrift*, 2/1987.
- Lundestad, Svein: "Fiskerbønder, arbeidere og arbeiderbevegelse i Nordland og Troms 1900-1940" i *Arbeiderhistorie*, Årbok for arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek 1990.
- Lundestad, Svein: "Næringsliv i Nordland 1960-1990" i Fygle, Svein Svein Lundestad og Inge Strand (red.) *Banken, folket og Fylket*, A/S Nordlandsbanken, Bodø, 1993.
- Minde, Henry: "Skiferbønder eller ødemarkskommunister? Perspektiver på samvirkebevegelsen i Nord-Norge", i Katia Båsk, m.fl. (red.) *Arbetarklassen i samallets vardag*, Helsinki 1991.
- Mjøset, Lars: "Teknologisk endring, økonomisk utvikling og Joseph Schumpeters teorier" i *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 1983.
- Nyhamar, Jostein: *Nye utfordringer (1965-1990)*, Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bd, 6. Tiden Norsk Forlag, Oslo, 1990.
- Niemi, Einar: "Regionalismens janusansikt: modernisering og motkultur" i Finstad, Bjørn-Petter, Lars Ivar Hansen, Henry Minde, Einar Niemi og Hallvard Tjelmeland (red.) *Stat, religion, etnisitet*, Senter for samiske studier, Skriftserie - 4, Universitetet i Tromsø 1997
- Nilsen, Ragnar: *Gjenstridige fjordfolk. Arbeidsliv, etnisitet og rekrutering i to Nord-Norske fjordområder*. Forut 1990.
- Nilsen, Ragnar: "Næringstilpassing, identitet og ressursforvaltning i samiske fjordstrøk" i Myhre, Jan Eivind (red.) *Nord-Norges modernisering*, Stensilserie B nr. 35. Historieseksjonen, ISV. Universitetet i Tromsø 1995.
- Paulsen, Kjetil: *Da populismen seiret i Sosialistisk Folkeparti, SF's distriktspolitikk fra 1961-1967*, Hovudoppgåve i historie. Universitetet i Oslo 1982.
- Presthus, Svein-Otto: *Vegbygging i Troms 1949-59, planar, oppfølging og grunngjeving*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø 1979.
- Pryser, Tore: *Norsk historie 1800-1870, frå standssamfunn til klassesamfunn*, Det norske samlaget, Oslo 1985.
- Pryser, Tore: *Klassen og nasjonen (1935-1946)*, Arbeiderbevegelsens historie i Norge, bd. 4. Tiden Norsk Forlag, Oslo, 1988.
- Rovde, Olav: *Distriktspolitikk som etterkrigshistorisk forskningsfelt*, Etterkrigshistorisk register, nr. 7, LOS-senter Notat 90/22, Bergen 1990.

- Reutz, Anders: *25 år med Kvæningen kraftverk*, Tromsø 1987.
- Robertsen, Odd Smith: *Lys over land*, Tromsø 1970.
- Sejersted, Francis: *Demokratisk kapitalisme*, Universitetsforlaget, Oslo 1993.
- Steenberg Hansen, Sanne: *Tre forsøg på at planlægge Nord-Norge 1945-1951-1972*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø 1993.
- Strand, Inge: "Næringsliv og økonomisk utvikling i Nordland 1940-60" i Fygle, Svein Svein Lundestad og Inge Strand (red.) *Banken, folket og Fylket*, A/S Nordlandsbanken, Bodø, 1993.
- Strand, Inge: "Modernisering innifrå. Om verksemda til Studieselskapet for Nord-Norge Næringsliv" i Myhre, Jan Eivind (red.) *Nord-Norges modernisering*, Stensilserie B nr. 35. Historieseksjonen, ISV. Universitetet i Tromsø 1995.
- Svendsen, Oddvar: *Kommunal eller fylkeskommunal elektrisitetsforsyning?*, LOS i Nord-Norge nr.37. 1995.
- Steinslien, Øystein: *Kulturell endring og etnisj kontinuitet: læstadianismen som politisk samlingsverdi i en samisk kystbygd*, Hovedoppgåve forskningsgruppa for samiske studier/etniske relasjoner, ISV. Universitetet i Tromsø 1984.
- Sundelin, Egil: "...vi e ikke mot utdanning, men praktisk arbeid e ikke mindreverdige..." Utdanning og ulikhet. Forsterker særegne religiøse og etniske forhold utdanningsulikhetene i Finnmark? Hovedoppgåve i sosiologi, Universitetet i Tromsø 1997.
- Sundelin, Egil: "Kvenene - en nasjonal minoritet i Nord-Troms og Finnmark?" i Guttormsen, Helge (red.) "*Kvenenes historie og kultur*", Seminarrapport, Nordreisa 19. - 21. september 1997., Nord-Troms Historielag 1998 (A).
- Sundelin, Egil: "Læstadianismen som arena for kvensk identitet i Nord-Troms og Finnmark." i Guttormsen, Helge (red.) "*Kvenenes historie og kultur*", Seminarrapport, Nordreisa 19. - 21. september 1997., Nord-Troms Historielag 1998(B).
- Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (red.) *Spenningenes land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.
- Thomassen, Øyvind: "Sivilisasjonens utpost mot den kalde krigen" i Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (red.) *Spenningenes land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.(A)
- Thomassen, Øyvind: *Herlege tider, Norsk fysisk planlegging ca. 1930 - 1965* Historisk institutt, HF-fakultetet, NTNU, Trondheim 1997.(B)
- Tjelmeland, Hallvard: *Fiskerinæringa mellom tradisjon og modernisering*, LOS i Nord-Norge nr.5, 1993.

- Tjelmeland, Hallvard: "Det seinmoderne Nord-Norge, om tenesteyting, tettstader og tusseladdar" i Drivenes, Einar-Arne, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.) *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1, Gyldendal, Oslo 1994.
- Tjelmeland, Hallvard: "Kva er modernisering?" i Myhre, Jan Eivind (red.) *Nord-Norges modernisering*, Stensilserie B nr. 35. Historieeksjonen, ISV. Universitetet i Tromsø 1995.
- Tjelmeland, Hallvard: "*Fra byfolk og bona til tromsøværing 1945 - 1996*", bd. 4 av Tromsø gjennom 10000 år, Tromsø kommune, Tromsø 1996. (A)
- Tjelmeland, Hallvard: "Det seinmoderne Nord-Norge - likeretting og regionalisering?" i Erksen, Erik Oddvar (red.) *Det nye Nord-Norge. Avhengighet og modernisering i nord*, Fagbokforlaget, Bergen 1996. (B)
- Tjelmeland, Hallvard: "Stat, ideologi og økonomi i Nord-Norge 1935 - 1995" Thomassen, Øyvind og Jostein Lorås (red.) *Spenningenes land*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1997.
- Veiåker, Arve: *Gjennomføringa av Nord-Norge planen 1952-1960*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim 1974.
- Vik, Harald: *Finotro A/S 1952-82*. Finotro A/S, Honningsvåg 1982.
- Ågotnes, Knut: "Komperasjon - metode eller oppdagelsesreise?" i Byrkjeland, Martin og Aage Engesæter (red.) *Kvar i sin dal...? Komperasjon som metode i lokalhistoriske studiar* Rapport frå HIFO-seminar 14.-16, oktober 1988, Tapir Forlag 1989.

Tabelloversyn

	Side
Tabell 1. Folketalet ved folketeljingane i 1930, 1946 og 1950.	34
Tabell 2. Sysselsette i ulike næringar i Nord-Troms, Troms og i heile landet 1930 -1950.	34
Tabell 3. Sysselsette i særskilde næringar i Nord-Troms 1930-50.	35
Tabell 4. Gjeldsprosenten til gardbrukarane p.r. 1.1 1932 til 1946.	42
Tabell 5. Innskyttarar, innskott i 1000 kroner og gjeldsbrev i Skjervøy Sparebank 1932-1950.	42
Tabell 6. Oppslutninga om Arbeidarpartiet (DNA), Norges kommunistiske parti (NKP) og dei borgarlege ved stortingsvala i 1936, 1945 og 1949.	44
Tabell 7. Gardsbruk i alt 1939-49.	46
Tabell 8. Fiskarar etter graden av sysselsetting i fiske i 1948.	47
Tabell 9. Fiskarar i alt 1948, gardsbruk i alt 1949, gardsbruk drivne av fiskarar i 1948, prosent av alle fiskarane som hadde gardsbruk i 1948 og fiskarane sin del av alle gardsbruk i prosent.	48
Tabell 10. Etnisitet i Kvænangen 1801 til 1930.	50
Tabell 11. Etnisitet 1930 i Nord-Troms.	53
Tabell 12. Industri-, bergverks- og bygg og anleggsverksemdar med fleire enn ein sysselsett i Nord-Troms og Troms i 1936.	80
Tabell 13. Industri-, bergverks- og bygg og anleggsverksemdar med fleire enn ein sysselsett i Nord-Troms og Troms i 1953.	81
Tabell 14. Sysselsette i særskilde næringar i Nord-Troms, Troms og heile landet etter folketeljinga i 1950, 1960 og 1970.	177
Tabell 15. Sysselsette i primærnæringane i Nord-Troms, Troms og heile landet i 1950, 1960 og 1970.	179
Tabell 16. Sysselsette i sekundærnæringane i Nord-Troms, Troms og heile landet i 1950, 1960 og 1970.	180
Tabell 17. Fiskarar etter graden av sysselsettinga i næringa i fiskeriteljinga i 1948, 1960 og 1971 i Nord-Troms og Troms.	182
Tabell 18. Gardbrukarar etter graden av sysselsetting i jordbruket 1949, 1959 og 1969 i Nord-Troms og Troms.	183
Tabell 19. Fiskebåtar etter storleik i Nord-Troms fiskeridistrikt 1948, 1960 og 1971, i absolutte tal og i prosent av den totale fiskeflåta.	186
Tabell 20. Fiskebåtar etter storleik på i Kåfjord, Skjervøy, Nordreisa, Kvænangen og i Nord-Troms fiskeridistrikt 1971, i absolutte tal og i prosent av den totale fiskeflåta.	187
Tabell 21. Gardsbruk i absolutte tal 1949, 1959 og 1969 og endring i prosent.	189
Tabell 22. Verksemdar i industri og bergverk og i bygg og anlegg i Nord-Troms i bedriftsteljingane i 1953, 1963 og 1974.	193
Tabell 23. Arbeidslause menn og kvinner i Nord-Troms 31/10 1952, 1955 og 1957.	195
Tabell 24. Arbeidsløyse i Nord-Troms og Troms 31/1 og 31/7 1960 og 1968, arbeidsløyse i gjennomsnitt per månad i reelle tal og i prosent av arbeidsstyrken.	196
Tabell 25. Utbyggingsfondet for Nord-Norge sine engasjement i perioden 1/1 1952 - 1/1 1960 i Nord-Troms, i absolutte tal og pengesum i 1000 kroner.	198
Tabell 26. Distriktenes Utbyggingsfond engasjement per 31/12 1968, i absolutte tal og i 1000 kroner.	200
Tabell 27. Endringane i folkemengda i Nord-Troms 1951 - 1960.	208
Tabell 28. Endringane i folkemengda i Nord-Troms 1960-1970.	209
Tabell 29. Endring av busettingsmønstret i Skjervøy kommune 1950 til 1970.	214
Tabell 30. Samisk tilknytning og språk i dei fire Nord-Tromskommunane i 1970 i prosent av kommunane si totale folkemengd.	218
Tabell 31. Oppslutning om Arbeidarpartiet (DNA), Norges Kommunistiske Parti (NKP) og dei borgarlege partia i fellesskap ved stortingsvala i 1945, 1949, 1953 og 1957 i Nord-Troms, Troms og heile landet, alle tal i prosent.	222
Tabell 32. Oppslutning om Arbeidarpartiet (DNA), Senterpartiet (SP), Norges Kommunistiske Parti (NKP) og Sosialistisk Folkeparti (SF) ved stortingsvala i 1961, 1965 og 1969 i Nord-Troms, Troms og heile landet, alle tal i prosent.	223